




Fylkesmannen i Vestland



Årsrapport 2020

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1 Fylkesmannens beretning	4
1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse	4
1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringer for året	4
1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater	5
1.4 Andre forhold	5
Sted, dato og fylkesmannens signatur	6
2 Introduksjon til embetets hovedtall	7
2.1 Embetet og samfunnsoppdraget	7
2.2 Organisasjon og ledelse	7
2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall	9
2.4 Andre forhold	11
3 Årets aktiviteter og resultater	12
3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater	12
Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	12
Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	12
Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	13
Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	14
3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket	15
3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk	15
3.1.1.2 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap	21
3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene	23
3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven	24
3.1.1.5 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats på psykisk helse, rus- og voldsfeltet	26
3.1.1.6 Styrket folkehelsearbeid	26
3.1.1.7 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene	27
3.1.1.8 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester	28
3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper skal utslettes, og utviklingen til truede og nært truede arter og naturtyper skal forbedres	30
3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner	31
3.1.1.11 Forurensning skal ikke skade helse og miljø	32
3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene	35
3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet	37
3.1.1.14 Bærekraftig landbruk	39
3.1.1.15 Andre oppdrag	41
3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger	42
3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv	42
3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring	42
3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer	43
3.1.2.4 Andre oppdrag	45
3.1.2.5 Tilrettelegge for god CBRNE-beredskap	45
3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene	45

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling	45
3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning	47
3.1.3.3 Befolkningen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester	49
3.1.3.4 Andre oppdrag	53
3.1.3.5 En effektiv og velfungerende vergemålsforvaltning som ivaretar rettsikkerhet og rettslikhet	53
3.1.3.6 Vergehaver skal ha høy grad av selvbestemmelse og vergemålene skal være individtilpassede	55
3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket	55
3.1.3.8 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering	73
3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk	74
3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov	74
3.1.5 Gjennomførte evalueringer	75
3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks	75
3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver	75
3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet	75
3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet	75
3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet	76
3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet	76
3.2.6 Klima- og miljødepartementet	76
3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet	76
3.2.8 Kunnskapsdepartementet	76
3.2.9 Landbruksdepartementet	76
3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet	76
3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk	117
3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat	118
3.6 Andre forhold	118
4 Styring og kontroll i embetet	120
4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging	120
4.1.1 Embetets risikostyring	120
4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak	120
4.1.3 Bemannning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet	120
4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)	120
4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet	121
4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende	121
5 Vurdering av framtidsutsikter	122
5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsoppdraget på sikt	122
5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt	123
6 Årsregnskap	124

1 Fylkesmannens beretning

1.1 Overordnet vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse

Året 2020 vart annleis enn det vi tenkte oss. Men i ei så langvarig og gjennomgripande krisa som koronapandemien, kjem statsforvaltarrollene til syne endå sterke enn i normale tider. Vi måtte

- kaste oss rundt og ta på oss nye oppgåver og nye arbeidsmåtar
- skape gode samordningsarenaar i våre fylke overfor kommunane, helseføretaka og andre aktørar
- stå fram som formidlarar og fortolkarar av nasjonale forskrifter og råd overfor kommunane, og på andre sida aktive formidlarar av situasjonen i fylka til nasjonale styresmakter

Høgskolen i Østfold har i eit forskingsprosjekt konkludert med at statsforvaltarane har hatt ei nøkkelrolle i handteringa av pandemien. Vi har også fått tilbakemeldingar frå kommunane og helseføretaka om at vi har klart å fylle rollene på ein god måte. For eiga rekning kan vi leggje til at samarbeidet har gått særskilt godt i Vestland.

På andre sida har den store ressursbruka på pandemien og avgrensingane i fysiske møte og reiser, gjort at vi på nokre fagområde har oppnådd dårlegare resultat på embetsoppdraget enn vi såg føre oss. Vi har oppfatta at styringsdepartementa og -direktorata våre i dei møta vi har hatt gjennom året, har gitt oss fullmakter til å prioritere innsatsen ut frå konkrete risikovurderingar og kva vi kan utføre utan å auke smittepresset, og vi er takksame for dette. I sum meiner vi at vi ut frå tilhøva har prestert med dels akseptable og dels gode resultat på embetsoppdraget.

Pandemien har også gjort at vi har spart inn midlar på budsjettet, trass i at vi også har betalt ut klart meir overtidsløn enn planlagt. Vi nyttar berre 36 prosent av reisebudsjettet, 27 prosent av budsjettet for eksterne møte og 13 prosent av budsjettet for kurs og seminar. Vi enda med eit resultat på 12,7 mill. kr. i overskot. Av denne summen hadde vi med oss 10,3 mill kr. i overskot frå året før, etter det ikkje vart noko av ombygging til kontorlandskap som vi hadde sett av midlar til.

Vi har i lang tid framheva at fylkesmennene, altså no statsforvaltarane, prinzipielt bør vere det einaste bindeleddet mellom den sentrale staten og kommunane. Statsforvaltarane har ei brei kontaktfplate mot kommunane frå før på mange fagfelt, og vi kjenner kommunane godt, både leiarane, oppgåvene og dei totale utfordingane. For kommunane er det uryddig å måtte halde seg direkte til andre statsetatar som verken kjenner kommunane eller det totale biletet like godt, og vi har også fått høre frå andre statsetatar at det ikkje er like lett å få gjennomslag med oppgåver overfor kommunane. Difor er vi glade for at Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå 01.09.2021 set i gang eit forsøk med å overføre rettleatingsoppgåvene mot kommunane i Husbanken, til statsforvaltarane. Sjølv om vi særlig dei siste åra har samarbeidd godt med Husbanken om "Bustad for velferd", er vi ikkje i tvil om at vi vil kunne lukkast endå betre når oppgåvene kjem inn under statsforvaltarane.

1.2 Overordnet framstilling av de viktigste prioriteringar for året

Koronapandemien

Viktigaste prioritering for 2020 vart, naturleg nok, å handtere samordnings- og beredskapsrolla under pandemien. Vi sette i gang for alvor 10. mars, altså to dagar før landet stengde, med å lage eit fast møtepunkt for alle kommunane der vi kunne rettleie, formidle føringar og påbod frå den sentrale staten til kommunane, og der kommunane kunne stille oppklarande spørsmål. Vi har også dagleg svara på spørsmål frå kommunane på e-post. Denne samordninga held vi på framleis med møte kvar veke eller oftare om det trengst.

Samstundes etablerte vi samarbeidsforum med dei tre helseføretaka og det regionale helseføretaket. I vårt fylke har desse samordningsarenaene fungert godt. Vi har heile vegen opplevd stor velvilje frå kommunane, helseføretaka og andre aktørar, sjølv om tiltak og endringar har kome brått på, og det ikkje alltid har vore like enkelt å svara på spørsmål som er reiste om tiltaka.

Pandemien har kravd mykje av oss på beredskaps- og helseområda. Også utdanning har hatt mykje meirarbeid, og det har vore viktig med bidrag frå kommuneøkonomifellet. I tillegg har vi i nokre hektiske periodar trekt ressursar frå andre fagfelt, når det har vore naudsint. Til dømes brukte vi til juristar som til vanleg arbeider med plan- og byggjesaker, til å svare på spørsmål frå kommunar og publikum om "hytteforboden" i den tida det var aktuelt. Samla har vi sikkert brukt 10 til 15 årsverk på pandemien, som elles hadde vorte brukt på embetsoppdraga. Tilbakemeldingane frå kommunane og dei viktigaste aktørane i fylket om korleis vi har handtert samordnings- og formidlingsrolla, har vore gode.

Barn og unge har vore høgt prioritert i pandemien. Tenestene retta mot dei, vart i vår mindre tilgjengelege eller stengde. Barn som lever med vald og overgrep i familien, har hatt mindre tid utanfor heimen. Fri leik er vanskelegare. Barn har vore mindre på skule eller barnehage, og også hatt reduserte fritidsaktivitetar.

Vi har heile tida teke opp i beredskapsmøta med alle kommunane at dei må unngå tiltak som grip djupt inn i kvardagen om det ikkje er heilt naudsint. Urommeldingar om barn har auka. Talet på barn som har søkt om hjelp, har auka. Barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkar ved våre tre helseføretak melder om 20-40 prosent fleire tilvisingar og mange med alvorleg innhald. Vi trur at barn og unge på sikt må bere dei største konsekvensane av alle dei inngripande smitteverntiltaka. Vi ser enno ikkje omfanget av dette.

Vi må leggje til at vi heile tida under pandemien har vore talspersonar for å halde både skulanane og lokale Nav-kontor mest mogleg opne.

Barn

Både på helse, sosial og barnevern, barnehage og skule arbeider vi for at samarbeidet med barna blir godt, at dei blir høyrde i si eiga sak og at dei får

oppfylt rettane sine. Ein viktig føresetnad er at tenestene for barn er samordna og av god kvalitet. Vi har lagt vekt på å innarbeide barnekonvensjonen i alt vi gjer, og at tenestene for barn gjer det same.

Barnevern er høgt prioritert og samarbeidet med helse er tett. Vi er meir og meir uroa over tilbodet til borna som strevar mest i barnevernet, og arbeider målretta for å bidra til at barnevertenestene lyttar og forstår barna betre. Vi trur det er mykje å vinne for barn og for barnevertenestene ved å forstå barna betre og innrette hjelpe annleis. Vi har prioritert tilsyn ved institusjonane også i pandemien, men meiner formålet med vår innsats ville vore betre oppfylt med ei meir risikobasert tilnærming enn forskriftera gjer rom for.

Klima

Klima har også i år vore ei særskilt satsing. Vi har gjennomført mykje av det vi sette oss føre, men somme av aktivitetane har vorte gjorde digitale eller avlyste.

Eit viktig tiltak for å følgje opp klimaforliket, er byvekstavtalane og miljøloftet. Vår rolle har vore å bidra til å få i stand avtalen inngått i 2020 mellom regjeringa, fylkestinget og kommunane Bergen, Askøy, Alver, Bjørnafjorden og Øygarden. Avtalen går over elleve år fra 2019 til 2029. Det viktigaste tiltaket er arealplanlegging slik at bustader og arbeidsplassar vert plasserte nær kollektivknutepunkt, og dessutan tiltak for å leggje til rette for kollektivtransport, sykling og gange. I avtalen er det sett av 27 mrd. kr til tiltak, der 13 mrd. kr kjem frå staten, 3 mrd. kr frå fylkeskommunen og 1 mrd. kr åleg frå bompengar. Sjå utfyllande skildring av arbeidet under kapittel 3.6.

Vi gjennomførte også i 2020 den årlege nasjonale klimakonferansen saman med Universitetet i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, Fylkeskommunen i Hordaland, NVE, Statens vegvesen, Vestlandsforskning, Klimapartnere Vestland, Nordadapt og Senter for klima- og energiomstilling. Dette året vart det ein heildigital konferanse over ein dag. På eine sida mista vi då samtalane og møta mellom menneska utanom programpostane. På andre sida var det 600 personar som følgde konferansen, mot 140 deltakarar året før. Frå kommunane var det 120 deltakarar, mot berre ni året før. Kort oppsummert når vi ut til fleire i ein digital konferanse, men vi mistar nokre viktige kvalitetar i å byggja nettverk og å lage ein arena for meiningsbrytingar, refleksjonar og læring mellom deltakarane.

Leve heile livet

Like eins har arbeidet med Leve heile livet halde fram som ei særskilt satsing, om enn noko påverka av pandemien. Vi har etablert eit godt samarbeid med KS, Utviklingscenter for sjukeheim og heimeteneste (USHT), Husbanken, Senter for omsorgsforskning (SOF), helseføretaka, Fylkeseldrerådet og Vestland fylkeskommune. Stikkord for arbeidet har vore erfaringsutveksling, kunnskapsoverføring og lokalt forbetningsarbeid i kommunane. Vi har i 2020 arrangert:

- Fleire fagdagar/heildagsseminar om aldersvenleg samfunnsplanlegging, som gav gode og konkrete tilbakemeldingar ut til kommunane
- Eigen digital Leve heile livet-konferanse
- Dialogmøte med kommunane, som også held fram utover 2021

Plan er heilt sentralt i arbeidet, og kommunane skal i samfunnsplanen nemne korleis dei skal løyse Leve heile livet-oppdraget. Dialogmøta har vist at ein del kommunar ikkje er klar over dette.

1.3 Sentrale forhold internt og eksternt som har hatt betydning for oppnådde resultater

Verknader av koronapandemien

Koronapandemien har påverka oppdragsutføringa vår, særleg dei utoverretta aktivitetane. Den samla produksjonen vår har gått noko ned.

Vi har mått avlyse ein del fagkonferansar og -samlingar og like eins mange planlagde tilsyn. Etter kvart kom vi likevel i gang med å halde jamlege nettbaserte fagmøte på ein til to timer på ulike fagområde, med god deltaking og aktivitet frå kommunar og andre brukargrupper. I framtida ønskjer vi å halde fram med denne forma i kombinasjon med fysiske møte der nettverksbygging, dialog og diskusjonar i pausar er viktige element.

Særleg i starten av pandemien var det vanskeleg å føre planlagde tilsyn der forventinga var fysisk oppmøte. Til dømes vart tilsyn på forureiningsområdet sett på vent lenge. Etter kvart har vi kome i gang med digitale tilsyn på dei fleste fagområda. Dette fungerer, men gjev stundom eit dårlegare faktagrunnlag for tilsynet. Vi har under heile pandemien prioritert hendingsbaserte tilsyn og tilsyn med sårbare grupper. I tillegg har vi som nemnt brukt mellom 10 og 15 årsverk på pandemihandteringa, som har gått ut over andre oppgåver, særleg i helse-, sosial- og barnevernavdelinga. Samla har vi i 2020 utført ein del færre planlagde tilsyn enn det vi hadde sett føre oss. På andre sida er restansane arbeidde ned og sakshandsamingstida kortare for hendingsbaserte tilsyn.

Mange tilsette er effektive på heimekontor, men somme har lågare produksjon når dei arbeider heime. Særleg for å kunne lære av og utveksle idear med kvarandre og å lære opp nyttilsette er det viktig å ha både erfarne og relativt nye medarbeidarar til stades på kontora.

I starten av 2020 var vi på god veg til å bli eitt embete etter samanslåinga i 2019. Pandemien har sett oss noko tilbake. For å arbeide med felles arbeidsmåtar og kultur, er det heilt naudsynt å møtast jamleg.

1.4 Andre forhold

Vi har fått eit nytt namn, statsforvaltaren, som vi lever godt med. Men namnet er ulikt skrive på bokmål og nynorsk. I Vestland fylke har 41 kommunar gjort vedtak om nynorsk målform medan to er nøytrale. Dermed vil vi vanlegvis bruke nynorskforma "Statsforvaltaren i Vestland" når vi kommuniserer med staten og kommunane, og også med mange private. Likevel er det valt at vi berre skal ha e-postadresse på bokmål og bruke "statsforvalteren". Valet er i

strid med mållova § 1 som seier at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer.

Sted, dato og fylkesmannens signatur

Leikanger, 26.02.2021

Lars Sponheim, fylkesmann

2 Introduksjon til embetets hovedtall

2.1 Embetet og samfunnsoppdraget

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer fra Stortinget og Regjeringa blir følgde opp. I tillegg er Statsforvaltaren eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter, med høve til å spele inn saker frå kommunesektoren til sentrale styresmakter.

Statsforvaltaren er administrativt underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Dei viktigaste oppgåvene til Statsforvaltaren er


1. å vere sektorstyremakt på ei rekke område, med oppdrag frå elleve departement og ni direktorat og tilsyn
2. å vere regional samordningsstyremakt for statleg verksemd i fylket, særleg for verksemd retta mot kommunane
3. å vere rettstryggleikshandhevar som rettleiar, klageinstans og tilsynsstyremakt for kommunane
4. å verke til gagn og beste for fylket og å ta dei initiativ som er påkravde
5. å orientere sentrale styresmakter om viktige spørsmål i fylket, og å formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

Vi samarbeider med andre statsforvaltarar og med andre etatar på ei rekje område, både for å få likare praksis og å lære av kvarandre, og for å samordne det offentlege verkemiddelapparatet så godt vi kan.

Med andre statsforvaltarar har vi hatt mellom anna hatt desse samarbeida:

- Kystsonenettverk i plan og bygg, med Rogaland
- Verjemål, med Rogaland, Aust- og Vest-Agder
- Nettverk for velferdsfag, med Rogaland
- Sørvestnettverket på barnehage- og utdanningsområdet, med Rogaland, Agder og i nokre tilfelle Møre og Romsdal
- Barnevernnettverk, med Rogaland
- Nav- og sosialnettverk, med Rogaland
- Akvakultur, med dei andre kystfylka
- Nettverk om pasient- og brukarrettslova kap. 4 A, med Rogaland
- Helsetilsynet i vest-nettverk, med Rogaland
- Tilsyn med spesialisthelsetenesta i helseregionen, med Rogaland
- Bustad for velferd, med Rogaland, Husbanken og andre
- Regionale planar for fjellområda, med Oslo og Viken og Vestfold og Telemark
- Fagleg samarbeid om hagebruk med Møre og Romsdal
- Fagleg samarbeid om skogbruk med dei andre kystfylka frå Agder og nordover

2.2 Organisasjon og ledelse



Statsforvaltaren i Vestland har hovudsete på Leikanger, men vi har også kontorstadar i Bergen og Førde. I tillegg har vi åtte tilsette verneforvaltarar med kontor i Gaupne, Aurland, Sandane og Rosendal.

Lars Sponheim er statsforvaltar, og Gunnar O. Hæreid er assisterande statsforvaltar. Vi har 285 tilsette, og dette utgjer 254 årsverk.

Vi har seks avdelinger:

- helse, sosial og barnevern (B)
- utdanning og verjemål (B)
- miljø (B)
- kommunal (L)
- landbruk (F)
- organisasjon og strategi (L)

Avdelingane merkte B er leidde frå Bergen, medan dei andre avdelingane er leidde frå Leikanger (L) eller Førde (F). Alle avdelingar og nesten alle seksjonar har tilsette på minst to kontorstadar. Dei fire største avdelingane er inndelte i to eller tre seksjonar, der halvparten av seksjonane er leidde frå Bergen og halvparten frå Leikanger.

Vi har lagt vekt på å samle arbeidsoppgåver på ein kontorstad der lokalkunnskap eller reiseavstand til kommunane er mindre viktig. For hovuddelen av oppdraga våre er likevel lokalkunnskap og reiseavstand til kommunane så viktig at vi må ha tilsette på fagområda på fleire kontorstadar. Reiseavstandane i det nye fylket er så lange at det ville medføre relativt store kostnader eller tap av arbeidstid dersom vi samla alt på ein kontorstad. Frå kontorstadane Bergen, Leikanger og Førde er det gjerne fem-seks timars reisetid med bil til kommunane som ligg lengst unna. Fly er enklaste alternativ mellom Bergen og Leikanger, med kort reisetid og relativt dyre billettar, men alle avgangstidene er ikkje like godt tilpassa kontordagen.

I 2020 gjennomførte vi ei evaluering av organisasjonskartet slik det vart forhandla fram med dei tillitsvalde før samanslåinga. I evalueringa var det få som tok til orde for endringar, og forhandlingane med dei tillitsvalde enda med at organisasjonskartet vart ståande. I 2021 skal vi sjå på om vi bør gjere endringar av korleis organisasjonen fungerer innanfor organisasjonskartet. I tillegg har vi i januar 2021 forhandla fram ein ny seksjon fordi vi som eit forsøksprosjekt frå 01.09.2021 får overført nye oppgåver og seks personar frå kommune og marknad-avdelinga i Husbanken Vest.

Visjon og verdigrunnlag

Visjonen vår er "Statsforvaltaren gjer staten tilgjengeleg og nær", og verdiane våre er:

- Rettferdig
- Open

- Påliteleg
- Effektiv
- Respektfull

Klart språk, rett målform og ein tydeleg bodskap er viktig for oss. Vi har utarbeidd interne skriveregler som skal sikre eit godt og klart språk i breva og vedtaka våre.

2.3 Presentasjon av utvalgte nøkkeltall

Tabellane under viser til dei nøkkeltala som er valde av KMD, og dei er tekne ut i samsvar med brukarrettleiinga vi har fått. For nærmere informasjon om nøkkeltal på personalområdet viser vi til kapittel 4.2. For nærmere informasjon om nøkkeltal på økonomiområdet viser vi til kapittel 3.4 og leiingskommentaren til årsrekneskapen.

Budsjettavvik

Betegnelse på rapporteringskrav	
Budsjettavvik (tusen kr)	12 738.6
Budsjettavvik (%)	6.2 %

Overskotet vårt vart høgare enn venta. Dette skuldast i hovudsak redusert aktivitet som følgje av pandemien. Vi hadde med oss eit overskot på kr 10.222.000 frå 2019, etter at vi hadde sett av midlar til ombyggingar i Bergen og på Leikanger som ikkje vart noko av. Såleis er underforbruk i år på om lag 2.5 millionar. Koronapandemien har gjort at vi ikkje har fått gjennomføre ein del eksterne aktivitetar og reiser mellom kontorstadane. Vi har berre nytt 27 prosent av budsjettet for eksterne møte, 36 prosent av reisebudsjett og 3 prosent av budsjettet for kurs og seminar. Vi håpar å få nytt overskotet frå 2020 til å gjennomføre i 2021 ein del av dei aktivitetane som vart sett på vent.

Driftsutgifter og lønn

Driftsutgifter	194 014.4
Lønn 052501	166 609.5
Lønnsandel av driftsutgifter	85.9 %

Lønsdelen av driftsutgifter aukar stadig. I 2019 var lønsdelen av driftsutgifter på 82,1 prosent og i 2020 på 85,9 prosent. Auken fører til mindre økonomisk handlerom for oss, men er likevel naudsynt for å levere på oppdraget som Statsforvaltaren i Vestland er tildelt.

Husleie

Husleie (tusen kr)	31 019.2
Husleie (% av driftsutgifter)	16.0 %

Husleigedelen av driftsutgifter var på 17 prosent i 2019, og er dermed redusert i 2020. Dette er grunna i reduksjon i husleigearreal. Som følgje av ombygging på kontorstad Leikanger, ventar vi at husleiga vil stige noko i 2021.

Journalposter

Betegnelse på rapporteringskrav	Journalposter totalt	Antall journalposter i ePhorte	Antall journalposter i verjemåls-ePhorte
Antall journalposter	165 943	93 846	72 097

Talet saker i verjemåls-ePhorte var i 2019 på 67 066. Vi har altså hatt ein auke på 5 031 saker frå året før. Talet på andre journalpostar i embetet var i 2019 på 93 553 saker, og vi har dermed hatt ein liten auke på 293.

Regnskapstall sortert på poster

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
052501	197 354
052521	9 280
Post 01 (unntatt 052501)	51 456
Post 20-29 (unntatt 052521)	157 366
Post 30-39	13 960
Post 40-49	0
Post 60-69	255 073
Post 70-79	174 094
Post 80-89	6 746

Sykefravær

Betegnelse på rapporteringskrav	Dager/Prosentdel
Sum totalt sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	3 742.0
Prosent sykefravær (legemeldt og egenmeldt)	5.8 %
Sum totalt sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	761.7
Prosent sykefravær menn (legemeldt og egenmeldt)	3.4 %
Sum totalt sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	2 980.3
Prosent sykefravær kvinner (legemeldt og egenmeldt)	7.1 %
Antall legemeldte sykedager for menn	541.9
Prosent legemeldte sykedager for menn	2.4 %
Avtalte arbeidsdager for menn	22 618.6
Antall legemeldte sykedager for kvinner	2 528.8
Prosent legemeldte sykedager for kvinner	6.0 %
Avtalte arbeidsdager for kvinner	41 921.3
Antall egenmeldte sykedager for menn	219.8
Prosent egenmeldte sykedager for menn	1.0 %
Antall egenmeldte sykedager for kvinner	451.5
Prosent egenmeldte sykedager for kvinner	1.1 %

Sjukefråværet i 2019 var på 6,6 prosent. I 2018 var det 4,7 prosent for dei to embeta samla. Vi hadde ei målsetting om at sjukefråværet skulle vere under seks prosent i 2020, og det klarte vi. Vi følgjer opp tilsette som er sjuke i samsvar med rutinane våre, og vi koplar på Nav der det er nødvendig.

Likestilling

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall kvinner	Andel kvinner	Antall menn	Andel menn	Årslønn kvinner	Årslønn menn	Andel kvinnens lønn av menns lønn
Totalt i virksomheten	188.0	66.0 %	97.0	34.0 %	593 873.0	658 306.0	90.2 %
Kategori 1: Embetsledelse/Dir/Admsjef	3.0	37.5 %	5.0	62.5 %	1 007 767.0	1 081 015.0	93.2 %
Kategori 2: Seksjonssjef/Ass dir	10.0	50.0 %	10.0	50.0 %	877 387.0	886 383.0	99.0 %
Kategori 3: Saksbehandler 1	101.0	62.7 %	60.0	37.3 %	607 639.0	633 214.0	96.0 %
Kategori 4: Saksbehandler 2	58.0	74.4 %	20.0	25.6 %	533 207.0	536 165.0	99.4 %
Kategori 5: Kontorstillingar	13.0	86.7 %	2.0	13.3 %	485 346.0	467 650.0	103.8 %
Kategori 6: Fagarb. stillinger	3.0	100.0 %	0.0	0.0 %	414 633.0	0.0	
Kategori 7: Lærlinger	0.0		0.0		0.0	0.0	

For 2019 fekk kvinner 92,2 prosent av løna til menn. I 2020 fekk kvinner 90,2 prosent av løna til menn. Utjamning av lønsforskellar er noko dårlegare enn i fjor, men på same nivå som i 2018.

Årsverk

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Totalt antall årsverk	254.3
Totalt antall årsverk for kvinner	161.0
Totalt antall årsverk for menn	93.3
Totalt antall årsverk for faste stillinger	238.5
Totalt antall årsverk for midlertidige stillinger	13.9
Sum andel administrasjon	5.9 %
Økonomi	5.0
Lønn	0.5
Personal	2.6
Resepsjon/sentralbord	3.1
Andre administrative oppgaver (spesifiser i kommentarfeltet)	3.8
DFØs definisjon av årsverk er benyttet.	

Andre administrative oppgåver; Innsyn 2,5 årsverk og kommunikasjon 1,3 årsverk. Administrativ leiar er fordelt ut på dei ulike fagområda.

Turnover

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Turnover i prosent	9.8 %
Gjennomsnittlig antall ansatte	255.0
Totalt antall ansatte som sluttet (eksludert de som gikk av med pensjon) i løpet av året og ble erstattet	25.0
Totalt antall ansatte som sluttet	48.0
Herav ansatte som sluttet grunnet pensjonering	12.0
Herav ansatte som sluttet grunnet andre årsaker	36.0

I 2020 hadde vi ein gjennomtrekk ("turnover") på 9,8 prosent, altså ein nedgang frå 13,1 prosent året før. I 2018 hadde vi eit snitt på 6,8 prosent gjennomtrekk i dei to embata FMHO og FMSF. Vi har altså klart å redusere gjennomtrekken frå 2019, men talet er framleis høgare enn ønskt, og høgare enn dei fleste andre embata. Vi gjennomfører sluttsamtaler med alle for å kartlegge sluttårsakene.

HR

Betegnelse på rapporteringskrav	2020
Sum antall ansatte	285
Antall kvinner	188
Antall menn	97
Sum antall deltidsansatte	19
Antall deltid kvinner	12
Antall deltid menn	7
Sum antall midlertidige ansatte	15
Antall kvinner, midlertidig	8
Antall menn, midlertidig	7
Sum antall ansatte med personalansvar	20
Antall kvinner, personalansvar	9
Antall menn, personalansvar	11
Sum antall ansatte	285
Antall ansatte under 20 år	0
Antall ansatte 20 - 29 år	22
Antall ansatte 30 - 39 år	76
Antall ansatte 40 - 49 år	63
Antall ansatte 50 - 59 år	76
Antall ansatte over 60 år	48
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon kvinner	18
Dagsverk foreldrepermisjon kvinner	963
Antall kvinner i foreldrepermisjon	11
Gjennomsnittlig ukesverk foreldrepermisjon menn	11
Dagsverk foreldrepermisjon menn	271
Antall menn i foreldrepermisjon	5

Vi har ein del mellombels tilsette fordi vi har vore usikre på bemanningsbehovet for nokre funksjonar. Vi har også hatt eit sjukefråvær som er høgare enn ønskeleg, noko som har gjort at vi har tatt inn fleire vikarar enn vi elles ville gjort.

2.4 Andre forhold

3 Årets aktiviteter og resultater

3.1 Redegjørelse for, analyse og vurdering av oppnådde resultater

Hovedmål 1 - Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

Vi brukar dei tradisjonelle verktøya tilsyn, klagehandsaming, rettleiing og opplæring for å gjøre kjent, setje i verk og følgje opp nasjonal politikk i fylket. Verktøya heng nøye saman fordi klagesaker og tilsyn gjev oss kunnskap om kva rettleiing og opplæring vi skal prioritere.

Der vi før heldt ei eller to-tre regionvise samlingar for kommunane i fylket, kombinert med strøyming av dei viktigaste konferansane, har vi i 2020 måttat tenkje nytta for å kunne formidle nasjonal politikk.

Som nemnt før starta vi allereie 10. mars 2020, to dagar før landet stengde, med informasjonsmøte for alle kommunane i fylket om koronapandemien. Vi har sidan halde desse møta ein til to gonger i veka eller annakvar veke, avhengig av smittesituasjonen. Kommunen møter leiinga, beredskap og helse (kommuneoverlege). Helseføretaka har også deltatt i møta. I tillegg har vi hatt eige møte med helseføretaka.

Trykket frå kommunane har vore massivt for å få støtte til å tolke innhaldet i covid-19-forskrifta og nasjonale tilrådingar med stadige endringer. Vi har presentert nasjonale føringer, drøfta problemstillingar, svart på spørsmål, gitt råd og føringer, understøttta konkrete problemstillingar i kommunane og bidratt til at kommunar har koordinert seg med tiltak og føresegner i ein større region. Tilbakemeldingane frå kommunane er gode.

Vi vil framheve at kommunane og helseføretaka har fått til eit svært godt samarbeid og vi har understøttet dette som del av helsefellesskapet. Vi har brukt store ressursar på dette arbeidet, særleg frå beredskap og helse, men også frå utdanning.

Også på andre fagfelt tok vi i bruk liknande arenaer for å nå kommunane og andre målgrupper. Vi erfarte raskt at jamlege og korte nettmøte er ein effektiv måte å spreie informasjon på, sjølv om vi også mistar dialog, diskusjonar, nettverksbygging og personleg møte som gjer det lettere å ta kontakt seinare.

På landbruksområdet er det til dømes gjennomført 30 digitale møte på ein til to timer med i gjennomsnitt 40 deltakrar. Nokre av desse hadde også med deltakrar frå andre fylke og delvis også eksterne innleiarar. Dette har fungert godt som informasjonskanal til kommunane, truleg fordi vi kjende kvarandre ganske godt. Men for meir utviklingsretta oppgåver er ikkje dette like godt som fysiske møte.

Vi har også gjennomført mange digitale møte direkte med éin eller få kommunar, på ulike fagområde. Til dømes har nytt regelverk i barnehagelova vore grundig presentert i møte med kommunane. Vi har gjennomført om lag 50 dialogmøte om kommunale planar, dei fleste av desse møta har vore digitale.

Bodskapen om lågast mogleg tiltaksbyrde for barn og unge generelt, og dei med særlege behov spesielt, var prioritert. Vi la tidleg på året opp til at bodskapen skulle fremjast i eit samarbeid mellom utdanning og helse, slik at det vart kommunisert likt til alle tenesteområda i kommunane. Dette er formidla i nær alle møta vi har hatt i beredskapslinja, i sektorvise møte og i annan skriftleg informasjon.

Også tilsyna våre og klagesakshandsaminga er ein viktig del i arbeidet for å setje i verk nasjonal politikk i fylket. Vi har sett på dagsordenen i eigen organisasjon at eit godt tilsyn er eit tilsyn som har verka, i den forstand at det har ført til varig forbetring dersom det er naudsynt. For å sikre at tilsyn verkar, må vi arbeide med korleis tilsynsobjektet følgjer opp tilsynet. God formidling og klart språk i tilsynsrapportar og klagesaker er viktig for private partar, men også for at kommunane og andre tilsynsobjekt skal bli kjende med den nasjonale politikken som er nedfelt i lovverket.

På grunn av ressursbruken på pandemihandterina og avgrensingane i fysiske møte har vi gjennomført færre planlagde tilsyn i 2020 enn vi såg føre oss.

Hovedmål 2 - Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

God samordning og samhandling i statleg verksemnd på regionalt nivå er ein viktig faktor for å få til gode resultat på levekårsindikatorane i eit fylke. Særleg på større samansette område og såkalla uløyselege problem ("wicked problems") som klima, barnefattigdom, integrering eller mobbing er det avgjerande med god samordning mellom ulike organ som har ein aksje i problemet.

Statsforvaltaren er, med eit breitt arbeidsfelt innanfor embetet og med det særskilte samordningsansvaret for den regionale staten elles, i førarsetet for å samordne statleg regional verksemnd overfor kommunane. Dette ansvaret vert endå viktigare når stadig fleire statlege etatar avviklar regionnivået, slik Skatteetaten, Vegvesenet og IMDi har gjort. Difor legg vi stor vekt på samordningsrolla vår, både internt og overfor andre statsetatarar. Vi legg til at eksternt er det i tillegg til statlege etatar viktig å samordne oss med fylkeskommunen, KS og andre overordna aktørar, avhengig av livsområde.

Under koronapandemien er samordningsrolla til statsforvaltarane umåteleg viktig, slik også Høyskolen i Østfold har peikt på i si følgjeforskning. Vi viser hovudmål 1 for ei orientering om kva vi har gjort under pandemien.

I 2021 ser vi særsikk i møte forsøket med å leggje oppgåver frå Husbanken i avdelinga "kommune og marknad" over til Statsforvaltaren, som eit treårig prøveprosjekt. Vi har samarbeidd tett med Husbanken i fleire år om "Bustad for velferd". Likevel meiner vi det er fleire synergiar å hente når vi koplar rettleiingsoppgåvene til Husbanken opp mot den breie kontaktfelta Statsforvaltaren har mot kommunane, og tett saman med oppgåvene våre innanfor sosiale tenester og kommuneøkonomi.

Internt i embetet har vi grupper på tvers av avdelingane for klimaarbeid og Leve heile livet-reforma for å sikre betre alderdom.

Vidare har særleg helse-, sosial- og barnevernavdelinga tett samarbeid med utdanningsseksjonane og planseksjonen for å ta vare på interessene til born og unge.

Dernest inneber det interne planarbeidet ei omfattande samordning av interesser og innspel frå mellom anna desse fagområda:

- naturmangfold
- jordvern
- klimautslepp
- klimatilpassing
- samfunnstryggleik
- folkehelse
- barn og unge
- Leve heile livet

Overfor eksterne aktørar driv vi med samordnande arbeid på mange måtar. Døme kan vere:

- På planområdet har vi eit godt og nært samarbeid med andre statlege styresmakter. Vi samordnar motseigner frå statsetatar til kommunale planar, der vi legg stor vekt på å kome til løysingar som både statsetaten og kommunen kan leve med, utan at vi tek i bruk retten til avskjere motsegnene. For 2020 vil vi dessutan trekke fram at vi starta opp ein felles rådgjevingsinnsats mot kommunane i Nordfjord-området, for å betre plangrunnlaget og å løyse fiskehelse- og berekraftutfordringane i sjøområda. Prosjektet vert leidd av Fiskeridirektoratet og Mattilsynet. Kystverket og Vestland fylkeskommune deltek saman med Statsforvaltaren.
- Samordning av regionale tilsynsaktørar, der vi tek opp tilsynsmetodar og samordning av tilsyna med kommunane i tid. I 2020 har vi og dei andre regionale tilsynsaktørane tatt i bruk tilsynskalenderen, som gir oss god oversikt over når ulike tilsyn skal haldast og eit høve til å endre tidspunkt dersom vi ser at ein kommune får mange tilsyn i same tidsrom. I planlegginga av tilsyn for 2021, som vart gjort i desember 2020, har ingen kommunar meldt om for sterkt trykk med tilsyn i same tidsrom.
- Samordning av arbeid med utsette born og unge mellom utdanning og helse-, sosial og barnevernområda hjå Statsforvaltaren og Bufetat, Nav, spesialisthelsetenesta, Husbanken og fylkeskommunen.
- Samordning av samfunnstryggleik og beredskapshandtering med både private og offentlege beredskapsaktørar, først og fremst gjennom fylkesberedskapsrådet.

På miljø- og landbruksområda har vi, avhengig av fagfelt, jamleg kontakt med Mattilsynet, fylkeskommunen, Fiskeridirektoratet, NVE, Kystverket, Statens naturoppsyn, Arbeidstilsynet, Innovasjon Noreg og Vegvesenet, for å samordne oss. Frå 2020 fekk fylkeskommunen ansvar for å forvalte midlane for tilrettelegging for næringsutvikling i landbruket som vi har hatt før. Vårt etablerte samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg gav ein god overgang.

Vi har tilsynsansvaret for tre helseføretak og fleire private aktørar. Dei er ein viktig del av tenestene til innbyggjarane, og god samordning av tenestene mellom aktørane er ofte avgjjerande. Siste åra har vi hatt ein stor auke i talet på hendingsbaserte tilsynssaker.

Sjølv om vi legg stor vekt på samordning i dag, er det heilt sikkert mogleg å bli betre for å løyse dei store samansette samfunnsutfordringane. Vi vil halde fram med å leggje vekt på samordningsrolla vår.

Hovedmål 3 - Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

Vi har gjennomarbeidde rutinar for saks- og klagebehandling som skal sikre einskapleg og rett sakhandsaming. Ivaretaking av rettstryggleik inneber òg at vi gjer risikovurderingar som grunnlag for tilsyn og informasjonsarbeidet vårt. Dette har vi arbeidd mykje med i tida sidan samanslåinga. Vi meiner vi treffer med risikovurderingane, etter som tilsyna i stor grad avdekkjer regelbrot og det er stor oppslutnad om embetet sine kurstilbod om regelverk.

Vi har avdekt under samanslåinga at vi på somme område har hatt ulik praktisering av loverk i dei tidlegare embeta, medan vi på andre område har vore likare. I eitt embete kan vi samordne dette langt betre. Likevel har vi forstått det slik at skilnadene vi har avdekt i vårt nye embete, kan finnast att også i andre embete.

For dei ti statsforvaltarembeta er det problematisk at vi stundom praktiserer dei same reglane ulikt. Samanslåingane har gjeve oss alle eit godt høve til å setje spørsmålet på dagsordenen. Vi meiner det må vere ei prioritert oppgåve for statsforvaltarane og oppdragsgjevarane å bli likare. Vi oppmodar Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å ta eit særskilt ansvar, i og med at dette er eit overordna problem på alle fagområde.

Tradisjonelle tiltak for å sikre felles lovtolking på tvers av embeta har vore:

- fagsamlingar for sakhandsamarane, med fagdirektorat som skipar
- fagsamlingar eller nettverk for sakhandsamarane mellom nokre få embete (for vår del oftest med embeta i sørvest), skipa av embeta sjølv
- utarbeiding av rundskriv og rettleiarar frå fagdirektoratet
- utsending av prinsippavgjerder eller tolkingsfråsegner frå fagdirektoratet.

Slike tiltak må halde fram. Erfaringane under koronapandemien har vist at det er lett å halde korte videomøte som når mange på ein gong. Til dømes på barnevern og helse har fagdirektorata tatt initiativ til og halde jamlege møte om informasjon om status og ivaretaking av behov hos brukarane, og som del av dette avklaringar og informasjon om tolking av regelverk.

Men slike tiltak er neppe nok. Vi saknar først og fremst oversyn over praksis mellom embeta i konkrete saker. Vi meiner det vil vere tenleg å arbeide med felles presedensarkiv mellom embeta på fagområda. I saker underlagde tieplikt kan dette vere problematisk sjølv med anonymiserte avgjerder. På andre område handlar det mest å få til ei god plattform for presedensarkivet. I alle fall er det eit utviklingsarbeid som må gjera.

Elles tek vi opp att oppmadinga frå tidlegare år, at når eit fagdirektorat skipar fysiske fagsamlingar, ønskjer vi at samlinga også vert strøymt slik at fleire kan følgje samlingane frå kontoret. Vi må alltid sjå nøyde på kor mange vi sender til fagsamlingane, men det kostar oss langt mindre å følgje strøymingar.

Internt har vi sett i verk slike tiltak for å sikre einskapleg lovtolking: tilsynsgruppe med representantar frå alle avdelingar

- forvaltningsrettsgruppe med representantar frå alle avdelingar
- interne presedensarkiv på ulike fagområde
- faggrupper innanfor avdelingane som går gjennom praksis i embetet og kjelder som kjem utanfrå
- låg terskel for å kontakte fagdirektorat eller andre embete
- opplæring i statsforvaltarrolla for nytilsette

For kommunane har vi som nemnt jamleg samlingar der vi tek opp allmenne problemstillingar på område der vi gjennom klagesaker eller tilsyn avdekker mangefull eller ulik lovtolking. Og under koronapandemien har vi, som nemnt over, gjort om ein del slike samlingar til digitale korte fagmøte som har god deltaking.

Vi erfarer at Nav-saka om norsk regelverk i strid med EØS-rett og EMD-dommane som gjeld barnevern, har ført til mistillit mot kommunane. Utfordringar knytt til forståing og praktisering av internasjonal rett i forvaltinga strekkjer seg utover desse sakene. I vårt arbeid ser vi mellom anna at mange aktørar har ei manglende forståing av barmekonvensjonen. Ein av utfordringane er at born framleis ikkje får oppfylt retten til å bli høyrde, og ein direkte konsekvens er at rettstryggleiken til borna blir svekt. At born blir høyrde på rett måte, er i mange saker ein føresetnad for at det offentlege skal klare å hjelpe dei. På utdanningsområdet ser vi at "barnets beste" for sjeldan er ei eiga vurdering i kommunale vedtak. Det er ei tillitsutfordring dersom forvaltinga ikkje er i stand til å forstå og innarbeide internasjonal rett, og praktisere i samsvar med denne.

Hovedmål 4 - Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

Under koronapandemien har formidlings- og initiativrolla til statsforvaltarane vore særsviktig. Som nemnt har vi sidan 10. mars laga faste møtepunkt kvar veke for alle kommunane der vi kunne rettleie, formidle føringar og påbod frå den sentrale staten til kommunane. Kommunane har dessutan kunna stille oppklarande spørsmål. Mellom møta har det kome inn titusenvis av spørsmål som vi svarar på både etter kvart og i møta, og som også gjev oss grunnlag for å formidle stoda i fylket til sentrale styremakter.

Vi opplevde i starten av pandemien eit mishøve i formidlings- og samordningsrolla vår, ved at vi vart bedne om å rapportere til DSB og Helsedirektoratet på smitte i kommunane, medan kommunene, spesialisthelsetenesta og laboratorium rapporterte til Folkehelseinstituttet i eit system med forseinking. Etter ei endring i smittevernlova i 2019, var ikkje fylkesmennene lenger ein del av informasjonslinja for varsling om utbrot av smittsame sjukdommar. Vi har likevel bede kommunane om også å rapportere til oss, og dette har etter kvart gått bra. Uavhengig av dette meiner vi prinsipielt at statsforvaltarane, som det viktigaste bindeleddet mellom den sentrale statsforvaltinga og kommunane, bør vere ein del av den formelle informasjonslinja etter smittevernlova.

Vi har sidan mars kvar veke rapportert til DSB om smittesituasjonen i fylket. I tillegg har vi jamleg fått særskilde rapporteringskrav som vi har formidla til kommunane, gjerne på kort varsel. Stundom har knappe fristar vore godt grunngjevne, andre gonger har det vore mindre klart for kommunane kvifor det hasta slik, eller kvifor det måtte rapporterast på eit spørsmål. Stundom kjem det på same tid fleire rapporteringskrav frå statlege instansar som er lite koordinerte. For kommunane fører slikt til frustrasjon.

Vi set pris på dei gongene vi sjølv har vorte oppmoda til å gje våre vurderinger av stoda i fylket, både skriftleg og i digitale møte med justis-, helse- og justisministeren. Og vi veit at kommunane i fylket vårt set pris på møta dei har hatt direkte med ministrane. Vi trur det er viktig at dei som tek avgjerdene, med jamne mellomrom får høyra direkte både frå statsforvaltarane og frå kommunane, korleis stoda er.

For oss har heile vegen vore viktig å formidle at omsyna til born og unge må ha stor vekt ved val av smitteverntiltak. Vi har i fleire runder hatt telefonkontakt med kvar av dei oppvekstansvarlege i kommunane, både for å få informasjon som gir grunnlag for å identifisere mønster og for å få fram variasjonen i problemstillingar. Informasjonen vi har fått, har vi formidla til sentrale styremakter.

Elles brukar vi dei vanlege kanalane, til dømes styringsdialogmøte eller fagsamlingar, til å gje tilbakemeldingar til oppdragsgjevarane våre om tilstanden i fylket og effekten av statleg politikk. Når det trengst, tek vi opp særskilte problemstillingar i brev eller i møte. Vi legg vekt på å orientere nasjonalt nivå når regelverket er uklart eller har utilsikta konsekvensar. Eit døme er klagebehandling på gjennomføring av spesialundervisning. Vi har peikt på krevjande konsekvensar for kommunane og universitets- og høgskulesektoren som følgje av endra føringar for kompetanseordningane.

Som meldt tidlegare år, meiner vi at oppdragsgjevarane våre i større grad burde leggje til rette for direkte dialog mellom politisk leiing i departementa og statsforvaltarane om embetsoppdraga. Vi meiner vi sit med mykje kunnskap om kva som verkar og kva som er problem for kommunane, og at det er viktig at politisk leiing i departementa har denne kunnskapen når dei uniformar nasjonal politikk. I handteringen av pandemien har nettopp denne direkte kontakten vore ein viktig informasjonskanal.

Vi set pris på dreienda i styringa til statsforvaltarane som Kommunal- og moderniseringsdepartementet har lagt til rette for gjennom å oppmøde oppdragsdepartementa til meir målstyring av fylkesmennene. Vi blir på den måten betre rusta til å velje mellom dei verktøyene som vi meiner verkar best i vårt fylke. Då blir også initiativrolla vår styrkt.

Vi ser på initiativrolla som eit viktig supplement til dei meir konkrete oppdraga fylkesmennene har. For oss er det nyttig å kunne tenke utanfor den vanlege verktøykassa for å få gjennomført statleg politikk i fylket.

Eit døme er at vi siste par åra har vi hatt eit godt samarbeid med Universitetet i Bergen, der universitetet har sett i gang eit etterutdanningstilbod i forvaltningsrett for kommunale sakhandsamarar. Både deltakarane og universitetet var stornøgde etter at dei to første kulla vart ferdige i 2019 og 2020. Universitetet i Bergen planlegg no, i samarbeid med Statsforvaltaren, eit etterutdanningstilbod retta mot kommunale leiarar, i eit opplegg som liknar tilbodet i forvaltingrett.

3.1.1 Nasjonal politikk skal være kjent og iverksatt i fylket

3.1.1.1 En bærekraftig, trygg og fremtidsrettet samfunnsutvikling og arealbruk

Vi viser til meir detaljerte skildringar av måloppnåinga nedanfor. Vi har deltatt aktivt i kommunedialog generelt og i konkrete planprosessar for å nå dei einskilde måla under delmålet om bærekraftig, trygg og framtidsretta samfunnsutvikling og arealbruk.

Nasjonale og regionale hensyn (fra kapittel 3.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har god kunnskap om nasjonale og viktige regionale interesser

Vi opplever generelt at kommunane og Vestland fylkeskommune er merksame på bærekraftmåla og gir uttrykk for at desse skal ligge til grunn for den samla, kommunale og fylkeskommunale planlegginga. Vi er likevel alle enno i ein tidleg fase og opplever til dels at kommunane synest det er vanskeleg å tolke og vekte dei samla måla. Vi har i 2020 difor arbeidd gjennomgåande i vår planfaglege medverknad for å gi hjel til dette. Vi deltek òg i forskingsprogrammet "Field of Goals" i regi av Nordlandsforsking og Vestlandsforsking, for å utvikle god planpraksis på dette området.

Trass i at plankvaliteten dei seinare åra gjennomgåande har betra seg, ser vi at kommunane framleis i for liten grad legg særlovverk, statlege planretningslinjer og andre føringar til grunn som rammer for planane som kjem til ettersyn. Vi medverkar difor så tidleg som råd, mellom anna i planforum og plannettverk for å betre dette. Kommunekontaktane på planeksjonen har også ein løpende dialog med kommunane. Men sidan det meste av planarbeidet foregår i privat regi, er det vanskeleg å kome i reelt inngrep med utforminga av planane før offentleg ettersyn. Vi jobbar difor også meir langsiktig gjennom samordningsrolla for å tydeleggjøre det juridiske og faglege grunnlaget for viktige statlege interesser. Vi opplever at kommunane set pris på dette.

Vi har i 2020 hatt særlig merksemål på satsinga Leve hele livet i vår medverknad. Vi legg stor vekt på koplinga mellom sosial bærekraft og gode senter og bustadområde, der SPR for klima/klimatilpassing, BATP og byvektstavalar vert sett i samanheng. Elles er utfordringsbiletet om lag uendra. Den høge byggeaktiviteten i strandsona i fylket held fram. Det same gjeld jordvermproblematiske og landbruksomsyn i planlegginga. Vi har dei siste åra også lagt stor vekt på å medverke for betre planar for sjø- og fjellområda.

Vi opplever at kommunane har varierande kunnskapsnivå og ressursar til rådvelde. Vi har prøvd å bistå dei kommunane som har størst utfordringar, med auka rådgjevingsinnsats. Vi har også i 2020 vore aktive med å følge opp kommunane med skjønnsmidlar og delteke i større prosessar med råd, til dømes i arbeidet med interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland.

Når det gjeld effekten av innsatsen vår (årsakssamanheng mellom iverksette tiltak fra Fylkesmannen og observert effekt/resultat), så er det vanskeleg å gje eit eintydig svar. Vi registererer at kommunane og fylkeskommunen svært gjerne ønskjer og treng vårt bidrag og vår medverknad.

Ivaretakelse og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser (fra kapittel 3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Nasjonale og viktige regionale interesser er ivaretatt i kommunale og regionale planer.

Vi brukar mykje ressursar og ulike verkemiddel på å rettleie kommunane på planområdet. Det høge talet på dialogmøte, ein del motseigner og dispensasjoner til høyring som er påklaga, viser etter vårt syn at det framleis er vesentlege utfordringar med å nå fram. Vi kan kanskje bli endå flinkare til å rettleie kommunane, men ser samstundes at det i lokalpolitiske diskusjonar er vanskeleg å fremje dei nasjonale og viktige regionale interessene, særlig der desse er i konflikt med næringsinteresser. Difor er det vanskeleg å sjå kva vi konkret bør gjøre annleis, ut over at vi til hausten, i lag med fylkeskommunen, håpar å kunne gjennomføre ei større fysisk plansamling slik vi ikkje kunne i 2020.

Sameleis ser vi også at viktige statlege omsyn til tider vert følgde opp av fylkeskommunen på ein måte som er utfordrande. Vi nemner her Regional plan for Hardangervidda, som fylkesmennene fann det naudsynt å bringe inn til departementet.

Fylkesmannen i Vestland hadde totalt 4170 saker på høyring i 2020. Av desse er 1756 dispensasjoner på høyring og 1698 vedtak der det er gitt dispensasjon, til klagevurdering. Vi klaga på 104 av desse dispensasjonsvedtaka. Dette utgjer om lag seks prosent av vedtaka vi har fått til klagevurdering.

Vi hadde 19 kommune(del)planar til oppstart og 15 til offentleg høyring. Talet omfattar også samfunnsdelen og tematiske planar. Vi hadde 195

oppstartvarsle av reguleringsplanar og 198 til offentleg høyring.

Totalt hadde vi 67 planar med dialogpunkt (aktuelle motsegnspunkt) frå statlege etatar, inkludert våre eigne. Av desse var seks kommune(del)planar. Vi hadde motsegnspunkt knytt til 55 planar og fremja motsegn for kommunen (innan eige ansvarsområde) til 32 av desse planane. Vi meiner såleis at samordninga og dialogmøta gjev betydeleg nedgang i talet på motsegner som blir fremja. Men dette vert endå tydelegare om ein ser på reduksjon i motsegnspunkt til desse planane, altså tal einskildpunkt der Fylkesmannen inviterte til dialog om aktuell motstrid med statlege interesser. Av dei 137 motsegnspunkta/dialogpunktene vi tok opp med kommunane før dialogmøte, stod det att 54 motsegnspunkt som faktisk vart fremja for dei aktuelle kommunane. I tillegg kjem motsegner som vi samordna for andre statlege etatar. Sjå tabellen i rapporten knytt til kap 7.3.6.5.1 når det gjeld planar med motsegner som andre statlege etatar har sendt til Fylkesmannen for samordning.

Vi hadde elles 13 motsegnssaker til mekling. Det vart semje i ti av sakene. Tre av meklingane førde ikkje fram.

Plansaker med motsegn sendt til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) i 2020, frå Vestland:

- Reguleringsplan Kvam herad: KMD stadfesta planen, motsegn ikkje tatt til følgje
- Kommunedelplan for Meland i Alver kommune: ikkje avgjord.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

God innsigelsespraksis

Vi følgjer aktivt opp arbeidet med forbetringar i motsegnspraksisen og legg alltid føringane i rundskriv H/2-14 til grunn i saker der motsegn blir vurdert. Sjå elles eiga rapportering om samordning av motsegner.

Vi har mekla i 13 plansaker i 2020. Alle sakene gjaldt reguleringsplanar, to områdereguleringsplanar og elleve detaljreguleringsplanar. Ei sak var plansak frå tidlegare Sogn og Fjordane, dei andre tolv sakene var frå tidlegare Hordaland.

Fylkesmannen hadde motsegn i ni av dei sakene som gjekk til mekling, der motsegna i hovudsak gjaldt strandsonevernet, men også landskapsverknader, naturmangfold og bustad-, areal- og transportplanlegging (BATP).

Motsegnstema var slik fordelt i dei ni motsegnensakene frå Fylkesmannen (obs. fleire tema per sak):

- Strandsone: sju saker
- Landskap: fem saker
- BATP: tre saker
- Naturmangfold: to saker

Vestland fylkeskommune hadde motsegn i to saker pga. kulturminneomsyn og motsegn i tre saker av omsyn til trafikktryggleik og gang- og sykkelveg. I to av desse sakene hadde også Statens vegvesen motsegn av omsyn til trafikktryggleik.

Meklinga ført fram i ti saker. I tre saker ført fram ikke meklinga fram. To av desse sakene var felles i same mekling. Her braut kommunen meklinga. I ei sak kunne ikkje Fylkesmannen sjå at staten hadde noko å mekle på.

Samordne og løse statlige innsigelser (fra kapittel 3.1.1.1.2.3 i TB)

Rapportere på

Statlige innsigelser er samordnet

Vi følgjer det tilrådde opplegget til KMD for samordninga, jf. brev av 22. desember 2017. Vi legg svært stor vekt på å halde dialogmøte i saker der det er meldt frå om, frå andre statsetatar eller frå Fylkesmannen som sjølvstendig sektorstyresmakt, at planar kan stride mot statlege omsyn. Heller ikkje i 2020 vart det haudsint eller aktuelt for oss å avskjere statlege motsegner frå andre etatar. Men svært mange motsegnspunkt vart løyste i den utvida dialogen i høyringsfasen. Vi meiner at måla med samordninga; raskare planprosessar, betre planar og færre motsegner, ofte vert nådde. Fylkeskommunen har vorte invitert med i saker der dei har hatt vesentlege interesser og har ønskt å delta, og dei har delteke i fleire dialogmøte.

Oppfølging av samfunnssikkerhet i planer etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene har på bakgrunn av helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse, et kunnskapsgrunnlag for å utarbeide mål for arbeidet med samfunnssikkerhet. Kommunen ser til at denne kunnskapen følges opp i alle planer etter plan- og bygningsloven, for eksempel oppfølging av helhetlig ROS i plansystemet.

Kommunane har stort sett ikkje problem med å sjå samanhengen mellom kommunal beredskapsplikt og planar etter plan- og bygningslova, men det er noko meir varierande i kva grad og korleis dei klarar å følgje opp dette på ein heilskapleg og systematisk måte.

Ei utfordring i denne samanhengen er at dei fleste arealplanane (områderegulering og detaljregulering) blir utarbeidde av private aktørar, som nok ofte legg hovudvekt på andre ting enn samfunnstryggleik. Likevel vert det nesten utan unntak laga ROS-analysar i alle arealplansaker etter plan- og bygningslova, som inngår som del av kunnskapsgrunnlaget. Tilsvarande blir det òg i større og større grad gjort ROS-vurderingar i dispensasjonssaker.

Vi har i 2020 hatt særleg merksemrd på rettleiing og oppfølging av kommunane sine overordna planar, m.a. kommunal planstrategi og kommuneplanens samfunnssdel. Dette er for å sjå til at kommunane har oversyn over utviklingstrekk og sentrale utfordringar på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet, og at dette oversynet blir nytta som grunnlag for utarbeiding av mål og strategier som igjen skal leggjast til grunn for prioriteringar og gjennomføring av tiltak. Som følgje av denne prioriteringa er samfunnstryggleiks- og beredskapsomsyn gitt særskilt merksemrd i fråsegnene til alle overordna planar etter plan- og bygningslova. Dette blir òg følt opp i regionalt planforum og i direkte dialog med kommunane.

I dette oppfølgings- og rettleiingsarbeidet har vi lagt vekt på at kommunane må kunne vise til heilskapleg og systematisk tenking rundt samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, frå visjonsnivå, via mål og delmål, til (konkrete) handlingsplanar med tilhøyrande løvingar (budsjett), og avslutningsvis tilbakemelding på måloppnåing (t.d. gjennom årsrapporten). I denne samanheng har vi m.a. lagt til grunn forventingane i KMD rundskriv H-5/18 "Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesak" og DSB-rettleiaren "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging" i vår dialog med kommunane. Avslutningsvis nyttar vi òg i nokon grad Meld. St. 5 (2020-2021) "Samfunnssikkerhet i en usikker verden" som grunnlag for rettleiinga.

Erfaringane er at dei fleste kommunane tek våre innspeil (rettleiing og tilbakemelding) på alvor og forsøker å integrere dette i planarbeidet.

Ivaretakelse av samfunnssikkerhet i plansaker (fra kapittel 3.1.1.1.3.2 i TB)

Rapportere på

I hvilken grad ivaretar kommunen samfunnssikkerhetshensyn i alle planer:

1. Alle planprogram beskriver hvordan samfunnssikkerhet skal ivaretas.
2. Det stilles kvalitetskrav til ROS-analyser og kvalitetssikres i etterhånd, når disse gjennomføres av eksterne.
3. Avdekkt risiko og sårbarhet, inkludert klimaendringer, følges opp i planer.
4. Tiltak fra overordnet plan følges opp på lavere plannivå

Vi gir tilbakemelding på alle meldingar om oppstart av planarbeid, og set forventingar til at samfunnstryggleksomsyn (ROS-analyse) skal takast i vare i planprosessen. Som del av denne tilbakemeldinga blir det vist til relevant bakgrunnsinformasjon som t.d. DSBs rettleiar "Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging". Vårt inntrykk er elles at kommunane er gode på å formidle forventingar til varetaking av samfunnstryggleksomsyn i planlegginga, og vidare at dette no blir følt opp i alle plansaker (inkl. planprogram). Naturfare og klimaendringar har etter kvart òg vorte eit sentralt tema i alt planarbeid.

Både kommunane og Fylkesmannen viser til forventingar og krav i lov- og forskriftsverk og rettleiingar mv., så det vert klårt og tydeleg formidla kva kvalitetskrav ein legg til grunn. Oppfatninga vår er nok likevel at kommunane i noko større grad sjølv bør følgje opp desse kvalitetskrava før første politiske handsaming.

Vidare gjev vi tilbakemelding på alle planar som er lagde ut til offentleg ettersyn/høyring, og der ROS-analysen og oppfølging av avdekt risiko og sårbarheit er sentrale element i tilbakemeldinga. I hovudsak tykkjer vi kommunane følger opp ansvaret på ein god måte, sjølv om kompetansenivået er noko varierande. Vi ser òg at det i liten grad er behov for å fremje motsegn til planar med bakgrunn i manglar ved ROS-analysar og oppfølging av desse. Dei feil og manglar vi finn, blir i all hovudsak retta av kommunane gjennom dialog med oss utan å gå vegen om motsegn. Det er elles ein del av rutinane våre å gjennomføre dialogmøte med kommunen når vi har vesentlege merknader til eit planforslag, for å unngå bruk av motsegn. Ofte fell grunnlaget for merknadene vekk etter slike dialogmøte, det vil seie at kommunen sjølv ser at avdekte tilhøve må rettast.

Drikkevannsforsyning (fra kapittel 3.1.1.1.3.3 i TB)

Rapportere på

Kommunene ivaretar og fremmer drikkevannshensyn i de regionale vannforvaltningsplanene.

Vi har ikkje fått prioritert dette arbeidet i 2020.

Hensynssoner rundt storulykkevirksomheter (fra kapittel 3.1.1.1.3.4 i TB)

Rapportere på

Kommuner med storulykkevirksomheter etablerer hensynssoner med tilhørende bestemmelser rundt virksomhetene når planer revideres/rulleres.

Storulykkerisiko vert følgd opp (i betydeleg grad) i alle planar der problemstillinga er relevant, både frå kommunane og Statsforvaltaren. Vi har særleg merksemrd på denne problemstillinga både i det generelle rettleiingsarbeid vårt og planfråsegnene, noko som gjer at vi ser etter om alle storulykkeverksemder har behov for omsynssoner i plankart med tilhøyrande føringar i planføresegnene. Vår aktivitet og oppfølging har ført til at kommunane no har vesentleg meir merksemrd på denne typen problemstillingar enn for berre nokre år sidan. Andre aktørar som t.d. Statens vegvesen og

Forsvaret har bidratt godt til denne utviklinga.

Med omsyn til forbettingspotensial, så kan det t.d. vere å fange opp storulykkeproblematikk i dispensasjonssaker. Vi gjer kommunane merksame på problemstillinga når ho er aktuell.

Generelt skulle vi nok også ønske at samfunnstryggleiksomsyn fikk meir merksemd i handsaminga av dispensasjonssaker i kommunane, men det gjeld ikkje berre oppfølging av storulykkerisiko.

Sist men ikkje minst er vurdering av risiko og sårbarheit knytt til farlege stoff (som ikkje er underlagt storulykkeforskrifta) eit område der det framleis er stort rom for betring. Dette blir i for liten grad følgt opp av kommunane, og Statsforvaltaren har ofte ikkje god nok lokalkunnskap til å fange opp relevante utfordringar med farlege stoff i saker som kjem inn.

Planleggingen skjer i tråd med rundskriv T-2/16 mm (fra kapittel 3.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Tilstrekkelig ivaretakelse av nasjonale og vesentlige regionale interesser i tråd med rundskriv T-2/16, Statlige planretningslinjer og andre nasjonale føringer (herunder nye nasjonale forventninger til kommunal og regional planlegging) på klima- og miljøområdet

Rundskriv T 2/16 vert brukt som ein grunnleggjande premiss for vår planfaglege medverknad på miljøområdet. Vi har i 2020 ikkje gjennomført rettleiing mot kommunane med rundskrivet som einaste tema, men der det har vore naudsynt, har vi vist til dette saman med nasjonale forventningar i grunnleggjeringa for og dialogen om motsegner. Det same gjeld i stor grad i vår medverknad i regionalt planforum og i samband med fråseigner til planar og dispensasjonssaker, der det er relevant.

Vi kan, ut frå at konfliktsaker likevel jamleg oppstår, slå fast at kommunane i middels (nokre gongar liten) grad kvalitetssikrar private planforslag tilstrekkeleg i tråd med føringane på miljøområdet, før dei blir sende på offentleg ettersyn. Mangel på kompetanse og ressursar i kommunane kan vere ei årsak. Manglande lokalpolitisk vekt på statlege føringer, sett opp mot lokale behov og prioriteringar, kan vere ei anna.

Vi opplever god fagleg samhandling med andre statlege styresmakter i mange av sakene der det er eit fagleg grensesnitt, t.d. varetaking av vassdragsverdiar, støy og så vidare. I dei største sakene innanfor t.d. samferdsle, kystrett næringssutvikling og liknande, opplever vi likevel at det kan vere utfordrande å vareta dei samla statlege måla.

Boligsosiale hensyn (fra kapittel 3.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

100 %

Ved gjennomgang av planprogram og kommunale planar ser vi alltid etter om bustadsosiale omsyn er varetatte og kommenterer dette i fråsegnene våre, også som eit viktig tiltak for utjamning av sosial ulikskap i helse. Bustadsosiale omsyn og sosial bustadpolitikk er også tema i regionalt planforum og andre møte med kommunane om eigna bustader og tenester til ulike brukargrupper. Samarbeidet med Husbanken og rådgjeving til kommunane vart vidareført i 2020.

Rekruttering og kompetanseplanlegging på helse- og omsorgsområdet (fra kapittel 3.1.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Planlegging skjer i tråd med Lov om folkehelsearbeid §6, Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenestene (FOR-2016-10-28-1250), og bærekraftsmål i § 1.1 i Plan- og bygningsloven.

Vi har teke opp tema rekruttering og kompetanseplanlegging som del av samfunnsplanarbeidet, på ulike møteplassar med kommunane.

Rekruttering og kompetanseplanlegging som sentral del av samfunnsplanarbeidet, vart teke opp på digitale fagsamlingar om aldersvenleg samfunnsplanlegging knytt til Leve heile livet-arbeidet. Rekruttering og kompetansesplanlegging var også tema på vår årlege Leve heile livet-konferanse. Vi har skrive om temaet på nettsida vår og i eige nyhendebrev til kommunane om Leve heile livet.

I 2020 hadde vi dialogmøte med kommunar som ønskjer hjelpe og rådgjeving i arbeidet med reforma Leve hele livet. Tema som rekruttering og kompetanseplanlegging er tema som kommunane sjølv har tatt opp på møta. Det regionale støtteapparatet har gitt råd og vist til dei gode døma.

Rekruttering og kompetanseplanlegging blir kommentert i fråseigner til planstrategi, kommuneplan og andre planar vi har til gjennomsyn, der det ikkje er nemnt spesifikt. Ved årsskiftet var det 24 av 43 kommunar som hadde vedteke planstrategi. I fire av desse var det tydeleg løfta inn i planoversikta at kommunen har ein eigen rekrutterings- eller kompetanseplan. Vi ser at mange inkluderer temaet i helse- og omsorgsplaner. Nokre kommunar har også utarbeidd ein eigen plan.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Planleggingen skjer i tråd med SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Dette har vore eit av dei viktigaste omsyna vi har lagt til grunn i vår planmedverknad i 2020. Samstundes har temaet vore til dels vanskeleg å få gjennomslag for i kommunedialogen. Særleg gjeld dette den heilskaplege vurderinga av kva som er ein effektiv arealbruk, kva som blir klimakonsekvensar av ulike løysingar, kva som gjev effektiv energibruk og kva som skapar gode sentrum og grender for folk i alle aldrar. Samstundes skal landbruks- og miljøomsyn sikrast best mogeleg.

Byvekstatalane har kome til, men vi opplever i varierande grad at kommunane ønskjer å følgje desse opp med konkrete, overordna plangrep. Vi har difor hatt ekstra merksemd på dette i kommunedialogen. Temaet var sentralt på den årlege regionale plankonferansen vi arrangerer saman med fylkeskommunen og elles i den generelle rådgjevinga vår i 2020. Vi vil truleg måtte halde fram med slik rettleiing i dei komande åra.

Eige forbettingspotensial vil elles avhenge av kva grad den statlege politikken får gjennomslag i kommunane.

Høy arealutnyttelse (fra kapittel 3.1.1.1.7.2 i TB)**Rapportere på**

Massehåndtering avklares i regionale og kommunale planer

Fylkeskommunen har ikkje føreslått ein eigen plan for temaet. Fylkesmannen har elles delteke i, og tidlegare gitt skjønnsmidlar til, fleire store planinitiativ der massehandtering er eit sentralt tema. Dette gjeld mellom anna veg og baneløsing Bergen–Stanghelle.

Vi har elles gjennomgåande spelt inn temaet forsvarleg og samfunnsnyttig massehandtering i samband med alle relevante kommunale planar. Temaet er svært viktig å følgje opp vidare.

Strandsone og vassdragsforvaltning (fra kapittel 3.1.1.1.8.1 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i strandsonen langs sjø og vassdrag skjer i tråd med PBL § 1-8, SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen, RPR for verna vassdrag og regionale planer.

Som tala for motsegner og klager viser, har plan- og dispensasjonshandteringen i strandsona også i 2020 vore eit tema der vi ofte har peika på motstrid med statlege føringer. Vi kan vanskeleg vurdere det anndeis enn at dei nasjonale og regionale føringerne i middels til liten grad vert følgde opp. Vi viser blant anna til Sivilombodsmannen sin nylege rapport om praksis i bruken av dispensasjoner i utvalde kommunar, der Askøy kommune var ein av dei tre undersøkte kommunane.

Vi har òg i 2020 registrert at mange kommunar opplever det som utfordrande å handsame og rydde opp i ulovlege byggetiltak i strandsona.

Vi meiner det er viktig å tydeleggjere den statlege politikken og forventingane ytterlegare på dette punktet og ser i møte dei presiseringane som måtte følge av revisjon av statlege planrettningssliner og gjennomgang av dispensasjonsføresegne i paragraf 19.

Bærekraftig forvaltning fjell og utmark (fra kapittel 3.1.1.1.8.2 i TB)**Rapportere på**

Planlegging i fjell og utmark skjer i tråd med Nasjonale forventninger og regionale planer

Kommunane har til no i liten grad fastsett langsiktige utbyggingsgrenser i overordna plan. Unnataket er Bergen, som har etablert ei byfjellsgrense. Det er også gjort avgrensingar av visse leveområde/sonegrenser i regionale planar for villreinfjella, men også i 2020 har vi hatt planar som utfordrar desse. Vi viser mellom anna til revisjon av regional plan for Hardangervidda, som ligg til avgjerd i departementet, etter at fylkesmennene samla fann det naudsynt å bringe planen inn til KMD.

Årsaken til at grensene vert utfordra, er i all hovudsak motstrid mellom lokale ønske om næringsutvikling og mål om varetaking av naturmangfald. Det er vanskeleg å vurdere forbettingspotensialet vårt, men vi ser i møte ei tydeleggjering av nasjonale føringer på dette feltet og vil følgje dei opp. Vi har òg i 2020 hatt merksemd på temaet i samband med kommunal planlegging.

Det er elles auka interesse for bruk av fjell og utmark, og i slike samanhengar får ofte den tradisjonelle landbruksverdien låg merksemd og verdi. Vi treng meir kunnskap om utmarka og har teke initiativ til betre kartlegging av dei tradisjonelle bruksverdiane i utmarka, spesielt beiteverdiane. Vi har god oversikt på tal beitedyr og beiteområde, men for lite eksakt kunnskap om verdiane. Dette prosjektet skjer i samarbeid med NIBIO, og tanken er å få betre

kunnskap om verdien av ulike typiske beiteområde og bruke dette i verdivurderingane.

Vi har i dialog med enkelte kommunar også teke opp att arbeidet med vernskoggrense etter skogbrukslova. Føremålet er å vurdere i kva grad eksisterande skogbelte kan bidra til vern mot naturfarar, og ikkje minst kva type skjøtsel og drift ein eventuelt kan ha i slike område.

Landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.1 i TB)

Rapportere på

Kommuner og fylkeskommuner har kunnskap om landbrukets arealbehov, og ivaretar landbrukets interesser og behov i planprosesser og arealforvaltning.

Det aller meste av den overordna forvaltninga av landbruksareal skjer gjennom plan- og bygningslova. Hjå oss er planarbeidet organisert i ein eigen seksjon i kommunalavdelinga, som varetar sektorvise omsyn i dialog med fagavdelingane – også om landbruk og jordvern. Kommunane har god kunnskap om jordvern og at landbruket er arealkrevjande, men LNF-områda er nok for enkelte kommunar framleis ein sekkepost med "areal til overs" etter at andre arealbruksinteresser har fått sitt. Så må det også nemnast at i det vestlandske landskapet ligg ofte komunesenter, busetnad, vegar og annan infrastruktur i og ved dei mest verdifulle jordbruksarealet. Dette skaper arealbrukskonfliktar.

Vi er i dialog med fylkeskommunen om ein jordvernstrategi for Vestland fylke, men dette tek tid og må inn i dei fylkeskommunale planprosessane.

Landbrukets arealressurser (fra kapittel 3.1.1.1.9.2 i TB)

Rapportere på

Omdisponering er i tråd med Stortingets jordvernål 2020.

Sett i forhold til totalt jordbruksareal og det nasjonale målet om maksimalt 4000 dekar omdisponering av dyrka jord per år, så burde omdisponeringa her i Vestland ikkje ha vore over 340 dekar dyrka jord per år.

Statistikken syner at kommunane samla sett har omdisponert meir enn dette i alle år sidan 2010, sjølv om vi ser ein klår fallande tendens. Slik sett oppfyller kommunane framleis berre i liten grad dei nasjonale føringane for jordvern. I 2019, som er siste året vi har statistikk for, vart det omdisponert 530 dekar dyrka jord. Mesteparten av den omdisponerte jorda går til samferdsel- og bustadområde, med om lag 200 og 150 dekar til desse to føremåla.

Fylkesmannen har, både før og etter samanslåinga til Vestland frå 2019, satsa på informasjon om nasjonal politikk, tilleg medverknad i alle plansaker og argumentasjon for jordvern i både uformelle og formelle dialogmøte med kommunane. Dette fører til mindre omdisponering av jordbruksareal, utan bruk av motsegn. I 2020 var det tre saker med formell motsegn med jordvernomsyn og seks til sju saker i dialogmøte og der det ser ut til at planane vart endra på grunn av jordvern.

Reduksjon i omdisponering av dyrka jord

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
948.0	664.0	780.0	690.0	588.0	516.0	363.0	459.0	419.0	530.0

Tabellen viser dekar omdisponert dyrka jord per år.

Aktiv bruk av KU-forskriften § 10 (fra kapittel 3.1.1.1.11.1 i TB)

Rapportere på

Aktiv bruk av KU-forskriften § 10 med tilhørende veileder i kommunene

Vi deltok i undersøking av dette temaet, og vi viser mellom anna til MENON-PUBLIKASJON NR. 57/2020, der ein av konklusjonane er:

«Vi viser til flere gode eksempler på vurderinger av samlede virkninger på deler av planen og på enkelttemaer, men vi har ikke lykkes i å identifisere et godt eksempel som ser helheten av planens virkninger i utvalget vårt.»

Vi kjenner oss godt igjen i dette biletet og har difor gjennomgåande prøvd å bidra til auka merksemd på og etterleving av KU-forskrifta og tilhøyrande rettleiar. Nettopp manglar på dette feltet på kommuneplannivå har vore tema i saker som er sende over til KMD etter mekling.

På reguléringsplannivå ser vi fleire dørme på at kriteria i paragraf 10 ikkje fullt ut vert vurderte, slik at færre planar enn kva som ideelt sett burde vore konsekvensutgreidde, har KU. Når kommunane som ansvarleg styresmakt har beslutta dette ved planoppstart, har vi vist til at vi ser dette som ein mangel, dersom vi meiner det kan få betydning. Alternativt opplyser vi om at vi ventar at utgreiingskrav som følgjer av plan- og bygningslova, uansett vert oppfylte. Vi medverkar elles med råd til kommunane i tolking av KU-forskrifta, der dette er etterspurta.

Systematisk folkehelsearbeid etter plan- og bygningsloven (fra kapittel 3.1.1.1.12.1 i TB)

Rapportere på

Planlegging skjer i tråd med Folkehelseloven § 5-7, og § 3-1 f) samt kap. 10 og 11 i Plan- og bygningsloven. Kommunene har fått formidlet revidert veileitung ([Helsedirektoratets nettsider](#)) til et systematisk folkehelsearbeid.

I fråsegrer til planstrategiar, planprogram og framlegg til kommuneplanar formidlar vi forventingane frå folkehelselova, og at det som grunnlag for planarbeid er naudsynt med oversikt over status og utfordringar for folkehelsa. Utjamning av sosial skilnadar i helse blir særleg vektlagt. Vi etterspør folkehelseoversikter der dei ikkje ligg som grunnlag for planstrategiar og kommuneplanar, og viser til rettleiarene for eit systematisk folkehelsearbeid. I møte med kommunane, spesielt i Leve heile livet-prosjektet og i regionalt planforum, blir også forventingane formidla.

Pandemien har gjort at mange kommunar ligg bakpå i arbeidet med planstrategi, og truleg også oppdateringa av folkehelseoversiktsdokumentet. Ved utgangen av 2020 hadde 24 av dei 43 kommunane vedtatt planstrategi. Basert på fråsegnene vi har gitt, ser vi at 15 har eit oppdatert folkehelseoversiktsdokument som grunnlag for planstrategien. Av dei ni andre er det fleire som har utarbeidd andre typer kunnskapsgrunnlag, og som snart er klare med oppdatering av folkehelseoversiktene.

Som ved rapportering tidlegare år ser vi at folkehelse blir omtala i planverk, spesielt i kommuneplanens samfunnssdel. Det er framleis behov for å vidareutvikle systematikken i arbeidet frå folkehelseoversikt til planstrategi og vidare til fastsetjing av mål og tiltak i plan, iverksetjing og evaluering av tiltak. Vi registrerer framgang, men dette er eit langsiktig og målretta arbeid der vi ikkje ser store endringar frå år til år.

Folkehelse i kommunale planprosessar er eit sentralt tema i dialogmøte med kommunane om Leve heile livet-reforma. Desse møta har vore med på å styrke kompetansen i kommunane. Vi hadde seks dialogmøte hausten 2020. Ved årsskiftet hadde 22 kommunar meldt inn at dei ønskjer dialogmøte vinter/vår 2021. Det regionale partnarskapet mellom KS, USHT og Statsforvaltaren, vil i fellesskap gjennomføre møta i 2021.

3.1.1.2 Fylkesmannen understøtter kommunenes arbeid med samfunnssikkerhet og beredskap

Vi prioriterte høgt å støtte arbeidet som kommunane gjør innan samfunnstryggleik og beredskap. Gjennom oppdraget våre med tilsyn, rettleiing og øving bidrar vi både til å gjøre kommunane meir medvitne om det ansvaret dei har for å sikre trygge lokalsamfunn, og vi bidrar med å heve kvaliteten på arbeidet. Under koronapandemien har støtte til kommunane vore den høgast prioriterte oppgåva vår. Vi har fått veldig tydelege tilbakemeldingar frå kommunane om at dette arbeidet har vore svært viktig og at det har gjort det lettare for dei å ivareta dei oppgåvane og det ansvaret dei har. Sjå meir utfyllande om kva vi har gjort under pandemien i rapporteringa på punkt 7.3.4.7 i TB.

Tilsyn med kommunal beredskapsplikt (fra kapittel 3.1.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjennomføre tilsyn med kommunal beredskapsplikt. Kommuner for tilsyn velges ut på bakgrunn av en vurdering av risiko og vesentlighet. For å tilfredsstille nasjonale smitteråd kan Fylkesmannen vurdere alternativer til fysisk tilsyn, for eksempel via elektroniske plattformer. Fylkesmannen vurderer om helseberedskap skal inngå i tilsynet, ref. 3.1.1.2.1.2. Fylkesmannen forventes å gjennomføre tilsyn i 2020 så langt det lar seg gjøre, og tilpasser tilsynsaktiviteten slik at kommunene kan prioritere ressurser til å håndtere Covid-19.

Vi planla i starten av året tilsyn med oppfølging av kommunal beredskapsplikt i 11 av 43 kommunar. Grunna koronapandemien vart tilsyna i første halvår av 2020 avlyst. Andre halvår av 2020 gjennomførte vi felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap i fire kommunar (Aurland, Austrheim, Austevoll og Sogndal). Desse tilsyna var systemrevisjonar med digitalt tilsynsmøte.

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt

Tilsyn og veiledning med kommunenes etterlevelse av kommunal beredskapsplikt.				
Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Totalt antall kommuner i embete	Antall kommuner gjennomført tilsyn
25.00 %	- 15.70	9.30 %	43.00	4.00

Felles tilsyn med beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen avgjør om det skal gjennomføres tilsyn med helseberedskap i kommunene basert på kunnskap om risiko og sårbarhet. Tilsyn med helseberedskap i kommunene skal gjennomføres som felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt etter sivilbeskyttelsesloven, jf. [Veileder for felles tilsyn med kommunal beredskapsplikt og helseberedskap](#) fra DSB og Statens helsetilsyn.

Dei fire tilsyna som beredskapsseksjonen og helse-, sosial- og barnevernsavdelinga gjennomførte saman, var systemrevisjonar. I tillegg til gjennomgang av dokument frå kommunen, hadde vi eit digitalt tilsynsmøte med nøkkelpersonell i kommunaleininga. Tema for tilsynet var å undersøke om arbeidet med helseberedskap og oppfølging av kommunal beredskapsplikt vart gjort i samsvar med krav etter helse- og sosialberedskapslova og sivilbeskyttelseslova, og tilhøyrande forskrifter. Tilsynet var avgrensa til kontroll av overordna beredskapsplan og beredskapsplan for helse- og omsorgstenestene. I tillegg undersøkte vi system for opplæring, øving og evaluering.

Vi har hatt særleg merksemد på om kriseorganisasjonen i kommunen har kapasitet til og er øvd på å handtere uønskte hendingar.

Kommunen si planlegging for å ivareta smittevern under pandemien var òg eit viktig tema.

Veileding om samfunnssikkerhet og beredskap i kommunene (fra kapittel 3.1.1.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal styrke veiledingen i kommunene i arbeidet med samfunnssikkerhet og beredskap, herunder helseberedskap.

Frå mars og ut året hadde vi svært tett dialog med kommunane og rettleia dei i beredskapsarbeidet. Rettleiinga handla i all hovudsak om handteringa av pandemien, men òg noko om andre problemstillingar.

Vi har hatt eitt, i periodar to, møte med kommunane kvar veke. I desse møta har vi vidareformidla informasjon frå nasjonale styresmakter, kome med presiseringar og vår forståing av informasjonen og svart på spørsmål frå kommunane. Kommunane har hatt stor trøng for avklaringar, råd og rettleiing innanfor eit breitt spekter av problemstillingar. Ved behov har vi difor òg hatt med eksterne aktørar i møta (t.d. politiet, Nav og Arbeidstilsynet).

I tillegg til kommunane har fylkeskommunen, dei tre helseføretaka og sivilforsvaret deltatt fast på møta. Beredskapsseksjonen og helse-, sosial- og barnevernsavdelinga har samarbeidd tett og har hatt felles ansvar for å førebu, gjennomføre og leie møta. Kommunane har i stor grad vore representerte på leiarnivå både i kommunehelsetenesta og administrasjonen.

I tillegg til dei faste møta har vi hatt ei rekke møte knytt til konkrete problemstillingar. Både problemstillingane og deltagarane har variert.

Under store delar av pandemien har det vore ein jamn straum av spørsmål og problemstillingar frå kommunane, som vi har svart på skriftleg og munnleg etter kvart. Spørsmåla har variert i omfang og det har vore behov for å kople på ulike fagavdelingar i embedet og eksterne aktørar for å bidra i dette arbeidet. Vi har opplevd at nasjonale styresmakter til tider har vore overbelasta med spørsmål om tolking av nasjonale reglar og tilrådingar, og har difor prøvd etter beste evne å gje raske tolkingsråd til kommunane. Vi meiner vi har treft godt i vår rådgjeving, ut frå dei avklaringane som etter kvart har kome frå nasjonale styresmakter.

Vi har hatt god dialog med kommunar med utbrot. Behovet for rettleiing har variert frå kommune til kommune. Vi har samarbeidd godt med Folkehelseinstituttet i arbeidet med å støtte kommunane i handteringa.

Under utbrota rundt Bergen i haust bidrog vi i koordineringa av smitteverntiltaka i dei sju kommunane i bu- og arbeidsregionen. Kommunane styrte i all hovudsak prosessen sjølv og samarbeidde godt. Vi bidrog med avklaringar og med å kople på andre aktørar (t.d. FHI) ved behov.

I oktober gjennomførte beredskapsseksjonen og helse-, sosial- og barnevernsavdelinga ei felles digital samling for administrativ leiing, kommunelegar og beredskapskontaktar i alle kommunar, med pandemihandtering som tema.

Andre aktivitetar

Vi har gitt rettleiing til kommunane om bruk av DSB-CIM. Vi har òg vore i dialog med nokre av dei få kommunane i fylket som per i dag ikkje nyttar systemet. Konkret har vi gitt ei innføring i systemet og gitt brukaropplæring. I haust gjennomførte vi òg eit brukarforumsmøte for DSB-CIM-kontaktane i kommunane.

Som ein del av førebuinga til dei planlagde tilsyna, hadde vi eit digitalt seminar for kommunane. Hovudtema var våre forventningar til korleis kommunane skal følge opp kommunal beredskapsplikt og communal helseberedskap.

Egenberedskap (fra kapittel 3.1.1.2.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i 2020 bidra til at kommunene arbeider for styrket egenberedskap hos innbyggerne gjennom lokale tiltak og oppfølging av Egenberedskapskampanjen fra DSB.

På grunn av pandemien avlyste DSB eigenberedskapsveka i april.

Bjørnfjorden kommune gjennomførte digital markering av eigenberedskapsveka. Dei tok opp eit beredskapsrelatert tema på heimesida og sosiale medium kvar dag gjennom veka. Dei gjennomførte òg ei spørjeundersøking om korleis det stod til med eigenberedskapen blant dei tilsette.

Bergen kommune gjennomførte ei spørjeundersøking for å sjå om tidlegare kampanjeveke har ført til auka merksemد på eigenberedskap hjå innbyggjarane.

Øvelse for kommunens kriseorganisasjon (fra kapittel 3.1.1.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i løpet av 2019- 2022 gjennomføre øvelse for alle kommuners kriseorganisasjon.

Som følge av pandemien gjennomførte vi færre øvingar enn tenkt, og med andre tema. Vi tilbydde kommunane å gjennomføre TISK-øvingar og øvde i alt 7 av 43 kommunar i TISK-strategien. I tillegg øvde nokre av kommunane på eiga hand.

Totalt har vi i 2019 og 2020 øvd 31 av 43 kommunar.

Gjennomførte øvelser med kriseorganisasjonen i kommunene

År	Totalt antall kommuner i embetet	Antall gjennomførte øvelser for kommunens kriseorganisasjon	Overordnet øvingsmål
2019	59	24	Kriseorganisasjonen
2020	43	7	TISK-strategien

3.1.1.3 Et velfungerende plansystem i kommunene

Ved årsskiftet 2020–2021 var det framleis 19 av 43 kommunar som ikkje fullt ut var ferdige med arbeidet med planstrategi. Det var likevel ingen som ikkje hadde starta opp arbeidet, og dei fleste av desse var heilt i sluttfasen. Vi har følgt opp dei aktuelle kommunane tett, informert om stoda i Vestland og gjort merksam på at arbeidet no må sluttførast.

Om dei andre rapporteringskrava under delmålet, viser vi til dei einskildpunkt i årsrapporten der desse er omtala særskilt og der vi vurderer at måla er nådde.

Dialog med kommunene om (fasene i) plansystemet (fra kapittel 3.1.1.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner og fylkeskommuner har vedtatt en communal planstrategi i 2020

Ved årsskiftet har 24 av 43 kommunar i Vestland vedtatt sine kommunale planstrategiar, medan 19 kommunar er undervegs i arbeidet. Fylkeskommunen vedtok regional planstrategi hausten 2020.

Då 2020 starta var mange kommunar i rute med planstrategiarbeidet. Som følge av koronapandemien har dverre mange kommunar vorte forseinka. Samla vurderer vi middels grad av måloppnåing i kommunane.

Fylkesmannen og fylkeskommunen har saman oppmoda kommunane om å prioritere arbeidet med å gjere ferdige planstrategiane.

Klager over reguleringsplan (fra kapittel 3.1.1.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

God og rask klagesaksbehandling

Vi har handsama 81 klager på reguleringsplan i 2020, av desse er åtte saker over tolvvekersfristen. Det vil seie at i overkant av 90 prosent av sakene er handsama innan tolv veker. Vi meiner dette er eit godt resultat, sidan plansaker generelt kan vere krevjande og ta lang tid. I tillegg er det totaletalet plansaker til dømes langt mindre enn for byggesaker, slik at kvar sak får større verknad for statistikken. Det gode resultatet skuldast godt system for fordeling og oppfølging av saker og god fagkunnskap hjå våre sakshandsamarar. Koronasituasjonen har medført heimekontor i periodar for fleire handsamarar, men produksjonen har trass dette vorte handtert på ein god måte.

Juridisk veileding og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunale planer har juridisk gyldige bestemmelser og plankart

Vi har òg i 2020 gitt rettleiing om den juridiske kvaliteten av arealplanar. Vi tilbyr hjelpe fra jurist i planseksjonen vår i arbeidet med kvalitetssikring av planføresegner i alle kommuneplanar og i ein del reguleringsplanar. Vi opplever at kommunane set stor pris på dette og at effekten er god. Men skal vi oppsummere, meiner vi at den juridiske kvaliteten på det vi får til fråsegn i snitt må vurderast som middels.

Igjen kan årsaker vere at det er noko varierande juridisk kompetanse i planfirma og i kommunane. Om kvaliteten skal bli god nok, må kommunane sjølv truleg gjere ein grundigare utsjekk før offentleg ettersyn. Tydelege krav til planleggjarar eller sentral godkjenning vil òg verke positivt på den juridiske kvaliteten.

Juridisk veileding og kvalitetssikring (fra kapittel 3.1.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Konsekvensutredningsforskriften følges opp

Viser til rapport under 3.1.1.11.11 - TB

Vurdering av opphevelse eller revisjon av planer (fra kapittel 3.1.1.3.4.1 i TB)**Rapportere på**

Kommunene skal ha blitt informert og veiledet om at de skal vurdere opphevelse eller revisjon av gamle planer, basert på ny og relevant kunnskap om samfunnssikkerhet.

Kommunane har i alle relevante planprosesser blitt informert og rettleidde om at dei må vurdere å oppheve eller revidere gamle planar når det ligg føre ny og relevant kunnskap om samfunnstryggleik. Mykje av dette ansvaret vert elles òg følgt opp av Norges vassdrags- og energidirektorat.

Vi er ikkje kjende med at det har skjedd oppheving av planar med klimaomsyn som einaste grunn. Vi viser elles til dei punkta der arbeidet vårt med samfunnstryggleik i plan er omtalte særskilt.

3.1.1.4 Økt kunnskap om sosialtjenesteloven

Vi meiner aktivitetane vi gjennomførte i 2020 var eigna til å medverke til å betre kunnskapen om sosialtenestelova. Kommunane fekk opplæringstilbod om sosialtenestelova gjennom kurs, i møte med leiar og tilsette, ved tilsyn og klagehandsaming.

Vår vurdering er at dei fleste Nav-kontora har rimeleg god kunnskap om regelverket. Delen vedtak vi stadfestar har over fleire år vore stabil på omkring 85 prosent. Samtidig meiner vi det er behov for meir kompetanse i Nav knytt til mellom anna korleis gjere individuelle vurderinger og korleis handsame refusjonssaker. Det er òg kompetansebehov knytt til tenestene økonomisk rådgjeving, kvalifiseringsprogrammet (KVP) og barneperspektivet i Nav. Vi samarbeider med Nav Vestland om å utvikle gode strukturar for kunnskapsdeling og kompetanseutvikling i Nav.

Vi prioriterte å gi opplæring gjennom «Ny i Nav», og på nettverkssamlingar for KVP og økonomisk rådgjeving.

Nav-tilsette i Vestland har fått tilbod om å delta på fire basiskurs, to grunnkurs og to vidaregåande kurs i økonomisk rådgjeving. Alle kursa har vore digitale som følgje av pandemien. Grunn- og vidaregåande kurs var felles for alle Nav-kontora i fylka Troms og Finnmark, Nordland, Trøndelag, Møre og Romsdal, Vestland og Rogaland.

Vi hadde òg fagdagar om dei sosiale tenestene og ei eiga dagsamling om KVP, der alle kontora var inviterte. Vi hadde innlegg på digitale fagsnuttar via Nav Vestland. Ved evaluering svara deltakarane at dei i stor grad var nögde med tiltaka og at dei var relevante for arbeidet. Vi brukar nettsida vår til å formidle kunnskap om lovforståing generelt og avgjerder i prinsipielle spørsmål, slik at dei vert tilgjengelege og kan leggjast til grunn ved arbeid i alle Nav-kontora.

Opplæringstiltaka var koordinert med Nav fylke. Saman med Nav Vestland inviterte vi alle Nav-leiarane til leiersamling. Dette gjer vi vanlegvis to gongar i året, men på grunn av pandemien vart det berre eitt møte dette året.

Vi har faste møte med Bergen kommune, Nav Vestland, KS og rádmannsutvalet om dei sosiale tenestene i Nav.

Alle NAV-kontor i fylket (fra kapittel 3.1.2.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Alle NAV-kontor i fylket har fått tilbud om opplæring i sosialtjenesteloven og forskrifter med særlig vekt på individuelle vurderinger knyttet til de sosiale tjenestene.

Vi inviterte alle Nav-kontora i fylket til digitale fagdagar om sosialtenestelova. Fagdagane gjekk over to halve dagar. Første dag hadde vi merksem på føremålet med sosialtenestelova, samanhengen mellom økonomisk stønad og dei andre tenestene, barnekonvensjonen og barneperspektivet. Den andre dagen heldt Arbeids- og velferdsdirektoratet innlegg om kartlegging og individuell vurdering, med merksem på funn som vart gjort i rapporten «Gjennomgang av sosiale tjenester for langtidsmottakere av økonomisk stønad». Vi gav opplæring i reglane for sakshandsaming. Tema blei valt ut frå våre erfaringar ved tilsyn og handsaming og klager.

I samarbeid med Nav fylke gav vi digital opplæring i «Ny i Nav». Alle Nav-kontor fekk tilbod om å delta på tre nettverkssamlingar om kvalifiseringsprogrammet og tre nettverkssamlingar om økonomisk rådgjeving. For å gjere samlingane relevante, involverte vi Nav-kontora ved utforminga av programma.

Som følgje av pandemien blei ei dagsamling om KVP og to nettverkssamlingar avlyste, ei for kvalifiseringsprogrammet og ei for økonomisk rådgjeving.

Det er god deltaking frå Nav-kontora i dei ulike nettverka. Vi har fått fleire tilbakemeldingar frå Nav-kontora om at digitale samlingar gjer at fleire har høve til å delta på våre aktivitetar, samstundes som andre melder at fysiske samlingar gir betre høve til erfarringsutveksling.

Opplæringstiltak for NAV

Resultatmål	Differanse resultatmål - resultat	Resultat	Antall NAV-kontor i fylket som har mottatt tilbud om opplæring	Antall NAV-kontor i fylket totalt
100 %	0 %	100 %	43	43

NAV kontor med lav kunnskap tilbys opplæring (fra kapittel 3.1.2.1.1.2 i TB)**Rapportere på**

NAV-kontor som vurderes å ha lav kunnskap om sosialtenesteloven og hvordan den skal praktiseres, eller forvaltningsloven og saksbehandlingsreglene i sosialtenesteloven, har fått tilbud om særskilt opplæring.

Vi la til rette for at alle Nav-kontora kunne delta på opplæringstilboda i 2020. Fagdagane med generell opplæring var retta mot område der vi gjennom tilsyn eller handsaming av klager har avdekt manglende eller feil forståing og praktisering av sosialtenestelova.

I starten av pandemien gjennomførte vi ei kartlegging av situasjonen i Nav-kontora og undersøke behov for bidrag frå Fylkesmannen. Eitt kontor hadde behov for rettleiing om sosialtenestelova paragraf 17, og opplæringa blei gitt i digitalt møte med Nav-leiar og alle tilsette som ønskte å delta.

I dialogmøta med Nav-kontora har vi gitt informasjon om at vi kan gi opplæring til det enkelte Nav-kontoret, dersom dei spør om det.

Vi har òg gitt rettleiing til Nav-tilsette som tok kontakt på telefon eller e-post. Vi sender med følgjeskriv til Nav-kontora i saker der vi ser at Nav-kontoret har behov for rettleiing om regelverket.

Oppfølging av kommuner (fra kapittel 3.1.2.1.2.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen har systematisk fulgt opp kommuner der det gjennom tilsyn, klagesaksbehandling og veiledning er avdekket særlige utfordringer ved praktisering av sosialtenesteloven.

Korleis dei sosiale tenestene i Nav har vore tilgjengelege for borgarane, har vore eit viktig tema i dialogen med kommunane. Alle Nav-kontora, med eitt unnatak, stengde våren 2020. Dei grunngav det med pandemien. Pandemien rammar sosialt skeivt, og vi har vore opptatt av at dei som treng det mest, må ha fysisk tilgang til Nav-kontora. Vi hadde tett dialog med kommunane og Nav Vestland for å få til gjenopning. Det tok for lang tid, og vi er framleis uren for om tenestene er tilgjengelege nok.

Vi har hatt dialogmøte med ni kommunar i år. Bruk av tenestebarometer i dialogen gir oss god risikoinformasjon, men det har ikkje kome fram utfordringar som har gitt grunn til systematisk oppfølging. Kvalifiseringsprogrammet har vore eit punkt i dialogen. Kommunar med utfordringar på dette området, har vi følgt opp. For å følgje opp lovbrot påpeikt ved tilsyn, har vi i tillegg til skriftleg oppfølging hatt videokonferanse eller telefonmøte og gitt råd om korleis dei kan endre praksis. Vi har gjort opplæringstiltaka våre tilgjengelege for alle kommunane. Vi valde tema for opplæringa mellom anna med utgangspunkt i det vi ser i klagesaker og ved tilsyn. Døme på dette er behov for opplæring i kartlegging og individuelle vurderinger.

Opplæring og veiledning som følge av covid-19 (fra kapittel 3.1.2.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Alle NAV-kontor har fått tilbud om opplæring eller veiledning i bruk av midlertidig forskrift om unntak fra sosialtenesteloven og midlertidig veileder for behandling av saker om økonomisk stønad under koronapandemien

Vi kontakta alle Nav-leiarane i april, mellom anna for å avklare kva behov tenestene hadde for rettleiing. Det var ikkje eit generelt behov for opplæring i rettleiarene for forenkla sakhandsaming, men noko rettleiing er gitt på bakgrunn av førespurnader. Sidan det ikkje har vore nokon stor auke i talet på sosialhjelpprosessarar i Vestland så langt under pandemien, har tenestene i liten grad hatt behov for å nytte rettleiarene for forenkla sakhandsaming. Den mellombelte forskriftena er gjennomgått på nettverkssamling der alle tenestene har fått tilbod om å delta.

Opplæring og veiledning som følge av covid-19 (fra kapittel 3.1.2.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Alle NAV-kontor har fått tilbud om veiledning eller opplæring knyttet til nye utfordringer som oppstår som følge av Covid-19. Utfordringene vil potensielt variere mellom regioner, og kan eksempelvis omfatte fortolkning av sosialtenesteloven opp mot nye brukergrupper.

Korleis Nav under pandemien sikrar tilgjengelege tenester til dei mest sårbare gruppene, har vore eit sentralt tema gjennom heile året. Dette er tatt opp på mange ulike arenaer, både skriftleg og munnsleg i dialog og møte med kommunale leiing, Nav-leiarar, Nav Vestland og Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Alle Nav-kontora, med eitt unntak, vart stengde i midten av mars. Vi meiner det har vore stor risiko for at mange innbyggjarar ikkje har fått forvarlege

tenester når kontora har vore fysisk stengde. Dette gjeld også foreldre med barn, og der familien har bruk for ulike sosiale tenester i ei vanskeleg tid. Nav har sett i verk ulike tiltak for å gjøre det enklere å ta kontakt på andre måtar enn fysisk framsmøte. Vi meiner likevel at dette ikkje er tilstrekkeleg for å nå ut til nokre av dei som treng sosiale tenester aller mest. Mange Nav-kontor opna ikkje før sein i juni og mange har framleis svært knappe opningstider eller lite høve for drop-in. Vi har vore tydelege på kva forventingar vi har til kommunane, men dei konkrete løysingane må forankrast i partnarskapet mellom Nav og kommune. Vi har også hatt tett dialog med Nav Vestland om dette. Vi har ikkje lakkast å nå tilstrekkeleg fram til dei med denne bodskapen og meiner framleis at fleire kontor er for lite fysisk tilgjengelege. Deloitte har nyleg gitt ut ein rapport på bestilling frå kontrollutvalet i Bergen kommune, som støttar dette.

Kva vi elles har gitt opplæring om, har i stor grad vore tilpassa pandemisituasjonen. Vi har til dømes prioritert opp kurs og rettleiing om økonomisk rådgjeving og barneperspektivet. Vi har også lagt vekt på at Nav ikkje må prioritere ned dei som står lengst frå arbeid eller har ein vanskeleg sosial situasjon, sjølv om Nav no har store utfordringar med mange permittere og arbeidsledige.

3.1.1.5 Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats på psykisk helse, rus- og voldsfeltet

Hovudintrykket er at innsatsen dette året dreia seg mest om å gjenopne og oppretthalde tenestetilboda til brukarane og i langt mindre grad om å vidareutvikle tilbod. Som følgje av pandemien var tenestetilbod innan psykisk helse og rus redusert store delar av året. Ein del av dei større kommunane hadde i periodar eit høgt smittetrykk som mellom anna førte til mindre tilgjengelege lågterskeltilbod og reduserte aktivitetstilbod. Tilgjenge til lågterskeltilbod var også redusert i kommunar med lite smitte.

Datagrunnlaget for å vurdere utvikling i 2020 opp mot tidlegare år, er mangelfullt.

Kontakten vår med kommunane, spesialisthelsetenestene og dei regionale kompetansesentra var i hovudsak digital. Vi fekk oppdatert informasjon om kapasitet og eventuelle problemstillingar, gav rettleiing og formidla nasjonale føringar og forventingar om å opne opp og ivareta behova til brukarane i faste møte og annan kontakt med kommunane og spesialisthelsetenestene.

Vi fekk færre søknadar om tilskot til stillinger i kommunalt rusarbeid. Tilskotet blei lyst ut tre gonger, og dei kommunane som ikkje hadde søkt, vart særskilt oppmoda om å søkje. Nedgang i talet på søknadar kan ha samanheng med kommunenesamanslåing og behov for tid til å få oversikt og avklare organisering, men omdisponering av personell og innsats for å halde smitten nede har truleg også medverka. Ved kommunenesamanslåinga 1. januar 2020 vart talet på kommunar redusert frå 59 til 43.

Kartlegging i 2020 viste at mange av kommunane ikkje har handlingsplan mot vald i nære relasjoner. I alt 19 av dei 33 kommunane som svara, har ein slik handlingsplan. Fire svara at planen er under arbeid og seks at dei skulle byrje arbeidet. Førebygging av vald og overgrep er ei tverrsektoriell oppgåve og eit av dei prioriterte satsingsområda våre i 2021. Tema blei og tatt opp i dialogmøte med kommunane.

Vi fekk ulike tilbakemeldingar om nytten av pakkeforløp for psykisk helse og rus. På grunn av pandemien var det i 2020 ikkje mogleg å prioritere å gå nærmare inn i desse problemstillingane. Vi følgjer opp arbeidet i 2021.

Forbedret, forsterket, tverrsektoriell og samordnet innsats på psykisk helse, ru (fra kapittel 3.1.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

100%

Vi samarbeider med KoRus Vest i Bergen og KoRus Vest i Stavanger på dette feltet. Arbeidet går sakte. I alt 31 av 43 kommunar nyttar Brukarplan.

Kommunane gjennomfører kartlegging med Brukarplan annakvart år. KoRus Vest i Stavanger gjennomførte ikkje den planlagde Brukerplan-kartlegginga i 2020 då Nav ikkje kunne delta i kartlegginga grunna personvernreglar. Dersom problemet med personvernreglane i Nav blir løyst, blir det ny kartlegging i 2021. Åtte av kommunane i Vestland deltek i kartlegginga som er leia av KoRus Vest i Stavanger.

KoRus Vest i Bergen inviterte i samarbeid med Fylkesmannen og Napha dei 35 andre kommunane i Vestland til regionale samlingar om Brukarplan. Kommunane som ikkje hadde kartlagt i Brukarplan tidlegare, fekk tilbod om individuelle orienteringsmøte. Både KoRus og Fylkesmannen orienterte om Brukarplan i andre forum og i kontakt med kommunane. Talet på innbyggjarar i kommunane som ikkje nyttar kartleggingsverktøyet, varierer frå 585 til 5854. Fem av dei er i opptaksområdet til Helse Bergen og sju i opptaksområdet til Helse Førde.

3.1.1.6 Styrket folkehelsearbeid

Det manglar nasjonale indikatorar for vurdering av om kommunane har etablert eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid, og om dei legg vekt på utjamning av sosiale helsekilnader i planar. Vi tolkar «systematisk og langsiktig folkehelsearbeid» som kommunar som har ein oppdatert folkehelseoversikt, og ein planstrategi som bygger på denne, at samfunnssdelen også tydeleg legg vekt på folkehelse, og at dei synar att i kommuneplanens arealdel. I punkt 3.1.3.2.1.1 i rapporteringa viser vi til talet på kommunar som har ei folkehelseoversikt tilgjengeleg på si heimeside. Saman med punkt 3.1.1.1.12.1 ser vi at vi framleis har ein veg å gå før alle kommunane har etablert eit systematisk og langsiktig folkehelsearbeid og viser at dei legg vekt på utjamning i planverket. Vi formidlar forventningane til kommunane i ulike møte, og særleg håpar vi at fagdagar og dialogmøte i Leve heile livet-arbeidet fører til større forståing av og merksemrd på det tverrfaglege folkehelsearbeidet.

Andel kommuner som har etablert et systematisk og langsiktig folkehelsearbeid (fra kapittel 3.1.3.2.1.1 i TB)

Rapportere på

100%

På slutten av året kontakta vi alle kommunane i Vestland og bad dei sende oss oversiktssdokumenta etter folkehelselova. Vi fekk ikkje svar frå alle og har gått gjennom heimesidene til kommunane for å sjå kven som har folkehelseoversiktssdokument tilgjengeleg der. Ni av 43 kommunar har ikkje publisert folkehelseoversikt på sine heimesider. Vi kjenner til at i alle fall er tre av dei har folkehelseoversikt av nyare eller eldre dato. Ein kommune har laga eit mindre omfattande dokument og prioriterer ikkje å lage fullstendig folkehelseoversiktssdokument før neste rullering av planstrategien. Tre av dei seks kommunane som ikkje ser ut til å ha oversiktssdokument, har meldt tilbake at folkehelseoversiktene snart er ferdige eller blir oppdaterte i år eller neste år. 24 kommunar oppdaterte oversiktssdokumenta i 2019 eller 2020. Resten av kommunane som ikkje har oppdatert oversiktssdokumentet, er i ferd med å oppdatere det eller har eit revisjonsintervall som ikkje følgjer valperioden.

Systematisk og langsiktig folkehelsearbeid

Resultatmål	Resultat	Andel kommuner
100 %	- 14 %	86 %

3.1.1.7 Økt tilgjengelighet og kapasitet, samt styrket kvalitet og pasientsikkerhet i helse- og omsorgssektoren i kommunene

Året har vore prega av pandemien. Denne har ført til at både tilgjengeligheten til og kapasitet i helse- og omsorgstenestene vart sett på prøve. Kommunane var opptekne med å løyse utfordringane med pandemien, og mykje ressursar var nytta til dette arbeidet. Stor smitterisiko ført til stengde institusjonar, stor grad av sosial isolasjon for brukarar og pasientar og redusert tilgjengelighet til sjukeheimar og omsorgsbustader for pårørande og andre. Omfattande informasjon og opplæring om smittevern skulle sikrast og gjennomførast på kort tid. I tillegg til å oppretthalde naudsynt drift, gjekk mykje av personellressursane i helse- og omsorgstenestene til handtering av pandemien.

I mange av kommunane vart arbeidet med kvalitetsutvikling og forbetningsarbeid på andre satsingsområde prioritert ned og sett på vent. Det er vårt inntrykk at dei fleste har løyst utfordringane på ein god måte, og stort sett tatt hand om pasientar og brukarar slik ein kan vente. Mellom anna har mange kommunar erfart at velferdsteknologiske løysingar har vore nytige verktøy i ein kvardag med nedstenging og lite sosial kontakt. Vi har også inntrykk av at mange av kommunane starta opp att utviklingsarbeid mot slutten av året.

Det meste av kommunikasjonen med kommunane det siste året har skjedd og skjer framleis digitalt. Samarbeidet vårt med mellom anna KS og utviklingssentera for sjukeheimar og heimatenester held fram, og er viktig for utviklingsarbeidet vårt og kommunane sitt arbeid med kvalitetsforbetring og gjennomføring av dei nasjonale satsingane i helse- og omsorgstenestene. USHT-ane sine læringsnettverk med fysiske samlingar, mellom anna om pasienttryggleik, er sett på vent. Det meste av utviklingsarbeidet vart løyst digitalt.

Dei fleste kommunane deltek i nettverk og arbeider med innføring av velferdsteknologi. Kommunane er i gang med arbeidet med Leve heile livet-reforma sjølv om dette arbeidet og vart noko forseinka. Vi tilbyr meir hjelpe til planlegging for å innfri målsetjingane i Leve heile livet-reforma til dei kommunane som ønskjer det, og vi vil følge opp arbeidet komande år. Leve heile livet er løfta til ei brei embetssatsing og blir høgt prioritert. Vi held fram med råd og rettleiing om samfunnsplanlegging, velferdsteknologi og kompetanseplanlegging.

Vi vil også følge opp vidare kommunane sitt arbeid med kvalitetsforbetring og pasienttryggleik. Vi har inntrykk av at dei ansvarlege i tenestene har ulik forståing av kva det inneber å arbeide systematisk med pasienttryggleik og kvalitet, og at dette arbeidet blir prioritert noko ulikt. Vi meiner likevel at alle kommunane er på rett veg og at utviklinga går i rett retning med omsyn til kvalitet og pasienttryggleik i helse- og omsorgstenestene.

Tal henta frå Statistikkbanken og Kostra syner at talet på årsverk og sysselsette i helse- og omsorgstenestene aukar. Samstundes tyder også tala på at det vert fleire brukarar av omsorgstenester i kommunane. Dei siste fem åra ser vi størst vekst i talet på brukarar som får heimesjukepleie, medan talet på brukarar på langtidsopphald i institusjon går ned. Det er ein svak reduksjon i talet på disponibele sjukeheimsplassar frå 2015 til 2019. Det viser at mange av kommunane prioriterer open omsorg og heimatenester framfor utbygging av institusjonstilbodet.

Talet på tilsette med vidaregåande opplæring, høgskuleutdanning og universitetsutdanning går opp. Delen årsverk i brukarretta tenester utan helsefagleg utdanning er framleis noko høgare i kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane (24,2 prosent) samanlikna med dei tidlegare Hordaland-kommunane (22,6 prosent). Sjølv om delen er redusert dei siste åra, har kommunane framleis eit forbetningspotensiale når det gjeld å sikre god fagkompetanse i tenestene. Fleire tilsette med helsefagleg utdanning vil bidra til å styrke kvaliteten i tenestene.

Talet på årsverk innan rus og psykisk helse aukar, og dei siste åra er det fleire tilsette med vidareutdanning i rusarbeid og psykisk helsearbeid og psykiatriske sjukepleiarar.

Det er fleire årsverk for jordmødrar, helsesjukepleiarar, fysioterapeutar og andre med helsefagleg utdanning i helsestasjons- og skulehelsetenesta dei siste fem åra. For legeårsverka er det ein svak reduksjon. Vi meiner likevel at dette tyder på at kommunane aukar kapasiteten.

Samstundes rapporterer kommunane om at det er utfordrande å rekruttere fleire yrkesgrupper, mellom anna sjukepleiarar, legar og psykologar. Dei er ikkje lengre berre eit problem for små utkantkommunar, no rapporterer også dei større kommunane om vanskar med å rekruttere kvalifisert helsepersonell.

Bistand til kommunene for å møte demografiutfordringene innen helse- og omsorgso (fra kapittel 3.1.3.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene gjennomfører en langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet i tjenestene.

Dei fleste av kommunane i Vestland rapporterer om demografiske utfordringar med ei aldrande befolkning og fødselsunderskot. Vi har inntrykk av at leiarar og planleggjarar er kjende med befolkningssamansettning og framskrivingar i eigen kommune. Kva dette vil ha å seie for kapasitet, kompetanse og kvalitet i helse- og omsorgstenestene framover, blir løfta fram i kommunale planar.

Vi har diskutert endringar i demografi og kva utfordringar dette kan føre til, på fagdagar om kommunalt planarbeid, konferansar og i dialogmøte med kommunane om Leve heile livet-arbeidet. På fagdagar, i dialogmøte med kommunane, på nettsida vår og i nyhendebrief har kommunane fått informasjon og rettleiing om ulike verktøy som kan brukast i planleggingsarbeidet, til dømes ressursportal.no og KS sitt verktøy om strategisk kompetanseplanlegging. Kommunar som ber om meir hjelp i analysearbeid, vert følgde særskilt opp.

3.1.1.8 Økosystemene i fylket skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester

Arbeidet med å kutte klimagassutsleppa i fylket går for sakte til at vi held tritt med dei nasjonale måla i klimaforliket. Vi har kartlagt planarbeidet for å følge opp dei nye statlege planretningslinene innan klima- og energiplanning og klimatilpassing i våre 43 kommunar. Nokre lyspunkt er det. Auka merksemd på klimaendringar fører til at det blir arbeidd meir med klimatiltak no enn for tre år sidan. Og tre kommunar har sett ambisiøse mål om nullutslepp i 2030; Bergen, Stord og Stad.

Koplinga mellom areal og transport i den utvida byrekstavtalen rundt Bergen, der fem kommunar no deltar, vil på sikt gi reduserte klimagassutslepp frå transportsektoren.

Omdisponering og fragmentering av natur er ei pågåande, negativ utvikling, som bidreg til gradvis redusert naturmangfald, saman med auka press i form av støy, uroing, spreieing av framande artar og forureining.

Gran og andre framande bartre utgjer eit stort og aukande trugsmål mot skogøkosystema, og krev vesentleg større ressursar enn det som er til rådvelde i dag til fjerning, både i eksisterande verneområde, frivillig skogvernområde og verdifulle naturtypelokalitetar. Det kan sjå ut til at sitkagran spreier seg mest aktivt i den sørlege delen av Vestland, mens fraspreding av vanleg gran frå plantefelt er eit problem for det biologiske mangfaldet i nord. Her er spreieinga så omfattande at store areal med biologisk verdifull naturskog i løpet av nokre tiår vil gå over til grandominert skog. Sjølv om gran er eit framandt treslag på Vestlandet, er det likevel ein norsk art, og det er derfor ingen krav om spreieingskontroll slik det er med utanlandske treslag.

Situasjonen i kystnære farvatn har vi ikkje oversikt over, men dersom sjøfugl er ein god indikator for helsetilstanden på kysten, er situasjonen dårleg og har vore det sidan hundreårsskiftet. Årlege teljingar viser at ein art som havhest ikkje lenger hekkar i fylket, og hekkebestandane av dei fleste andre sjøfuglartar er reduserte med mellom 50 og 95 prosent dei siste 20 åra.

Nedgangen i laksebestandane held fram sør i fylket, og vi ser ei tilsvarande utvikling i vassdraga rundt Sognefjorden.

Det er gjort eit stort arbeid med opprydding i forureina sediment i Bergen og rundt skipsverft. Talet på utsleppssøknadar har vore høgt. Tilsynsarbeidet har vore redusert som følgje av koronapandemien. Arbeidet med avfallsreduksjon og forsøpling er krevjande sett i samanheng med forbrukssamfunnet og at vi er i starten av innføring av sirkulær økonomi. Det er ei positiv utvikling i luftkvalitet i byar og tettstadar som følge av utsleppsfrie alternativ og auka kollektivandel. Støy er ei vedvarande utfordring både i plansaker og klagesaker. Fleire kommunar er ikkje i mål med krav til rensing av kommunale utslepp. I 2018 var andelen innbyggjarar tilknytt store reinseanlegg med sekundærreinsing 46 prosent og 30 prosent med primærreinsing.

Tilrettelegging i dei store verneområda er gjennomført i arbeidet med naturrettleiing, besøksstrategi og informasjon på nye nettsider. Tilretteleggingstiltak er og gjennomført. Avstanden mellom sporlaus ferdsel og forsøpling frå friluftsliv er aukande på dei mest brukte stadane og langs vassdrag.

Kommuner og sektorene er i stand til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen (fra kapittel 3.1.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene og sektorene bruker kartleggingsdata til å ivareta økosystemene i arealforvaltningen

Vi har i 2019 og 2020 gått gjennom eksisterande naturtypelokalitetar i Naturbasen for å betre kvaliteten, særleg på eldre kartleggingar etter DN-handbok 13. Dette arbeidet pågår enno, men allereie no er standarden på kartavgrensingar og lokalitetsomtalalar vesentleg betra. Data basert på kartlegging etter DN-handbok 13 er i dag det viktigaste hjelpemiddlet vi har for å ta vare på det biologiske mangfaldet i fylket, og slik vil det nok vere i mange år framover.

Data frå NiN-kartlegging er også meir brukte etter at metodikk for verdivurdering kom på plass. Både kommunane og vi har likevel problem med å handtere verdivurderingar, og dei snaue lokalitetsomtalane bidreg til dette. Vi ser også forskjellar i kvaliteten av NiN-kartlegging mellom ulike kartleggjarar, og ser eit klart behov for å gå inn og korrigere omtalar og vurderingar der kartleggjarane ikkje har fått med seg artsførekomstar som kan verke inn på vurderingane.

Alle restaureringstiltak som har fått tildelt midler skal være igangsatt (fra kapittel 3.1.4.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle restaureringstiltak som har fått tildelt midler i 2020, skal være igangsatt i løpet av året

Våtmarksrestaurering fungerer bra med vellukka resultat så langt, der Statens naturopsyn kontrollerer og dokumenterer. Derimot er det få opplagte restaureringsobjekt i verneområda, og sjølv om mange verna myrar syner teikn på negativ utvikling, er årsakene vanskelege å identifisere. Her er det truleg behov for meir forsking på nasjonalt nivå. Pågåande forundersøking i Sørværet naturreservat kan vonleg gi interessante resultat med overføringsverdi.

Vi har lenge hatt merksemd på naturrestaurering og skjøtselstiltak i verneområde. Dette kjem mellom anna til uttrykk ved at vi har funksjon som nasjonal koordinator for prosjektet "Fjerning av framande treslag fra norske verneområde". Tiltaksområda i dette prosjektet held forventa framdrift, men det ville vere ein stor fordel om FMFA (STAF) hadde betre kapasitet til å gje oss råd i anbodsprosessar. Regelverket er krevjande, og kvalifiserte økonomar eller juristar bør bistå i prosessane i større grad enn det som er tilfellet i dag.

Antall igangsatte restaureringstiltak i myr og våtmark

Antall innvilgede restaureringstiltak	Antall innvilgede restaureringstiltak igangsatt	Resultat
0	0	0

Vi søkte ikke om restaureringsmidler i 2020.

Forbedret tilstand i vannforekomstene (fra kapittel 3.1.4.1.3.1 i TB)**Rapportere på**

Forbedret tilstand i vannforekomstene

Vi har hatt ei god gjennomføringsevne ved kvalitetssikring av Vann-Nett og oppfølging og veiledning til vassområdekoordinatorer (VOK) og vassregionstyremakter og andre sektorstyremakter.

Vi har gjort ein stor jobb med å oppdatere og rette opp vassforekomstar med feil. Dette gjeld gjennomgang av SMVF-ar, laste opp nye data frå Vanmiljø, oppdatere påverknader og påverknadsgrad, risikovurderinger og å bidra med kunnskap der vassregionstyremakta skal setje miljømål. Vi har hatt god dialog med andre sektorstyremakter. Vassområdekoordinatorar har bidrege med å legge til rette for dette arbeidet for kommunane og formidla inn til oss. Vi har også hjelpt Miljødirektoratet med å lage rettleiar til statsforvaltarane for handtering av sentrale rapportar og lister for å enkelt jobbe med kvalitetssikring av data i Vann-Nett. Vi har rettleia og støtta sektorstyremakter og vassområdekoordinatorar med å få oversikt over tiltaksstatus og manglende tiltak i deira sektorar.

Oppdeling av vassførekommstar ført til mykje ekstra jobb for oss. Vi har redigert og kvalitetssikra 713 "nye" vassførekommstar. Dette arbeidet forsinka bidraga til forvaltningsplanen på det som går på kunnskapsgrunnlag og kvalitetssikring, men vi har no bidrege inn i forvaltningsplan, tiltaksprogram og KU på våre område og på landbruk. Dette gjeld mellom anna akvakultur, avløp, miljøgifter, kalkning/sur nedbør, landbruk og vassdragsforvaltning. Vi har også levert overvakingskapittel i planen. Vi har elles støtta vassregionstyremaktene og vassområdekoordinatorane der vi kan, og deltatt på alle møte i vassområdeutval og vassregionutval, og temamøte.

Vi har gått gjennom alle tiltak for gjeldande planperiode. Dei som vi i 2018 utsette av diverse årsaker, er no anten avviste eller overførte til neste planperiode. Elles vil vi i 2021 forløpende følgje opp dei som framleis står som planlagde. Vi har vidare lagt inn tiltak under eige område for neste planperiode 2022–27, der grad av påverknad er middels eller stor. Kostnad på tiltak er lagt inn. I planperioden vil vi leggje inn tiltak forløpende når det dukkar opp saker som krev tiltak og som kan betre miljøtilhøva.

Vi har gjennomført kunnskapsinnhenting på miljøgifter i sediment (kyst) i 2020. Her har Vestland hatt store kunnskapshol som har gjort det vanskeleg å vurdere om miljømåla blir nådde. Risikovurdering av enkelte vassførekommstar har også vore krevjande. Resultata frå desse undersøkingane kjem på nyåret 2021 og vil vesentleg betre kunnskapsnivået for miljøgifter i Hardangerfjorden og Sognefjorden. Vi har også lagt inn ein god del kunnskapsinnhenting i komande planperiode, kor resultata vil avgjere om det skal følgjast opp med tiltak i årlege overvakningsprogram eller om grad av påverknad kan reduserast og risikovurderast på nytt. Overvakningsprogram skal publisera på Vannportalen kvar haust. Vi meiner derfor at det er belegg for å seie at miljømåla skal nåast. Data blir lagt i databasen Vanmiljø.

Vi hadde planar om vidare myndigheitspålagd overvaking etter vassforskrifta for fleire bransjar, men 2020 kravde mykje kapasitet på andre område og gjennomføringa blei utsett til våren 2021. I alle nyare løyve ligg det krav om overvaking etter vassforskrifta der det er relevant og at data skal rapporteras til Vanmiljø.

Vi har også retta merksemd mot plastforureining i vassdraga utan at det per i dag ligg føringar om korleis vi kan bruke dette inn i klassifiseringa. Vi jobber heller direkte opp mot redusering av tilførsel og overvaking av vassdraga framover, utan at dette kjem fram som tiltak i tiltaksprogrammet.

Landbruksavdelinga har også deltatt aktivt i arbeidet med ny vassforvaltningsplan for Vestland vassregion 2022–2027, der fylkeskommunen leiar planprosessen. Dei har gitt innspeil på hovudutfordringar, KU, vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet.

Gjennom arbeidet har vi sikra at landbruket sine utfordringar og tiltak blir rett omtala. Landbruksavdelinga har vore opptatt av å sikre at informasjonen i Vann-Nett er rett, og at kommunane legg inn tiltak i Tiltaksprogrammet for vassførekommstar som har dårligare enn "god" tilstand.

Landbruksavdelinga har gjort eit omfattande arbeid med å lage temalag i Fylkesatlas som skal vere til hjelpe for kommunane i deira arbeid. Kommunane treng å stille saman fakta på ein enkel måte når dei arbeider med tiltaksplanen, vurderer utsett frist for spreiing av husdyrgjødsel eller skal vurdere tiltak langs vassdrag.

Temalaga som no er tilgjengelege:

- jordbruksareal langs vassdrag
- tal husdyr per føretak
- føretak med store volum husdyrgjødsel (mjølkekyr, gris og høns)
- spreieareal for husdyrgjødsel som gjødseldyreininger per dekar
- spreidd avløp frå hushaldningar.

(Spreidd avløp har vore viktig å få på plass for å få eit samla bilet av påverknaden langs vassdrag.)

Vi erfarer at mange kommunar ikkje er fortrulege med Vann-Nett. I arbeidet med tiltaksplanen har vi difor laga liste til alle kommunane over vassdrag som ikkje har status "god" eller "betre" i Vann-nett. Målet var å få inn tiltak på landbruksområdet og setje ein kostnad på dei i tiltaksplanen. Vi hadde venta betre respons på dette enn det vi faktisk fekk.

Etter kommunenesamanståinga er det fleire kommunar som må lage nye lokale forskrifter for utsett frist for spreiing av husdyrgjødsel på eng etter 1. september. I vår høyring har vi brukt lista over vassførekomstar omtala ovanfor, og rådd kommunane frå å gi generell utsett frist i desse områda. Det har gjort kommunane merksame på at tilstanden i vassførekomstane må få praktiske konsekvensar i deira forvaltning.

Hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet (fra kapittel 3.1.4.1.4.1 i TB)

Rapportere på

God innsats for å hindre negativ påvirkning av fremmede organismer på naturmangfoldet

Fleire erkjenner no spreiing av framande artar, og dette har ført til mange saker og stadig aukande behov for midlar til tiltak. Dessverre har ikkje vår samla kapasitet til å handtere sakene auka. Det tidkrevjande arbeidet med å følgje innkjøpsreglementet har i praksis ført til problem med å gjennomføre tiltak, trass i auka pågang frå kommunar og private. Manglande intern kapasitet til å handtere utlysingar og prosjekt tilseier at ein større del av tilgjengelege midlar til tiltak mot framande artar bør flyttast over til tilskotspostar.

Kommunar og private fokuserer i stor grad på hagerømlingar som parkslirekne, kjempespringfrø og lupinar, men det verkeleg store problemet med framande artar i fylket er ukontrollert frøspreiing frå plantefelt med framande bartre. I Hordaland er spreiinga størst frå felt med sitkagran og hemlokk, mens frøspreiing av vanleg gran er omfattande i Sogn og Fjordane og eit betydeleg trugsmål mot det biologiske mangfaldet. Problemet er så stort at skogforvalting og skogeigarar bør ta eit ansvar for å redusere skadeverknadane.

Vi er nøgde med dei praktiske tiltaka vi, ut frå tilgjengelege ressursar, har fått gjennomført så langt i år, ikkje minst gjeld dette tiltak mot utanlandske treslag, som vi meiner i særklasse er det største trugsmålet mot stadeigen natur i fylket.

Vi må jobbe meir med å få ut informasjon om handtering av framande artar til kommunar og private aktørar. Det manglar klare linjer for handtering av hageavfall og særleg jordmassar, og det manglar òg eit apparat for handheving av regelverket. Sjølv om problemstillinga bør vere rimelig godt kjend, ser vi at det stadig dukkar opp nye førekommstar av spesielt parkslirekne og gyvel langs vegar og i og nær bustadsområde.

Vi held fram med overvaking og oppfølging av øreklyte på Hardangervidda.

Vi hadde ein intensjon om å arrangere eit heildagsseminar for kommunane om denne problemstillinga i løpet av 2020, men fekk ikkje gjennomført dette på grunn av manglande kapasitet.

3.1.1.9 Ingen arter og naturtyper skal utryddes, og utviklingen til truede og nært truede arter og naturtyper skal forbedres

Truga artar og naturtypar er viktige deltema ved vår gjennomgang av kommuneplanar og andre planar, og samarbeidet mellom kommunalavdelinga og miljøavdelinga fungerer godt.

Når det gjeld dei truga naturtypane i kulturlandskapet er det viktig med god tilskotsforvaltning for å sikre at dei viktige truga naturtypane vert haldne i hevd. Vi har eit godt samarbeid mellom miljøavdelinga og landbruksavdelinga for å få ein målrettet RMP-ordning, slik at ein god base med viktige kulturlandskap er sikra RMP-tilskot. Vi har òg ein større gjennomgang av Naturbase for å syte for at dei viktigaste områda er registrerte, og dermed får rett tilskot. I tillegg forvaltar vi våre eigne tilskotsmidlar frå Miljødirektoratet via ESS på ein måte som supplerer RMP-ordninga og sikrar drift også i område som ikkje kjem inn under RMP-ordninga. Tildelte midlar er løyvde, men det store omfanget av søknader har gjort at vi ikkje har nådd å handsame alle søknadane innanfor gjeldande fristar.

Handlingsplan for åkerrikse vert følgd opp i godt samarbeid med NOF.

Handlingsplan for dvergålegras vert følgd opp med årleg overvaking av innleigd konsulent.

Handlingsplan for hubro vert følgd godt opp. Arbeidet kom seinare i gang i Sogn og Fjordane enn i Hordaland, og det er framleis fleire kjende territorium i

Sogn og Fjordane der eksakt hekkeplass ikkje er kjend. Bygging av kraftlinjer har ført til tap av to av ti kjende par i Sogn og Fjordane, fordi konsesjonane vart gitte før hubroane var blitt lokaliserte nøyaktig nok til at NVE ville ta omsyn til dei.

Minst 1 slåttemyrlokalitet i skjøtsel (fra kapittel 3.1.4.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Minst 1 slåttemyrlokalitet i skjøtsel

Av slåttemyr har både Saltskor i Solund og Roti i Stad vore skjøtta årleg i mange år. Roti er dels slåttemark, dels slåttemyr, og overgangane er så gradvise at det ikkje er freista å avgjere kva det er mest av.

For begge er det laga skjøtselsplan for nokre år sidan, og skjøtselen vert dekt av tilskot til truga naturtypar. Skjøtselsplanar for slåttemyr følgjer liknande mal som for slåttemark, og inngår i same systemet for brukaroppfølging frå NLR-Vest på oppdrag gjennom tenestekjøpsavtale med Statsforvaltaren. I tillegg til Roti og Saltskor bør "stjernelokaliteten" Tvinna nemnast, som ligg i verneområde og difor vert følgd opp gjennom verneområdemidlar, med planlagd oppstart i år.

3.1.1.10 Et representativt utvalg av norsk natur skal tas vare på for kommende generasjoner

Naturvernområda i Vestland fylke er forvalta og skjøtta i tråd med verneformålet for kvart område. For mange av verneområda manglar kunnskap om naturtypar og artar, og talet på verneområde betyr at det ikkje er kapasitet til meir enn ei minimumsforvalting. Det er i liten grad kapasitet til skjøtsel.

Innsats mot framande artar som trugar verneføremålet, blir prioritert, men problemet på dette punktet aukar langt raskare enn forvaltinga har kapasitet til å bøte på det.

Verneområda i fylket dekkjer store areal i fjellet, men berre småflekkar i låglandet der det største biologiske mangfaldet finst. Den alvorlege underdekkinga av dei mest artsrike naturtypane gjer det vanskeleg å sikre naturen for komande generasjoner.

Det har rett nok vore ei god utvikling dei siste åra med vern av fleire skogområde, men det er i dag vanskeleg å finne gode kandidatområde til vern som ikkje er råka av den ukontrollerte spreieninga av planta gran. Det er i tillegg betydelege utfordringar med at utmarkseigedomane er små og ofte med uavklara eigarforhold. Det gjer at arbeidet med frivillig vern ofte tek lang tid og gjerne resulterer i uformuig arronderinger.

Tilråding av vern av skog (fra kapittel 3.1.4.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Vern av skog tilrådd i et omfang som bidrar til at skogvermbudsjetten for 2020 utnyttes fullt ut.

Vi jobbar systematisk med frivillig skogvern og har mellom anna utarbeidd ein eigen strategi for arbeidet. AT Skog og Norskog er samarbeidspartnerar som driv fram areal basert på vår miljøfaglege prioriteringsliste og andre område som dukkar opp ved deira skogbruksplanlegging. Samarbeidet har fungert svært godt.

Sjølv om vi har hatt ein jamn auke i talet på nye område og areal gjennom arbeidet med frivillig skogvern dei siste åra, er berre 2,9 prosent av skogen i Vestland verna. Den nasjonale målsetjinga er som kjent på 10 prosent. Ved utgangen av 2020 ligg vi an til å få 3,1 prosent, med vern av 13 nye område og estimert nytt skogareal på 28 km².

Uklare eigedomstilhøve og mange små eigedomar gjer arbeid med frivillig vern svært tidkrevjande. Ressursane vi, skogeigarlag og jordskifte har til rådvelde, står ikkje i stil med den nasjonale målsetjinga om 10 prosent vern av skog og trugsmåla viktig skognatur står overfor i Vestland.

Med dagens ressurs situasjon når vi 10 prosent i løpet av år 2068. Det er lite tilfredsstillande då Vestland mellom anna er tyngdepunkt for skogtypar som Noreg har eit internasjonalt ansvar for å ta vare på.

Verneområder har godkjente forvaltningsplaner (fra kapittel 3.1.4.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Andel av verneområder med behov for forvaltningsplan, og som har forvaltningsplan, skal være høyere enn i 2019

Vi har ikkje fått prioritert dette arbeidet tilstrekkeleg i 2020. Vi er i gang med å overføre forvaltningsplanar til digital plattform ved kjøp av tenester. Vi arbeider med ny forvaltningsplan for Vingen landskapsvernombra, som no vert samkjørt med kulturminne og fylkeskommunen. Vi er også i gang med forvaltningsplan på Herdla. Vi vil starte opp arbeidet med tre andre forvaltningsplanar og satsar på å utarbeide fleire forvaltningsplanar framover.

Verneområder med forvaltningsplan

Antall verneområder med forvaltningsplan i 2019	Antall verneområder med forvaltningsplan i 2020	Differanse
139	139	0

3.1.1.11 Forurensning skal ikke skade helse og miljø

Tilsyn

Tilsynsaktiviteten i 2020 vart vesentleg lågare enn det vi hadde sett føre oss på starten av året, med full stopp i lange periodar og hyppige endringar av tilsynsplansen. På hausten var det prioritert å gjennomføre flest mogleg tilsyn. Vi enda på 51 utførte tilsyn med tilhøyrande gebyrintekter på vel 1,2 mill. kroner (rett under 1,5 mill. kroner fakturert på kalenderåret). Dette var langt under halvparten av det vi opphavleg hadde planlagt for 2020. Vi er middels nøgde med resultatet, ut frå at smittetrykket i Bergensregionen i lange periodar har gjort det vanskeleg både for oss å reise ut, og for verksemder å ta imot besök frå oss. Digital gjennomføring av tilsyn vart så vidt testa ut i år, og det planlegg vi å gjere meir av i 2021.

Vi deltok med 14 tilsyn i årets nasjonale tilsynsaksjon i regi av Miljødirektoratet, om brannar i avfallsanlegg. Elles var resten av tilsyna våre eigeninitierte. Vi organiserte tilsyna for nokre av bransjene vi hadde ekstra merksemd på i år, som lokale tilsynsaksjonar. Dette var på næringsmiddelindustri (åtte tilsyn), landbaserte akvakulturanlegg (27 årsrapportar og fire tilsyn) og avløp (fire tilsyn med åtte anlegg). Vi har hatt eitt fleirdags tilsyn med akvakultur, og fire tilsyn som følgje av klager og tips om forureining.

Alle eigenrapportane frå våre 51 landbaserte industriverksemder vart gjennomgått og godkjende i Forurensning innan fristen den 1. juni.

Handsaming av løyve

Mykje tid har gått med til konsesjonshandsaming. Då koronasituasjonen førte til stopp i planlagde tilsyn fekk vi tid til å ta unna mykje anna sakhandsaming. Vi har i 2020 behandla totalt 100 løyvesaker, med avfall, akvakultur og eingongstiltak som dei største grupperingane, med om lag ein tredjedel på kvar. Fakturert gebyr for dette arbeidet vart dermed høgare enn det som var estimert i starten av året, og enda til slutt på totalt rett over 3 mill. kroner.

I tillegg til løyvesakene som enda opp med løyve, har vi handtert 45 saker innan industri, anleggsverksemd, avfall og andre tiltak der vi konkluderte med at løyve ikkje var nødvendig ("§ 8-saker").

Akvakultur

Vi har gitt eller endra 36 løyve innan akvakultur i år, i tillegg til fråsegner utan løyvebehandling, klager og fråsegner i politisaker. Det årlege miljøseminaret vårt for akvakulturnæringa vart gjennomført i Florø i februar. Vi har arbeidd aktivt med å få betre oversikt over reelle utslepp frå dei landbaserte akvakulturanlegg i fylket, og ser at oppnådd reinsing av avløpa deira verkar å vere vesentleg mindre enn føreset i løyva dei har. Dette arbeidet vil vi måtte bruke mykje ressursar på i 2021 også.

Vi har kontinuerleg innsamling av kopardata frå akvakulturlokalitetane og ser med uro på den negative utviklinga. Den store kunnskapsmangelen vi har i databasane for naturmangfold og om økosystemverknader av inngrep og tiltak, viser at arbeidet med akvakultur og marint miljø både i sakshandsaminga og med kommunale planar, er viktig.

Avløp

Informasjon om status på revisjon av løyve og oversikt over tettbygd område i Vestland (punkt 3.1.4.4.1.1 og 3.1.4.4.1.2 i TB) er omtala under eigne punkt seinare i rapporten.

Vi har gjennom året hatt god kontakt med DIHVA og Bergen Vann om resipientovervaking og akkreditert prøvetaking på anlegg i fylket. Vi har hatt to møte om dette i 2020.

Fire klagesaker på kommunale vedtak er handsama i 2020. I tillegg har vi gitt fråsegn til hovudplanar for avløp. Vi har handsama eigenkontrollrapportar frå i alt 126 avløpsanlegg innan fristen 1. juni 2020.

For å få prioritert avløp i plan høgare, har vi i år utarbeidd sjekkliste for avløpstema til bruk i vårt planarbeid.

Vi har i 2020 deltatt i samarbeidet med Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Oslo og Viken om utarbeiding av ny mal for avløpsløyve.

Anleggsarbeid/MDU

Det var mykje arbeid med løyve og oppfølging av dei store anleggs- og utfyllingskonsesjonane. I 2020 har dette i stor grad vore oppfølging av Bybane-utbygginga, Bane NOR si renovering av strekningen Ama–Bergen og Equinors Northern Lights-prosjekt i Øygarden (CO₂-lagring). Vi har gitt 31 løyve til anleggsarbeid/mudring, dumping og utfylling i 2020, inkludert eitt avslag.

Kildesøk i Vågen (TB 3.1.4.4.3), Opprydding på land og sjø ved prioriterte skipsverft (TB 3.1.4.4.4) og årleg oppdatering av grunnforureiningsdatabasen for prioriterte skipsverftlokalitetar (TB 3.1.4.4.6)

Vi viser til særskilt oversendt årsrapport for bruk av midlane tildelt over statsbudsjettets kapittel 1420 som omhandlar prioriterte skipsverft, Renere havn Bergen, Skiftesvik Askøy og delegerte forureina grunn-saker.

Avfall

Vi har også i år hatt fleire saker som er stilt i ro på grunn av manglande planavklaring. Vi brukar ofte mykje tid på å få gode nok opplysningar og dokumentasjon til å ta stilling til søknadane, og verksemndene endrar ofte kva det vert søkt om i løpet av prosessen.

Oppfølging av 100 luktklager, pålegg om luktundersøkingar og endring av løyve til fem avfallsanlegg i Rådalen har tatt ein del tid. Det har også oppfølging av klager på støy mm. og endring av løyve til Norscrap West på Hanøytangen som driv både fragmentering og

hogging av skip. Både i Rådalen og på Hanøytangen er samordning mellom fleire verksemder utfordrande å følgje opp. Dette gjeld også fleire avfallsanlegg.

Vi har hatt fleire anlegg og søknader om å ta imot og behandle overskotsmasser frå anleggsarbeid, både reine og forureina massar. Dette arbeidet er ressurskrevjande, både fordi kunnskapen om avfallsregelverket i denne bransjen er varierande, og fordi det er utfordrande å sikre god kontroll med massane frå mottak til vidarelevering.

Vi har fleire nedlagte deponi der det er behov for å fastsetje vilkår for etterdrift, men dette har vi ikkje klart å prioritere i 2020.

Rapportering frå våre avfallsanlegg skjedde i 2020 dels via Altinn (behandlinganlegg for EE-avfall, biologisk avfall og farlig avfall, shredderanlegg), noko vart rapportert via Autostat (biloppsamling) medan noko vart rapportert direkte til oss på skjema vi har utvikla (anlegg for sortering/behandling av blanda avfall, masser mv). Vi ønskjer at Miljødirektoratet tar grep slik at all rapportering frå avfallsanlegg kan skje via Altinn. Dette vil gjøre det likt over heile landet, meir føreseieleg for anlegga og enklare for statsforvaltarane.

Avfallsplanar i hamner

I databasen Avfallsplan i havn er det totalt registrert 3558 hamner i Vestland, der det er 380 nærings-/industrihamner, 103 trafikkhamner, 86 fiskerihamner og 2989 småbåthamner og ukjente hamner. Vi har i 2020 prioritert kvalitetssikring av databasen i tråd med 3.1.4.4.8 i tildelingsbrevet. Trass i at vi brukte mykje ressurser, klarte vi ikkje fristen 30. april. Dette har vi informert om. Vi har i løpet av 2020 kvalitetssikra informasjon om alle nærings-/industrihamner, trafikkhamner og fiskerihamner vi hadde oversikt over i eige excel-ark. Dei fleste av denne typen hamner i databasen er dermed kvalitetssikra. I tillegg er småbåthamner i ein del kommunar kvalitetssikra.

Vi har registrert totalt 129 avfallsplanar for til saman 266 hamner i databasen. Av desse er 25 kommunale fellesplaner for til saman 215 småbåthamner og nokre kommunale hamner, og 51 avfallsplaner for 104 nærings-/industrihamner, fiskerihamner og trafikkhamner.

Fire avfallsplanar for totalt 12 hamner har utløpsdato i 2023, og vart dermed godkjende i 2020.

Databasen har mange svakheiter, og det gjeld særleg rapporteringsfunksjonane. Vi har i 2020 gitt innspel til Miljødirektoratet om betryngspunkt, og håpar dette blir følt opp. Det er vanskeleg å bruke databasen som eit verktøy for å få oversikt og sikre god oppfølging av avfallsplanar i hamner, slik han er i dag.

Ved utløp av 2020 hadde vi 48 avfallsplanar som vart sende inn i 2019 og 2020 som skal godkjennast. (Åtte vart sende inn i 2020, resten i 2019). Godkjenning av planar blei nedpriorert i 2020 for å ha nok ressursar til oppdatering av databasen. Vi hadde heller ikkje ressursar til å skaffe oversikt over eller etterlyse avfallsplanar frå hamner som ikkje har sendt inn til godkjenning.

Oversikt over massetippar for ikkje-forureina jord

Vi bidrog med innspel til Miljødirektoratet for å lage mal for brev til kommunane for kartlegging av massetippar for ikkje-forureina jord. Etter purring gav 25 kommunar tilbakemelding om til saman 171 massetippar/massemottak. 18 kommunar har ikkje svart, inkludert store kommunar som Bergen, Stord og Sunnfjord. Resultata vart rapportert til Miljødirektoratet innan fristen. Det er grunn til å tru at mange av mottaka som er melde inn, er anlegg som skulle haft løye som avfallsanlegg etter paragraf 29 eller som deponi når forskrifa vert endra slik at deponi for ikkje-forureina jord er omfatta. Vi reknar med at det vil kome rettleiing frå Miljødirektoratet om oppfølging av massemottak og massetippar.

Levere innspel i komande prosess for håndtering av ikkje-forureina jord- og steinmasser

Vi bidrog med innspel til Miljødirektoratet sitt forskriftsarbeid for disponering av jord og stein som ikkje er forureina. Vi har laga interne rutinar og sjekkliste for massehandtering i planar som vert sende til Statsforvaltaren i Vestland for fråsegn. Rutinane er sende til Miljødirektoratet til orientering. Vi har laga standard fråsegn til bakkeplaneringssaker, der vi orienterer om avfallsregelverket.

IED, oppdrag i TB punkt 3.3.1.1.6

Vi har registrert 18 IED-verksemder. Dette gjeld elleve lakseslakteri, tre verksemder som produserer filet av pelagisk fisk, ei verksemd som produserer fiskeolje og fiskemjøl til humant konsum, ein fiskefabrikk, ei kjøtforedlingsverksemd, eitt bryggeri og eitt meieri.

Vi har sendt ut pålegg om BATC-vurderingar og har fått tilbakemelding frå 15 anlegg innan 31. desember 2020. Tre verksemder fekk utsett frist.

I 2020 fekk vi elleve driftskonsesjonar på høyring frå Direktoratet for Mineralforvaltning, og uttalte oss til desse. Vi tar utgangspunkt i tilgjengeleg informasjon i Artskart og elles det vi måtte ha av lokalkunnskap når det gjeld naturtypar, artar på land og i vassdrag. Vi nyttar også høvet til å informere om kapittel 17 i avfallsforskrifta, og kapittel 30 i forureningsforskrifta og plikta verksemndene har til å melde frå til oss dersom dei har aktivitet som fell inn under desse.

Vi fekk eitt meldeskjema for asfaltverk, og 22 meldeskjema for pukkverk. Her kontrollerer vi korleis verksemda følgjer krava i forskrifter, at verksemda er i samsvar med pbl., næreliek til naboar, og ev. konflikt med raudlista artar.

Oversikt over antall tettbebyggelser og deres størrelse (fra kapittel 3.1.4.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle embeter har oversikt over antall tettbebyggelser og deres størrelse i egen region omfattet av kap. 14 i forurensningsforskriften og tettbebyggelser som grenser mot virkeområdet i kap. 14

Vi har god oversikt over talet på tettbebygde område og storleiken på dei som er omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Vi har sakna rettleiing på dette området, etter at fristen for å oppnå reinsekrava gjekk ut i 2015. Det er difor positivt at avløp no er eit prioritert område.

I Vestland har vi 14 tettbebygde område i 11 kommunar som er omfatta av kapittel 14. Alver kommune er i ferd med å gå over frå å vere omfatta av kapittel 13 til kapittel 14. Søknad om nytt utsleppsløye er venta hausten 2021. Også Eidfjord og truleg Stryn (avhengig av påslepp frå næringsmiddelindustri) har tettbygde område som er eller vil bli omfatta av kapittel 14. Alle tettbebygde område er avklara når det gjeld storleiken i BOF(pe).

Vi har oversendt brevet frå Miljødirektoratet om oppdatering av kart over tettbygde område, til alle kommuner i Vestland fylke. Vi vil tru at endringar i utstrekninga av tettbygde område frå kapittel 13 til 14 i Vestland har blitt meldt inn til SBB av kvar einskilde kommune.

Arbeidet med å revidere de aktuelle tillatelsene er igangsatt (fra kapittel 3.1.4.4.1.2 i TB)**Rapportere på**

Arbeidet med å revidere de aktuelle tillatelsene er igangsatt

Vi har utarbeidd ein avløpsstrategi for 2020–2022 om oppfølging av kommunar omfatta av kapittel 14 i forureiningsforskrifta.

Vi har gitt tolv løyve til i alt 118 kommunale avløpsreinseanlegg. I tillegg har vi gitt ni løyve til private avløpsreinseanlegg. Vi har starta opp arbeidet med å revidere løyve med krav om primærreinsing, der vi feilaktig har gitt fristar ut over fristane i kapittel 14. Varselbrev om endring av løyve er sendt ut. Dette gjeld for tre kommunar.

Tolv løyve i åtte kommunar er eldre enn ti år. Dei skal reviderast etter paragraf 18 tredje ledd. Vi vil starte opp med å revidere løyva i haust.

Nytt løyve for Søre Askøy tettbebygde område blei utarbeidd i 2020 og sendt kommunen i starten av 2021. Det har gått med mange arbeidstimar til dette i 2020, mykje på grunn av arbeidet med ny mal frå Miljødirektoratet som vart gjort parallelt. Reinsekravet i nytt løyve er sekundærreinsing for heile det tettbebygde området.

Nytt løyve for Førde tettbebygde område blei starta opp i 2020 og vil bli ferdig i 2021. Vidare skal ni løyve reviderast eller erstattast med nye løyve i 2021/2022. Dette gjeld kommunane Stord, Kinn, Voss, Gloppen, Alver, Stryn, Ullensvang (to stk.) og Eidfjord. For Stord, Kinn, Alver, Stryn og Eidfjord kommunar blir det planlagt eller vurdert nye reinseanlegg, og vi reknar med at det vil bli ein del oppfølging og rettleiing her.

Alle kommunar med kapittel 14-anlegg har fått varsel om pålegg om også å gjennomføre resipientovervaking i tråd med krav i vassforskrifta. Dette vil vi følgje opp i 2021 i form av vilkår i nye eller reviderte løyve eller som eigne pålegg.

Dei siste to åra er fem nye reinseanlegg ferdige (primærreinsing):

- OHARA - Bjørnafjorden kommune, kapasitet 23 450 pe
- Storanipa - Øygarden kommune, kapasitet 22 500 pe
- Skjærholmane - Stord kommune, kapasitet 7 650 pe
- Kanalen sør - Kinn kommune, 6 500 pe
- Nye Notaneset - Kvam kommune, 16 120 pe

Til saman har dei fem nye reinseanlegga ein kapasitet på 69 720 personekvivalenter, pe.

Kommuners registrering i Grunnforurensning (fra kapittel 3.1.4.4.2.1 i TB)**Rapportere på**

Alle kommuner registerer, oppdaterer og vedlikeholder egne lokaliteter i Grunnforurensning

Vi har hatt omfattande kontakt med kommunane i 2020. I alt 33 kommunar er kontakta, spurde om informasjon og orienterte om Grunnforurensning. I 2020 er det registrert 70 kommunale brukarar av databasen. Vi har besøkt ein kommune og innhenta og delt informasjon om eksisterande og nye lokalitatar.

Ved utgangen av 2020 var kommunane i Vestland registrert med 188 grunnforureiningslokalitatar. Dette er ein auke på 37 samanlikna med starten av 2020. Søk i Grunnforurensning viser at det vart gjort 36 endringar i desse registreringane i 2020. Dei fleste registreringane er gjort i Bergen kommune, i tillegg til ein registrering i Askøy. Eksterne konsulentar har lagt inn prøvepunkt/rapport på sju lokalitatar i fire kommunar. Kommunane synest likevel å bruke systemet i mindre grad.

Vi har gjort endringar i databasen for om lag 70 lokalitetar. Vi har også identifisert om lag 20 lokalitetar som bør registrerast eller gjerast endringar på i databasen. Vi har lagt inn 26 nye lokalitetar, kvalitetssikra og gjort endringar i arealet i 17 lokalitetar, varsla innsyn for 26 lokalitetar og oppdatert data i ti registreringar. Vi har også varsla krav om utarbeiding av tiltaksplan for ein lokalitet der vi har fått ansvar for vurdering av PFOS-forureining.

Vestland er lova hjelp til kvalitetssikring av databasen frå Rogaland. Vi har utarbeidd eit strateginotat for det vidare arbeidet med forureina grunn. Innsats må vurderast mot kva ressursar vi kan setje inn og kva vi kan vente av bistand frå prosjektet som blir styrt av Rogaland.

Vi er bedd om å delta i ei ressursgruppe om forskriftstregulering av vassutslepp frå skytebanar, og Miljødirektoratet sitt oppdrag knytt til dette. Dette har vi svara positivt på.

Rettleiling av kommunane i behandling av grunnforureiningssaker, inkludert oppdatering av databasen, har som regel skjedd når kommunane har tatt kontakt og ved forvaltringstilsyn. Vi la ut informasjon om Miljødirektoratet sine nettkurs om grunnforureiningsdatabasen på vår heimeside. Grunnforureining har vore tema på ulike innlegg for kommunane, mellom anna i samband med massehandtering. Vi har prioritert oppdatering av eigne lokalitetar i seinare tid, men har diskutert korleis vi kan følge opp kommunane betre, ved besøk til utvalde kommunar eller seminar. Miljødirektoratet si oversikt over registrerte brukarar i kommunane i grunnforureiningsdatabasen kan vere til hjelp for å velje kva kommunar som bør prioriterast. Det er ønskeleg med betre avklaring av sakshandsaming i saker der det er planlagt graving i lokalitetar der Statsforvaltaren er styremakt. Det har også vore nokre uklare problemstillingar kring avgrensing av tiltaksområde og om når massar frå tiltaksområde kan reknast som reine.

Større grunnforureiningssaker er følgde opp som eigne prosjekt. Dette gjeld til dømes opprydding og fjerning av deponiet på Slettebakken i Bergen, vidare saksgang for deponiet på Titlestad i Bergen, og fleire skipsverft. Dette er større saker som går over lang tid og krev ein del ressursar, men som er viktige for å redusere spreieing av forureining til miljøet.

3.1.1.12 God økonomiforvaltning i kommunene

Vi har brukt 2020 til å samordne oppgåvene våre på området god økonomiforvaltning i kommunane, etter samanslåinga til Fylkesmannen i Vestland. Vi har gått gjennom alle 43 kommunane i Vestland sine budsjett og økonomiplanar for 2020 til 2023. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgt opp økonomiplanlegginga etter ny kommunelov med forskrifter.

Alle kommunane har fått brev med våre kommentarar til budsjett og økonomiplan. Gjennomgangen vår viste at fleirtalet av kommunane i Vestland planla perioden 2020–2023 med låge/svake netto driftsresultat, auka lånegjeld og ein reduksjon i fri eigenkapital samanlikna med driftsinntektene.

Vi har i budsjettbreva formidla våre økonomiske vurderinger ut frå status og slik økonomien er planlagt for dei nærmaste åra. For enkelte kommunar har vi òg funne det nødvendig å presisere kommunestyret sitt ansvar for realisme i budsjetteringa, og at det ikkje er tillate å budsjetttere med uspesifiserte innsparinger.

Det er først og fremst svake resultat og auka lånegjeld i 2020 og 2021. Mange av samanslåingskommunane har hatt ein travæl og utfordrande start, og mange kommunar har ein meir usikker økonomi som følge av koronapandemien. Utfordringane til fleire av kommunane i fylket er negativ folketalsutvikling, og ein demografi med fleire eldre samanlikna med talet på yrkesaktive.

Vi informerer kommunane i brev og på våre nettsider om kommuneopposisjon og revidert nasjonalbudsjett. I 2020 inviterte vi saman med KS kommunane til statsbudsjettdag i Bergen. Denne dagen vart strøymt, slik at alle kommunar i Vestland hadde høve til å delta.

Trass i pandemien greidde vi å gjennomføre samling i økonominetverket for økonomisjefar og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane, på Voss i oktober. Der var tema mellom anna budsjett og økonomiplan etter ny lov og forskrift, samanheng mellom kommuneplan, handlingsdel og økonomiplan, konsolidert rekneskap og Kostra.

I tilbakemeldinga frå KMD på vår årsrapportering frå 2019, vart det etterlyst tilbakemelding på politikaroplæring. Vi hadde planlagt å gjennomføre dette første gong i mai 2020 og deretter i november 2020. Begge gongene måtte vi avlyse på grunn av koronasituasjonen. Folkevalddagar blir derfor planlagde på nyt i 2021.

Antallet kommuner i ROBEK (fra kapittel 3.1.5.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Antallet kommuner i ROBEK skal reduseres i 2020.

I Vestland er målet om ein reduksjon i tal Robek-kommunar ikkje innfridd. Ved utgangen av 2020 er det tre kommunar i registeret, etter at Osterøy kommune vart meld inn i mars månad etter paragraf 28-1, bokstav B (driftsdelen i økonomiplanen er vedtatt med eit meirforbruk). Frå før er Bremanger og Austheim i Robek. Vi har tett dialog og oppfølging med kommunane. Dette blir gjort ved at vi gir konkrete tilbakemeldingar kvart år, etter vår gjennomgang av kommunane sine budsjett og økonomiplanar. I tillegg har vi dialog gjennom året, og møter rådmann og eventuelt heile kommunestyret om kommunane ønskjer dette. I 2020 har vi hatt møte med kommunestyra i Osterøy og Bremanger.

Osterøy jobbar med å komme seg raskt ut att av Robek, og vi ventar på ny oppdatert nedbetalingsplan for 2021–2024. Vi reknar med at Austheim kommune blir meldt ut av Robek i juni eller juli 2021, etter at rekneskapen for 2020 er godkjent. Etter kommunestyrets plan for inndekning skal Bremanger dekkje inn resten av underskotet i 2021, og kan etter det meldast ut når rekneskapen for 2021 er godkjent. Som for tidlegare år, vil vi i gjennomgangen av budsjett og økonomiplan 2021–2024, særleg følgje opp at kommunen skal dekkje inn resterande underskot.

I tillegg har vi hatt møte med kommunestyret i Gloppe, ein kommune som er i faresona for å komme i Robek. Tema i møtet var ny kommunelov og forskrift, kommunestyret sitt ansvar i økonomiforvaltninga og konsekvensar ved å bli innmeld i Robek.

For budsjett- og økonomiplan 2020–2023 fekk alle kommunane i Vestland tilbakemeldingar på korleis vi vurderte kommunens økonomi og utvikling ut frå budsjett og økonomiplan. Vår erfaring er at kommunane meiner det er viktig med ei slik tilbakemelding, og dette vil gi eit grunnlag for om det er behov for vidare dialog og møte med enkeltkommunar. Framfor gjennomgangen av budsjett og økonomiplan 2021–2024, har vi gruppert kommunane etter ei risikovurdering som vil danne grunnlaget for analyse, og korleis vi vektlegg og gir tilbakemeldingar til kommunane. I den samanheng vil vi òg vere tydelege til kommunar som kan vere i faresonen for å bli registrert i Robek.

Antall kommuner i ROBEK

Resultat	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2019	Antall kommuner i ROBEK ved utgangen av 2020
1	2	3

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2019. (fra kapittel 3.1.5.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Antall feil i KOSTRA-rapporteringen reduseres vesentlig sammenliknet med 2019.

Grunnlaget for feilrapporteringa i denne årsrapporten er endring i tal feil frå 2018 til 2019, for Sogn og Fjordane og Hordaland. Tala for 2020 er ikkje klare ennå. Sogn og Fjordane var tidlegare innanfor feilverdiane og hadde status ok, medan Hordaland hadde for mange tal feil. Feila var fordelt slik:

	2018	2019
Sogn og Fj.	22	23
Hordaland	102	75
Sum	124	98

Vi er glade for at tala betrar seg, men det er framleis for mange feil. Vi vil halde fram med å følgje opp på denne måten:

Vi legg ut all informasjon om Kostra-rapportering kvart år på våre heimesider, med lenker til aktuelle andre sider. Vi informerer kommunane om feil i Kostra-rapporteringa undervegs i rapporteringsperioden. Om vi ikkje kan svare på enkelspørsmål frå kommunane, blir desse sende vidare til SSB eller KMD for nærmere avklaring.

På økonominetverkssamling i 2020, for alle økonomisjefar i kommunane i Vestland, var Kostra og bruk av Kostra-data eitt av temaa. Dette har vi som tema med jamne mellomrom, og ofte er det kommunar som har eit godt system på dette, som fortel korleis dette blir gjort hjå dei.

Vi har etterlyst hjå SSB om dei kan lage ei oppsummeringsside for kvar kommune, etter at all rapportering er ferdig. Dette har dei ikkje i dag, men det hadde vore til god nytte for oss i vårt oppfølgingsarbeid mot kommunane.

I Vestland er det mange samanslegne kommunar. På grunn av færre kommunar vil det bli ein del endringar i grunnlaget som kjem for 2020 og neste års rapportering.

Kvalitet i KOSTRA-data

Område	Resultat	Antall feil i 2019	Antall feil i 2020
Feil på eiendomsforvaltning på aggregert nivå - utgifter til renhold (art 075) og forvaltning (funksjon 121)	- 8	39	31
Feil på byggfunksjonsnivå for utgifter til renhold og energi	- 26	124	98

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene (fra kapittel 3.1.5.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Kommunene skal aktivt bruke KOSTRA-data i styring av kommunene.

Fram til og med 2019 har vi lagt vekt på å bruke dei nasjonale måltala i vår dialog med kommunane, og samanlikna kommunane med fylket og landssnittet. Vi har gjort dette ved tilbakemeldingar i møte med kommunane, på heimesidene våre, og elles i brev og anna kommunikasjon med kommunane. Det er spesielt netto driftsresultat, gjeld og disposisjonsfond i prosent av bruttoinntekter, vi har hatt merksemd på.

Kommunane er ulike, men vi opplever at dei i dei fleste tilfelle brukar dette i sine budsjett og økonomiplanar, i alle fall for budsjettåret. Tala fortel om status og viser retninga på korleis den økonomiske styringa av kommunen blir utført. I fagavdelingane samanliknar ein ofte Kostra-tala med andre kommunar, for sine fagområde.

Etter 2020 og ny kommunelov med lovfesta bruk av måltal i styringa av kommunane, vil dette bli forsterka. Administrasjonane og dei folkevalde vil få eit meir "aktivt" forhold til korleis måltala bør vere for den komande økonomiplanperioden, ut frå den økonomiske situasjonen.

I våre tilbakemeldingar til kommunane for budsjett 2020 og økonomiplan 2020–2023 gjekk Fylkesmannen gjennom dokumenta til alle dei 43 kommunane i Vestland. I tillegg til kontroll av balanse i budsjetteringa, har vi sett på sentrale økonomiske nøkkeltal og korleis kommunane har følgt opp økonomiplanlegginga etter ny kommunelov. Kvar kommune fekk tilbakemelding på vår vurdering og bruken av nøkkeltal. Alle budsjettbreva ligg på våre

heimesider i tillegg til ei oppsummering for fylket. Vi legg òg ut nøkkeltala for kvar enkelt kommune for kvart enkelt år i økonomiplanperioden. Desse er: netto driftsresultat, brutto driftsinntekter, bruk/avs. disp. fond, bruk av lån (alle i kr og prosent) og avdrag.

Dette er mykje arbeid kvart år, men vi trur at det er verdt det. Vi ser at til meir konkrete vi greier å vere i våre tilbakemeldingar, dess betre blir dette oppfatta. Vi håpar at dette, i tillegg til anna Kostra- oppfølging, gjer sitt til at bruk av nøkkeltal og Kostra-data etter kvart blir innarbeidd som kommunane sin måte å gjennomføre økonomiplanlegging og -styring på.

3.1.1.13 Økt verdiskaping i landbruket og landbruk over hele landet

Frå 2020 fekk fylkeskommunen ansvaret for regionale midlar til både tilrettelegging for næringsutvikling og kompetanse i landbruket. Dei skal dermed leie og koordinere det regionale utviklingsarbeidet innan landbruket, i samarbeid med oss, Innovasjon Noreg, kommunane og næringa. 2020 var også det første året for den nye samanslegne fylkeskommunen, så dette måtte få gå seg til.

Det vart etablert eit god samarbeid i partnarskapen, både den offentlege og der faglaga er med. Det er i stor grad ei felles forståing av utfordringane for landbruksnæringa og oppfølginga av regional næringsplan for landbruket (RNP). Midlane for tilrettelegging og kompetanse vert nytta for å nå måla i RNP.

I dette overgangsåret har vi vore på tilbodssida og gitt fylkeskommunen nødvendig fagleg støtte i forvaltning av midlane. Dette har primært vore kjennskap til prosjekt som er i gang og kunnskap om tidlegare prosjekt. Det gode samarbeidet har gitt ein god overgang av forvaltninga. Vi har også delte i mobiliseringsarbeidet med vår kunnskap om landbruket og bygdene, og den nye fylkeskommunen har til dømes valt å satse vidare på lokalsamfunnsutvikling under nemninga "LivOGLyst".

For det tradisjonelle landbruket må det seiast å vere eit middels til godt år på grasavlingar. Husdyrhaldet og mjølkeproduksjonen hadde eit godt år og fekk auka etterspurnad og gode prisar. På lang sikt har mjølkeproduksjonen likevel eit stort problem med å kunne forsvare nye driftsbygningar med dagens bruksstruktur. Frukts- og bærnæringa merkar klimaendringane, med tidleg vår og ustabile temperaturar.

På vårparten var det stor usikkerheit kring tilgangen på sesonghjelp til hausting av frukt og bær. I god dialog med departementet og Mattilsynet sentralt kom det på plass både eit tenleg regelverk og retningslinjer for smittevern. Dette fungerte godt og så vidt vi veit vart det ikkje nemndande Covid-19-sjukdom i denne næringa.

Verdiskaping (fra kapittel 3.1.6.1.1 i TB)

Rapportere på

Regional innsats innen landbruksbasert næringsutvikling er innrettet slik at nasjonale mål og føringer i RNP nås.

Det regionale næringsprogrammet (RNP) for Vestland bygde mellom anna på regionale planar frå dei to tidlegare fylkeskommunane, og er i praksis lagt til grunn også i det nye fylket. Det inneholdt målsettingar innan både tradisjonelle landbruksnæringane, mat og drikke og andre tilknytte næringar.

Grunna korona har vi nesten ikkje hatt fysiske møte med kommunar eller bønder dette året. Sjølv med aktiv bruk av ulike digitale medium har mobiliseringsarbeidet vorte langt mindre enn vanleg. Men vi erfarer at digitale møte gjer at vi kan nå langt fleire på same tid, og at vi brukar mindre ressursar på reiser. Baksida er at vi misser mykje av dialogen og tilbakemelding frå dei som deltar i møta.

Omstilling og fornying er framleis viktige stikkord for husdyrproduksjonane. Det har difor vore viktig å medverke til lausdrift i mjølkeproduksjonen, oppstart med ammeku på tidlegare mjølkebruk, fornying av driftsbygningar for sau og auka grovförproduksjon på eng og beite.

Vestland ligg etter mange andre fylke i overgangen til lausdrift innan 2034. Tal frå TINE i 2020 viser at 70 prosent av mjølcefjøsa i Vestland framleis har båsfjøs sjølv om 55 prosent av mjølka kjem frå lausdriftsfjøs. Tala viser ei snittlevering frå båsfjøs på 98 000 liter mot 282 000 liter frå lausdriftsfjøsa.

Det er krevjande å forsvare store investeringar i mjølkeproduksjonen for under 25 kyr. I Vestland har kring 40 prosent av mjølkebruka under 15 kyr, kring 40 prosent har mellom 15 til 30 kyr, og resten har over 30 kyr. Innovasjon Noreg har prioritert søknader på IBU som gjeld ombygging frå bås til lausdrift, men det som sagt vanskeleg for mange bruk.

Hagebruksnæringa er svært viktig i delar av fylket, og det har vore viktig å medverke til marknadstilpassing og auka produksjon. Investeringsmidlane på frukt og grønt vart i 2020 lagt inn i ein nasjonal pott, og god søknad frå Vestland medførte at vi fekk ein stor del av desse midlane. Saman med Innovasjon Norge har vi mobilisert og informert om den nye ordninga og medverka til at søknadene kom inn tidleg på året. Det må nemnast at det er stor optimisme i delar av frukt næringa, spesielt der ein kan satse både på konsum og eple til siderproduksjon. Dette produsentmiljøet er profesjonelle, kunnskapsrike og kvalitetsbevisste.

Det er stor interesse for lokal mat, og vi planla mobiliseringstiltak i samarbeid med dei andre aktørane. Men pandemien gjorde at fleire slike fysiske møte måtte utsettast.

Før pandemien deltok Vestlandet, etter tildeling frå Innovasjon Norge sentralt, som ein av fleire regionar på IGW i Berlin i februar 2020 saman med dei to nabofylka. 20 bedrifter deltok, om lag halvparten frå oss, og vi koordinerte deltakinga. Effekten av dette er ikkje primært inntektsgrunnlag for deltakarane, men å skape ein felles matidentitet, samarbeid, ein god læringsarena og å bidra til den generelle marknadsføringa av mat og reiseliv frå denne delen av landet.

Men pandemien har vore utfordrande for dei som driv med mat og reiseliv. Marknaden endra seg raskt, og mange miste dei faste kundane sine. Det har

gitt store utfordringar for enkeltbedrifter, og mange har gått nye vegar for å sikre seg sal og inntekt. Det har også vore nokre konkursar.

Vi har ein handlingsplan for arbeidet med Inn på tunet, der vår oppgåve mellom anna er å informere nettverket av bedrifter og andre interesserte om kva som skjer på området. Vi søkte om og fekk tildelt eit pilotprosjekt i *Inn på tunet-løftet 2*. Dette startar opp i 2021.

Marknadshage har vore eit nytt tema i år. Det er gjennomført kurs i samarbeid med Bondens Marked. Her møter vi yngre entusiastiske personar som vil dyrke grønsaker for sal. Sjølv om dei fleste har tilknyting til landbruket, manglar dei ofte grunnleggjande agronomkompetanse. Opplæring og oppfølging er difor avgjerande for å lukkast. Interessa for å dyrke lokal mat er aukande og vi ser dette i samanheng med arbeidet med urbant landbruk.

Tilfredsstillende foryngelse etter all hogst innen tre år etter hogst. (fra kapittel 3.1.6.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Kommunenes arbeid med tilfredsstillende foryngelse innen tre år etter hogst er fulgt opp.

Gjennomgang av kontrollane i 2020 viser at det på to tredelar av hogstflatene ikkje er etablert tilfredsstillande forynging etter tre år. Årsakene til dette er mange og innfløkte; manglende kunnskap og interesse hjå skogeigarane, men også i enkelte av kommunane, at arealet objektivt sett ikkje bør/skal brukast til skog, det kan vere biologiske forhold som hjortebeting og biller, eller tilgang på planter.

Planting i 2020 vart redusert frå åra før, hovudsakleg grunna manglende plantetilgang av høveleg proveniens og kvalitet frå planteskulane. Det vart planta 545 000 planter på 2433 dekar. 436 dekar vart suppleringsplanta, etter stor avgang av planter sett ut haust 2018 og vår 2019.

Vi kontrollerer at kommunane gjennomfører foryngingskontroll av flater med hogst over 250 m³, etter tre år. Dette er eit arbeid vi kvart år må minne kommunane om å gjøre. I tillegg er vi ansvarlege for at felt som vert trekte ut til resultatkartlegging (75 i året) blir rapporterte inn og godkjende av oss. Etter jamleg oppfølging vart kommunane også minne på å gjøre dette arbeidet.

Foryngingskontrollen viser at 30 prosent av flatene vart omdisponerte, 25 prosent ukjent, 30 prosent planta og 15 prosent ikkje planta. Dei 15 prosentane der det ikkje er planta, inkluderer 10 prosent der det skal nyttast naturleg forynging.

Resultatkartlegginga viser at 20 prosent av flatene vart omdisponerte og 20 prosent ikkje vart planta. Av dei 60 prosentane som vert planta, er det altså berre halvdelen som har tilfredsstillande tettleik etter tre år.

Vi har dei siste to åra gjennomført dialogmøte i 17 kommunar i Vestland. Her er forynging eit sentralt tema, med oppfølging i felt. Kommunane vert vidare følgde opp året etter, og i 2021 vil vi gjennomføre dialogmøte i ti kommunar. I tillegg vart risikovurdering og NMSK-kontroll følgd opp gjennom forvaltningskontrollar i to kommunar.

I hovudsak ser vi at dei store, aktive skogkommunane med få unnatak, har best resultat i oppfølgingsarbeidet. Dette kjem av høg skogkompetanse og prioritering i kommunen.

Dei siste åra har vi også hatt gode møte med dei største næringsaktørane i skogbruket, der dette har vore tema. Det er viktig at foryngingsarbeidet vert planlagt og avtalt i samband med hogst, slik det også no er tydelegare i standarden for berekraftig skogbruk (PEFC-sertifiseringa).

Tilskuddsordningene i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene er fulgt opp med henblikk på effektiv bruk av tilskuddsordningene i skogbruket. 100%.

Skogbruket på Vestlandet treng eit godt og tilpassa vegnett for å ta ut verdiane i skogen. Vi har støttå arbeidet med overordna vegplanar, noko som er heilt naudsynt både på grunn av eigedomsstrukturen og den til dels manglende skogfaglege kompetansen i kommunane. Vi har også bidrige til analysar av flaskehalsar på det offentlege vegnettet, basert på skogdata, vegdata og ei vurdering av forventa hogst.

Tiltak og virkemiddelbruk for bedre skogsveinett

Skogsbiarbeide - type tiltak	Veilengde (km)	Tilskudd (kr)	Skogfond (kr)
Nybygging	9.8	7 168 659.0	17 885 811.0
Ombygging	8.4	2 074 646.0	0.0
Vedlikehold			

Verdiskaping i skogbruket (fra kapittel 3.1.6.1.2.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen har gjennom kunnskapsoverføring til kommunene bidratt til ein effektiv og god forvaltning av tilskudd til skogsveier og drift med taubane o.a.

Vi fordelte tilskot til skogsvegar og drift i vanskeleg terrell og skogkultur til kommunane etter å ha innhenta behov frå kommunane via eit delt

budsjettrekneark.

Midlane vart seinare omfordelte mellom kommunane etter forbruk og behov, for å få ei effektiv forvalting av midlane.

Fagsystemet for skog, ØKS, er såpass komplisert at det krev jamleg bruk for at brukarane skal bli trygge og effektive. Dei som har skogbruksaker i kommunane, får ikkje nok erfaring i systemet, og må i enkeltsaker ofte ha rettleiing frå oss per telefon. Overføringa av tilskotsordningane for skogsvegar og drift i vanskeleg terren, har derfor dessverre ført til auka tidsbruk. Dette gjeld både i kommunane og hjå Statsforvaltaren. Løysinga på dette er meir opplæring, meir detaljerte brukarmannualar, og på sikt eit oppdatert og meir brukarvenleg fagsystem.

3.1.1.14 Bærekraftig landbruk

Den største utfordringa for berekraft i skogbruket er manglande forynging etter hogst. Under halvparten vert forynga på skikkeleg vis, og enkelte år endå mindre. Med tanke på den sentrale rolla skogbruket har i den norske klimaplanen, har vi ei utfordring.

Det regionale miljøprogrammet bidreg positivt til å ta vare på biologisk mangfold, kulturlandskap og siste åra også mindre forureining. Tiltaka retta mot meir miljøvenleg gjødselhandtering har aukande oppslutning. Vi deltar også aktivt med kunnskap om landbruksdrifta og -ureining inn i arbeidet med regionale vassplanar.

Vi har sju område med utvalde kulturlandskap, i tillegg til eit verdsarvområde. Kommunane fekk ansvaret for forvaltinga av desse områda frå 2020, og dette var nytt og til dels krevjande for dei. Vi ser at det framleis er eit stort behov for at vi støttar dei aktuelle kommunane fagleg og med forvaltingspraksis.

Økt planting med tilskudd (fra kapittel 3.1.6.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Klimadelen i regionalt- skog- og klimaprogram er kjent og fulgt opp av kommunene.

Klimaprogrammet skildrar skogen si viktige rolle i norsk natur og klimapolitikk; effektiv for å binde karbon i det grøne kretslaupet, og trefiber og treverk er bioenergi og erstatning for meir ureinande materiale. Indirekte bidreg dette også til å ta vare på viktige leverområde og biologisk mangfold som elles vil bli råka av endå større klimaendringar.

Isolert sett vil ein bestand med kulturskog ha eit anna biologisk innhald og mangfold enn til dømes naturskog. Men det er viktig å sjå dette i ein større samanheng og på større areal enn den enkelte bestand, og at vi samla sett stimulerer til eit skogbruk som også tek vare på mangfaldet. Siste landskogtaksering på Vestlandet viser at det samla skogkledd arealet auka, både lauvskogen, furuskogen, granskogen og den gamle skogen. Vi har også ein eigedomsstruktur med mange relativt små skogteigar. Kulturskogen med hovudsakleg gran utgjer om lag 15 prosent. Denne areal- og aldersfordelinga, saman med små teigar, gir i seg sjølv eit godt grunnlag for variasjon. I vårt skog- og klimaprogram ligg det også inne ei geografisk prioritering ved at vi som hovudregel ikkje skal bidra til skogreising i dei ytre kystbygdene, mellom anna på grunn av kystlyngheia. For å halde oppe volumet av kvalitetsskog er det svært viktig at vi fornyar like mykje skog som vert hogd, ikkje nødvendigvis på same teigen, men totalt sett for fylket. Denne målsettinga har vi dessverre ikkje oppnådd på fleire år.

Denne kunnskapen og føringane er formidla til kommunane og næringa, og blir også brukt ved fordeling av skogbruksmidlar til kommunane.

Rgionalt miljøprogram (RMP) (fra kapittel 3.1.6.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Innholdet i RMP er kjent for landbrukets organisasjoner, kommuner og aktuelle søker.

Vi når søkerar og kommunar med informasjon om RMP gjennom nettsida vår, SMS og webinar for kommunane. All informasjon om RMP er samla på temasida <http://www.statsforvalteren.no/vl/rmp>. I forkant av søknadsomgangen vert det sendt SMS to gonger til alle som søker PT, med lenke til denne sida. Faglaga legg også ut info på sine nettsider.

Søknadstala er relativt stabile med ein liten nedgang på slått av bratt areal, beite av kystlynghei og slått av slåttemark. Det har vore ein markert auke på areal med miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel.

RMP i Vestland har tatt inn dei nye ordningane i tråd med jordbruksavtalen. Det er brei semje med faglaga om ordningar og satsar i RMP, og vi legg vekt på at tilskota skal betale for ekstra arbeidsinnsats eller kostnad som følgjer med tiltaka.

Tilskot til slått av bratt areal og hausting av bratt fruktareal er den største ordninga med 51 prosent av midlane. RMP er vesentleg for årleg skjøtsel og biologisk mangfold. For fleire ordningar er registrering i Naturbase ein føresetnad for tilskot, og landbruks- og miljøavdelinga samarbeider godt for å få kartlagt og registrert aktuelle areal.

Forureining og tiltak på utslepp til luft har fått ein vesentleg større del av programmet. Vi ser særleg stor effekt på miljøvenleg spreiing av

husdyrgjødsel. Vi hadde ønskt fleire søknadar om ugjødsla kantsoner langs utvalde vassdrag der miljøtilstanden ikkje er god, men det tek tid å få forståing for tiltaket.

SMIL-ordninga er ei viktig miljøordning for å setje i stand lokalitetar slik at dei kan søkje RMP-tilskot. I 2020 vart det sett av ein eigen pott til forereiningstiltak, og dette hadde god effekt. Aktuelle tiltak i denne potten var dekke på eksisterande gjødsellager, utbetring av hydrotekniske anlegg, erosjonssikring, flaumdemping og fangdammar.

Klima- og miljøprogrammet er svært viktig for å kunne løfte særskilte problemstillingar. Effekten av desse midlane i 2020 har vore utprøving av kompost saman med avfallsselskapet i Sogn, informasjonsfilm om grøfting, markdag om presisjonsspreiing av mineralgjødsel, klimarådgiving i grupper og vassprøvetaking og bekkevandringar langs landbrukspåverka vassdrag.

RMP-Regionale miljøutfordringer (fra kapittel 3.1.6.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Tiltak i RMP er innrettet mot de regionale miljøutfordringene.

Regionale miljøutfordringer for Vestland

- Attgroing av kulturlandskapet ved at areal går ut av drift
- Nedgang i beitebruk i utmark og stølsdrift
- Tap og forringing av verdiar i kulturlandskapet
- Utslepp av klimagassar frå jordbruket
- Endringar i klima som krev klimatilpassingar i landbruket
- Avrenning og ureining til vassdrag frå jordbruket

1. Ordningar under miljøtema kulturlandskap

- Drift av bratt areal
- Drift av beitelag
- Slått av verdifulle jordbrukslandskap (gjeld veglaust jordbruksareal)

Slått av bratt areal: Tiltaket er svært arbeidskrevjande, og tilskotet er avgjerande for skjøtsel av det bratte arealet. Omsøkt areal går litt ned i 2020, og vi prøver ut om auka tilskot kan motverke dette.

2. Ordningar under miljøtema biologisk mangfald

- Slått av slåttemark (gjeld slåttemark og lauveng registrert i Naturbase)
- Beiting av kystlynghei
- Brenning av kystlynghei
- Skjøtsel av truga naturtypar (gjeld beiting av hagemark og naturbeitemark registrert i Naturbase)
- Skjøtsel av styvingstre
- Soner for pollinerande insekt
- Tilrettelegging av hekke- og beiteområde for fugl

Dette har vore stabile ordningar over tid der arealet no er kome inn i Naturbase. Vi vil framleis medverke til at meir areal kan kome inn i Naturbase og så inn i RMP.

3. Miljøtema kulturminne og kulturmiljø

- Drift av seter
- Skjøtsel av automatisk freda kulturminne

Søknadstala er stabile over tid, og ordningane fungerer godt.

4. Miljøtema avrenning til vatn

- Kantsone i eng

Tiltaket har hatt låg tilslutning. Vi ser behov for gardsbesøk og bekkevandring saman med grunneigarar og kommunen for å auke måloppnåinga.

5. Miljøtema utslepp til luft

- Spreiing av husdyrgjødsel om våren og ellers i vekstsesongen
- Spreiing av husdyrgjødsel ved nedfelling eller nedlegging
- Spreiing av husdyrgjødsel med tilførselsslange

Tiltaka har fått god oppslutning, og vi ser det som viktig å halde tilskotet stabilt gjennom denne perioden.

Landbruksplast

Vi har også arbeidd med forureining av landbruksplast. Dette er ikke ei ordning i RMP, men vi ser det som naudsynt å medverke til praktiske returordningar og haldningsskapande arbeid for å auke mengda som blir levert, og redusere mengda av plast i natur og vassdrag.

Vannforvaltningsplaner (fra kapittel 3.1.6.2.3.2 i TB)**Rapportere på**

Miljøvirkemidlene er innrettet i henhold til vannforvaltningsplanene. I tråd med nasjonale føringer om vannforvaltning skal mer forpliktende krav tas i bruk ved behov for forsterket innsats.

Vi har lagt ned eit betydeleg arbeid med å dokumentere den aktive landbruksdrifta langs vassdrag. Effekten av dette er at kommunane lett kan få oversikt over utfordringar langs ein vassførekost, både frå landbruk og spreidd avløp. Dette er avgjerande i arbeidet med utsett frist for spreiing av husdyrgjødsel.

Vi er særleg merksame på kommunar som har eigne forskrifter med generell utsett frist for spreiing av husdyrgjødsel på eng.

Utvalgte kulturlandskap (fra kapittel 3.1.6.2.3.3 i TB)**Rapportere på**

Ha god oversikt over forvaltning av områdene som har status som Utvalgte kulturlandskap i jordbruket, samt bidra til direktoratenes forslag til plan for videre arbeid med Utvalgte kulturlandskap i jordbruket fra 2020 til og med 2025.

Ressursituasjonen i kommunane viser at det er avgjerande at vi aktivt følgjer opp UKL. Som eit resultat av dette har dei sju kommunane i Vestland god kontakt med kvarandre og med oss. Vi har også god kontakt med fylkeskommunen, særleg for områda med viktige kulturmiljø.

Samordninga vart gjort med ei fysisk fellessamling og to møte på nett. I tillegg har vi hatt mykje direkte kontakt og synfaringar.

Kort oppsummert for områda i desse kommunane:

- Juvlandslia i Kvinnherad: arbeider med ny forvaltningsplan
- Havråtunet i Osterøy: arbeider med ny forvaltningsplan
- Ullensvang UKL i Ullensvang: arbeider med å etablere ordninga
- Lærdal UKL i Lærdal: arbeider med å etablere ordninga
- Ormelid i Luster: arbeider godt i tråd med forvaltningsplanen
- Grinde/Engjasete i Sogndal: har sikra auka aktiv jordbruksdrift i området
- Hoddevik/Liseth i Stad: arbeider godt i tråd med forvaltningsplanen

Som tidlegare år er det sendt inn ein eigen rapport til Landbruksdirektoratet der vi går gjennom kvart enkelt område og skisserer behov for midlar i 2021.

Tilskudd til tiltak i beiteområder (fra kapittel 3.1.6.2.3.4 i TB)**Rapportere på**

Formålet med Tilskudd til tiltak i beiteområder er kjent og fulgt opp av kommunene på en god måte.

Kommunane tok over forvaltninga i 2020 og nokre få kommunar har fått på plass eigne strategiar. Vi ventar at mange får på plass strategiar i 2021 som ein del av rulleringa av SMIL-strategien.

Ramma for Vestland var 2,7 mill. kroner i 2020 og av dette er kring 1/3 (1 mill. kroner) brukt til teknologi. Prioritering av teknologi er omtala i tildelingsbrevet til kommunane, og dette er tema i vår dialog med beitelaga. Beitenæringer viser stor interesse for elektronisk sporing og har no starta utprøving av no-fence.

Ordninga med tilskot til tiltak i beiteområde er svært målretta og har stor effekt på beitebruken. Elektronisk sporing er eit svært godt hjelpemiddel i den praktiske beitebruken, men det er framleis ein del elektroniske bjøller som sluttar å verke gjennom beitesesongen.

Skrantesjuke (CWD)

Vi har saman med Fylkesmannen i Oslo og Viken forvalta eigne beitebruksmidlar til dei områda i Nordfjella som er råka av CWD. Vi har hatt god dialog med beitenæringera om opplegget og midlane er stort sett fordelt via beitelaga, basert på talet på beitedyr i dei ulike områda. Vi støttar også Mattilsynet i deira arbeid med informasjon og oppfølging av beitenæringera om regelverket for saltstein m.m. Det har vore krevjande å finne gode nok tekniske løysingar og etablere tilstrekkeleg tilsyn og vedlikehald, men vi ser likevel at dette er mogeleg å få til. Desse erfaringane bør vi kunne ta med oss til liknande tiltak på/ved Hardangervidda der det i 2020 dessverre også vart oppdagd CWD.

3.1.1.15 Andre oppdrag

Ikkje aktuell.

3.1.2 Statlig virksomhet på regionalt nivå skal være godt samordnet og legge til rette for gode helhetsløsninger

3.1.2.1 Den offentlige boligsosiale innsatsen skal være helhetlig og effektiv

Vi brukar tilgjengelege verkemiddel for å bidra til ein heilskapleg og effektiv offentleg bustadsosial innsats. Det er eit kontinuerleg arbeid. Framdrifta i kommunane varierer. I samarbeid med Husbanken gir vi råd til og følgjer opp kommunar som har behov for å intensivere innsatsen på det bustadsosiale området. Målet er å få til meir heilskapleg planlegging og betre utnytting av eksisterande bustadsmasse for å sikre varig bustad til vanskelegstilte. Vi informerer om Husbankens verkemiddel i kontakt med kommunane.

Vi ser fram til det treårige forsøket med å leggje rettleiingsoppgåvene mot kommunane frå Husbanken over til tre statsforvaltarembete frå 01.09.2021. Med vår breie kontaktfplate mot kommunane og endå tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og oppgåvene statsforvaltarane har innanfor sosiale tenester og kommuneøkonomi, trur vi at vi skal oppnå betre måloppnåing på eit vanskeleg felt.

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune (fra kapittel 3.2.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Helhetlig samarbeid mellom stat og kommune om de to tiltakene i Bolig for velferd.

Vi har samarbeidd tett med Husbanken, Fylkesmannen i Rogaland og andre statlege etatar for å få til framdrift i prosjektet Bolig for velferd. Dei tre prosjektkommunane i Vestland hadde ein tung start, men frå hausten 2020 gjekk framdrifta etter planen. Vi følgjer tett opp kommunane i prosjektet som blir avslutta i 2021.

3.1.2.2 Tilsyn skal være samordnet, målrettet og medvirke til læring og forbedring

Vi jobbar systematisk for at tilsyna våre skal vere samordna, målretta og bidra til læring og forbetring.

"Tilsyn som verkar" var tema på tilsynsdagen i mars 2020 for alle som har leiande roller i tilsyn i embetet. Der såg vi nærmere på kva faktorar som er viktige for at eit tilsyn skal føre til læring og forbetring dersom det trengst. Vår erfaring er at det er særskilt viktig å følgje opp funn frå tilsyn med leiinga i verksemda vi har ført tilsyn med.

Vi har ei tilsynsgruppe med representantar på tvers av avdelingane der vi så langt har hatt særskilt merksemd på at tilsyna skal føre til læring og forbetring, og dessutan føringane i kommunelova om samordning av tilsyn.

Vi har tatt i bruk den nasjonale tilsynskalenderen frå 2020, og prøver å sjå ulike fagområde i samanheng for å unngå for stor belastning på ein kommune innanfor same tidsrom.

I 2020 har vi i to møte informert dei andre regionale statlege tilsynsinstansane Arkiverket, Mattilsynet og Arbeidstilsynet om den nasjonale tilsynskalenderen, og vi har i desse møta også utveksla erfaringar om tilsyn under koronapandemien.

Vi viser til nærmare skildringar i dei følgjande punkta nedanfor.

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor. (fra kapittel 3.2.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Den samlede tilsynsbelastningen for den enkelte kommune skal ikke være for stor.

Vi har i 2020 jobba med å informere eksternt om endra reglar i kommunelova om samordning av tilsyn, og med å ta i bruk nasjonal tilsynskalender som verktøy i vårt tilsynsarbeid.

Vi har informert kommunane ved brev om endringane i kommunelova om samordning av tilsyn, og informert om nasjonal tilsynskalender. Vi har også halde digitalt informasjons- og opplæringsmøte for kommunane.

I to møte med andre aktuelle statlege tilsynsetatar, har vi informert om og diskutert samordning av tilsyn, i tillegg til å utveksle erfaringar om tilsyn under koronapandemien.

Vi har delteke i dei jamlege møta i samordnarnettverka saman med dei andre embeta. Vi gir forbetringssinnspel til tilsynskalenderen der vi ser det er naudsynt.

Vi har etablert rutinar for korleis tilsyn skal leggjast inn i kalenderen, og sett fristar for når tilsyn skal leggjast inn og når kommunane kan gje tilbakemelding.

Vi har jamlege møte i tverrfagleg tilsynsgruppe i embetet som mellom anna diskuterer samordning av tilsyn.

Den samla tilsynsbelastninga på kommunane generelt er etter vårt syn akseptabel. Under koronasituasjonen har nokre kommunar teke kontakt for å flytte

tilsyn, og vi har funne fram til praktiske løysingar. Under planlegginga av tilsyn i tilsynskalenderen for 2021, er det ingen kommunar som har tatt kontakt for å få flytta tilsyn.

Koronasituasjonen i 2020 gjorde at fleire tilsyn måtte avlysast eller utsetjast. Nokre tilsyn der oppmøte ikkje var aktuelt, vart gjennomførte digitalt eller som dokumenttilsyn. Ved planlegging av tilsyn dette året har vi særskilt prioritert tilsyn med barnevern og andre sårbare grupper, og tilsyn på område som har relevans for handteringa av koronapandemien.

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at fylkesmannens ressurser benyttes effektivt (fra kapittel 3.2.1.2.2.1 i TB)

Rapportere på

Tilsyn mot kommunen innrettes slik at fylkesmannens ressurser benyttes effektivt.

Tilsynskalenderen som er tatt i bruk i 2020, gir høve til å leggje inn forvaltningsrevisionar i kommunane. Dette verktøyet vil gi god oversikt over forvaltningsrevisionane.

Vi har ikkje utsett eller avlyst tilsyn i løpet av 2020 som følgje av forvaltningsrevisjon på same område.

Vi har prioritert å informere kommunane om reglane og om tilsynskalenderen, og å tilby opplæring i nasjonal tilsynskalender for kommunar og kontrollutvalssekretariat.

Sjå også rapportering på resultatløft 3.2.1.2.1.1.

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen. (fra kapittel 3.2.1.2.3.1 i TB)

Rapportere på

Tilsyn fører til læring og forbedring i kommunen.

Vi jobbar systematisk for at tilsyna våre skal bidra til læring og forbetring. På vår interne tilsynsdag i mars 2020 vart det mellom anna diskutert kva faktorar som er viktige for at eit tilsyn skal føre til læring og forbetring. Vår erfaring er at det er særskilt viktig å følgje opp funn frå tilsyn med leiinga i verksemda vi har ført tilsyn med.

Vi har ei tilsynsgruppe med representantar på tvers av avdelingane. Gruppa skal mellom anna jobbe for å vidareutvikle tilsynet gjennom kompetanseutvikling slik at det er verknadsfullt og bidreg til varig endring og forbetring i kommunane og andre verksemder.

Embetet legg vekt på god og konstruktiv dialog med kommunar og verksemder ved førebuing, gjennomføring og etterarbeid i tilsynet.

Ved planlagde tilsyn brukar vi risikovurderinger for å velje tilsynsobjekt, innanfor rammene for det aktuelle tilsynet.

Ved hendingsbaserte tilsyn brukar vi heile verktøykassa for å tilpasse tilsynet til alvoret av saka. I dei mest alvorlege sakene reiser vi på kort varsel ut til verksemda og gjennomfører intervju. I dei minst alvorlege sakene hentar vi som regel inn dokumenta og vurderer saka på bakgrunn av desse.

Vi får stort sett gode tilbakemeldingar etter tilsyn. Dersom verksemdene kjem med tilbakemelding om at dei ikkje er nøgde med tilsynet, vurderer vi tilbakemeldinga og brukar ho til intern læring.

3.1.2.3 Klimahensyn skal ivaretas i alle sektorer

Koplinga mellom areal og transport i den utvida byvekstavtalen rundt Bergen, der fem kommunar no deltek, er eit viktig grep, og vil på sikt gje reduserte klimagassutslepp frå transportsektoren.

Vi registrerer eit aukande klimaengasjement i kommunane etter skader frå klimaendringer som har prega fylket dei siste åra. Talet på søknadar til Klimasats er også aukande.

Vi deltek i Klimapartnere for Vestland som er det største samarbeidet mellom offentlege og private verksemder med tema som klimarekneskap, idebytte, kunskapsdeling og seminar. Fleire kommunar deltek no i nettverket etter ei særskilt satsing på å få med fleire.

Vi har i 2020 gjennomført ei spørjeundersøking for å få oversyn over status på klima- og energiplanar i kommunane, kva dei omfattar og ambisjonsnivå samanlikna med dei statlege planrettningslinene.

For å ta i vare samordningsbehovet har vi ei intern arbeidsgruppe med leiarar frå fagavdelingane og nøkkelmanedarbeidarar på klimafeltet. Klimagruppa møtest kvar månad. Kvar fagavdeling har ansvar for oppfølging i eigen sektor.

Det er lagt fram ein eigen klimaavtale mellom jordbruksnæringa og staten. Evna til å binde karbon i skog er vel kjent og har ein sentral plass i norsk klimapolitikk. Vi har styrkt vår eigen kunnskap på klimaområdet, og informert gjennom fagartiklar om jordbruksdrift og klima. Pandemien hindra oss i å initiere større faglege arrangement om dette i 2020.

I skogbruket har vi som nemnt elles i rapporten auka innsatsen for å fornye skogen etter hogst, dessverre utan gode nok resultat så langt. Vi har

også gjennom eit fleirårig tredrivar-prosjekt forsøkt å auke kunnskapen og bruken av trevirke. Det vart gjennomført nettmøte om bruk av tre; eit med kommunane som målgruppe og eit om trebygg i landbruket, med 90 og 150 deltagarar. Det ser ut til å vere aukande bruk av trekonstruksjonar i landbruksbygg.

Kommunale klima- og energiplaner har ambisiøse mål (fra kapittel 3.2.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner har en gjeldende klima- og energiplan med ambisiøse mål som bidrar til å redusere klimagassutslipp

For å ta i vare samordningsbehovet internt har vi ei intern arbeidsgruppe med leiarar frå fagavdelingane og nøkkelmedarbeidarar på klimafeltet. Klimagrupper møtest kvar månad. Kvar fagavdeling har ansvar for oppfølging i eigen sektor. Vi vil vurdere måloppnåinga til middels.

Vi har i 2020 gjennomført ei spørjeundersøking for å få oversyn over status på klima- og energiplanar i Vestland saman med fylkeskommunen, kva dei omfattar og ambisjonsnivå samanlikna med dei statlege planretningslinene. Her er samandrag av dei viktigaste funna:

- 34 av 43 kommunar fullførte heile undersøkinga
- 24 kommunar planlegg å utarbeide ny klimaplan i tida framover
- Ti kommunar planlegg å integrere klimaplanen i kommuneplan
- Dei fleste gjeldande klimaplanar er frå 2011 eller tidlegare.

Klimaufordringar er i større grad innarbeidd i kommuneplanens samfunnsdel enn i arealdelen. Sidan det er gamle planar har dei også utdaterte klimamål. Av dei som har sett mål for 2030, er måla sett frå 40 til 100 prosent utsleppsreduksjon. To kommunar melder inn 100 prosent medan ein kommune melder inn 80 prosent.

Få kommunar har system for rapportering knytt til utslepp, som t.d. klimabudsjett og klimarekneskap. 84 prosent seier at dei ikkje har system for rapportering på klimagassutslappa i kommunen. Dei som svarar ja, viser til klimarekneskapen dei leverer som medlemmer av Klimapartnere. Det er viktig å poengtore at dette er rekneskap knytt til kommunen som verksemد og organisasjon, ikkje som geografisk område og samfunnsutviklar.

Heile 81 prosent melder at rapportering ikkje er kopla til kommunen sin økonomiplan og budsjett. 78 prosent melder at dei har mål for energieffektivisering.

Berre 25 prosent planlegg nye tiltak for å auke CO₂-opptak i skog og andre landareal. 44 prosent melder at dei har intensjon om å kartlegge økosystem og areal som er viktige for å dempe verknadane av klimaendringane.

Klimatilpassing

94 prosent melder at dei har klimatilpassing med i ny planstrategi, og at klimaendringar er ein del av ROS-arbeidet i kommunen. Ein kommune melder at dei ikkje har inkludert tilpassing til eit endra klima i ny planstrategi.

Kommunane melder attende at dei ønskjer å ha hjelp til og rettleiing om

- klimarekneskap
- klimabudsjett
- sjekklister/oppstartsguide
- FN sine berekraftsmål
- innkjøp
- indikatorsett for indirekte utslepp
- tolke utsleppsstatistikk

Ni kommunar svarte ikkje på undersøkinga. Vi hadde planlagt ei kommuneundersøking i år for å finne ut korleis ulike kommunar arbeider med klimaspørsmål. Den er no utsett.

Klimatilpassing og konsekvensar for samfunnstryggleik blir jamt over tatt hand om av kommunane i ROS-analysane i arealplanar. Klimatilpassing og natur er i liten grad tema. Rettleiing av kommunane i oppfølging av SPR for klimatilpassing blir viktig for oss framover.

Kommunene har tatt i bruk ny veiledning til klimatilpasning (fra kapittel 3.2.1.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Kommunene har tatt i bruk ny veiledning til klimatilpasning i statlig planretningslinje (SPR) for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning i kommunene, herunder i utforming av planstrategier etter plan- og bygningsloven.

Kommunane skal lage sine eigne klima- og energiplanar, der også landbruk er tema, og vi er inviterte til å delta i det faglege grunnlagsarbeidet i minst ein kommune. Vi ser på dette som ein pilot som kan gje oss meir fagleg innsikt om både relevante problemstillingar, tilgjengeleg kunnskapsnivå og aktuelle tiltak.

Per i dag ser vi ei utfordring i å lage gode nok modellar og utrekningar av landbruket sitt klimaavtrykk i Vestland. Dagens modellar er mangelfulle, både i

skogen, ved beitebruk, verdien av lokal grasproduksjon, og utslepp fra gjødsellagring og -handtering. Her treng vi meir tilpassa kunnskap for å kunne setje i verk gode nok tiltak. Elles risikerer vi å setje i verk tiltak som gir feil og motsatt effekt for klimaet. Vi har tatt initiativ for å undersøke om det er mogeleg å lage eit klimarekneskap for landbruket etter same modell som det finst driftsgranskingar på økonomien i ulike produksjonar.

3.1.2.4 Andre oppdrag

3.1.2.5 Tilrettelegge for god CBRNE-beredskap

Vi har i løpet av året oppdatert tiltakkort for atomhendingar, med særleg vekt på å avklare tiltak og ansvar under ulike fasar av ei hending.

Sjå elles kapittel 3.2.1.5.

Vurdere etterlevelse av CBRNE (fra kapittel 3.2.1.5.1.1 i TB)

Rapportere på

Sørge for at CBRNE er vurdert i etterlevelse av relevante krav i [Fylkesmannens samfunnssikkerhetsinstruks](#)

Vi har inkludert alle CBRNE-elementa i arbeidet med FylkesROS. Dette er gjort i samarbeid med regionale samfunnssikkerhets-aktørar. På grunn av meirarbeidet med koronapandemien vil vi ikkje kunne sluttføre arbeidet før tidlegast i 2021.

Vi fekk tildelt midlar frå DSA til å arrangere fagsamling for å auke den regionale kompetanse om CBRNE-feltet, med hovudvekt på atomhendingar. Då smittetrykket auka utover hausten, særleg i bergensregionen, måtte vi avlyse (utsetje) samlinga.

Ivareta rollen som regionalt samordningsrollen innen CBRNE-beredskap (fra kapittel 3.2.1.5.1.2 i TB)

Rapportere på

Ivareta rollen som regionalt samordningsledd i tråd med Fylkesmannens samfunnssikkerhetsinstruks innen CBRNE-beredskap, ref [kgl.res. 23. august 2013 - Atomberedskap sentral og regional organisering](#) og [mandat for beredskapsutvalget mot biologiske hendelser, 23.mars 2019](#).

CBRNE-beredskap skulle vere eit hovudtema på det årlege møtet i fylkesberedskapsrådet. Det var m.a. planlagt at leiaren for CBRNE-senteret på Ullevål skulle innleie. Det viktigaste føremålet med å ha det som tema på møtet, var å få ei felles forståing blant medlemene i rådet for trusselbildet, og ansvar og roller innanfor området. Møtet skulle vere i midten av mars og måtte avlysast på grunn av pandemien.

CBRNE-beredskap i fylkesberedskapsrådet (fra kapittel 3.2.1.5.1.3 i TB)

Rapportere på

Benytte fylkesberedskapsrådet aktivt for å sikre god faglig rådgivning regionalt og lokalt, i tråd med [Nasjonal strategi for CBRNE-beredskap](#).

Vi viser til omtalen over av det årlege møtet i fylkesberedskaps-rådet. Møta vi har hatt seinare i 2020 har i hovudsak hatt pandemien som tema.

3.1.3 Rettssikkerhet skal være ivaretatt på en enhetlig måte i fylket og på tvers av embetene

3.1.3.1 Høy kvalitet i veiledning, kontroll, tilsyn og saksbehandling

Som i fjor tykkjer vi det er uklart kva vi skal rapportere på her. Vi ser at dei andre embeta også i år svarar ulikt på dette punktet.

Som meldt i innleiinga meiner vi at vi har levert gode resultat i eit år som har vore prega av koronapandemien, sjølv om vi har gjort mindre av utoverretta aktivitet som tilsyn og rettleiing enn planlagt.

På dei fleste områda har vi utført arbeidet vårt i tråd med embetsoppdraga, med høg kvalitet på rettleiing, kontroll, tilsyn og sakshandsaming. Vi har størst vanskar med å få gjort alt på verjemål og helse-, sosial- og barnevernområdet, trass i at vi i det nye embetet styrkte desse områda med ressursar frå andre område. Men vi arbeider vidare for å gjort oppgåvene så godt som råd.

På det overordna planet vil vi framheve tverrgåande grupper i embetet på tilsyn og forvaltningsrett på tvers av avdelingane og fagområda, for å samordne praksis og halde oppe kvaliteten.

Vi brukar malar og kunnskapsgrunnlag frå direktorata og departementa, og vi prioritærer å ta del i fagsamlingar som oppdragsgjevarane skipar. I eit år der dei fleste fagsamlingane har vore digitale, er det fint at denne forma når langt fleire av våre tilsette enn det vi kan sende til fysiske samlingar. Samstundes mistar vi viktige uformelle diskusjonar og nettverksbygging mellom embeta og med direktorata og departementa på denne måten. For framtida vil vi føretrekkje kombinasjonar, til dømes fagsamlingar der vi kan sende nokre medarbeidarar, med digital overføring til medarbeidarar på kontora.

Vi får stort sett gode tilbakemeldingar må faglege samlingar vi held for kommunane, medan vi nesten ikkje får tilbakemeldingar på klagesaker. Det

siste tolkar vi som at resultata våre er kommunisert på ein forståeleg og vel grunngjeven måte.

Tilsynsrapportane blir gjennomgåande vurdert av kommunane som nyttige og eit godt grunnlag for internt arbeid og prosessar. Vi har praktisert eit breitt repertoar av rettleingsformer som er tilpassa ulike behov i kommunane. På område med konkrete fristar for sakshandsamingstid, er desse følgde.

Våre rutinar og standardbrev er viktige for å sikre god kvalitet i sakshandsaminga.

På avdelingane og fagområda har vi ei rekke ulike lag og grupper for å sikre kompetanseoverføring mellom tilsette og sams praksis. På nokre fagområde har vi nettverk mellom fleire embete, sjå oversynet i kap. 2.1.

Minimum 2 tilsyn per år. (fra kapittel 3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Minimum 2 tilsyn per år.

Fylkesmannen i Vestland førte tilsyn med Sunnfjord og Bjørnafjorden kommune. Tilsynsistema var individuell plan for deltakare i introduksjonsprogrammet etter introduksjonslova § 6 og § 19 første ledd.

Alle klagesaker er behandlet innen (fra kapittel 3.3.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker er behandlet innen 12 uker, jf. § 7-1 bokstav d, i byggesaksforskriften

Vi har handsama 651 byggesaker i 2020, og av desse er 95 prosent handsama innan 12 veker, jf. tabellane 256 og 257. Det gode resultatet skuldast godt system for fordeling og oppfølging av saker, og god fagkunnskap hjå våre sakshandsamarar. Trass i koronasituasjonen og periodar med heimekontor for fleire sakshandsamarar, har produksjonen vore god.

Saksbehandlingstid i antall uker for klager over kommunens vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 5 %	95 %	651	617

Alle klagesaker der det er gitt (fra kapittel 3.3.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42, er behandlet innen 6 uker, jf. § 7-1 bokstav e, i byggesaksforskriften

Av saker som er gitt utsett iverksetting, er 71 prosent handsama innan seks veker.

Saksbehandlingstid for klagesaker der det er gitt utsatt iverksetting etter forvaltningsloven § 42

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 6 uker
100 %	- 29 %	71 %	14	10

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker i førsteinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama åtte saker i 2020, og ei av desse er over 12-vekersfristen. Sidan det totale talet saker er lågt, vil ei enkelt sak over frist utgjere over 10 prosent. Det er såleis vanskeleg å rette opp att dersom ei sak kjem over fristen.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	- 12 %	88 %	8	7

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans (fra kapittel 3.3.1.1.3.2 i TB)

Rapportere på

Alle ekspropriasjonssaker som klageinstans på plan- og bygningsrettens område er behandlet innen 12 uker

Vi har handsama fire saker i 2020, alle innanfor 12-vekersfristen.

Saksbehandlingstid i antall uker for ekspropriasjonssaker (klageinstans) på plan- og bygningsrettens område

Resultatmål	Differanse	Oppnådd andel av totalt antall behandlede saker	Totalt antall behandlede saker	Antall behandlede saker innen 12 uker
100 %	0 %	100 %	4	4

IED: Avfalls-BREF (fra kapittel 3.3.1.1.4.1 i TB)

Rapportere på

Alle aktuelle virksomheter som er omfattet av avfalls-BREF, har fått varsel og pålegg om endring av tillatelse.

Vi har registrert 44 avfallsanlegg og eitt landbasert avfallsanlegg i Vestland i Forurensning-databasen som er omfatta av BAT for avfallsanlegg. Alle anlegga har fått pålegg om vurdering av BAT-konklusjonar og har sendt inn sine vurderingar, men tilbakemeldingane er varierande og ofte veldig enkle. Vi har ikkje gitt tilbakemelding til nokon av anlegga enno, og har ikkje gitt nye løyve med krav i tråd med BAT-AEL. Vi har deltatt i møta som Miljødirektoratet har arrangert kvar 14. dag, bidrege med innspeil og halde oss oppdaterte på avklaringsdokumentet og anna informasjon på teamskanalen.

Virksomheter omfattet i avfalls-BREF

Antall virksomheter omfattet i avfalls-BREF	Antall virksomheter som har fått varsel og pålegg om endring av tillatelser	Differanse
45	0	- 45

Av desse er 28 anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall og eitt shredderanlegg. Resten er anlegg for biologisk behandling av organisk avfall (kompostering) biogassanlegg og anlegg for mottak, mellomlagring og sortering av ordinært avfall (i hovudsak kvemming av trevirke og restavfall). 45 anlegg er regulerte i 38 løyve, sidan fleire anlegg er på same lokalitet og har same ansvarlege eining.

Forurensningstilsyn: God kompetanse (fra kapittel 3.3.1.1.5.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen har god kompetanse og tilfredsstillende aktivitet på forurensningstilsyn

Vi var nögde med tilsynsarbeidet fram til mars i år. Av oppgåvane våre var det var særleg tilsynsarbeidet som vart utsett som følgje av koronapandemien. Vi klarte difor ikkje å gjennomføre tilsynsplanen for 2020 og er berre middels nögde.

På tilsynsfeltet er vi normalt "på". Vi brukte tid i 2019 på å sikre grunnlaget for gode tilsyn, og gledde oss til å starte med auka trykk i 2020. Vi utarbeidde ein eigen tilsynsstrategi for 2020, med utgangspunkt i føringane frå strategien til Miljødirektoratet.

I 2020 hadde vi lagt opp til ein ganske ambisiøs tilsynsplan med om lag 30 prosent auke i tilsyn samanlikna med 2019, og vi hadde sett opp heile seks lokale tilsynsaksjonar i tillegg til dei nasjonale. Stoppen i møte- og tilsynsverksemad som skuldast koronapandemien, gjorde at vi måtte omprioritere innsatsen frå tilsyn til anna sakshandsaming om våren. Ein revidert tilsynsplan med nye tilsynsdata og litt utskifting av tilsynsobjekt, vart fastsett like etter sommarferien. Vi klarte ikkje å ta att tilsynsomfanget som vi hadde fordelt over heile 2020. Vi var med på dei nasjonale aksjonane som vart gjennomført.

I tillegg til å jobbe kontinuerleg med kvaliteten på tilsyna internt, er vi aktivt med i nasjonalt tilsynsforum, internt tilsynsforum, to av Miljødirektoratet sine prosjektgrupper om nye Forurensning og andre samarbeidsgrupper for å sikre og utvikle best moglege tilsyn både hjå oss og på tvers av embata. Vi tar kontakt og avklarar med kollegaer og Miljødirektoratet når det trengst.

3.1.3.2 Effektiv og korrekt lov- og tilskuddsforvaltning

Det er vårt inntrykk at kommunane hovudsakleg og, for dei store beløpa, gjennomfører ei korrekt tilskotsforvaltning. Men ved våre forvaltningskontrollar ser vi ein del feil som går att, ofte knytt til dokumentasjon på dei vurderingane som er gjort. Det er også ulik praksis på avkorting ved feilopplysingar.

På nokre område har delegering av nye forvaltningsoppgåver til kommunane så langt ført til meir effektiv og betre forvaltning, det gjeld særleg på skogområdet. Kommunane har svært mange oppgåver innan sektoren, og det ser ut til å vere vanskeleg å ha tilstrekkeleg fagkunnskap og kapasitet på heile feltet. Dei får for lite mengdetrening i dei ulike ordningane og regelverka. Enno brukar vi derfor meir tid på å gje råd til kommunane på desse felta, enn vi sjølv brukte på å forvalte ordningane.

Gjennomført kontroller i henhold til kontrollplan (fra kapittel 3.3.1.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Det er gjennomført kontroller i henhold til kontrollplan, og planen er bekreftet til Landbruksdirektoratet.

Vi laga ein kontrollplan som vart stadfesta, og deretter sendt inn til Landbruksdirektoratet.

Kontroll av foretak - husdyrkonsesjon

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Er kontroll av foretak på husdyrkonsesjonsområdet gjennomført i samsvar med Ldirs rundskriv?	Ja
Antall foretak der det er innhentet opplysninger utover det som er tilgjengelig i egne systemer	0
Antall foretak som er fulgt opp etter kontroller i 2019	2
Antall foretak som skal følges opp vedr. produksjonsgrensen i 2021	2
Antall foretak det er gjennomført stedlig kontroll hos i 2020	0
Antall foretak som er kontrollert pga. mistanke om driftsfellesskap	0
Antall foretak som har fått vedtak om standardisert erstatning	2
Antall foretak som har fått standardisert erstatning pga. driftsfellesskap	0
Antall foretak som er kontrollert, men vedtak om standardisert erstatning er under arbeid	1
Beløp standardisert erstatning sendt til Ldir for innkreving	39210

Risikobaserte kontroller i forvaltningen av tilskudd og erstatninger

Ordning	Er kontrollpunkter fastsatt?	Effekter av kontrollpunktene
Erstatning ved klimabetinga skade	Ja	Her ligg omfattende kontrollpunkt i saksbehandlinga. Har oppdatert den interne prosedyra.
Tidligpensjon	Ja	Vi har oppdatert prosedyren.
Tilskot til avløysarlaga	Ja	Som planlagt vart det laga ny prosedyre.
Tilskot til skogbruksplanlegging og MiS	Ja	Skulle ha laga ny prosedyre, men det vart utsatt til 2021.
Stimuleringsstilskot til veterinærkvert	Ja	Som planlagt vart det laga ny prosedyre.
Veterinære reiser	Ja	Sjekka bruk av skyssbåt og avstand, kontrollerte ganske mange etter innføring av nytt fagsystem.

Kontroll av foretak - tidligpensjonsordningen

Betegnelse på rapporteringskrav	Svar
Kontrollert som følge av avvik i kontrollliste	0
Saker funnet i orden	0
Saker med feil	0
Beskrivelse av feilene	

Det vart ikke sendt ut slike sjekklisten på næringsinntekt i 2019 fra Ldir i 2020, det kjem hausten 2021 for begge dei to siste åra.

Kontroll av foretak som følge av mulige feilopplysninger

Foretak	Ordning og årsak	Resultat	Oppfølging
0			

Vi har ikke hatt slike saker i 2020 som vi har gripe tak i. Vi har ei sak under oppsikt som i utgangspunktet gjeld omfattende forureining, og som no ligg i kommunen til vurdering.

Gjennomført risikobasert forvaltningskontroll (fra kapittel 3.3.1.2.1.2 i TB)

Rapportere på

Det er gjennomført risikobasert forvaltningskontroll av 20 pst. av kommunene.

Kontrollplanen vart gjennomført om lag som planlagt. Vi har gjennomført forvaltningskontroll hjå til saman 15 kommunar, men ein kommune (Voss) vart kontrollert på to ulike ordningar. Dette er godt over resultatkravet på 20 prosent av kommunane. Kontrollane vart gjennomført delvis som dokumentkontroll, delvis med fysiske møte og delvis med nettbaserte møte, tilpassa den aktuelle smittesituasjonen. Nettmøta fungerte godt nok, så sant det ikkje vart behov for å sjekke praksis i terrenget.

Forvaltningskontroller av kommunene

Kommune	Ordninger og omfang	Avvik ved kontroll (antall og beskrivelse)	Oppfølging av avvik
Etne	RMP - Tilskot til drift av beitelag. Dokumentkontroll.	Eitt avvik: Kommunen hadde ikkje gode nok rutinar for å sjekke søknadane før godkjenning. Seks av beitelaga hadde rapportert på saldo og om dei hadde avvikla årsmøte, noko som er eit krav for ordninga.	Informasjon til kommunane, pluss sjekke om praksis er endra i 2021.
Kinn	RMP- Tilskot til drift av beitelag. Dokumentkontroll.	Eitt avvik: Kommunen hadde ikkje gode nok rutinar for å sjekke søknadane før godkjenning. Eit av beitelaga hadde ikkje rapportert på om dei hadde avvikla årsmøte, noko som er eit krav for ordninga.	Informasjon til kommunane, pluss sjekke om praksis er endra i 2021.
Kvam	RMP - Tilskot til drift av beitelag. Dokumentkontroll.	Eitt avvik: Kommunen hadde ikkje gode nok rutinar for å sjekke søknadane. Fem av beitelaga hadde ikkje rapportert på saldo og om dei hadde avvikla årsmøte, noko som er eit krav i ordninga.	Informasjon til kommunane, pluss sjekke om praksis er endra i 2021.
Sogndal	RMP - Tilskot til drift av beitelag. Dokumentkontroll.	Eitt avvik: Kommunen hadde ikkje gode nok rutinar for å sjekke søknadane før godkjenning. Eit av beitelaga hadde ikkje rapportert på om dei hadde avvikla årsmøte, noko som er eit krav for ordninga.	Informasjon til kommunane, pluss sjekke om praksis er endra i 2021.
Sunnfjord	RMP - Tilskot til drift av beitelag. Dokumentkontroll.	Eitt avvik: Kommunen hadde ikkje gode nok rutinar for å sjekke søknadane før godkjenning. Eit av beitelaga hadde ikkje rapportert på saldo på konto, noko som er eit krav for ordninga.	Informasjon til kommunane, pluss sjekke om praksis er endra i 2021.
Ullensvang	RMP - Tilskot til drift av beitelag. Dokumentkontroll.	Eitt avvik: Kommunen hadde ikkje gode nok rutinar for å sjekke søknadane før godkjenning. Eit av beitelaga hadde ikkje rapportert på saldo på konto og om dei hadde avvikla årsmøte, noko som er eit krav for ordninga.	Informasjon til kommunane, pluss sjekke om praksis er endra i 2021.
Fjaler	Tilskot til drenering. Dokumentkontroll.	To avvik: Kommunen sine rutinar knytt til vurdering av naturmangfold, kulturminne og avrenning, er mangelfulle. Kommunen har betalt ut tilskot utan at søker har lagt fram all dokumentasjon.	Informasjon til kommunane, pluss sjekke om praksis er endra i 2021.
Stord	Tilskot til drenering. Dokumentkontroll.	To avvik: Kommunen sine rutinar knytt til vurdering av kulturminne og avrenning, er mangelfulle. Kommunen har betalt ut tilskot utan at søker har lagt fram all dokumentasjon.	Informasjon til kommunane, pluss sjekke om praksis er endra i 2021.
Voss	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Kommunebesök.	Ingen avvik. Eit par merknadar om skriftlege rutinar og risikovurdering ved utplukk til kontroll.	Generell rådgjeving.
Bremanger	Tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. Nettmøte pluss dokumentkontroll.	To avvik: Manglende skriftlege rutinar gjer at det oppstår feil i sakshandsaminga av tilskot til skogkultur. Manglende dokumentasjon på kontroll av føretak som mottek støtte.	Rådgjeving og sjekke praksis i 2021.
Gloppen	Produksjonstilskot, inkl gardskart og delegeringsreglement. Eigenvurdering saman m Stryn, dokumentkontroll, fysisk møte og nettmøte.	To avvik: Manglende dokumentasjon av vurderingar kring avkorting ved feil i søknaden. Manglende dokumentasjon på grunnleggning ved vurderingar omkring vanleg produksjon.	Informasjon til kommunane pluss sjekke praksis i 2021.
Stryn	Produksjonstilskot, inkl gardskart og delegeringsreglement. Eigenvurdering saman m Gloppen, dokumentkontroll, fysisk møte og nettmøte.	Eitt avvik: Kommunen si handtering og dokumentasjon av grunnvikaret om vanleg jordbruksproduksjon.	Informasjon til kommunane pluss sjekke praksis i 2021.
Vaksdal	Produksjonstilskot, inkl gardskart og delegeringsreglement. Eigenvurdering saman med Vik og Voss. Dokumentkontroll, nettmøte og fysisk møte.	Ingen avvik.	
Vik	Produksjonstilskot, inkl gardskart og delegeringsreglement. Eigenvurdering saman med Vaksdal og Voss. Dokumentkontroll, nettmøte og fysisk møte.	Ingen avvik. Eit par merknadar om dokumentasjon av vurderingar omkring avkorting.	Informasjon pluss sjekke praksis i 2021.
Voss	Produksjonstilskot, inkl gardskart og delegeringsreglement. Eigenvurdering saman med Vaksdal og Vik. Dokumentkontroll, nettmøte og fysisk møte.	Ingen avvik. Eit par merknadar omkring konsekvente vurderingar omkring avkorting og vanleg produksjon.	Informasjon pluss sjekke praksis i 2021.

Forvaltningskontroller av kommunene, 20%

Resultatmål	Differanse resultatmål	Resultat	Antall gjennomførte forvaltningskontroller	Antall kommuner i fylket
20 %	15	35 %	15	43

Andel avvik avdekket under (fra kapittel 3.3.1.2.1.3 i TB)

Rapportere på

Andel avvik avdekket under kontroll som er fulgt opp: 100 pst.

Alle avvik og merknadar blir følgde opp på fleire og tilpassa vis; Det blir tema for informasjon til kommunane, ved individuell oppfølging av enkelte kommunar, og ved å sjekke praksis neste år.

Generelt ser vi at dei same feila går att i fleire kommunar, noko som tyder på at det også kan vere ei feilkjelde i andre kommunar.

Vi har ikkje hatt så grove feil eller utbetalingar at det har vore tale om oppfølging via politimeldingar. Vi har heller ikkje funne så store feilutbetalingar at vi har bede kommunen om å vurdere å gjøre om vedtaka.

3.1.3.3 Befolkingen har tillit til tjenestene og får ivaretatt sin rett til forsvarlige og nødvendige tjenester

Tiltak for å styrke tillit til tenestene og varetaking av retten til nødvendige og forsvarlege tenester, er ei sentral oppgåve i alt arbeid innan fagområda helse, omsorg, sosial og barnevern. Vi har gitt rettleiing om fortolking av regelverk og lagt vekt på at sakshandsamingstida skal vere kort. Vi har prioritert saker som gjeld rettstryggleiken til enkeltpersonar. Vi prioriterer også å løyse særlig alvorlege hendingar og situasjonar for barn, unge og funksjonshemma som ikkje får den hjelpa dei treng og tenester dei har rett på. Slike situasjonar løyser vi no i stadig aukande grad ved å reise ut til tenestene eller invitere leiarar i tenestene saman med den det gjeld, til møte hos oss. Metoden vi brukar blir tilpassa hending og situasjon. Når saka tilseier det, undersøkjer vi situasjonen

og bidrar til løysingar for den einskilde der det er nødvendig, eller til endringar i tenesteytinga der det er rett. På denne måten støttar vi tenestene og får dei til å mestre og samarbeide betre.

Vi har òg lagt stor vekt på å bidra til å innarbeide Barnekonvensjonen i våre handlinger: at barn skal blir høyrd og at deira oppfatning må ha stor vekt i kva løysingar tenestene vel. Dette er grunnleggjande verdiar som kan brukast i alt vårt arbeid. Det har stor innverknad på korleis vi støttar opp under leiinga slik at befolkninga kan ha tillit til at dei får gode og nødvendige tenester. Vi har difor inkludert heile avdelinga i opplæringa om korleis vi skal innarbeide barnekonvensjonen i praksis.

Nye tvangstiltak skal følges opp med tilsyn (fra kapittel 3.3.1.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Nye tvangstiltak skal følges opp med tilsyn. Tilsynet skal utføres på stedet hvor tjenesten ytes og tvangstiltakene utøves. Fylkesmannen skal undersøke om kommunens plikter overholdes i samsvar med overprøvde vedtak. Prioritering av tilsyn med tvang skal for øvrig være basert på informasjon om risikoforhold og på fylkesmannens kjennskap til kommunene og aktuelle vedtak.

Vi har gjennomført 46 tilsyn i 2020, både på nye tvangstiltak og etter risikovurdering. I alt 15 av tilsyna er gjennomført digitalt på grunn av nasjonale og lokale Covid-19-restriksjonar. Dei andre tilsyna var gjennomførte på staden der tvangen blir utøvd.

Fylkesmannen skal ta kontakt med det enkelte barn (fra kapittel 3.3.1.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal ta kontakt med det enkelte barn med tilbud om tilsynssamtale. Hvilke konsekvenser koronapandemien har for omsorgen og oppfølgingen barna får på institusjonen må være tema i samtalen med barna. Barnet kan kontaktes i forkant eller under fylkesmannens tilsynsbesøk. Dersom barnet ikke var tilstede under tilsynsbesøket, skal fylkesmannen i etterkant kontakte barnet med tilbud om samtale.

Når vi melder tilsyn, sender vi eige brev til barna med informasjon om at vi kjem, tema for tilsynet og tilbod om samtale. I brevet går det fram at barna kan snakke med oss på andre tidspunkt enn under tilsynet om dei ønskjer det. Vår kontaktinformasjon ligg i brevet. Tilsyna blir lagde til tidspunkt der barn ikke går på skule eller har anna dagtilbod. Barn som ikkje ønskjer samtale under tilsynet eller ikkje er til stades, får tilbod om samtale på anna tidspunkt. Både barn og institusjonar får munnleg og skriftleg informasjon om korleis dei kan ta kontakt med oss utanom tilsynsbesøka. I 2020 har vi hatt særleg merksemd på korleis koronapandemien har påverka barns kvardag, og kva som blir gjort for å kompensere for dei smitteverntiltaka som er iverksett. Helsetilsynet sin rettleiar for samtalar med barn om koronapandemien har blitt brukt som utgangspunkt for samtalane.

Fylkesmannen skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det. (fra kapittel 3.3.1.3.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gjennomføre samtale med alle barn som ønsker det.

Alle barn som bur på barnevernsinstitusjon får tilbod om samtale med oss i samband med tilsynsbesøk. Barn får også tilbod om samtale med oss når dei klagar på tvang eller når dei tek kontakt utanom tilsynsbesøka. Vi har samtalar med barn både på institusjonen og i våre lokale. På grunn av koronapandemien og smitteverntiltak har vi lagt til rette for at barn kan snakke med oss på teams eller andre trygge digitale platfromer. Vi har også kontakt med mange barn på telefon.

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker HOD (fra kapittel 3.3.1.3.3.1 i TB)

Rapportere på

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 6 måneder eller mindre.

I 2020 var median sakshandsamingstid for tilsynssaker 6,4 månader.

Median saksbehandlingstid for tilsynssaker: 6 måneder eller mindre (Helse/omsorg)

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Helse/omsorg	50 %	-7 %	43 %

Saksbehandlingstid for tilsynssaker ASD (fra kapittel 3.3.1.3.3.2 i TB)

Rapportere på

Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre

Vi har behandla 19 tilsynssaker i 2020. Seks av dei er behandla med lokal avklaring. Dei 13 sakene vi har vurdert, har median saksbehandlingstid på 1,1 mnd.

Saksbehandlingstid for tilsynssaker: 5 måneder eller mindre (Sosial)

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
Sosial	100 %	-8 %	92 %

Avslutning av klagesaker (fra kapittel 3.3.1.3.3.3 i TB)

Rapportere på

Avslutning av klagesaker: Minst 90 prosent innen 3 måneder.

Sosial

Vi behandla 344 klagesaker, og 99 prosent vart behandla innan fristen på tre månader. Median sakshandsamingstid var 0,5 mnd.

Helse

Vi behandla 537 rettighetsklager, og 93 prosent vart behandla innan tre månadar. Median saksbehandlingstid var 0,5 mnd. I saker om naudsynt helsehjelp var median saksbehandlingstid 0,7 mnd.

Saksbehandlingstid - Avslutning av klagesaker: minst 90% innen 3 måneder

Saksområde	Resultatmål	Prosentpoeng	Realitetsbehandlet innen 3 md.
Sosial	90 %	9 %	99 %
Helse/omsorg	90 %	3 %	93 %

Andel vedtak om bruk av tvang og makt (fra kapittel 3.3.1.3.3.4 i TB)

Rapportere på

Andel vedtak om bruk av tvang og makt overfor personer med psykisk utviklingshemming som er overprøvd innen 3 måneder: Minst 90 %.

Vi behandla 339 vedtak om bruk av tvang og makt i 2020. 96 prosent av vedtaka vart overprøvd innan tre månader etter at saka var godt nok opplyst.

Saksbehandlingstid - Vedtak om bruk av tvang og makt: minst 90% innen 3 måneder

Resultatmål	Prosentpoeng	Resultat
90 %	6 %	96 %

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav (fra kapittel 3.3.1.3.3.5 i TB)

Rapportere på

Andel søknader om dispensasjon fra utdanningskrav som er behandlet innen 3 måneder: Minst 90 %.

96 prosent av søkerne om dispensasjon fra utdanningskravet vart handsama innan tre månader etter at saka var godt nok opplyst.

Avslutning av klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre (fra kapittel 3.3.1.3.3.6 i TB)

Rapportere på

Minst 90 % av klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre skal være avsluttet innen 1 måned.

Vi har behandla 68 klager på tvang etter rettighetsforskrifta. 91% av sakene vart avslutta innan ein månad.

Saksbehandlingstid - Klager på tvang i barnevernsinstitusjoner og omsorgssentre: minst 90% innen 1 måned

Resultatmål	Differanse	Avsluttet innen 1 måned
90 %	1 %	91 %

Resultatmål FMVL (fra kapittel 3.3.1.3.4.2 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 360 poeng

På grunn av koronapandemien var det ikke mogleg å gjennomføre planlagde tilsyn med helse- og omsorgstenestene i eit slikt omfang som vi hadde lagt opp til ved inngangen til 2020. Vi har prioritert tilsyn der vi såg det som eit eigna verkemiddel til forbetring og handtering av smitte. Vi la vekt på rettleiing og oppfølging av korleis kommunane la til rette for testing, isolering, smittesporing og karantene og samstundes sørga for å ha kapasitet til å gje innbyggjarane naudsynt hjelp. Ved informasjon om reduksjon i tilbod som hadde eller kunne få alvorlege konsekvensar for pasient eller brukar, følgde vi opp med informasjon og rettleiing, og tydeleg forventing om endring av praksis. I omfang utgjer dette arbeidet minst like stor bruk av ressursar som gjennomføring av dei planlagde tilsyna.

Vi tok frå 10. mars, altså to dagar før landet stengde ned, og gjennom heile året ei tydeleg rolle som samordnar mellom nasjonal krisehandtering og handteringa på regionalt og lokalt nivå, samordnar mellom kommunane og mellom kommunane og andre aktørar i fylket.

Vi sette i gang med å lage eit fast møtepunkt for alle kommunane og andre relevante aktørar der vi kunne rettleie, formidle føringar og påbod frå den sentrale staten til kommunane, og der kommunane kunne stille oppklarande spørsmål. Vi har også dagleg svara på spørsmål frå kommunane på e-post. Denne samordninga held vi på framleis med møte kvar veke eller oftare om det trengst. Sidan mars har vi rettleidd kommunar som har hatt utbrot og sikkert svara på tusenvis av spørsmål, særleg ved utbrot og i etterkant av at det har kome nye eller endra føringar frå nasjonalt eller lokalt hånd.

Samstundes som vi laga møtepunktet for kommunane, etablerte vi samarbeidsforum med dei tre helseføretaka og det regionale helseføretaket. I vårt fylke har desse samordningsarenaene fungert godt.

Vi har heile vegen opplevd stor velvilje frå kommunane, helseføretaka og andre aktørar, sjølv om tiltak og endringar har kome brått på, og det ikkje alltid har vore like enkelt å svara på spørsmål som er reiste om tiltaka. Vi har opplevd at det på grunn av kapasitetsutfordringar tek lang tid å få svar frå sentrale styresmakter om tolkingar av føringane, og har difor prøvd å svare på mest mogleg ved eiga hjelp.

Beredskaps- og helseområda har dratt det største i dette arbeidet. Også utdanning har hatt mykje meirarbeid, og det har vore viktig med bidrag frå kommuneøkonomifellet. I tillegg har vi i nokre hektiske periodar trekt ressursar frå andre fagfelt, når det har vore naudsynt. Samla har vi sikkert brukt 10 til 15 årsverk på pandemien, som elles hadde vorte brukt på andre embetsoppdrag. Av dette er nok 3 til 5 årsverk frå helse.

Tilbakemeldingane frå kommunane og dei viktigaste aktørane i fylket om korleis vi har handtert samordnings- og formidlingsrolla, har vore gode.

Aktivitetsvolum av tilsyn med kommunale helse- og omsorgstjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
360	- 298	62

Informasjon om at resultatmålet ikkje kom til å verte innfridd vart meldt til Helsetilsynet tidleg i 2020. Planlagte tilsyn våren 2020 vart avlyste grunna covid-19-pandemien. Hausten 2020 vart tilsynsaktivitet i helse- og omsorgstenestene avgrensa som følgje av smittesituasjonen.

Resultatmål FMVL (fra kapittel 3.3.1.3.5.3 i TB)

Rapportere på	
Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 85 poeng	

Planlagde tilsyn i spesialisthelsetenesta vart nedskalerte som følgje av koronapandemien. Gjennom faste møte kvar veke med dei tre administrerande direktørane (HF) og i møte om lag annakvar veke med administrerande direktør i det regionale helseføretaket (RHF) følgde vi med på i kva grad helseføretaka

- justerte tilbod etter smittetrykk
- la til rette for naudsynt analysekapasitet
- samarbeidde med kommunane om smittevernmutstyr
- innretta verksemda for å ta imot dei som trong innlegging grunna covid-19
- gav umiddelbar hjelp
- tok imot pasientar til planlagte opphold

Vi fekk informasjon om kapasitet i tilbod til utsette grupper, barn og unge, rus og psykisk helsevern og kompenserande tiltak når fysisk oppmøte ikkje var mogleg. For ein del pasientar, særleg barn og unge, har vi ut frå opplysningar som no ligg føre, grunn til å tru at dei kompenserande tiltaka ikkje var tilstrekkelege og at tilbod om hjelp ikkje har møtt behova.

Vi har reist ut på tilsyn og gjennomført intervju med involverte etter fleire alvorlege hendingar i 2020. Sakene har høg prioritet og har fått stor merksemd i media.

Aktivitetsvolum av tilsyn med spesialisthelsetjenesten

Resultatmål	Differanse	Resultat
85	- 75	10

Resultatmål FMVL (fra kapittel 3.3.1.3.6.4 i TB)

Rapportere på

Tilsynsaktiviteter tilsvarende: 120 poeng

Vi gjennomførte tre tilsyn som systemrevisjon og ni kartleggingar som del av den landsomfattande kartlegginga om tilgjengelege tenester i Nav.

Aktivitetsvolum av tilsyn med sosiale tjenester

Resultatmål	Differanse	Resultat
120	10	130

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder hvor det er funnet brudd på lovkrav (fra kapittel 3.3.1.3.7.1 i TB)**Rapportere på**

Alle tilsyn på Helsetilsynets områder hvor det er funnet brudd på lov- og forskriftskrav er avsluttet (dvs. praksis er endret) innen en avgitt frist.

Vi følgjer opp verksemndene inntil dei har sett i verk og evaluert at tiltak for å endre praksis fungerer som føresett. Det er mange faktorar som fører til at det å endre praksis tek lengre tid enn først førespeglia. Døme kan vere endring i personellsituasjonen, at ein sentral leiar sluttar eller om det vert gjort organisatoriske endringar. I andre tilfelle trengst det meir tid til å kome fram til tenlege løysingar, setje i verk og evaluere. Involvering av og forståing for endringar hos tilsette og leiarar på ulike nivå har i mange tilfelle vist seg å ta tid. Det same gjeld å finne gode indikatorar for å følgje med på om endringane står seg over tid. Vi må ofte rettleie undervegs, og meiner at oppfølginga vår støttar opp under styring og forbetningsarbeidet.

3.1.3.4 Andre oppdrag**3.1.3.5 En effektiv og velfungerende verjemålsforvaltning som ivaretar rettsikkerhet og rettslikhet**

Vi har halde fram arbeidet med å samordne rutinar og organisere oppgåver på tvers av kontorstadar, vidareutvikle ei god førstelinjeteneste på verjemålsområdet og nå resultatmåla som er sett.

2020 byrja med store restansar. I samband med koronapandemien med smitteverntiltak og heimekontor vart ein skilde fagområde prioritert. Det gjorde at vi fekk jobba ned restansane på nokre av dei viktigaste og prioriterte sakstypane.

Frå hausten 2020 hadde vi god kontroll på oppretting av verjemål, bruk av kapital, godtgjering og sakshandsaming av klagar.

I tillegg til å redusere restansane har vi også arbeidd systematisk med å lage god saksflyt for viktige sakstypar, ved å nytte fordelingsnøklane i VERA og resultata frå Power BI.

Vi har arbeidd målretta med å sikre høg kvalitet i sakshandsaminga og halde god, dagleg drift av verjemålsområdet.

Vi har også prioritert å føre tilsyn og kontroll med dei faste verjene gjennom individuelle samtalar. Alle samtalane vart gjennomførte digitalt eller på telefon. Vi har rekruttert inn mange nye faste verjer i 2020. Eit profesjonelt verjekorps med gode og kompetente verjer er ein føresetnad for at verjemålsordninga skal fungere etter intensjonane. Dette krev god og målretta oppfølging frå oss. Grunna ressurssituasjonen, heimekontor og utfordingar i samband med koronasituasjonen har vi ikkje klart å gjennomføre felles samlingar og opplæring av verjene i 2020.

VERA saksbehandlingssystem har vore særstilt i 2020 med mykje nedetid, meldingar om feil og følgefeil. Dette har gått utover produktiviteten.

I 2020 har vi tilsett totalt åtte nye medarbeidarar på verjemålsseksjonen. I tillegg har vi tilsett tre tilkallingsvikarar (studentar) som hjelper til med kontroll av verjekneskap og anna enklare sakshandsaming. Vi har difor brukt ein del russursar på intern opplæring og oppfølging av dei nytilsette. Vi må legge til at fire av dei tilsette med verjemålsoppgåver er finansiert på embetsbudsjettet, for å sikre at vi har nok kapasitet.

Vi har organisert oppgåvene med spesialisering på ein skilde fagområde. Grunna effektiv bruk av ressursar og system, heimekontor og fjernleiing har vi fått god flyt og resultat på verjemålsområdet i 2020.

Opprett vergemål (fra kapittel 3.3.2.1.1.1 i TB)**Rapportere på**

Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager.

Grunna koronapandemien fekk vi frigjort ressursar frå andre seksjonar i avdelinga (oppgåver som gjekk ut), som til dels vart nytta til å dekke behovet for oppnemning av verjer for vaksne.

Frå andre tertial 2020 fekk vi tilsett fleire sakshandsamarar som har dette som si hovudarbeidsoppgave.

Vi har klart målkrava frå andre tertial og ut året.

Saksbehandlingstid - Opprett vergemål – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 70 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
73 %	80 %	- 7 %

Oppgåva har høgste prioritet. I bynjinga av 2020 hadde vi flere aksjonar for å få ned restansane.

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital (fra kapittel 3.3.2.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 20 dager.

Vi har nådd resultatmålet.

Saksbehandlingstid - Fylkesmannens samtykke til bruk av kapital – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 20 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
83 %	80 %	3 %

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter (fra kapittel 3.3.2.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 45 dager.

Vi har nådd resultatmålet.

Saksbehandlingstid - Godtgjøring og utgiftsdekning til verger og representanter – 80 % av vedtakene skal være fattet innen 45 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
81 %	80 %	1 %

Klagesaksbehandling (fra kapittel 3.3.2.1.1.4 i TB)

Rapportere på

Klagesaksbehandling – 80 % av klagene Fylkesmannen mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager.

Vi har gjort endringar for å forbetre resultata og er nøgd med at vi har nådd gode resultat for klagesaker frå 2. tertial 2020.

Klagesaksbehandling – 80 % av klagene Fylkesmannen mottar på vergemålsområdet skal være behandlet innen 60 dager

Resultat	Resultatmål	Differanse
69 %	80 %	- 11 %

Vergeregnskapskontroll (fra kapittel 3.3.2.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen.

Alle verjerekneskap i sentralt uttrekk vart kontrollerte innan fristen, totalt 871 saker. Vi fekk gode tilbakemeldingar frå revisor.

Alle vergeregnskap i sentralt uttrekk fra Statens sivilrettsforvaltning skal være kontrollert innen fristen

Resultat	Resultatmål	Differanse
100 %	100 %	0 %

Digital innlevering av vergeregnskap (fra kapittel 3.3.2.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Andelen vergeregnskap som leveres digitalt via Altinn, skal være minst 75 %.

Vi har nådd målet.

Andelen vergeregnskap som leveres digitalt via Altinn, skal være minst 75 %

Resultat	Resultatmål	Differanse
77 %	75 %	2 %

Digital innsending av søknader (fra kapittel 3.3.2.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Andelen søknader om godtgjøring og søknader om fylkesmannens samtykke (bruk av kapital, salg av eiendom etc.) som leveres digitalt via Altinn, skal være minst 60 %

Vi har nådd målet.

Andelen søknader om godtgjøring og søknader om fylkesmannens samtykke (bruk av kapital, salg av eiendom etc.) som leveres digitalt via Altinn, skal være minst 60 %

Resultat	Resultatmål	Differanse
75 %	60 %	15 %

3.1.3.6 Vergehaver skal ha høy grad av selvbestemmelse og vergemålene skal være individtilpassede

Vi kartlegg behovet til den einskilde verjehavaren ved å sende ut skjemaet "innhold og omfang" saman med førehandsvarsel.

I samband med vurdering av behov og oppnemning av verje har vi samtalar med alle verjehavarane når dette er mogleg. Vi nyttar i stor grad samtalemетодikk i dette arbeidet.

Individtilpasning av vergemål (fra kapittel 3.3.2.2.1.1 i TB)**Rapportere på**

Når et vergemål opprettes, skal fylkesmannen foreta nødvendige undersøkelser slik at vergens mandat tilpasses vergehavers behov og ønsker. Begrunnelsen for omfanget av vergemålet skal framgå av vedtaket.

Vi er opptatt av å tilpasse kvart enkelt verjemål til den einskilde verjehavaren. For å kartlegge behovet sender vi difor ut skjemaet "innhold og omfang" i samband med førehandsvarsel. Skjemaet er eit avkryssingsskjema der mottakaren skal svare på kva oppgåver verjehavaren treng hjelp til.

I tillegg til skjemaet gjennomfører vi samtalar med verjehavaren og eventuelt også hjelpeapparatet rundt.

Kompetente verger (fra kapittel 3.3.2.2.1.2 i TB)**Rapportere på**

Kompetente verger som ivaretar vergehavers selvbestemmelsesrett, har god rolleforståelse og kunnskap om vergemålsloven. Vergene skal være bevisst på at vergerollen både innebærer å gi beslutningsstøtte til vergehaver samt å representere personen utad.

Vi gjennomførte individuelle samtalar med alle våre 100 faste verjer hausten 2020. Eitt av punkta i desse samtalane var korleis sjølvråderetten vart ivaretatt i samband med verjerolla.

Vi rekrutterte også inn 25 nye faste verjer. Desse gjekk gjennom eit innleiande intervju på om lag ein time. Deretter deltok dei på eit fire timer langt kveldskurs med tema som verjerolla, avgjerdssstøtte og sjølvråderett.

For alminnelege verjer og familieverjer vert desse informerte om verjerolla i samband med den einskilde oppnemninga.

Vi vil nytte 2021 til å auke kompetansen til alle verjene i fylket gjennom eit godt opplæringsopplegg.

3.1.3.7 Barnehagemyndigheter, barnehageeiere og skoleeiere forstår, formidler og etterlever regelverket

Saker frå kommunane har dei siste åra avdekt eit behov for auka kompetanse i forvaltningsrett. I 2020 arrangerte vi difor ei samling om forvaltningsrett for skule- og barnehagefagleg ansvarlege i kommunane. Målsettinga var å oppnå lik forståing og praktisering av regelverket. Vi snakka mellom anna om prosessen frå vi mottok ein klage, til vi eventuelt sender saka til klageinstansen. Forvaltningsrett er eit tema som vi over fleire år har rettleidd om, og som vi meiner må gå inn i det årlege tilbodet til kommunane.

I 2020 hadde vi fleire samlingar med kommunane der dei komande endringane i barnehagelova var tema. Målet var at kommunane skulle førebu barnehagemyndigheita og barnehagesektoren på dei nye reglane. Tema på desse samlingane var reglane om barnehagemiljø og krav om å skilje eigar- og myndigheitsrolla. Vi utarbeidde ein presentasjon som kommunane kunne bruke lokalt. Vi la særskilt vekt på at barnehageeigarar blei gjort kjende med

dei nye pliktene.

Som handhevingsmyndighet får vi kunnskap om skulane og skuleigarar si regelverksforståing i skulemiljøsaker. Vi har mellom anna sett at nokre av delpliktene ikkje fullt ut er forstått ute i sektoren. På bakgrunn av denne informasjonen har vi i 2019 og 2020 hatt regionvise samlingar der dette er tema og der rektorar og skuleigarar er inviterte. I løpet av 2020 hadde vi gjennomført slike samlingar i alle dei ti regionane i fylket.

Gjennom enkeltsaker har vi fått kunnskap om kommunar som ikkje forstår regelverket. I kommunar der det er tydeleg at det er manglane forståing som fører til at regelverket ikkje blir etterlevd, inviterer vi til eit møte der vi går igjennom regelverket og praksis i kommunen. Tilbakemeldingane frå kommunane er at dette er nyttig og klargjerande.

Vi får kunnskap om kommunane si evne og vilje til regelverksetterleving gjennom enkeltsaker, kontakt med kommunane og ulike andre samarbeidsrelasjoner, internt og eksternt. Denne informasjonen blir tatt med i vår risikovurdering, og ligg til grunn for val av tilsynstema og tilsynsobjekt.

I perioden frå 12. mars til d.d. har det vore stort behov for rettleiing og avklaringar på utdanningsområdet. Mellombeise lover og forskrifter under koronasituasjonen i kopling til det alminnelege lovverket, har vore utfordrande. Vi har brukt store ressursar på å svare ut spørsmål frå kommunar, foreldre, skular og barnehagar.

Vi har gjennomført tre ringerundar til etatsleiarar i alle kommunane i Vestland. I ei tid der kommunane har hatt eit større trykk en normalt på skriftleg rapportering, meinte vi at ein telefonamtale kunne gje oss betre informasjon. Desse rundane har også gitt oss innblikk i korleis regelverket blir forstått og følg opp i problemstillingar som vi truleg sjølv ikkje ville spurt etter. Med så store endringar som året har bydd på, har det ikkje åleine handla om at sektoren ikkje forstår regelverket. Det har også vore reglar og retningslinjer som ikkje har vore samordna, som har vore formulerte på måtar som kan tolkast ulikt. Dei samtalane vi har prioritert å ha med kommunane, meiner vi har hjelpt oss til sikre at praksis heile tida har den rette formålstenginga: godt smittevern, låg tiltaksbyrde for barn og unge og eit særskilt blikk for utsette barne og unge.

Vi har lagt stor vekt på å informere utdanningssektoren gjennom våre nettsider. I perioden 12. mars til 19. juni hadde vi 29 oppslag som direkte omhandla koronasituasjonen og skular og barnehagar. Dette var i stor grad avklaringar som vart gjorde i Kunnskapsdepartementet, og som det var viktig å få raskt ut til sektoren.

Sektorkunnskap ligger til grunn for vurdering av oppfølging og virkemiddel (fra kapittel 3.3.3.1.1.1 i TB)

Rapportere på

All vurdering av oppfølging og valg av virkemiddel skal være basert på kunnskap om tilstanden på rettsikkerhetsområdet

Den *kunnskaperen* vi har om tilstanden i sektor er dels basert på systematikk i korleis vi nyttar ulike kjelder (Elevundersøkinga, GSI og Basil), korleis vi oppsummerer og vurderer saks- og klagebehandling, meldingar frå innbyggjarar og tilsette i sektoren, medieoppdrag og drøftingar vi har om kommunar i leiarmøta og i andre møtepunkt mellom avdelingar i embetet. Korleis kommunane nyttar sine nettsider for å informere om rettar og prosedyrar, er også ei kjelde som har vist seg å vere nyttig. Noko vi også er merksamme på, er kva kjennskap vi ikkje har - om det er kommunar vi sjeldan høyrer frå, eller om det er bestemte område der vi har få kjelder. Vi har god erfaring med "opne" telefonamtalar med kommunalsjefar, men med ein viss tematisk systematikk frå vår side.

Når det gjeld kva vi ser etter, er nasjonal prioriterte område alltid med i kartlegginga. På same måte vil rettar som er av stor betydning for enkeltbarn og ungdom/vaksne alltid vere eit tema.

Rettleiing som verkemiddel er godt eigna for dei fleste situasjonar. For å gje best mogleg rettleiing har vi eit medvite tilhøve til korleis rettleiinga blir gitt, kva nivå i sektoren ein rettar seg mot, og på kva nivå i embetet deltakinga skjer.

Vi brukar store ressursar på å informere om regelverk, nasjonal politikk og statlege satsingar. I tillegg vil rettleiing som er basert på konkrete behov i kommunar, anten dei er definerte av oss eller i kommunen sjølv, gå inn som ein viktig rettleatingsform. I ein del samanhengar vel vi å be om utgreiingar frå kommunar etter rettleatingsøkter. Dette gir oss eit klarare bilet av om forståinga av regelverket er betra. Vi får og ein peikepinn om behov for ny oppfølging.

Tilsyn blir vurdert som verkemiddel i to ulike prosessar. Ved inngangen til eit nytt kalenderår skal vi sette opp og presentere ein plan for tilsyn. Grunnlaget er dei kjeldene som er nemnde over. Målsettinga om å kontrollere på tema og område der det er sannsynleg at vi finn brot på regelverket, tilseirer at denne vurderinga, både av tema og objekt må vere grundig og konkret.

I tillegg vil tilsyn som verkemiddel bli vurdert løpende gjennom året når vi finn regelverksområde eller konkrete kommunar eller saker der vi ikkje meiner rettleiing er tilstrekkeleg. Desse vurderingane endar vanlegvis ikkje med at det blir opna tilsyn med ein gong. Hovudregelen er at dette er tilsyn som blir tatt opp til ny vurdering ved neste revisjon av tilsynsplanen (juni) eller for komande år. Like fullt hender det at vi opnar tilsyn i tillegg til dei som er planlagde og varsle for året, men som sagt i eit avgrensa omfang.

Bruk av tilsyn som virkemiddel skal øke (fra kapittel 3.3.3.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Økt bruk av tilsyn som virkemiddel der risikovurderingene tilsier det

I 2020 har vi gjennomført 31 tilsyn på skule- og barnehageområdet.

Som det går fram av rapporteringa over og av tilsynsarbeidet i 2020, valde vi tilsynstema på regelverksområde der vi veit det er variabel forståing og praksis i sektoren. Dette gjeld både rettar i opplæringslova og i barnehagelova. Skolemiljø og "særskiltområdet" må nemnast spesielt.

For at tilsynsarbeidet skal ha ein proaktiv funksjon ut over det konkrete tilsynsobjektet er det viktig at eigar eller myndigheit følgjer opp og nyttar resultata i kvalitetssikring og kompetanseheving generelt.

I kva grad det skjer har vi ikkje systematisk og inngående kunnskap om, men vi meiner det er grunnlag for å seie at kommunane hovudsakleg planlegg for internt oppfølgingsarbeid etter tilsyn. Vi tilbyr ytterlegare rettleiling om det aktuelle regelverket etter tilsyn. Vår erfaring er at tilsynet er godt eigna til å rette merksemd mot sentrale rettar som skal sikrast i barnehage og skule, og at tilsynet saman med det samla oppfølgingsarbeidet år ein førebyggjande funksjon.

Tilsyn skal avdekke brudd med store konsekvenser (fra kapittel 3.3.3.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Tilsyn er prioritert på områder hvor det er høy sannsynlighet for brudd på regelverket og hvor det er store konsekvenser for barn, unge og voksne og læringer

Vi prioriterte tilsyn på område der det er generell uro for rettstilstanden til enkeltbarn og unge/vaksne: skolemiljø, spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp, 19g og voksenopplæring. Vurderingane her byggjer på generell kjennskap til regelforståing og -etterleving, konkrete meldingar og saker, og brukarundersøkingar mm.

Funna etter tilsyna og talet på korrekjonspunkt generelt tyder på at dette var aktuelle tema for tilsyn og at vi hadde gjort ei fornuftig risikovurdering.

Rapportering av tilsyn - barnehage og opplæringsområdet

Område	Kommune	Navn på barnehage (kun særlige tilfeller)/skole	Nasjonalt initiert tema eller egeninitiert	Tema nasjonalt initiert tilsyn	Tema egeninitierte tilsyn	Stedlig/skriftlig	Antall kontrollspørsmål per tilsyn	Status tilsyn per 31.12.	Antall korrekjonspunkter i foreløpig rapport pr tilsyn (= brudd på regelverket per tilsyn)	Dato foreløp tilsyn:
Opplæring	Kinn kommune	Eikefjord barne- og ungdomsskule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Skriftlig	10	Vedtak om pålegg	6	16.4.2
Opplæring	Bergen kommune	Kaland skule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Skriftlig	10	Vedtak om pålegg	4	11.5.2
Opplæring	Ullensvang	Odda Barneskole	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Skriftlig	10	Endelig rapport	9	8.4.20
Opplæring	Gulen kommune	Eivindvik skule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Skriftlig	10	Vedtak om pålegg	6	1.4.20
Opplæring	Hyllestad kommune	Hyllestad skule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Skriftlig	10	Vedtak om pålegg	7	7.4.20
Opplæring	Alver	Ostereidet skule	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	14	Vedtak om pålegg	9	28.2.2
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge skule	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	14	Vedtak om pålegg	12	18.2.2
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Skriftlig	14	Vedtak om pålegg	9	18.2.2
Barnehage	Stryn		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Spesialpedagogisk hjelp	Skriftlig	10	Vedtak om pålegg	6	28.2.2
Barnehage	Ullensvang kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Spesialpedagogisk hjelp	Skriftlig	10	Vedtak om pålegg	4	27.2.2
Barnehage	Vaksdal		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Spesialpedagogisk hjelp	Skriftlig	10	Vedtak om pålegg	8	28.2.2
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Spesialpedagogisk hjelp	Skriftlig	10	Vedtak om pålegg	7	6.3.20
Barnehage	Sunnfjord		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19g	Stedlig	6	Vedtak om pålegg	4	28.2.2
Barnehage	Luster kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G	Skriftlig	6	Vedtak om pålegg	3	28.2.2
Barnehage	Hyllestad kommune		Egeninitiert	Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G	Skriftlig	3	Vedtak om pålegg	1	28.2.2
Opplæring	Bømlo	Bømlo voksenopplæring	Nasjonalt initiert	Grunnskole voksne		Skriftlig	32	Vedtak om pålegg	14	15.6.2

Opplæring	Askøy kommune	Askøy voksenopplæringssenter	Nasjonalt initiert	Grunnskole voksne		Skriftlig		35	Vedtak om pålegg	12	10.6.2
Opplæring	Stord kommune	Stord voksenopplæring	Nasjonalt initiert	Grunnskole voksne		Skriftlig		28	Vedtak om pålegg	11	13.5.2
Opplæring	Lærdal kommune	Lærdalsøyri skule	Nasjonalt initiert	Elevenes utbytte		Skriftlig		6	Vedtak om pålegg	5	28.5.2
Barnehage	Lærdal kommune	Lærdalsøyri barnehage	Egeninitiert	Egeninitieret tilsyn	Spesialpedagogisk hjelp	Stedlig		18	Foreløpig rapport	13	14.12.
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Stedlig		13	Vedtak om pålegg	9	25.9.2
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Stedlig		21	Vedtak om pålegg	15	02.12.
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Nasjonalt initiert	Skolemiljø		Stedlig		21	Vedtak om pålegg	17	04.11.
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Stedlig		16	Vedtak om pålegg	10	23.11.
Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert	Egeninitieret tilsyn	Barnehagelova 19G	Stedlig		9	Foreløpig rapport	8	04.12.
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert	Egeninitieret tilsyn	Barnehagelova 19G	Stedlig		10	Foreløpig rapport	8	18.12.
Opplæring	Bergen kommune	Ytre Arna skule	Nasjonalt initiert	Elevenes utbytte		Stedlig		6	Endelig rapport	0	14.12.
Opplæring	Osterøy kommune	Lonevåg skule	Nasjonalt initiert	Elevenes utbytte		Stedlig		6	Foreløpig rapport	4	04.12.
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Nasjonalt initiert	Spesialundervisning		Stedlig		16	Vedtak om pålegg	11	12.11.
Barnehage	Ardal kommune		Nasjonalt initiert	Veileddning og tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16	Stedlig		10	Foreløpig rapport	10	10.12.
Barnehage	Ardal kommune	Uravegen barnehage	Egeninitiert	Egeninitieret tilsyn	Tilsyn med barnehageeier i særlige tilfeller	Stedlig		7	Foreløpig rapport	2	10.12.

Rapportering av funn fra tilsyn - barnehage og opplæringsområdet

Område	Kommune	Navn på barnehage/skole	Tema/deltema nasjonalt initierete tilsyn	Tema/deltema egeninitierete tilsyn	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på (nasjonalt initierete tilsyn)	Kontrollspørsmål som er avdekket brudd på (egeninitierete tilsyn)	Kommentarer
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda Barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når rektor mottar varsel fra en som jobber ved skolen, eller en elev sier fra om at skolemiljøet ikke er trygt og godt?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda Barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken snarest?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda Barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at eleven får uttale seg om hva som skal være innholdet i aktivitetplanen?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda Barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda Barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda Barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetplanen?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda Barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sikrer rektor at skolen innhenter tilstrekkelig informasjon om hvordan tiltakene har virket, inkludert elevens syn på hvordan tiltakene har virket, og hvilke endringer eleven ønsker?		

Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sørger rektor for at skolen tilpasser tiltakene basert på informasjonen om hvordan tiltakene har virket og elevens syn?		
Opplæring	Ullensvang kommune	Odda barneskole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Informerer skolen elever og foreldre som mener at skolen ikke oppfyller aktivitetsplikten, om at de kan melde saken sin til fylkesmannen?		
Opplæring	Gulen kommune	Eivindvik	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når rektor mottar varsel fra en som jobber ved skolen, eller en elev sier fra om at skolemiljøet ikke er trygt og godt?		
Opplæring	Gulen kommune	Eivindvik	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at eleven får uttale seg om hva som skal være innholdet i aktivitetplanen?		
Opplæring	Gulen kommune	Eivindvik	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Gulen kommune	Eivindvik	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Gulen kommune	Eivindvik	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sikrer rektor at skolen innhenter tilstrekkelig informasjon om hvordan tiltakene har virket, inkludert elevens syn på hvordan tiltakene har virket, og hvilke endringer eleven ønsker?		
Opplæring	Gulen kommune	Eivindvik	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sørger rektor for at skolen tilpasser tiltakene basert på informasjonen om hvordan tiltakene har virket og elevens syn?		
Opplæring	Hyllestad kommune	Hyllestad skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når rektor mottar varsel fra en som jobber ved skolen, eller en elev sier fra om at skolemiljøet ikke er trygt og godt?		
Opplæring	Hyllestad kommune	Hyllestad skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken snarest?		
Opplæring	Hyllestad kommune	Hyllestad skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Hyllestad kommune	Hyllestad skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Hyllestad kommune	Hyllestad skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetplanen?		
Opplæring	Hyllestad kommune	Hyllestad skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sikrer rektor at skolen innhenter tilstrekkelig informasjon om hvordan tiltakene har virket, inkludert elevens syn på hvordan tiltakene har virket, og hvilke endringer eleven ønsker?		
Opplæring	Hyllestad kommune	Hyllestad skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sørger rektor for at skolen tilpasser tiltakene basert på informasjonen om hvordan tiltakene har virket og elevens syn?		

Opplæring	Kinn kommune	Eikefjord barne- og ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når rektor mottar varsel fra en som jobber ved skolen, eller en elev sier fra om at skolemiljøet ikke er trygt og godt?		
Opplæring	Kinn kommune	Eikefjord barne- og ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at eleven får uttale seg om hva som skal være innholdet i aktivitetsplanen?		
Opplæring	Kinn kommune	Eikefjord barne- og ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Kinn kommune	Eikefjord barne- og ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Kinn kommune	Eikefjord barne- og ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?		
Opplæring	Kinn kommune	Eikefjord barne- og ungdomsskule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sørger rektor for at skolen tilpasser tiltakene basert på informasjonen om hvordan tiltakene har virket og elevens syn?		
Opplæring	Bergen kommune	Kaland skole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når rektor mottar varsel fra en som jobber ved skolen, eller en elev sier fra om at skolemiljøet ikke er trygt og godt?		
Opplæring	Bergen kommune	Kaland skole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Bergen kommune	Kaland skole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Bergen kommune	Kaland skole	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Informerer skolen elever og foreldre som mener at skolen ikke oppfyller aktivitetsplikten, om at de kan melde saken sin til fylkesmannen?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Innhenter skolen samtykke fra elever over 15 år og foreldre til elever under 15 år, før skolen fattet vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Gir skolen eleven og foreldrene mulighet til å uttale seg om innholdet i den sakkynlige vurderingen, før skolen fattet enkeltvedtak?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Sørger skolen for at saken er tilstrekkelig opplyst før den fattet vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Fatter skolen enkeltvedtak i alle saker der PPT har gjennomført en sakkynlig vurdering?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om antall timer spesialundervisning i fagene, og samlet timetal for elevene?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om hvilket innhold spesialundervisningen skal ha?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om hvordan skolen skal organisere spesialundervisningen?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om hvilken kompetanse de som skal gjennomføre spesialundervisningen skal ha?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Begrunner skolen vedtak som ikke samsvarer med den sakkynlige vurderingen, ved å vise hvorfor eleven likevel kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene, eller oversendelsen av enkeltvedtakene, informasjon om klageadgang, klageffrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendes til skolen?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fattet vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Bremanger kommune	Hauge oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Fatter skolen vedtak om spesialundervisning så snart som mulig og med oppstartdato ut fra elevens behov?		
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Innhenter skolen samtykke fra elever over 15 år og foreldre til elever under 15 år, før skolen fattet vedtak om spesialundervisning?		

Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Gir skolen eleven og foreldrene mulighet til å uttale seg om innholdet i den sakkynlige vurderingen, før skolen fatter enkeltvedtak?		
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Sørger skolen for at saken er tilstrekkelig opplyst for den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om antall timer spesialundervisning i fagene, og samlet timetal for elevene?		
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om hvilket innhold spesialundervisningen skal ha?		
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om hvordan skolen skal organisere spesialundervisningen?		
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene, eller oversendelsen av enkeltvedtakene, informasjon om klageadgang, klagefrist, klageinstans og informasjon om at klagen skal sendes til skolen?		
Opplæring	Bremanger kommune	Svelgen oppvekst	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Fatter skolen vedtak om spesialundervisning så snart som mulig og med oppstartdato ut fra elevens behov?		
Barnehage	Stryn		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om kva hjelpa skal gå ut på		
Barnehage	Stryn		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om kva tidsomfang som utgjer den direkte hjelpa til barnet		
Barnehage	Stryn		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om korleis hjelpa skal organiseraast		
Barnehage	Stryn		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om kva kompetanse dei som gir hjelpa skal gi		
Barnehage	Stryn		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde informasjon om tilbod om foreldrerådgjeving		
Barnehage	Stryn		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp må ta stilling til kva som er til det beste for barnet.		
Barnehage	Ullensvang kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Kommunen sine vedtak om spesialpedagogisk hjelp må innehalde tilbod om foreldrerådgjeving.		
Barnehage	Ullensvang kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Grunnlegg kommunen særskilt vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga?		
Barnehage	Ullensvang kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Tek kommunen stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?		
Barnehage	Ullensvang kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Inneheld kommunen sine vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka?		
Barnehage	Vaksdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Inneheld kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på?		
Barnehage	Vaksdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Inneheld kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva tidsomfang som er den direkte hjelpa til barnet?		
Barnehage	Vaksdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Inneheld kommunen sine vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organiseraast?		

Barnehage	Vaksdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Inneheld kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha?	
Barnehage	Vaksdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Inneheld kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foreldrerådgjeving?	
Barnehage	Vaksdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Grunngjev kommunen vedtak som ikkje samsvarar med den sakkunnige vurderinga?	
Barnehage	Vaksdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Tek kommunen stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?	
Barnehage	Vaksdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Inneheld kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om klageinstans?	
Barnehage	Sunnfjord kommune		Egeninitiert tilsyn	Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (19G)		Har kommunen i vedtaket teke stilling til om barnet har nedsatt funksjonene og om dette medfører at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik line med andre barn?	
Barnehage	Sunnfjord kommune		Egeninitiert tilsyn	Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (19G)		Tar kommunen stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilboden på lik linje med andre barn?	
Barnehage	Sunnfjord kommune		Egeninitiert tilsyn	Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (19G)		Tar kommunen stilling til kva som er barnet sitt beste når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging?	
Barnehage	Luster kommune		Egeninitiert tilsyn			Inneheld enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå saka sine dokumenter?	
Barnehage	Luster kommune		Egeninitiert tilsyn	Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (19G)		Har kommunen i vedtaket teke stilling til om barnet har nedsatt funksjonene og om dette medfører at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik line med andre barn?	
Barnehage	Luster kommune		Egeninitiert tilsyn	Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (19G)		Tar kommunen stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilboden på lik linje med andre barn?	
Barnehage	Hyllestad kommune		Egeninitiert tilsyn	Individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (19G)		Tar kommunen stilling til kva som er barnet sitt beste når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging?	
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle som henvender seg, nødvendig veiledning om retten til grunnskoleopplæring og realkompetansevurdering?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne a. er over opplæringspliktig alder? b. ikke har rett til videregående opplæring etter opplæringsloven § 3-1? c. har lovlig opphold i Norge?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne med rett til grunnskoleopplæring nødvendig rådgivning for å se hvilket tilbud som passer for søkerens situasjon?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen vedtak om grunnskoleopplæring uten ugrunnet opphold etter at søknad er mottatt?		

Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha spesialundervisning? c. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? d. hva innholdet i opplæringen skal være? e. hvilken organisering opplæringen skal ha? f. hvilket omfang opplæringen skal ha? g. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? d. hva innholdet i opplæringen skal være? e. hvilken organisering opplæringen skal ha? f. hvilket omfang opplæringen skal ha? g. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? d. hva innholdet i opplæringen skal være? e. hvilken organisering opplæringen skal ha? f. hvilket omfang opplæringen skal ha? g. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? d. hva innholdet i opplæringen skal være? e. hvilken organisering opplæringen skal ha? f. hvilket omfang opplæringen skal ha? g. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? d. hva innholdet i opplæringen skal være? e. hvilken organisering opplæringen skal ha? f. hvilket omfang opplæringen skal ha? g. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? d. hva innholdet i opplæringen skal være? e. hvilken organisering opplæringen skal ha? f. hvilket omfang opplæringen skal ha? g. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Inneholder vedtaket et opplæringstilbud tilpasset den voksne behov slik at den voksne kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Gjennomfører kommunen realkompetansevurdering for søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, dersom søkeren ønsker det?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Inneholder disse enkeltvedtakene informasjon om retten til å se sakens dokumenter?		
Opplæring	Bømlo kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Setter kommunen i gang grunnskoleopplæringen innen rimelig tid etter vedtak om rett til grunnskoleopplæring?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle som henvender seg, nødvendig veiledning om retten til grunnskoleopplæring og realkompetansevurdering?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne a. er over opplæringspliktig alder? b. ikke har rett til videregående opplæring etter opplæringsloven § 3-1? c. har lovlig opphold i Norge?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen før vedtak om søkerne trenger grunnskoleopplæring ved å legge vekt på a. søkerens opplevde behov? b. en kartlegging av om tidligere opplæring var likeverdig og er tilfredsstillende ut fra dagens krav? c. sakkyndig vurdering av behov for spesialundervisning når dette foreligger?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt i hvilke fag eller ferdigheter de har behov for opplæring?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt om søkeren har behov for a. særskilt språkopplæring? b. spesialundervisning?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne med rett til grunnskoleopplæring nødvendig rådgivning for å se hvilket tilbud som passer for søkerens situasjon?		

Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha spesialundervisning? c. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? d. hva innholdet i opplæringen skal være? e. hvilken organisering opplæringen skal ha? f. hvilket omfang opplæringen skal ha? g. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen for alle søkerne som blir vurdert å ha rett, et skriftlig enkeltvedtak som inneholder: a. konklusjon om at søkeren har rett? b. om den voksne eventuelt skal ha spesialundervisning? c. om den voksne eventuelt skal ha særskilt språkopplæring? d. hva innholdet i opplæringen skal være? e. hvilken organisering opplæringen skal ha? f. hvilket omfang opplæringen skal ha? g. eventuelt hvilken kompetanse undervisningspersonalet skal ha ved spesialundervisning?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Begrunner kommunen vedtak som avviker fra sakkyndig vurdering, med å vise hvorfor den voksne likevel kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Inneholder vedtaket et opplæringstilbuds tilpasset den voksnes behov slik at den voksne kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får voksne som har fått godkjent realkompetanse, et kompetansebevis?		
Opplæring	Askøy kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle som henvender seg, nødvendig veiledning om retten til grunnskoleopplæring og realkompetansevurdering?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen for vedtak om søkerne a. er over opplæringspliktig alder? b. ikke har rett til videregående opplæring etter opplæringsloven § 3-1? c. har lovlig opphold i Norge?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Kontrollerer kommunen for vedtak om søkerne trenger grunnskoleopplæring ved å legge vekt på a. søkerens oppleverte behov? b. en kartlegging av om tidligere opplæring var likeverdig og er tilfredsstillende ut fra dagens krav? c. sakkyndig vurdering av behov for spesialundervisning når dette foreligger?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt i hvilke fag eller ferdigheter de har behov for opplæring?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne som har rett til grunnskoleopplæring, kartlagt om søkeren har behov for a. særskilt språkopplæring? b. spesialundervisning?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Ved behov for spesialundervisning, utarbeider PPT en sakkyndig vurdering av hvilket opplæringstilbud som bør gis?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får alle søkerne med rett til grunnskoleopplæring nødvendig rådgivning for å se hvilket tilbuds som passer for søkerens situasjon?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Fatter kommunen et skriftlig enkeltvedtak som konkluderer med at søkeren ikke har rett for alle som ikke oppfyller vilkårene?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Inneholder vedtaket et opplæringstilbuds tilpasset den voksnes behov slik at den voksne kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Får voksne som har fått godkjent realkompetanse, et kompetansebevis?		
Opplæring	Stord kommune		Grunnskole voksne - Veilede og behandle søknader		Går det fram av disse enkeltvedtakene hvilke faktiske forhold det har blitt lagt vekt på?		
Opplæring	Lærdal kommune	Lærdalsøyri skule	Elevenes utbytte - Skolens arbeid med opplæring i fag		Sikrer rektor at opplæringen samlet dekker alle kompetansemålene på hovedtrinnet / i faget og individuelle opplæringsmål i IOP?		
Opplæring	Lærdal kommune	Lærdalsøyri skule	Elevenes utbytte - Skolens arbeid med opplæring i fag		Sikrer rektor at undervisningspersonalet ivaretar elevens rett til å kjenne til mål for opplæringen og hva som blir vektlagt i vurdering av elevenes kompetanse?		
Opplæring	Lærdal kommune	Lærdalsøyri skule	Elevenes utbytte - Underveisvurdering for å øke elevenes læringsutbytte		Veileder larerme elevene om hva de må gjøre for å øke sin kompetanse i det enkelte faget?		
Opplæring	Lærdal kommune	Lærdalsøyri skule	Elevenes utbytte - Underveisvurdering for å øke elevenes læringsutbytte		Sørger lærerme for å involvere elevene i vurderingen av eget læringsarbeid?		
Opplæring	Lærdal kommune	Lærdalsøyri skule	Elevenes utbytte - Underveisvurdering for å øke elevenes læringsutbytte		Får elevene fra og med 8. årstrinn halvårsvurderingen uten karakter midt i opplæringsperioden i alle fag, og på slutten av opplæringsåret i fag som ikke er avsluttet?		
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp	Tilviser kommunen barnet til PPT så snart foreldra har bedt om ei sakkunnig vurdering?		

Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Får foreldra moglegheit til å uttale seg om innhalde i sakunnig vurdering før kommunen gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Innhentar kommunen samtykke fra foreldra før kommunen gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak spesialpedagogisk hjelp		Syter kommunen for at saka er tilstrekkeleg opplyst før det vert gjort vedtak om spesialpedagogisk hjelp?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kor lenge hjelpa skal vare?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak spesialpedagogisk hjelp		Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organisera?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Inneheld vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foreldreretteligg?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Gjer kommunen vedtak om spesialpedagogisk hjelp så snart som mogeleg når PPT har utarbeida sakunnig vurdering, og med oppstartsdato utifrå barnets behov?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Er det innhenta samtykke fra foreldra før PPT utarbeider sakunnig vurdering?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Tek kommunen stilling til barnest beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?	
Barnehage	Lærdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak om spesialpedagogisk hjelp		Innhold enkeltvedtaket informasjon om retten til å sjå dokumenta i sak?	
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Sikrer rektor at elevene får ta del i planleggingen og gjennomføringen av arbeidet for et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Jobber rektor for at skolen skal praktisere holdninger og verdier som bidrar til et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Jobber rektor for at lærerne skal fremme en positiv samhandling i klassemiljøet?		
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Evaluerer skolen det forebyggende arbeidet med skolemiljøet basert på blant annet synspunkter fra elevene, foreldrene og ansatte?		
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Gir skolen elevene og foreldrene informasjon om retten til et trygt og godt skolemiljø, om skolens aktivitetsplikt og om retten til å melde en sak til fylkesmannen?		
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Sikrer rektor at skolen informerer aktuelle råd og utvalg om deres rett til innsyn i dokumentasjon som gjelder det systematiske arbeidet for et trygt og godt skolemiljø, og at de har rett til å uttale seg i alle saker som er viktige for skolemiljøet?		
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Sikrer rektor at skolen informerer aktuelle råd og utvalg om alt som er viktig for skolemiljøet?		
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Sikrer rektor at skolen tar elevrådet og foreldrerådet med i arbeidet med skolemiljøtiltak, og at det skjer så tidlig som mulig?		
Opplæring	Bømlo kommune	Bremnes ungdomsskule	Skolemiljø - Forebyggende arbeid		Evaluerer skolen arbeidet med å informere og involvere aktuelle råd og utvalg basert på blant annet synspunkter fra elevene, foreldrene og ansatte?		

Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, følger med på om elevene har et trygt og godt skolemiljø, og at de følger spesielt godt med på elever som kan være særskilt sårbare?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sørger rektor for at alle som jobber på skolen, griper inn mot krenkelser som for eksempel utesenging, isolering, baksnakkning, mobbing, vold, diskriminering og trakassering, dersom det er mulig?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor så raskt som saken tilsier?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når rektor mottar varsle fra en som jobber ved skolen, eller en elev sier fra om at skolemiljøet ikke er trygt og godt?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at eleven får uttale seg om hva som skal være innholdet i aktivitetspanen?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever, eller at de varsler direkte til skoleeieren dersom mistanken gjelder en i skoleledelsen?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen varsler rektor eller eventuelt skoleeieren straks?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at skolen undersøker saken ved mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at skolen undersøker saken straks?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetspanen?		
Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sikrer rektor at skolen innhenter tilstrekkelig informasjon om hvordan tiltakene har virket, inkludert elevens syn på hvordan tiltakene har virket, og hvilke endringer eleven ønsker?		

Opplæring	Øygarden kommune	Skogsvåg skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sørger rektor for at skolen tilpasser tiltakene basert på informasjonen om hvordan tiltakene har virket og elevens syn?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, følger med på om elevene har et trygt og godt skolemiljø, og at de følger spesielt godt med på elever som kan være særskilt sårbare?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sørger rektor for at alle som jobber på skolen, griper inn mot krenkelser som for eksempel utesenging, isolering, baksnakkning, mobbing, vold, diskriminering og trakassering, dersom det er mulig?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikke har et trygt og godt skolemiljø?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor så raskt som saken tilsier?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken når rektor mottar varsle fra en som jobber ved skolen, eller en elev sier fra om at skolemiljøet ikke er trygt og godt?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen undersøker saken snarest?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at eleven får uttale seg om hva som skal være innholdet i aktivitetplanen?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å følge med og gripe inn, varsle og sette inn tiltak		Sikrer rektor at skolen setter inn egnede tiltak dersom en elevs rett til et trygt og godt skolemiljø ikke er oppfylt?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen, varsler rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever, eller at de varsler direkte til skoleieeren dersom mistanken gjelder en i skoleledelsen?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at alle som jobber på skolen varsler rektor eller eventuelt skoleieeren straks?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at skolen undersøker saken ved mistanke om eller kjennskap til at en som jobber på skolen, har krenket en eller flere elever?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom en som jobber på skolen krenker en eller flere elever		Sikrer rektor at skolen undersøker saken straks?		

Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Lager skolen en skriftlig plan i tråd med kravene i § 9 A-4 sjette ledd når skolen skal sette inn tiltak i en sak?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Følger rektor opp at skolen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sikrer rektor at skolen innhenter tilstrekkelig informasjon om hvordan tiltakene har virket, inkludert elevens syn på hvordan tiltakene har virket, og hvilke endringer eleven ønsker?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Sørger rektor for at skolen tilpasser tiltakene basert på informasjonen om hvordan tiltakene har virket og elevens syn?		
Opplæring	Bømlo kommune	Hillestveit skule	Skolemiljø (aktivitetsplikten) - Plikten til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak		Informerer skolen elever og foreldre som mener at skolen ikke oppfyller aktivitetsplikten, om at de kan melde saken sin til fylkesmannen?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Går det frem av IOP-ene hvordan skolen skal organisere opplæringen, og hvor mye tid elevene skal ha i klassen, grupper, som eneundervisning eller på en alternativ arena?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Går det frem av IOP-ene hvilket innhold spesialundervisningen skal ha?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Har IOP-ene klart definerte mål for opplæringen når elevenes opplæring skal avvike fra kompetanse målene i de ordinære læreplanene?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Er IOP-ene i samsvar med enkeltvedtakene?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Gir skolen spesialundervisningen i samsvar med IOP-ene?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Får elever med spesialundervisning samme årstimetall som andre elever i alle fag, med mindre vedtakene sier noe annet?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Bir spesialundervisningen gjennomført slik at barnets beste er ivaretatt?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Sikrer rektor at innholdet i og gjennomføringen av elevenes spesialundervisning er samordnet med den ordinære opplæringens planer?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Sikrer rektor at spesialundervisningen og den ordinære opplæringen samlet dekker målene som følger av IOP-ene?		
Opplæring	Askøy kommune	Ravnanger ungdomsskole	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Sender skolen etter hvert opplæringsår rapportene om gjennomført spesialundervisning til foreldrene til elevene, til elever over 15 år og til kommunen?		
Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Gjer kommunen vedtak om individuell tilrettelegging i barnehagen?	
Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Har kommunen i vedtaket teke stilling til om barnet har nedsett funksjonsegne og om dette fører til at barnet ikke kan delta på lik linje med andre barn?	

Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Tek kommunen stilling tilrettelegging som er eigna for at barnet skal nyttiggjere seg av barnehagetilbodet på lik linje med andre barn?	
Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Tek kommunen stilling til kva som er barnet sitt beste når dei gjer vedtak om individuell tilrettelegging?	
Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Gjer kommunen vedtak utan ugrunna opphold når dei får opplysningar om at eit barn kan ha nedsett funksjonsevne?	
Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Set kommunen i verk vedtaket frå vedtaksdato eller frå den datoer vedtaket bestemmer?	
Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Gjennomfører kommunen individuell tilrettelegging i tråd med vedtaket?	
Barnehage	Modalen kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Tek kommune stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne?	
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		a) Fangar kommunen opp barn med nedsett funksjonsevne som kan ha rett til individuell tilrettelegging?	
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		b) Undersøker kommunen om barn med nedsett funksjonsevne har rett til individuell tilrettelegging?	
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Opplyser kommunen saka tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til om eit barn har nedsett funksjonsevne?	
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Opplyser kommunen saka tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til om barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn?	
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Har kommunen i vedtaket tatt stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne?	
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Har kommunen i vedtaket tatt stilling til om den nedsette funksjonsevna gjer at barnet ikkje kan delta i barnehagen på lik linje med andre barn?	
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Tar kommunen stilling til kva tilrettelegging som er eigna for at barnet skal kunne nyttiggjere seg barnehagetilbodet på lik linje med andre barn?	
Barnehage	Vik kommune		Egeninitiert tilsyn	Barnehagelova 19G		Tar kommunen stilling til kva som er barnet sitt beste når den gjer vedtak om individuell tilrettelegging?	
Opplæring	Osterøy kommune	Lonevåg skule	Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning			Syter rektor for at lærarane høyrer eleven og vektlegg elevens synspunkt ut frå elevens beste?	
Opplæring	Osterøy kommune	Lonevåg skule	Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning			Syter rektor for at lærarane gjennomfører tiltak som er tilpassa elevens ever og føresetnader?	
Opplæring	Osterøy kommune	Lonevåg skule	Elevenes utbytte - Underveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning			Sikrar rektor at elevar på 1. til 4. trinn som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skrivning eller reknin, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa prosgresjon vert nådd?	

Opplæring	Osterøy kommune	Lonevåg skule	Elevenes utbytte - Undeveisvurdering som grunnlag for tilpasset opplæring og spesialundervisning			Følger rektor opp at elevene på 1. til 4. trinn får den intensive opplæringa som einedundervisning i ein kort periode berre dersom det er til elevens beste?	
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Utarbeider skolen IOP for elevene snarest mulig etter at det er fattet vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Går det frem av IOP-ene hvordan skolen skal organisere opplæringen, og hvor mye tid elevene skal ha i klassen, grupper, som einedundervisning eller på en alternativ arena?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Går det frem av IOP-ene hvilket innhold spesialundervisningen skal ha?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Har IOP-ene klart definerte mål for opplæringen når elevenes opplæring skal avvike fra kompetansemålene i de ordinære læreplanene?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Får elevene det timetallet med spesialundervisning som fremgår av vedtakene?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Får elever med spesialundervisning samme årstimetall som andre elever i alle fag, med mindre vedtakene sier noe annet?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Bir spesialundervisningen gjennomført slik at barnets beste er ivaretatt?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Sikrer rektor at innholdet i og gjennomføringen av elevenes spesialundervisning er samordnet med den ordinære opplæringens planer?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Sikrer rektor at spesialundervisningen og den ordinære opplæringen samlet dekker målene som følger av IOP-ene?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Sender skolen etter hvert opplæringsårs rapportene om gjennomført spesialundervisning til foreldrene til elevene, til elever over 15 år og til kommunen?		
Opplæring	Sunnfjord kommune	Halbrend skule	Spesialundervisning - Planlegge, gjennomføre og følge opp		Fatter skolen vedtak om spesialundervisning så snart som mulig og med oppstartdato ut fra elevens behov?		
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Har barnehagemyndigheten oversikt over barnehageeigars plikter etter barnehagelova?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Har barnehagemyndigheten tilstrekkeleg kunnskap om korleis alle barnehageeiigarane oppfyller sine plikter etter barnehagelova?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Brukar barnehagemyndigheten denne kunnskapen til å gjere risikovurderinger for å vurdere behov for rettleiing og tilsyn?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Er barnehagemyndigheten sine risikovurderinger basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Gjennomfører barnehagemyndigheten rettleiing og tilsyn i tråd med sine risikovurderinger?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Er barnehagemyndigheten si rettleiing basert på oppdatert og gjeldande forståing av barnehagelova?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Bruker barnehagemyndigheten tilsyn som verkemiddel der dette er nødvendig for å sjå til regelverksrettleiving etter barnehagelova hos barnehageeiigar?	

Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Innhentar barnehagemyndigheita informasjon i tilsyn som gjer at ho kan ta stilling til om barnehageeigar oppfyller barnehagelova?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Vurderer og konkluderer barnehagemyndigheita på om barnehageeigar oppfyller lovkrava i barnehagelova?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Tilsyn etter barnehagelova §§ 8 og 16		Formidlar barnehagemyndigheita sine vurderinger og konklusjonar skriftleg til barnehageeigar?	
Barnehage	Årdal kommune	Uravegen barnehage	Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med barnehageeier i særlige tilfeller, barnehagelova §22 og §20		Har barnehagen kunnskap om vilkåra for å ha meldepunkt til barnevernet etter barnehagelova?	Første gong vi har denne type tilsyn
Barnehage	Årdal kommune	Uravegen barnehage	Egeninitiert tilsyn	Tilsyn med barnehageeier i særlige tilfeller, barnehagelova §22 og §20		Vurderer barnehagen om følgande vilkår for å melde til barnevernet er oppfylte (mishandling eller utsatt for alvorlige mangler ved dageleg omsorg eller annan alvorlig omsorgssvikt)?	Første gong vi har denne type tilsyn
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak - spesialpedagogisk hjelp		Inneholder vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva hjelpa skal gå ut på?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak - spesialpedagogisk hjelp		Inneholder kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om korleis hjelpa skal organisera?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak - spesialpedagogisk hjelp		Inneholder kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om kva kompetanse dei som gjev hjelpa skal ha?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak - spesialpedagogisk hjelp		Inneholder kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp tilbod om foreldrerådgjeving	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak - spesialpedagogisk hjelp		Grunngjør kommunen vedtaka i samsvarar med den sakkyndige vurderinga?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak - spesialpedagogisk hjelp		Tek kommunen stilling til kva som er barnets beste når den gjer vedtak om spesialpedagogisk hjelp?	
Barnehage	Årdal kommune		Egeninitiert tilsyn	Vedtak - spesialpedagogisk hjelp		Inneholder kommunens vedtak om spesialpedagogisk hjelp informasjon om retten til å sjå dokumenta i saka?	
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Innhenter skolen samtykke fra elever over 15 år og foreldre til elever under 15 år, før skolen fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Gir skolen eleven og foreldrene mulighet til å uttale seg om innholdet i den sakkyndige vurderingen, før skolen fatter enkeltvedtak?		
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Sørgjer skolen for at saken er tilstrekkelig opplyst før den fatter vedtak om spesialundervisning?		
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Fatter skolen enkeltvedtak i alle saker der PPT har gjennomført en sakkyndig vurdering?		
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om vedtakets varighet?		
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om antall timer spesialundervisning i fagene, og samlet timetall for elevene?		
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Inneholder enkeltvedtakene opplysninger om hvordan skolen skal organisere spesialundervisningen?		
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Begrunner skolen vedtak som ikke samsvarer med den sakkyndige vurderingen, ved å vise hvorfor eleven likevel kan få et forsvarlig utbytte av opplæringen?		
Opplæring	Alver kommune	Ostereide ungdomsskule	Spesialundervisning - Fatte vedtak		Tar skolen stilling til hva som er barnets beste når den fatter vedtak om spesialundervisning?		

Kompetanse på trygt og godt skolemiljø (fra kapittel 3.3.3.1.3.1 i TB)

Rapportere på

Alle skoleeiere og skoleledere har kompetanse på hva som gir et trygt og godt skolemiljø

Vi besøkte tre kompetanseregionar i 2020. Dette var ei vidareføring av samlingane vi starta opp i 2019, der vi presenterte våre erfaringar frå handhevingsordninga. Dette betyr at representantar frå alle skular og skoleeigarar i fylket har fått rettleiing om regelverket som gjeld skolemiljø, og at rettleiinga er knytt til dei konkrete erfaringane vi har gjort oss gjennom vår sakhandsaming.

I tillegg har vi i fleire år hatt nettoppslag om dei ulike delpliktene og kva dei har å seie for skulane sitt arbeid på området. Gjennom dei sakene som kjem til oss, har vi inntrykk av at regelverket samla sett blir betre forstått i kommunane og ute på skulane no. Samstundes har vi i 2020 hatt enkelsaker som har uroa oss med tanke på regelverkforståinga på skulen eller hos skoleeigaren. I desse tilfellene har vi kome med tilbod om møte der vi kan gjøre greie for regelverket og drøfte praksis i kommunen og på skulen. Alle møta vi har tatt initiativ til, er gjennomførde. Kjennskapen vi har til sektoren på dette området er sentral når vi set opp tilsynsplan.

Kompetanse på aktivitetsplikten (fra kapittel 3.3.3.1.3.2 i TB)**Rapportere på**

Alle skoler har fått økt kompetanse om aktivitetsplikten

Vi har formidla erfaringar frå eigne saker i tillegg til presiseringar og avklaringar frå Udir i dei møta vi gjennomfører med skular og skoleeigarar. Dersom vi får klare prinsipielle avklaringar i saker der Udir har vore klageinstans, blir dette formidla på nettsidene våre eller i samlingar med skoleeigarar. Avklaringane blir også drøfta i embetet si 9A-gruppe, slik at vidare praksis er i tråd med avklaringane.

I 2020 har vi i større grad enn tidlegare brukt rettleiing til enkelte kommunar som verkemiddel i 9A-saker. Rettleiinga skjer hovudsakleg i møte med kommunane.

Kommunane vi kallar inn til møte, har vist manglande forståing av regelverket, og/eller at tilbakemeldinga frå skulane ikkje svarer på vårt vedtak.

Vi meiner utbyttet av rettleiinga blir større når ho er knytt til konkrete saker som skulane og kommunane har hatt eller arbeider med. Vi meiner å sjå at sakhandsaminga i skulane og kommunane blir betre i dei tilfellene der vi får nye saker på eit seinare tidspunkt.

Vi vil prioritere denne formen for rettleiing framover, i tillegg til felles samlingar. Terskelen for å gjennomføre slike møte er mykje lågare no når digitale møte er blitt normalen.

Fem virkedager til tilbakemelding og vurdering (fra kapittel 3.3.3.1.4.1 i TB)**Rapportere på**

Innen fem virkedager skal fylkesmannen ta kontakt med eleven/foreldre som har meldt inn saken og gi dem en plan for videre saksbehandling. Innen samme frist skal fylkesmannen ha avgjort om saken skal avvisast.

Vi har også i 2020 nådd målet om innan fem verkedagar å ta kontakt med meldaren eller avgjort om saka skal avvisast.

Rask ferdigbehandling (fra kapittel 3.3.3.1.4.2 i TB)**Rapportere på**

Alle saker er ferdigbehandlet så raskt som mulig

I 2020 hadde vi varierande sakhandsamingstid på 9A-saker.

Fleire saker hadde lengre sakhandsamingstid av grunnar som ikkje skuldast kapasiteten hos oss. Den mest vanlege grunnen til foreinkinga har vore at vi ventar på føresette som varslar at dei vil kome med kommentarar til skulen sin dokumentasjon.

Våren 2020 hadde vi færre saker enn tidlegare år, truleg grunna koronapandemien. Vi hadde difor god kapasitet og brukte kort tid frå dokumentasjonen var innhenta til vi gjorde vedtak. Hausten 2020 fekk vi mange saker, og sakhandsamingstida gjekk litt opp.

Vi vurderer likevel at alle 9A-sakene var godt innanfor forsvarleg sakhandsamingstid.

Høy kvalitet i vedtakene (fra kapittel 3.3.3.1.5.1 i TB)**Rapportere på**

Alle vedtak etter § 9 A-6 har høy kvalitet i saksbehandlingen

I 2020 hadde dei som arbeider med handhevingsordninga, møte ein gang i veka. Her diskuterer vi konkrete saker og vår praksis på området. I desse møta går vi jamleg igjennom dei malane vi nyttar som handhevingsmyndighet, for å sjå på om dei har eit godt språk, om dei rettar seg mot målgruppa og om formuleringane er klare og eintydige. Endringar og avklaringar i regelverket blir drøfta, for å sikre at alle som arbeider med desse sakene har same forståing. Udir sine avgjerder i alle påkalla 9A-vedtak frå Vestland blir òg diskuterte i desse møta.

Vi har ein saksansvarleg og ein medlesar i alle 9A-saker. Medlesaren kjem inn med eit nytt blikk på teksten, og kommenterer mellom anna om vedtaket har den kvaliteten vi ønskjer på innhald og språk.

Dei som arbeider med handhevingsordninga, hadde i 2020 møte med Forandringsfabrikken og mobbeomboda i fylket. Desse møta var nyttige for å reflektere over eigen praksis og korleis vi løysar oppgåva som handhevingsmyndighet.

Vedtak i klarspråk og tilpasset mottakeren (fra kapittel 3.3.3.1.6.1 i TB)

Rapportere på

Alle vedtak er skrevet i et klart språk og er tilpasset mottakeren

Vi har laga felles malar for reglane i barnehagelova og opplæringslova der vi gjer vedtak. Vi går igjennom desse malane med jamne mellomrom og justerer for å sikre klarspråk. Dette er eit jamt og kontinuerleg arbeid, og vi har fleire gonger hatt samlingar med eksterne som hjelper oss å skrive betre vedtak.

Vi har ei rettstryggleiksgruppe som sikrar at malane til kvar tid er oppdaterte på lover og regelverk.

Vår konklusjon er at vedtaka blir stadig meir brukretta og såleis kommuniserer betre med mottakaren. Vi får sjeldan meldingar der vi blir bedne om å klargjere kva vedtaka våre byggjer på og kvifor vi konkluderer som vi gjer. Vi har òg vore nøye med at nye medarbeidarar med bakgrunn frå skuleverket alltid les vedtaka, både for å gje tilbakemeldingar på forma, men òg for å lære. Alt i alt meiner vi at vedtaka har eit godt og tilgjengeleg språk.

Vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil eller saksbehandlingsfeil (fra kapittel 3.3.3.1.7.1 i TB)

Rapportere på

Antall vedtak fra skoleeier med rettsanvendelsesfeil og/eller saksbehandlingsfeil er redusert

Vi rettleier om regelverket på nettsidene våre. Dersom vi i klagesakshandsaminga ser at det er rettsbruksfeil eller sakshandsamingsfeil som går att i mange saker, har vi laga nettoppslag om dette, og hatt det som tema på samlingar med kommunane.

I 2020 har vi i større grad enn tidlegare brukt møte med enkeltkommunar som verkemiddel. I møta har vi diskutert saker og rettleidd konkret om sakshandsaming.

Vi meiner å sjå at sakshandsaming og feil rettsbruk er redusert i dei kommunane vi har gitt konkret rettleiing. I kva grad nettoppslag har den effekten, er vi meir usikre på. Informasjon på nettet likevel eit lite ressurskrevjande tiltak med potensiell god nytteverdi. Vi konkluderer med at det er den konkrete og tilpassa rettleiinga vi lettast ser gode resultat av.

3.1.3.8 Fylkesmannen understøtter nasjonale myndigheters, fylkeskommunenes og kommunenes arbeid med bosetting og integrering

Vi har i fleire år hatt faste årlege møte med Etat for inkludering i Bergen kommune. Der deltek alle leiarar og eit utval av medarbeidarar med ulike oppgåver innanfor busettings- og integreringsarbeidet.

Eit mål med møtepunktet er å få kjennskap til korleis regelverket blir oppfatta og forstått, og bruke det som eit grunnlag for vårt informasjonsarbeid i fylket.

I 2020 har innsatsen vår på integreringsfeltet fått ei anna form enn opphavleg planlagt. Etter nedstenginga 12. mars har vi særleg løfta fram den rolla barnehage, skule og voksenopplæring har i integreringsarbeidet, særleg no når andre tenester og tilbod har vore avgrensa.

Vårt inntrykk gjennom samtalar med alle kommunane, er at det er ei viss grad av uro for korleis nedstenging, heilt eller delvis, har negative følgjer for integreringsarbeidet. Dette gjeld både barn og unge direkte, og som følgje av endringar i arbeidslivet.

Dette er eit felt vi i 2021 må prioritere i vår kontakt med kommunane.

Fylkesmannen bidrag til samarbeid mellom stat- og kommunesektor om bosetting (fra kapittel 3.3.3.2.1.1 i TB)

Rapportere på

Helhetlig samarbeid mellom stat, fylkeskommuner og kommuner om rask og treffsikker bosetting.

Samarbeid om busetting av flyktningar er eit viktig punkt i satsinga vår på Bustad for velferd saman med Husbanken. Her tek også IMDi, Nav, Bufetat

og KS del, saman med aktuelle kommunar. Vi opplever at busetjingsarbeidet går bra i våre kommunar, med relativt låge busetjingstal i 2020 samanlikna med dei ti siste åra.

3.1.4 Fylkesmannen skal ta de initiativ som finnes påkrevd og holde sentrale myndigheter orientert om tilstanden i fylket og effekten av statlig politikk

3.1.4.1 Barnehageeiere og skoleeiere har ansatte med kompetanse som fremmer utvikling, læring og trivsel tilpasset barn og unges behov

Skular og barnehagar stettar i det hovudsaklege dei kompetansekrava som gjeld for opplæring i skule og krava i barnehagar (jf. rapporteringane i BASIL og GSI). Vårt inntrykk er at tilgangen på kvalifisert personale jamt over er god.

Generelt er deltakinga på kompetansefremjande tilbod stor, anten det er tilbod i regi av kommunane eller nettverka sjølv, av oss eller nasjonalt initerte tilbod.

Frå Vestland fylke hadde vi i 2020 til saman 14 kommunar som deltarar i ulike puljar i den nasjonale satsinga Inkluderande barnehage- og skolemiljø, samlingsbasert tilbod. I denne satsinga hadde vi fleire oppgåver, mellom anna å støtte deltararane i analyse- og planarbeid og ha tett dialog med dei om kompetansebehov. I oppstarten av kvar ny pulje hadde vi møte med kvar kommune, der arbeidet med analyse av situasjonen i den enkelte barnehagen og skulen, var tema. Kommunane har følgt dette opp, og vi får tilbakemelding om at det blir lagt stor vekt på kompetansebehovet i dei ulike einingane i planane deira. Kommunen har ein overordna plan som gir føringer for kompetanseutviklinga. Dette gir både auka kompetanse og profesjonsfellesskap knytt til læring og trivsel. Dette blir også markert i nettverksarbeidet på dei regionalane samlingane vi arrangerer i 2020.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.1.1 i TB)

Rapportere på

Alle barnehage- og skoleeiere har systemer for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Omlegginga av kompetanseordninga har utan tvil retta merksemda mot den faktiske situasjonen i barnehagar og skular som grunnlaget for utviklingsarbeid. Vi meiner at forståinga for at kompetanseordningane vil noko anna enn meir tradisjonell etterutdanning, har begynt å feste seg. Difor er det også eit anna klima for å drøfte omgrep som kartlegging, analyse og kompetansebehov.

Vi har vore litt urolege for om kartlegging og analyse blir oppfatta som meir nytt og uoverkommeleg enn meint. Vi har difor lagt stor vekt på at eigarane både må støle på den kunnskapen dei har om eigen tilstand, og samstundes bygge ut bredda og systematikken i bruk av kjelder. Dei må stille krav til seg sjølv om at grunnlaget for vurderingar av kompetansebehov byggjer på oppdatert informasjon frå varierte kjelder og er drøfta i alle ledd i organisasjonen. Dette er hovudbodskapen vår når det gjeld kartlegging og analyse.

I samhandlinga med kommunane om kompetanseordningane meiner vi å sjå at det er stor variasjon i korleis og i kva grad kompetansebehov blir kartlagde og vurderte. Eigarane gir uttrykk for at dei kjenner tilstanden godt, men vi ser at oppfatninga i ein del tilfelle er "etablerte sanningar" og ikkje nødvendigvis byggjer på oppdaterte og konkrete kjelder og prosess. I tillegg er det verdt å nemne at ønske om støtte til analysearbeidet kjem fram i mange samanhengar. Dette må difor framleis vere eit sentralt tema for vårt arbeid, saman med eigarane og andre aktørar, ikkje minst med UH og fagorganisasjonane.

Tiltak møter lokale behov og er forankret i langsiktige kompetanseutvoplaner (fra kapittel 3.4.1.1.1.2 i TB)

Rapportere på

Alle samarbeidsforum sikrer at prioritering av tiltak møter lokale kompetansebehov og er forankret i langsiktige kompetanseutviklingsplaner

Det er utarbeidd ein plan for samarbeidsforum. Planen er drøfta med aktørane og blir revidert slik at han til kvar tid er i tråd med nye føringer og retningslinjer. Planen skal sikre at nye medlemmar i samarbeidsforum kan gjøre seg kjende med overordna mål og føringer for kompetansearbeidet og for korleis arbeidet skal prioriteraast og praktiserast i Vestland.

Planen skal vise kva krav det er sett til heile prosessen, frå lokal kartlegging, analyse og vurdering til endelege prioriteringar i samarbeidsforum. Planen legg også føringer for involvering av aktørane på alle nivå. På den måten er samarbeidsforum, slik vi ser det, sett i stand til å gjøre prioriteringar som støtter opp om krava til ordninga.

Drøftingane i samarbeidsforum viser at prioriteringane baserer seg på tilfredsstillande kartleggingar og vurderingar, og på dialog med UH.

Kompetansetiltak gjennomføres i partnerskap med UH (fra kapittel 3.4.1.1.1.3 i TB)

Rapportere på

Alle samarbeidsforum sikrer at barnehage- og skolebaserte kompetansetiltak gjennomføres i partnerskap mellom barnehage-, skoleeiere og UH

Vestland har to institusjonar for lærarutdanning som er aktuelle for regional kompetanseordning, Høgskulen på Vestlandet (HVL) og NLA Høgskulen.

Det er uttalt i den gjeldande langsiktige planen for Rekomp, og ei etablert forståing i samarbeidsforum, at UH-institusjonane og barnehageeigarane skal være likeverdige parter i den regionale ordninga. Det doble føremålet med ordninga blir kommunisert ut til barnehagane i fylket både på nettsidene våre og i ulike presentasjonar. Vi har vedteke ein tildelingsmodell der UH og barnehagane som kjem med i ordninga, utløyer 50 prosent kvar av midlane. Det er då ein føresetnad at UH er til stades i alle prioriterte barnehagar, uavhengig av storleik og geografisk plassering.

Vestland har tre lærarutdanningsinstitusjonar som er aktuelle for desentralisert kompetanseordning. Også for den desentraliserte ordninga er det ei etablert forståing i samarbeidsforum at skulebaserte kompetansetiltak blir gjennomførte i partnarskap mellom skuleeigar og UH. Samarbeidsforum har bestemt at UH skal ha 50 prosent av midlane og UH får ikkje utbetalt midlane før dei har inngått samarbeid med skuleeigar. Vi har i tildelingsbreva også presisert at ordninga har som premiss at samarbeidet mellom lærarutdanningane og praksisfeltet skal styrkast.

For begge ordningane er det ein kontinuerleg diskusjon i samarbeidsforum om korleis ein skal sikre at UH og eigarane er kopla saman i alle fasar av utviklingsarbeidet.

System for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov (fra kapittel 3.4.1.1.2.1 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen har systemer for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine virksomheter

Kommunane er i ulike fasar av arbeidet med på å utvikle system for å kartlegge, analysere og vurdere kompetansebehov i sine verksemder. Alle kommunane har starta med analyse av elevane sitt læringsmiljø og læringsutbytte for deretter å vurdere kompetansebehov når utfordringane er synleggjorde.

I **Austrheim** har skulane utvikla eit system for arbeidet som no er nedfelt i ein plan. Rettleiarane sine møte med ordførar og fungerande rådmann var, etter vår vurdering, viktige for å skape forståing for behovet for styrking av skuleeigarfunksjonen, og Austrheim kommune tilsette i februar 2020 ein kommunalsjef for oppvekst. Å ha eit tydeleg skuleigarnivå vil sikre at systemet vert følgt opp.

Radøy er no gått inn i Alver kommune, og både IBS og arbeidet i oppfølgingsordninga vart avslutta i 2020. Vi har følgt kommunen tett og ser tydelege teikn på utvikling av eit godt og profesjonelt arbeid basert på fagleg kunnskap, både i kvar enkelt eining og på tvers av einingane. Radøy, Meland og Lindås har saman utvikla system for nye Alver kommune.

Jondal er frå 1. januar 2020 ein del av Ullensvang kommune. Kommunen er godt i gang med å etablere systematisk arbeid på skuleområdet i den nye kommunen. Det same gjeld for **Hyllestad kommune**.

Kvinnherad og **Ulvik** er i forfasen, og har så langt ikkje arbeidd med system for å kartlegge kompetansebehov.

Målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov (fra kapittel 3.4.1.1.2.2 i TB)

Rapportere på

Alle kommuner i oppfølgingsordningen jobber med målretta tiltak basert på analyser av utfordringer og behov for å bedre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge

Gjennom arbeidet med analyse av utfordringar og behov for å betre læringsmiljøet og læringsutbyttet for barn og unge, har kommunane Austrheim, Radøy, Jondal og Hyllestad valt ut målretta tiltak. Val av tiltak rettar seg mot inkluderande skolemiljø, leseopplæring, leiingsutvikling og fagfornyinga. Kvinnherad og Ulvik skal velje tiltak i februar 2021.

3.1.5 Gjennomførte evalueringer

Vi har ikkje gjennomført allmenne evalueringar eller brukarundersøkingar i 2020.

3.2 Avvik på oppdrag i tildelingsbrevet og/eller faste oppgaver i virksomhets- og økonomiinstruks

3.2.1 Tverrsektorielle oppdrag/oppgaver

Ingen avvik.

3.2.2 Arbeids- og sosialdepartementet

Ingen avvik.

3.2.3 Barne- og likestillingsdepartementet

Vi har gjennomført 90 prosent av dei forskriftspålagte tilsyna ved barneverninstitusjonar. Årsaka til at vi ikkje har gjennomført 100 prosent, er manglande kapasitet. Vi har gjort risikovurderingar av kvar avdeling i institusjonane gjennom året, og desse ligg til grunn der vi ikkje har gjennomført tilsyn. Det ligg òg til grunn for at har vi gjennomført tre ekstra tilsyn med institusjonar. Tilsaman utgjer dette 92 prosent.

Vi har gjennomført to av dei seks pålagte landsomfattande tilsyna med barnevernenester i kommunane. Vi måtte avlyse fire tilsyn som var lagt til rett etter koronapandemien starta. Vi klarte ikkje å få dei inn att på planen for resten av året.

3.2.4 Helse- og omsorgsdepartementet

I samband med nedstenginga som følgje av koronapandemien, avlyste vi alle planlagde tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester og spesialisthelsetenestene i tidsrommet mars til august 2020

Tilsyn hausten 2020 vart tilpassa smittesituasjonen. Nokre tilsyn vart avlyste grunna nye utbrot.

Vi melde tidleg frå til Helsetilsynet om at vi ikkje kom til å innfri resultatmåla.

Samstundes har vi under pandemien i omfang følgt opp kommunane og spesialisthelsetenestene med rettleiing og samordning med minst like store ressursar som vi ville brukt på tilsyna vi ikkje fekk gjort.

Sjå rapporteringane under resultatmål 3.3.1.3.4.2 og 3.3.1.3.5.3 for meir utfyllande opplysningar.

3.2.5 Justis- og beredskapsdepartementet

På grunn av koronapandemien og oppfølgjande krisehandtering store delar av 2020 er oppdraga innan beredskapstilsyn, kommunale beredskapsøvingar og kompetansetiltak i kommunane ikkje utførte heilt i tråd med oppdraga. Under pandemien har støtte til kommunane vore den høgast prioriterte oppgåva vår.

Gjennom pandemien har kommunane fått langt meir praktisk erfaring og kompetanse i å handtere kriser enn det beredskapsøvingar, tilsyn og andre tiltak kunne ha ført til.

3.2.6 Klima- og miljødepartementet

På grunn av koronapandemien vart tilsynsaktiviteten på forureiningsområdet i første halvdel av året klart lågare enn det vi hadde sett føre oss, med full stopp i lange periodar og hyppige endringar av tilsynsplanen.

Vi enda på 51 utførte tilsyn med tilhøyrande gebyrinntekter på vel 1,2 mill. kroner (rett under 1,5 mill. kroner fakturerert på kalenderåret).

Dette var langt under halvparten av det vi opphavleg hadde planlagt.

3.2.7 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.8 Kunnskapsdepartementet

Ingen avvik.

3.2.9 Landbruksdepartementet

Ingen avvik.

3.3 Særskilte rapporteringskrav fra tildelingsbrevet

Kvalifiseringsprogrammet (fra kapittel 7.3.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal beskrive:

- Hvordan kommunene i fylket ivaretar sitt ansvar for kvalifiseringsprogrammet, og om det har skjedd endringer i dette etter at lovendringene trådte i kraft 1. januar 2019
- Om NAV-kontorene har oversikt over personer som er i målgruppen for programmet
- Utfordringer knyttet til at alle personer i målgruppen for programmet blir vurdert for deltagelse og får tilbud om program hvis de møter vilkårene loven setter
- Hva kjennetegner NAV-kontor som ivaretar sitt ansvar for kvalifiseringsprogrammet på en god måte
- Fylkesmannens arbeid for å legge til rette for at kommunene ivaretar sitt ansvar for programmet i henhold til regelverket og på en god måte

Vi bad alle Nav-leiarar i Vestland og sosialsjefar i Bergen svare på spørsmål om kvalifiseringsprogrammet (KVP). 36 av 42 svara.

Korleis kommunane i fylket tek hand om sitt ansvar for KVP

Dei fleste svara at kontora har tilsette med særskilt ansvar for KVP. To av dei større kontora har eigne avdelingar. Nokre av dei mindre kontora sikrar ansvaret for KVP ved at alle tilsette har kjennskap til KVP. Nokre Nav-kontor har oppretta eit eige KVP-nettverk i regionen, og eitt Nav-kontor arbeider med å lage eit eige fagnettverk for tenesteområdet. Eitt Nav-kontor opplyste at KVP er tema på deira sosialfaglege nettverk. I tillegg opplyste fleire at dei deltek på Fylkesmannens nettverkssamlingar. Mange har også KVP som eige tema på ulike interne møte. Fleire svara at dei har ulike former for gjennomgang av regelverk på kontoret.

Om det har skjedd endringer i dette etter at lovendringane trådde i kraft 1. januar 2019

17 av dei 36 som svara, gav tilbakemelding på dette punktet. Nokre av leiarane svarar at dei ikkje har endra rutinar eller liknande, men at dei er orienterte om lovendringa. Fleire opplyste at dei undersøker aktuelle deltakarar i fleire grupper med brukarar enn før. To kontor seier at det var lettare å tilby KVP etter lovendringa. Ein leiar opplyste at tidlegare var det ei avdeling som handsama KVP, etter endringa er det to avdelingar, for å sikre oppfølging av mengda av søknadar.

Om Nav-kontora har oversikt over personane som er i målgruppa for programmet

Dei fleste har generell informasjon om kvalifiseringsprogrammet på kommunens nettside og på nav.no. Personar i målgruppa får også særskilt informasjon om tenesta og blir kartlagde og vurderte for kvalifiseringsprogram.

Fleire opplyste at samarbeid i Nav, både på tvers av avdelingar og statleg og kommunal linje, er viktig. Fleire seier også at samarbeid med andre kommunale tenester som til dømes flyktingtenesta, er viktig.

Dei fleste har KVP som tema i ulike interne møte. Fleire nyttar fagsystema for å få oversikt over personar i målgruppa for KVP. Fleire opplyste at dei har jamleg gjennomgang av brukarar og faste tidspunkt for å fange opp aktuelle kandidatar i målgruppa. To kontor opplyste at det er fast gjennomgang med avdelingsleiar og den enkelte rettleiar si portefølje. To kontor seier at dei gir informasjon i vedtak.

Ut frå informasjonen som Nav-kontora sjølv gir, nyttar kontora ulike metodar for å få oversikt over personar som er i målgruppa for KVP. Vi vil likevel, trass i dette, legge til grunn at det kan vere personar i kommunane som ikkje får tilbod om KVP. Dette heng saman med oversikt over venta tal deltakarar som Arbeids- og velferdsdirektoratet har utarbeidd samanlikna med rapportering over kor mange deltakarar Nav-kontora faktisk har.

Utfordringar med at alle i målgruppa blir vurdert for deltagning og får tilbod om program

Ifølgje svara frå leiarane har fleire utfordringar med

- å motivere personar til kvalifiseringsprogram
- å lage gode, individuelt tilpassa, arbeidsretta program på fulltid
- å ha tilstrekkelege ressursar til å gjøre godt arbeid

Nokre av leiarane melder om utfordringar på grunn av pandemien. Eitt kontor peika på at det er krevjande tider for mange bedrifter, medan eit anna kontor viste til at bedriftene er meir restriktive med å tilby arbeidstrening no. Eitt kontor opplyste at det er utfordrande å fylle programmet på grunn av pandemien.

Fleire leiarar seier at det er særskilte utfordringar med personar som er framandspråklege med avgrensa språkkunnskap.

Vi ser dei same utfordringane som Nav-leiarane peikar på. Men vi meiner at det er viktig at alle tilsette i Nav-kontoret har kjennskap til programmet for å fange opp aktuelle deltakarar. Det inneber at både statlege og kommunalt tilsette med andre arbeidsoppgåver enn kvalifiseringsprogrammet, må kjenne til programmet slik at dei kan fange opp aktuelle deltakarar som ikkje tek kontakt spesifikt for å sökje om kvalifiseringsprogrammet.

Kjenneteikn ved Nav-kontor som tek hand om sitt ansvar for programmet etter regelverket og på ein god måte

Følgjande punkt går igjen som kjenneteikn ved Nav-kontor som arbeider godt med KVP. Dei har

- tilsette (gjerne fleire) med særskilt ansvar for KVP
- god kjennskap til og samarbeid med arbeidsmarknaden og andre samarbeidspartnarar

- god kompetanse i kontoret om KVP, til dømes om kartlegging og oppfølging
- tett og individuell oppfølging
- godt samarbeid på tvers av fagområde på kontoret

Nokre nemner at mengdetrenin saman med ei overkomeleg mengd andre oppgåver, er viktig for å arbeide godt med KVP. Eit par kontor viser til at det er viktig med leiari forankring politisk og administrativt i kommunen, men også på Nav-kontoret.

Vi oppfattar også at desse punkta er faktorar som bidreg til av Nav-kontora kan ta hand om ansvaret for KVP etter regelverket og på ein god måte.

Vårt arbeid for å legge til rette for at kommunane tek hand om sitt ansvar for KVP etter regelverket og på ein god måte

Vi har hatt kvalifiseringsprogrammet som tema på møte med kommuneleiainga til stades. Dette var dialogmøte som vart gjennomført ved ti Nav-kontor i fylket. I samband med pandemien har vi hatt særskilt merksemrd på vanskelegstilte. Vi har hatt fleire kontaktpunkt med tenestene og Nav Vestland, der mellom anna KVP har vore tema.

Planen var å sende ut brev i løpet av våren til kommunar med færre deltagarar enn venta og be dei svare på korleis dei sikrar at alle som oppfyller vilkåra om KVP i kommunen, får tilbod om det.

I lys av pandemien og kommunanes ressursituasjon bestemte vi oss for å utsætte å sende brev, og gjøre ei ny vurdering til hausten ut frå situasjonen då. Vi sende i november brev til kommunar i Vestland med lågare tal KVP-deltakarar enn venta. I brevet bad vi kommuneleiainga ha særskilt merksemrd på KVP og deira ansvar for tenesta. Vi sende tilsvarende brev til kommunar med få KVP-deltakarar i 2019. Vi kjem til å følgje med på utviklinga av deltagarar i fylket vidare, og vil vurdere fleire tiltak for å bidra til at alle som fyller vilkåra om KVP, får tilbod om program.

I samarbeid med Nav Vestland har vi i 2020 planlagt og gjennomført:

- Ei dagssamling om kvalifiseringsprogrammet, med mål om å auke bruken i Nav-kontora med få deltagarar og/eller lite erfaring med kvalifiseringsprogram. Alle Nav-kontor i Vestland fekk høye til å delta. Vi hadde planlagt to dagssamlinger, ei i Bergen våren 2020 og ei i Førde hausten 2020. Samlinga i Bergen vart avlyst på grunn av pandemien.
- Tre nettverkssamlinger om kvalifiseringsprogram. Ei av samlingane var fysisk, to var digitale. Alle Nav-tilsette som arbeider med kvalifiseringsprogram i fylket, fekk tilbod om å vere med. Ei planlagd nettverkssamling i mai vart avlyst på grunn av pandemien.
- Fagsnutt om kvalifiseringsprogrammet, med mål om å gi eit innblikk i tenesta til alle tilsette som arbeidar i Nav. Fagsnuttene er tilgjengeleg for alle tilsette i Nav Vestland.
- KVP har vore tema på Ny i Nav, som vart gjennomført to gonger i 2020.

Vi har få klagesaker om kvalifiseringsprogrammet. I 2020 behandla vi ei klage om KVP, som vi fekk i 2019. Ei klage om KVP vart registrert inn i 2020 og handsama i 2021. Vi har svara ut telefonar, e-postar og spørsmål som har kome på nettverkssamlingane og i etterkant av fagsnuttene.

Tjenestebarometer (fra kapittel 7.3.1.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmennene i Trøndelag, Vestland og Innlandet skal kort beskrive status i utvikling av tjenestebarometer. Embetene bes rapportere på hvordan tjenestebarometeret er blitt benyttet og hvilke erfaringer embetene har med denne metodikken.

I 2020 gjennomførte vi ni dialogmøte. Før møta sende vi ut tjenestebarometer og bad kommunane førebu presentasjon med utgangspunkt i punkta som kjem fram der. Dette gav grunnlag for god dialog med den einskilde kommunen og risikovurdering av tenesta under møtet. Vi har god erfaring med metodikken som også medverkar til god dialog internt i kommunen mellom administrasjon og politisk leiring. Metoden gjev oss kunnskap og betre grunnlag for våre prioriteringar, til dømes når det gjeld tilskotsforvaltning og tilbod om opplæring.

Aktivitetsplikt (fra kapittel 7.3.1.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal beskrive kommunenes erfaring med aktivitetsplikt for mottakere av økonomisk stønad under 30 år. Herunder om aktivitetsplikten bidrar til overgang til arbeid og utdanning.

For å svare på dette sendte vi ut spørsmåla til Nav-kontora i fylket. Vi fekk svar frå 36 Nav-kontor.

Erfaringar med aktivitetsplikta

Dei fleste meiner at aktivitetsplikta har ein positiv effekt. Nav-leiarane erfarer at brukarane får tidlegare og betre kartlegging, og at brukarane kjem raskare i aktivitet. Det fører også til avklaring av helseutfordringar. Fleire peika på at det er oppfølginga som gir resultat og ikkje sjølv plikta. Det kom også fram at tett oppfølging er ressurskrevjande, både med omsyn til oppfølging av vilkår og den enkelte brukaren. Fleire av dei mindre kommunane sa det er utfordrande å finne gode aktivitetstilbod til den enkelte brukaren.

Nokre Nav-kontor peika på særlege utfordringar knytt til pandemien. Eit kontor svara at aktivitetsplikta fungerer best dersom dei har lågterskeltiltak dei kan setje i gang med ein gong, og dette blei synleg i perioden med nedstenging. Vanskar med å drifte tiltak samstundes som ein varetar smittevern, blei nemnt. Eit anna kontor viser til at dei har merka endringar i arbeidsmarknaden når det kjem til arbeidsgivarar som vil inkludere ungdom i bedrifta si.

Vi har ikkje god nok kjennskap til kvalitet og innhald i programma, men har inntrykk av at for ein del inneber aktivitetsplikta så lite aktivitet at det ikkje er mogleg å nå målet om at brukaren skal kome i lønt arbeid. I tillegg kan aktivitetane vere lite tilpassa den einskilde brukaren.

Om aktivitetsplikta har bidrige til overgang til arbeid og utdanning

Dei fleste som har erfaring med aktivitetsplikta, svarar at ho har gitt auka overgang til arbeid. Aktivitetsplikta har ført til at arbeid blir lagt vekt på frå første samtale, og ungdommen får raskare målretta oppfølging. Om utdanning er Nav-leiarane meir delte. Nokre opplyste at for ungdom som alt har falle frå vidaregåande utdanning, er overgang til arbeid meir aktuelt enn tilbakeføring til skule.

Fleire svarar at dei ikkje har gode nok verktøy for å måle om plikta bidreg til overgang til arbeid og utdanning.

Digitalisering av sosiale tjenester (Digisos) (fra kapittel 7.3.1.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal vurdere og beskrive om og hvordan digitalisering/DIGISOS påvirker tilgjengelighet til og kvalitet på de sosiale tjenestene.

Vi har fått svar på ei spørjeundersøking frå 36 av 42 Nav-leiarar i Vestland og sosialsjefar i Bergen kommune. Ifølgje svara frå leiarane har dei digitale tiltaka hatt positiv verknad på tilgjengen til dei sosiale tenestene på fleire måtar. Dei fleste viste til at det er mogleg å søkje om tenester og levere dokumentasjon heile døgnet. Brukarane får òg brev og vedtak frå Nav-kontora utan at tid går med til postgang.

Fleire Nav-leiarar hadde merksemrd på svake grupper utan digital kompetanse. Leiarane opplyste at dei hadde tilrettelagt for desse ved å gi rettleiing eller møtt dei fysisk på kontoret. Eitt kontor opplyste at brukarar med utfordringar med språk, rus, psykatri og digital kompetanse hadde fått dårlegare høve til å kome i kontakt og få sine sosiale tenester.

Eitt kontor opplyste at mange ungdommar mangla denne kompetansen, og at dei hadde brukt mykje ressursar på rettleiing. Samstundes opplyste eit anna kontor at deira erfaring var at det var lettare for ungdom å kome i kontakt med Nav.

Eitt kontor peika på at digital søknad kan gjøre terskelen for å søkje lågare for enkelte og høgare for andre.

Ifølgje svara frå fleire av leiarane er søkerne betre utfylte og dokumenterte, slik at sjølv saksbehandlinga har blitt meir effektiv. Fleire opplyste at kvaliteten på dei sosiale tenestene har blitt betre. Grunngjevinga frå ein del av leiarane var at brukaren er meir involvert i eiga sak når dei har høve til å følgje saka digitalt frå søker, vedtak og utbetaling. Andre vurderte at kvaliteten var uendra som følgje av dei digitale tiltaka. Eitt kontor peika på at kjennskapen til brukarane og oppfølginga hadde blitt svekt.

Vi meiner at digitale tiltak som elektroniske søkerar er eit positivt supplement som gjer prosessen enklare for dei som har digital kompetanse. Samstundes vil vi peike på at det er brukargruppar som av ulike årsaker ikkje klarar å bruke den digitale kanalen. Tilgjengen til dei sosiale tenestene må ivaretakast også for denne gruppa. Det kan også vere vanskelegare å avdekke andre behov som søkeren kan ha når kommunikasjonen hovudsakleg er digital.

Vi meiner at den digitale løysinga ikkje må stå i vegen for god kartlegging, kommunikasjon og oppfølging av dei som tek kontakt og søker om tenester. Det kan vere vanskelegare å avdekke andre behov som søkeren kan ha når kommunikasjonen hovudsakleg er digital.

Som klageinstans ser vi at fleire av dei som er usamde i Nav sine vedtak, har hatt vanskar med å setje fram underskriven eller autentisert klage i samsvar med regelen i forvaltingslova paragraf 32 første ledd bokstav b. Vi har sett døme på at Nav har godtatt muntlege klagar, klagar sett fram på Digisos sitt søkeradsskjema og klagar per e-post. Klageordninga skal gi rettstryggleik for dei som søker om sosialhjelp. Digisos kan bidra dersom Digisos får eit eige klageskjema, der dei som er usamde i Nav sitt vedtak kan setje fram autentisert klage.

Gevinstrealisering (fra kapittel 7.3.1.5 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringssplanen for oppgavene på Statens helsetilsyns områder i årsrapport for 2020.

Vi har eit internt prosjekt med utvikling av tilsyn på alle tenesteområda. Målet er at tilsyna skal bidra til betre tryggleik for tenestemottakarar og varig betring i tenestene. Vi har systematisert dei ulike måtane vi gjennomfører tilsyn på i åtte punkt og har større merksemrd på oppfølging ved avdekte lovbroter. Denne differensierte måten å handsame saker på, gjer både at vi tilpassar oss betre dei aktuelle problemstillingane og gjer oss meir verknadsfulle, og også effektiviserer tilsynet.

Statens helsetilsyn er frå før orientert om utviklingsarbeidet vårt. Vi har frå hausten 2020 bidrige inn i ei arbeidsgruppe i Helsetilsynet som jobbar med utvikling av tilsyn på helseområdet. Utviklingsarbeidet som skjer i Helsetilsynet no, er allereie godt integrert i vår organisasjon på helse-, sosial- og barnevernområdet.

Gevinstrealisering (fra kapittel 7.3.1.6 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringssplanen for oppgavene på Arbeids- og sosialdepartementets områder i årsrapport for 2020.

Eit overordna mål er betre kvalitet i sakshandsaming, informasjon og rettleiing. Vi meiner vi har lukkast godt etter sammenslåinga av dei tidlegare embeta med å utvikle ei felles plattform for arbeidet vårt på Arbeids- og sosialdepartementets område. Vi meiner det samla sett har bidrige til at vi når dei overordna måla, og at vi har etablert eit sterkt og meir robust kompetansemiljø på fagområdet. Vi meiner at vi som eit resultat av gevinstrealisering har klart å ha tettare oppølging av tenestene utover klagesakshandsaming og tilsyn.

Gjennom prosjekt "Økt kompetanse" har vi hatt stor merksemd på kompetansearbeid i Nav. Vi samarbeider godt med Nav Vestland for å utvikle heilskaplege kompetansestrategiar og kompetansestrukturar ut mot Nav-kontora.

Fylkesmannen skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall gjennomførte tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven, informasjonsarbeid overfor kommunene om faglig veileder for innhold og kvalitet i tilbudet, samt gi en kort vurdering av tilgjengelighet og kvalitet på tilbudet i fylket.

Det er ikkje gjennomført tilsyn etter krisesenterlova i 2020. Eitt kommunalt krisesentertilbod er lagt ned, og kommunen kjøper no tenester frå krisesenteret for Bergen og omland. Alle sentera gjev tilbod til barn, kvinner og menn, og tilboden er tilgjengeleg heile døgnet.

Krisesentertilbodet har vore tema i vår kontakt og dialog med kommunane saman med andre tema om vald og overgrep og tidleg innsats.

Tilsyn med kommunenes oppfølging av krisesenterloven

Totalt antall kommuner i fylket	43
Antall krisesentertilbud i fylket	3
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2018	3
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2018	35
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2019	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2019	0
Antall tilsyn med kommuner som har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune 2020	0
Antall tilsyn med samarbeidskommuner (som inngår i samarbeid, men ikke har et krisesentertilbud lokalisert i sin kommune) 2020	0

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser... (fra kapittel 7.3.2.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for bakgrunnen for og konsekvenser av eventuelle nedleggelsear av krisesentrene eller reduksjon i tilbudet.

Nedlegging av eit krisesenter i fylket har ikkje ført til reduksjon i tilbodet til valdsutsette. Kommunen har inngått avtale med krisesenteret for Bergen og omegn. Det er i dag tre krisesenter i Vestland fylke.

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader... (fra kapittel 7.3.2.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall behandlede søknader, og fattede vedtak inndelt i innvilgelser, avslag og avvisninger knyttet til hver sakstype, etter ekteskapsloven, anerkjennelsesloven og brudvigjingslova i årsrapporten. Når det gjelder ekteskapsloven § 18a andre ledd, bes fylkesmannen differensiere rapporteringen for saker ut ifra sakstype, dvs. etter om sakene gjelder bokstav a), b) eller c).

Fylkesmannen skal rapportere på andelen separasjons- og skilsmisse-søknader som er mottatt digitalt.

Sjå tabell.

Ekteskapssaker

Lov	Sakstype	Sum	Innvilgeler	Avtak	Avvisninger	Andel mottatt digitalt
Ektskapsloven	Separasjon, jf. § 20	1 083	1 078	0	5	76 %
Ektskapsloven	Skilsmissesak, jf. § 21	947	915	32	0	79 %
Ektskapsloven	Skilsmissesak, jf. § 22	58	44	3	11	40 %
Ektskapsloven	Tillatelse til å inngå ekteskap selv om vergen har nektet, jf. § 2	0				
Ektskapsloven	Samtykke til ekteskap mellom adoptivbarn og tidligere adoptivfamiliemedlem, jf. § 3 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Fritak fra krav om forlovere, jf. § 7	0				
Ektskapsloven	Fritak for dokumentasjon av skifte, jf. § 8 siste ledd	15	8	3	4	0 %
Ektskapsloven	Klage på at prøvingsattest ikke er utstedt, jf. § 10 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Klage på at vigsel er nektet, jf. § 14 tredje ledd	0				
Ektskapsloven	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 16 andre ledd	0				
Ektskapsloven	Reise sak om et ekteskap består eller ikke, jf. § 16a	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav a	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav b	0				
Ektskapsloven	Anerkjennelse av utenlandske ekteskap, jf. § 18a andre ledd bokstav c	0				
Ektskapsloven	Reise sak for å oppnå ekteskap som er inngått i strid med § 3 eller § 4, jf. § 24 andre ledd	0				
Anerkjennelsesloven	Anerkjennelse av utenlandske skilsmisser eller separasjoner, jf. § 4 første ledd	76	72	4	0	0 %
Brudvijningslova	Godkjenning av ugyldige ekteskap, jf. § 11 tredje ledd	0				

Delen av digitale søknader er omrentleg. Det kan til dømes komme inn flere digitale søknader i same sak. Vi har også mottatt søknader i 2020 som framleis er til handsaming. Omrentleg er 260 saker under handsaming. Talet på søknader som er godkjende/avslattet/avvist er difor ikke likt med det talet saker som er mottatt og handsama i 2020. Søk i Ephorte er heller ikkje ei heilt sikker kjelde for statistikk, då det er vanskeleg med presise sok.

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak... (fra kapittel 7.3.2.4 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall fattede vedtak etter barnelova i årsrapporten. Fylkesmannen besørger å spesifisere sakstype etter hjemlene i barnelova.

Vi gjorde fire vedtak etter barnelova i 2020. To vedtak gjaldt reisekostnader etter barnelova § 44, og to vedtak gjaldt rett til opplysninger etter barnelova § 47.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid... (fra kapittel 7.3.2.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veiledning og informasjon på familielrettens område, herunder om mekling. Dette kan for eksempel være hvilke typer saker som dominerer, utviklingstrekk og utfordringer. Det er også av interesse å få opplyst hvem som kontakter Fylkesmannen.

I 2020 behandla Fylkesmannen om lag 15 saker etter barnelova som ble registrerte inn med eige saksnummer, anten gjennom råd/rettleiing, eller ved at vi gjorde vedtak. Vedtak vart gjort i tre av sakene. I tillegg til desse sakene har flere saksbehandlarar gjitt råd og rettleiing på telefon om spørsmål knytt til barnelova. Dette blir ikkje registrert inn med eige saksnummer. Tilbakemeldingar frå saksbehandlarane viser at desse telefonsamtalane har relativt avgrensa omfang, men at dei kjem innimellom, og gjerne i samband med barnevernssaker der foreldre, barnet sjølv eller andre har spørsmål som også gjeld barnelova.

Spørsmåla vi får, er ofte avgrensa til reglane i kapittel 5 og kapittel 6 i barnelova. Det er flest spørsmål om reisekostnader ved samvær og spørsmål knytt til foreldreansvar. I hovudsak er det privatpersonar som kontaktar oss, enkelte er representerte ved advokat. Av utfordringar kan nemnast at fordi saken etter barnelova har avgrensa omfang, har vi lite eigen praksis. Vi har nokre gonger hatt behov for å få rettleiing hjå andre embete eller ved å søke i digitale kjelder. Det synest som fleire av privatpersonane som kontaktar oss, har vanskar med å skilje på kva som er regulert gjennom barnevernlova og kva som er regulert gjennom barnelova. Dette brukar vi difor ein del tid på å rettleie om.

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker... (fra kapittel 7.3.2.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall saker hvor det er gitt ut opplysninger om den adopterte opprinnelige foreldre i saker hvor fylkesmannen har gitt adopsjonsbevilling.

Vi har i 2020 handsama 48 saker om adopterte sitt biologiske opphav der Fylkesmannen tidlegare har gjeve løye til adopsjon. Dette er ei sak mindre enn i 2019. Ved utgangen av 2020 hadde vi to saker under handsaming.

Summen av saker for 2020 gjeld også for saker der den adopterte er død og der etterkommarane ønskjer å få opplysningar om sitt biologiske opphav, jf. ny adopsjonslov sett i kraft 01.07.2018.

Vi gjev også mykje informasjon og rettleiing over telefon på dette saksfeltet.

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn... (fra kapittel 7.3.2.7 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall tilsyn med familievernkontorene.

Vi har gjennomført kartlegging med familievernkontora. Tema var tenestetilbod og tilgjenge til kontora under covid-19 pandemien. Alle familievernkontora sette inn tiltak for å sikre at barn og familiær kunne få kontakt i den tida kontora var heilt eller delvis stengde for fysiske møte. Det gjekk lengre tid før familievernkontora sør i fylket var heilt opna att for fysiske møte.

Tilsyn med familievernkontorene

Totalt antall familievernkontor i fylket	Antall gjennomførte tilsyn i 2020	Antall gjennomførte tilsyn i 2019	Antall gjennomførte tilsyn i 2018
4	1	0	2

Fylkesmannen skal redegjøre for implementeringstiltak... (fra kapittel 7.3.2.10 i TB)

Rapportere på

Utgår.

Fylkesmannen skal utarbeide en årsrapport... (fra kapittel 7.3.2.11 i TB)

Rapportere på

Oppgaven er flyttet til VØI 5.3.8.24.

Rapport vart sendt 29. januar 2021.

Akuttberedskap i kommunene (fra kapittel 7.3.2.12 i TB)

Rapportere på

Fylkesmennene skal redegjøre for embetenes vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket.

Buferd vil oversende utfylte skjemaer med data på utvalgte indikatorer fra kommunenes halvårsrapportering og SSB. Disse skjemaene skal benyttes som underlag i fylkesmannens vurdering av risikobildet i kommunal barnevernstjeneste.

Akuttberedskap

Ved årsskiftet 2020/2021 er det fem barnevernstener som ikkje har godkjent akuttberedskap.

Vurdering av kvalitet og risiko i barnevernet i fylket

I tillegg til barnevernenestene sine faste rapporteringar har vi i 2020 hatt ofte og tett kontakt med barnevernleiarar på bakgrunn av Covid-19. Vi følgjer og tenestene gjennom kompetansesatsinga og barnevernreforma i tillegg til oppfølging gjennom tilsynsaktivitet.

Ved årsskiftet 2020/2021 har vi gjennomført ni dialogmøte der fjorten kommunar har vore representerte. Akuttberedskap i barnevernet har vore tema på dialogmøta. Fem barnevernenester i fylket har ikkje godkjent akuttberedskap. Det inneber at tenesta ikkje er tilgjengeleg på kveld, natt og helgedagar. Det er iverksett tiltak for å få på plass akuttberedskap i regi av læringsnettverket i fylket.

Vi har hatt faste kontaktmøte med alle kommunar om korleis pandemien innverkar på tenestene. I møta har vi fått informasjon om på kva måte smitteverntiltaka og pandemien innverkar på arbeidet med undersøkingar, tiltak og oppfølging av barn og familiær. Tenestene har informert om tilnærma normal drift sjølv om mange tilsette har hatt heimekontor og mange tenester har hatt stort sjukefråvær. Tenestene har meldt at arbeidet tidvis har blitt påverka av at samarbeidsinstansar som skule og barnehage har vore stengde eller hatt redusert kapasitet på grunn av pandemien. Dette har til dømes ført til færre samtalar med barn i undersøkingar og at barn ikkje fått planlagd oppfølging frå til dømes helsestenestene. Vi ser også at samvær og samtalar med barn og foreldre tidvis har blitt utsett av omsyn til smittevern.

Hausten 2020 kartla vi omfanget av meldingar og hasteflyttingar i perioden 1. juli -1. desember 2020 samanlikna med same periode i 2019.

Tilbakemeldingane frå barnevernenestene viser at nokre tenester har hatt stor auke i talet på meldingar om vald, overgrep og rusmisbruk hos foreldre medan andre har hatt stor nedgang. Dei fleste tenestene hadde om lag same tal på meldingar som året før. Tal på hasteflyttingar er også om lag som i 2019, men med nokre unnatak der tenesta har hatt mange hasteflyttingar. Vi ser at fleire barn blei flytta til familie og nettverk i 2020 enn året før.

Vi har følgt opp arbeidet med barnevernreforma på samlingar med læringsnettverket, i dialogmøte, i møte med barnevernleiarane og i

tenestestøtteprogrammet. Ved årsskiftet er 27 av 32 barnevertenester med i utviklingsprosjekt i regi av læringsnettverket. Dei fleste prosjekta gjeld fosterheimsarbeid og tiltaksutvikling i kommunane. Vårt inntrykk er at barnevernreforma er kjend, og at mange kommunar arbeider aktivt med å førebu reforma. Det er likevel vår vurdering at mange kommunar strevar med å få til eit godt samarbeid om tiltaksutvikling på tvers av tenesteområda i kommunen og med andre kommunar. Det er særleg mindre kommunar og kommunar som er knytt til vertskommunesamarbeid, som meiner reforma er krevjande. Fleire kommunar har òg utfordringar med å rekruttere og behalde nødvendig fagkompetanse.

Vår samla vurdering er at mange barn med rett til hjelp frå i barnevernet ikkje får den hjelpa dei treng og at koronapandemien har påverka barnevertenestenes arbeid negativt, særleg arbeidet med undersøkingar. Det er færre samtalar med barn, og arbeidet i undersøkingar kjem oftare sein i gang. Alvorleg bekymring om vald og overgrep blir ikkje undersøkt godt nok, og barns omsorgssituasjon blir ikkje alltid avklart gjennom undersøkinga. Barns rett til medverknad blir ikkje ivaretatt, og vi meiner dette viser at barns grunnleggande rettar ikkje er sikra i tråd med regelverket.

Kva verknad stenging av skolar og barnehager vil få på litt sikt, veit vi ikkje sikkert. Men det er alt no grunn til å tro at barn og unge ber ein stor byrde av smitteverntiltak som vi vil kunne sjå att i behovet for hjelp og tenester, jf. også Bergensundersøkinga frå hausten 2020 om korleis barn og unge taklar heimeskole og digital undervisning.

På bakgrunn av våre erfaringar mellom anna frå tilsyn, meiner vi at det er omfattande manglar når det gjeld grunnleggjande forvaltningskunnskap og -forståing i tenestene. Vårt inntrykk er at jusskurset for kommunalt barnevern som var gjennomført i 2020, vart godt motteke. Vi meiner likevel at dette på langt nær er tilstrekkeleg. For at kunnskapen skal bli integrert i tenestene er det behov for meir omfattande tiltak. Vi foreslår difor at dette blir tema til dømes i

Tenestestøtteprogrammet eller Veiledingsteam.

For å bidra til betre samordning og hjelp for barn i enkelsaker, tek vi ofte initiativ til tilsynsmøte der vi samlar tenesteleiarar (til dømes barne- og ungdomspsykiatri, barnevernstjeneste, Bufetat/barnevernsinstitusjon, skule), foreldre og barn (eventuelt verje) for å bidra til at barnet får nødvendig og koordinert hjelp raskare. Dette har vi òg gjort på systemnivå for å betre samarbeidet meir overordna. Vår vurdering er at vi då kan understøtte tenestene betre og at dei klarer å gi barna betre og meir samordna hjelp. Trass i dette meiner vi framleis at det er stor risiko for at barn ikkje får rett hjelp eller god nok hjelp til rett tid. Dette gjeld ofte i dei mest krevjande sakene. Dei barna som treng hjelpe mest, får det gjerne ikkje.

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringssplanen (fra kapittel 7.3.2.13 i TB)

Rapportere på

Rapporteringskrav på tiltak i gevinstrealiseringssplanen

- *Søknadsbehandling separasjon og skilsmissesaker*

Fylkesmannen skal redegjøre kort for status på arbeidet med å sentralisere saksbehandlingen av søknader om separasjon og skilsmisse etter ekteskapsloven innenfor de nye sammenslætte embetene. Embetene skal gjennomføre en kartlegging av ressursbruk og kvalitet i siste kvartal 2022 og dette skal rapporteres i årsrapporten for 2022.

- *Tilsyn etter barnevernloven med forskrifter*

Fylkesmennene bes redegjøre kort for status på arbeidet i årsrapporten for 2020.

Søknadsbehandling separasjon og skilsmissesaker

Sakshandsamarane i Vestland er samla i ei felles tilgangsgruppe i ePhorte, noko som gjer felles tilgang i alle saker. Dette gjer at vi er mindre sårbar og meir robuste. Det gir eit godt oversyn og høve til å styre saksmengda som er under handsaming. Fagmiljøet på feltet er styrkt, og det er bygd opp eit felles verktøy i OneNote som er nytta aktivt. Her legg vi fortløpande inn rutinar, døme, ulik informasjon osv.

Vi har nytta den kompetansen og kunnskapen som fanst i begge embeta til å syte for ei felles stabil og kompetent sakshandsaming på ekteskapsfeltet. Digitale løysingar og system gjer at vi utan problem kan handsame saker i same kø etter dato, uavhengig av kor sakshandsamarane er geografisk plassert.

Samanslåinga av dei to embeta har heilt klart hatt ein positiv effekt for arbeidet på ekteskapsfeltet.

Tilsyn etter barnevernlova: Gjennom eit internt prosjekt og kontinuerleg forbettingsarbeid meiner vi at vi har utvikla tilsyna etter barnevernlova. Målet er at tilsyna skal bidra til betre tryggleik for tenestemottakarar og varig forbetring i tenestene, sjá elles svar på punkt 7.3.1.5.

Tros- og livssynssamfunn (fra kapittel 7.3.2.14.1 i TB)

Rapportere på

Oversikt over:

- Nye registrerte/uregistrerte trossamfunn og nye livssynssamfunn
- Trossamfunn som er slettet hos fylkesmannen
- Ev. tilsyn med trossamfunn og forstander.

Vi fekk inn to søknader om registrering som trussamfunn i 2020. Dei to registreringssøknadane vart ikkje ferdig handsama i 2020, og er sendt til Statsforvaltaren i Agder for vidare oppfølging etter den nye trussamfunnslova som tok til å gjelde frå 1.januar 2021.

I tillegg fekk vi inn ein søknad om statstilskot frå eit trussamfunn som ikkje har søkt tidlegare. Dette kravet vart avvist på grunn av manglar ved søknaden.

Vi har derfor ikkje godkjent nye registrerte/uregistrerte trus- eller livssynssamfunn i 2020.

Det er ingen trussamfunn som er sletta hos oss, og vi har heller ikkje ført tilsyn med trussamfunn og forstandarar i 2020.

Oversikt over antall saker... (fra kapittel 7.3.2.15.1 i TB)**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi fekk 299 søknader om oskespreiing i 2020. I alt 257 søknader vart innvilga, medan 32 søknader vart avsleagne. Ingen av avslaga frå 2020 er klaga på til Barne- og familidepartementet. Vi har ikkje fått søknader om privat gravstad eller klager på kommunalt enkeltvedtak etter gravferdslova.

Elles meiner vi i år som i fjor at tida er komen for å vurdere om det i det heile er naudsynt med ein søknadsprosess på dette feltet. Eit alternativ kan vere å påleggje krematoria plikt til å informere dei pårørande om kva reglar som gjeld for spreiling av oske, med mogleg bøtestraff for dei som bryt reglane. Så blir det opp til kvar einskild å rette seg etter reglane, slik det er på mange samfunnsområde. Samfunnsskaden av moglege brot på reglane er så liten at vi ser ikkje nytte av å halde fram med det byråkratiet som ligg i søknadsprosessen vi har i dag. Heller ikkje i dag kontrollerer vi om dei som får løyve, held seg til vilkåra.

Oversikt over antall saker i hver kategori... (fra kapittel 7.3.2.16.1 i TB)**Rapportere på**

Oversikt over antall saker i hver kategori og utfallet i disse sakene.

Vi har handsama 5 søknader om dispensasjon frå lov om helgedagar og helgedagsfred etter paragraf 5 første ledd, om at faste utsalsstader skal halde stengt på helgedagar. Ein av søknadane er innvilga, medan fire er avsleagne

Vi har handsama ein søknad om godkjenning som typisk turiststad i 2020.

I forskrift 03.06.2020 godkjende vi at Odda sentrum og Jondal i Ullensvang kommune fekk status som typiske turiststader frå 1. mai til 31. august.

Det er i tillegg ein del butikkar og bransjar som i løpet av året har vore i kontakt med oss for spørsmål og rettleiring om utviding av opningstider og sondagsope på grunn av koronapandemien.

Langsiktig og helhetlig planlegging knyttet til kapasitet, kompetanse og kvalitet (fra kapittel 7.3.3.1.1 i TB)**Rapportere på**

Antall kommuner som integrerer planlegging av de kommunale helse- og omsorgstjenestene i det ordinære økonomi- og planarbeidet i kommunen

Vi har gjennomført ei kartlegging av planstatus for integrering av dei kommunale helse- og omsorgstjenestene. Av 43 kommunar, har 15 meldt attende at dei har integrert helse og omsorg i samfunnsplan eller sektorplan. Av dei som ikkje har dette på plass i det ordinære økonomi- og planarbeidet, har 13 kommunar meldt tilbake at dei har skissert ein prosess for korleis det skal gjennomførast.

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale helse- og omsorgstilbuet i fylket ut (fra kapittel 7.3.3.2.1 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt retninger og målsetninger i kvalitetsreformen for eldre – Leve hele livet utvikles i fylket.

Kommunane er i gang med reformarbeidet. Kor langt dei er komne i samfunnsplanarbeidet og med å lage ein plan for gjennomføring, varierer. Pandemien sette ein stoppar for arbeidet i vår, og fleire rapporterer om at dei treng lengre tid. Utgangspunktet for kommunane har også vore ulikt. Vi i støtteapparatet har til no hatt størst merksemd på planlegging av aldersvenlege samfunn, medverknad og kompetanseplanlegging som del av samfunnsplanlegginga. Fleire kommunar har jobba godt med kvalitetsforbetring innanfor fleire av innsatsområda allereie før oppstarten av reforma. Det er stor interesse for reforma i kommunane. Dei er opptekne av økonomiske verkemiddel, mellom anna kva som må til for å få tilskotsmidlar.

Vi bistår kommunane saman med det regionale støtteapparatet, KS, og USHT. Nettoppsslag, informasjonsbrev, fagdagar og dialogmøte er konkrete fellestiltak som vert nytta for å få merksemd om arbeidet. Kommunane ber om råd og rettleiing, spesielt om planarbeidet. Dialog på tvers i kommunen, mellom plan og tenesteområde, kan vere ein flaskehals for å få til dei gode resultata. Dette var også tema på fleire fagdagar og dialogmøte, og vi registerer framgang.

Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.3.1 i TB)**Rapportere på**

Rapportere på måloppnåelse for tilskuddsordning til kommunene 0765.62

Talet på søknadar om tilskot til kommunalt rusarbeid gjekk ned i 2020. Sjølv etter tre utlysningar og direkte kontakt med kommunane som ikkje søkte, fekk vi ikkje søkjrar nok til å nytte heile belastningsfullmakta. Ut frå tilbakemeldingane ser vi at kommunesamanslåing og koronapandemien på kvar sine måtar verka inn på tilfanget av søknadar. Tenestene i fleire av dei mindre kommunane er sårbare fordi det er få tilsette med relevant fagleg kompetanse på rusfeltet.

Samlet vurdering av hvorvidt... (fra kapittel 7.3.3.3.2 i TB)**Rapportere på**

Samlet vurdering av hvorvidt det kommunale rusarbeidet i fylket er utviklet i henhold til retning og målsettinger i Opptrappingsplanen for rusfeltet (2016-2020).

Rusarbeidet i kommunane utviklar seg mot målsettingane i Opptrappingsplanen for rusfeltet. Framgangen på dei ulike målområda varierer.

Talgrunnlaget for vurdering av utviklinga i 2020 er usikkert. Om lag 1/5 av kommunane i Vestland svara ikkje på undersøkinga (IS-24/8) som ligg til grunn for rapporten om kommunalt psykisk helse- og rusarbeid. Svara som ligg føre er ikkje kvalitetssikra, men går i same retning som ved tidlegare års rapporteringar.

På området brukarmedverknad, brukarstyrte løysingar og medverknad i utforming av tenestetilbod, søkte fleire kommunar enn tidlegare år om tilskot til stillingar for erfaringkskonsulentar. Ein del mindre kommunar har vanskar med å rekruttere personar som kan fylle rolla som erfaringkskonsulent og finne personar som kan delta i erfaringspanel eller brukarråd. Det er framleis behov for å styrke og vidareutvikle ordningar for brukarmedverknad på veksemåls- og individnivå. Mange har ikkje teke i bruk verktøy for systematisk tilbakemelding på individnivå som til dømes KOR og FIT.

Svara i IS-24/8 viser at det varierer i kva grad kommunane har ordningar for å fange opp og gi tidleg hjelpe til personar som står i fare for å utvikle rusproblem. 40 prosent av kommunane har system og samarbeid på tvers av tenestene for å identifisere og følge opp personar med behov for tidleg intervension ved rusrelatert problematikk for unge under 18 år og vaksne. 21 prosent svara at dei har system eller samarbeid på plass for unge under 18 år. I enkelte kommunar er det i gang prosjekt som skal styrke samarbeidet mellom tenestene for å førebygge og fange opp tidleg utsette unge og vaksne. 17 av kommunane i Vestland deltek i BTI-satsinga, betre tverrfagleg innsats. Vi samarbeider med regionale kompetancesenter om å få fleire til å ta i bruk verktøyet. Helse Bergen har i samarbeid med kommunar og brukarar starta prosjektet «Tidlegare rushjelp». Målsettinga er å kome tildelegare inn med rusbehandling. Det er også oppretta lågterskeltilbod med team for unge med byrjande og etablert rusproblematikk. Teamet samarbeider med kommunale tiltak, barneværn, Utekontakten og Ung Arena.

Fleire kommunar er med i FACT-team. Somme kommunar har i samarbeid med spesialisthelsetenesta eller andre fått tilskot til å etablere oppsökande og teambaserte tenester. Samarbeid mellom ulike aktørar varierer etter storleiken på kommunane og talet på brukarar.

Kommunale deltenester har i ulik grad oversikt over brukargruppa, og det varierer om brukarane møter eit tilgjengeleg, variert og heilsakleg tenesteapparat. For somme kan nok tenestene verke fragmenterte og lite samanhengande. Under pandemien har Nav i hovudsak berre vore tilgjengeleg digitalt. For mange i denne brukargruppa fungerer det dårlig.

Helse Bergen har i samarbeid med kommunane i opptaksområdet starta prosjekt for å etablere eit felles integrert behandlingstilbod til dei mest alvorleg sjuke ROP-pasientane.

IS-24/8 kartlegginga for 2020 viser at nær halvparten av kommunane som har svart, brukar data frå ulike undersøkingar, som Brukarplan og Ungdata, til å forbetre tenestene.

Tilboda om aktivitet og ein meiningsfull kvardag varierer òg. Dei siste åra har vi fått fleire søknadar og gitt tilskot til stillingar i lågterskel aktivitets- og arbeidstiltak. Dei fleste FACT-team har tilsett jobbspesialist. Tilbod om individuell jobbstøtte er innført i rusbehandling i Helse Bergen. Vel halvparten av kommunane har etablert samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og Nav om arbeidsretta rehabilitering for personar med rusmiddelproblem og psykiske lidinger. Tilgangen betrar seg på eigna butilbod med oppfølging for personar med rus og psykiske lidinger. Det er skilnader mellom kommunane og eit stykke fram før behova er dekte, spesielt for personar med ROP-lidinger.

Når det gjeld alternative straffegjennomføringsformer som styrker helse- og omsorgstenestetilbodet til innsette i fengsel, har Bergen fengsel i samarbeid mellom kriminalomsorga og spesialisthelsetenesta oppretta ei ruseining inspirert av Stifinner-modellen. Innsette får tilbod om ulike kurs som til dømes sinnemeistring og rusmeistring. Det er etablert ulike former for alternativ straff som soning med fotlenke, soning i institusjon, soning i overgangsbustad og ungdomsstraff. Prosjekt Tidlig Ute er eit rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak som Bergen kommune, Helse Bergen og Hordaland politidistrikt samarbeider om. Prosjektet er eit tilbod om alternativ straffreaksjon for ungdom frå 15 til 25 år som er tatt for narkotikakriminalitet. Narkotikaprogram med domstolskontroll (ND) var eit prøveprosjekt i Oslo og Bergen frå 2006 til 2016. Frå 2016 har talet på domfelte i programmet auka. I 2020 starta arbeidet med å utarbeide planar for områdefunksjon for spesialisthelseteneste innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling for innsette i fengsel.

Rapportere på resultatoppnåelse... (fra kapittel 7.3.3.4.1 i TB)

Rapportere på

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddsordningen til kommunene 0762.64.

I fleire av kommunane har det teke lengre tid enn planlagt å gjennomføre tiltaka som dei fekk tilskot til. Vi godkjende overføring av ubrukte midlar i 2019 til 2020. Ved rapportering om framdrift eller sluttføring i 2020, er det òg nokre som grunna pandemien ikkje har fullført arbeidet og søker overføring av midlar til 2021. Eit par kommunar har tilbakebetalt tilskot. I hovudsak rapporterer kommunane om at tilskotet har medverka til betre planar, betre organisering og samarbeid og i så måte betre tilbod til ein del av innbyggjarane. Vi fekk dessverre få søknader om tilskot til styrking av tilbod til barn og unge med nedsett funksjonsevne. Planperioden var kort. Det er førebels uvisst i kva grad tilskotsordninga har medverka til varig styrking av dei kommunale habiliterings- og rehabiliteringstenestene.

Samlet vurdering av hvorvidt tilbuet... (fra kapittel 7.3.3.4.2 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av hvorvidt tilbuet innen habilitering og rehabilitering i fylket utvikles i henhold til retning og målsettinger i opptrappingsplanen.

Utviklinga av tenestene går langsamt i retning av målsettingane for opptrappingsplanen. Hovudinntrykket er at tenestene framleis er fragmenterte og sårbar med omsyn til kompetanse, kapasitet og tverrretatleg samarbeid. Det gjeld særleg tenestetilbod til barn, unge med nedsett funksjonsevne og foreldre og barn/unge som treng langvarige og koordinerte tenester.

Talet på rehabiliteringsplassar og korttidsplassar i kommunale institusjonar i kommunane i Vestland har gått ned frå 2015 til 2019 ifølgje Statistikkbanken. Heimerehabilitering og kvardags-rehabilitering er tilbod som vert oppretta i stadig fleire kommunar.

Det har vore vanskeleg for mange kommunar som har sett i gang prosjektarbeid innan habilitering og rehabilitering, å gjennomføre prosjekta innafor tidsramma dei først rekna med. Årsakene til dette er fleire. Mellom anna er små kommunar sårbar når det gjeld personell og ressursar i rehabiliteringstenestene til å gjennomføre tiltak slik som planlagt.

Det er framleis stor variasjon i kor synlege og lett tilgjengelege tenestene er og i kva grad kommunane kan gje nadsynte tilbod til dei store pasient- og brukargruppene. Det er òg variasjon i kva grad kommunane sikrar at deira tenestetilbod står i samanheng med andre tilbod i tiltaksjeda.

Rapportering på Opptrappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.3 i TB)

Rapportere på

Rapportering på Etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod 2019.

Ein liten del av kommunane har valt å opprette frisklivssentral, og det er ulikt kva frisklivs-, lærings- og meistringstilbod som elles finst.

Det vart ikkje søkt om tilskot til opprettning av nye frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i 2019. Det var heller ingen kommunar som hadde planar om å gjere det. Vi fekk også dette året tilbakemelding om at summen til fordeling var liten og at det var for tidkrevjande å søkje og rapportere på tilskotet.

Tildelte midlar i 2019 vart utbetalt. Rapportar om bruken av tilskota i 2019 er mottatt og rapportert vidare til Helsedirektoratet.

Fylkeskommunen overtok forvaltninga av tilskotet i 2020. Vi har delt informasjon og samarbeider med fylkeskommunen om oppfølging av dei

eksisterande tilboda.

Rapportering på Opprappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.4 i TB)

Rapportere på

Rapportere på resultatoppnåelse for tilskuddordning til kommunene 0762.60

2019 var det siste året vi forvalta denne tilskotsordninga. Vi fekk rapportane om korleis kommunane hadde nytta tilskotet. Etter avtale med Vestland fylkeskommune handsama vi søknadar om overføring av tilskot frå 2019 til 2020. Rapporteringane om måloppnåing i kvar kommune som fekk tilskot i 2019, sende vi til Helsedirektoratet innan den oppgitte fristen hausten 2020.

Rapportering på Opprappingsplan for habilitering og rehabilitering 2017-2019 (fra kapittel 7.3.3.4.5 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av i hvilken grad tilbuet utvikles i henhold til målsetting i regelverk for tilskuddsordning.

Det vart ikkje oppretta nye frisklivssentralar i Sogn og Fjordane eller Hordaland i 2019. Vi kjenner heller ikkje til at nokon av kommunane som ikkje har frisklivssentral, har planar om å opprette eit slikt tilbod.

Det er ein liten del av kommunane som har valt å opprette frisklivssentral, og det er ulikt kva frisklivs-, lærings- og meistrings-tilbod som elles finst. I dei åra vi forvalta tilskotsordninga, fekk vi tilbakemelding om at summen til fordeling var liten og at det var for tidkrevjande å søkje og rapportere på tilskotet. Fleire tilsette i mindre frisklivssentralar ønskte at tilskotet i større grad kunne nyttast til å støtte opp om eksisterande drift og kjerneaktivitetar. Det er for krevjande for sentralane med minst stillingsressurs å utvikle nye prosjekt for å kunne få ein del av frisklivsmidlane.

Vi har rapportert til Helsedirektoratet om tildelte midlar til utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod i 2019. For meir utfyllande informasjon viser vi til tidlegare innsende svar og vår samla vurdering der.

Vi samarbeider med fylkeskommunen om samlingar for tilsette i dei eksisterande sentralane. I kontakten med dei kommunale helse- og omsorgstenestene viser vi til kravet om førebyggjande tenester i helse- og omsorgstenestelova og til Helsedirektoratets tilrådingar om organisering. Tilskotsordninga, tilrådingar og rettleiing om organisering av denne delen av dei førebyggjande helsetenestene, har avgrensa effekt.

Rapportering på Omsorg 2020, herunder Demensplan 2020 (fra kapittel 7.3.3.5.1 i TB)

Rapportere på

Samlet vurdering av i hvilken grad det kommunale helse- og omsorgstilbuet i fylket planlegges og utvikles i henhold til retnin og målsettinger i Omsorg 2020, samt en vurdering av hvordan utviklingssentrene for sykehjem og hjemmetjenester ivaretar sin rolle overfor kommunene i fylket.

Vi meiner det kommunale helse- og omsorgstenestetilbuet i fylket utviklar seg i tråd med målsettingane i Omsorg 2020. Kommunane er opptekne av innovasjon, kvalitetsforbetring og utvikling av tenestene. Kommunar og tilsette deltek i ulike utviklingsprosjekt, fagnettverk og andre læringsnettverk. Mange av kommunane i Vestland har teke i bruk ulike verktøy i deira systematiske arbeid med pasienttryggleik og kvalitetsforbetring, og arbeider med fagleg omstilling av teneste-tilbuet. Døme er meir førebyggjande tenester, kvardagsrehabilitering og nye arbeidsmetodar der medverknad og meistring er vektlagt i større grad. Vi ser at kommunane satsar på utbygging av omsorgsbustader framfor institusjonsplassar, noko som kan vere uttrykk for prioritering av heimetenester og open omsorg framfor institusjonstenester.

Tilbuet til personar med demens og deira pårørande bør framleis styrkast. Større grad av brukarmedverknad for denne gruppa, meir pasient- og brukarstyring i utforminga av tenestetilbod både på individ og systemnivå og betre samarbeid med pårørande og pårørande-opplæring er framleis område der mange av kommunane har forbetningspotensiale. Det er behov for tettare og systematisk oppfølging av personar med demensdiagnose og manglar i kommunanes individuelle tilrettelegging av tenestetilbuet til pasientar med demensdiagnose. Tilrettelagde dagaktivitetstilbod treng styrking både i omfang og innhald. Forbetningspotensialet er også stort når det gjeld systematisk informasjons- og opplysnings-arbeid.

Kommunane i Vestland har lagt ned mykje arbeid og ressursar i velferdsteknologiprosjekt og i å ta i bruk velferdsteknologiske løysingar. Organisering av arbeidet som samarbeidsprosjekt der mange kommunar samarbeider om mellom anna forankring, kompetanseheving, innkjøp og implementering, har vore nyttig, spesielt for små kommunar. USHT som samarbeidspart, med prosjektleiing og fagleg støtte, mellom anna med kompetanseheving, har også vore ein viktig ressurs for kommunane i dette arbeidet. Vi vurderer at kommunane i aukande grad nytta velferdsteknologi og ser nytten av dette, men kommunane er komne ulikt med å ta teknologien i bruk. Fleire deltek i Velferdsteknologiens ABC, men det er framleis eit stort behov for opplæring på feltet, særleg om regelverk. God leiarforankring, god opplæring og budsjettering av utstyrskostnader er avgjeraande for å lukkast. På grunn av covid-19 har merksemda i kommunane i 2020 vore særleg retta mot smittevern. Vi har sett at bruk av velferdsteknologiske løysingar har vorte meir aktualisert som følgje av pandemien.

Ein del kommunar arbeider med å styrke samarbeidet med frivillige og ideelle organisasjonar for å få til betre bruk av frivilligressursen i omsorgstenestene. Det er framleis kommunar som rapporterer om at det er utfordrande å få til gode ordningar for samarbeid med frivillige og god styring av frivilliginnsatsen.

Leiarutvikling har vore på dagsorden i fleire år og leiarkompetansen i tenestene er styrka. Det er også blitt fleire tilsette i tenestene med vidareutdanninger dei siste åra. ABC-opplæringa har gitt fagleg påfyll og vore eit viktig bidrag i internopplæringa. Det er likevel framleis for mange tilsette utan helse- og sosialfagleg utdanning i omsorgstenestene, og kommunane må jobbe vidare med å redusere denne delen.

Vi meiner at USHT-ane i fylket har vore til god støtte og hjelp for kommunane i deira kvalitetsarbeid og utvikling av tenestene. Kommunane er følgde opp både enkeltvis og i grupper. Alle kommunar har hatt tilbod om å vere med på ulike nettverk, fagsamlinger m.m. Slik vi vurderer det, har USHT-ane gjennomført mange prosjekt og tiltak med relativt små økonomiske rammer. USHT-ane har også vore omstillingssyktige og til støtte for kommunane i handteringen av pandemien. Fylkesmannen har hatt eit godt samarbeid med USHT-ane i fylket. Vi har også bidrige med ulike former for støtte gjennomføring av konferansar og læringsnettverk. USHT-ane har ei viktig rolle i det vidare kvalitetsarbeidet og i gjennomføringa av Leve heile livet-reforma.

Rapportering på Omsorg 2020, herunder Demensplan 2020 (fra kapittel 7.3.3.5.2 i TB)

Rapportere på

Vurdering av i hvilken grad kommunene i fylket planlegger og utvikler sine helse- og omsorgstjenester til personer med demens og deres pårørende i tråd med mål, strategier og tiltak i Demensplan 2020, samt den demografiske utviklingen og utfordringsbildet for øvrig.

Kommunane har i ulik grad tilrettelagt tenestetilbodet til personar med demens i tråd med mål, strategiar og tiltak i Demensplan 2020. Kommunane er i stor grad kjende med den demografiske utviklinga og utfordringsbildet, men vi er usikre på om planar og tiltak i tilstrekkeleg grad vil sikre gode tenester og eit samfunn som er tilrettelagt for ei veksande gruppe personar med kognitiv svikt og demenssjukdom i åra som kjem. Vi meiner dei fleste kommunane framleis kan betre tenestene til personar med demens og deira pårørende, og planlegge betre for eit meir demensvenleg samfunn. Det er få kommunar som har teke demensfeltet med i samfunnsdelen i kommuneplanen, og om lag halvparten av kommunane har omtalt tenestene til personar med demens i handlings- og økonomiplanen.

Mange kommunar kan bli betre når det gjeld systematisk informasjon og opplysningsarbeid om demenssjukdom og tenestetilbod til innbyggjarane. Informasjon til og oppfølging av pårørende har blitt betre dei seinare åra, men det er framleis for mange kommunar som ikkje har tilbod om til dømes brukarsskule og pårørandeopplæring.

Kommunane må også bli betre på å arbeide systematisk og kunnskapbasert i tenesteutføringa, sikre betre opplæring om og ta i bruk nasjonal fagleg retningslinje om demens i rutinar og praksis. Det er framleis for mange personar med demens som ikkje får tilbod om koordinator eller tilbod om individuell plan når dei har rett på det.

Dei fleste av kommunane har oppretta demensteam eller har ressurspersonar med spesiell kompetanse om demens. Mange av teama har tverrfagleg kompetanse og samarbeider med fastlege om diagnostisk utgreiing. Likevel er den systematiske oppfølginga og individuelle tilrettelegginga av tenestetilbodet etter at pasienten har fått demensdiagnose, eit forbetringssområde i mange kommunar. Samarbeidet mellom fastlegane og demensteam eller helse- og omsorgstenester om diagnostikk, utgreiing og oppfølging må framleis styrkast.

Tal henta frå Kommunalt pasient- og brukerregister (KPR) syner at talet på heimebuande personar med demens som har dagaktivitetstilbod, har auka frå 2016 til 2019. Samstundes syner tala at delen heimebuande personar med demens som har vedtak om dagaktivitetstilbod, går ned. Denne delen er også framleis høgare i Hordaland-kommunane (38,3 prosent) samanlikna med kommunane i Sogn og Fjordane (24 prosent). Vi ser at kommunane har aktivitetstilbod spesielt tilrettelagt for personar med demens, men tilboda er i for liten grad fleksible og differensierte. Kommunane har for få aktivitetstilbod på kveldstid og i helgar. Ulike tilbod om dagaktivitetar som er tilpassa den enkelte er svært viktig både for den som har demenssjukdom, men også for at pårørende skal få avlastning og vere i stand til å bidra i omsorga lenger. Vi meiner både omfang av- og innhald i dagaktivitetstilbod til personar med demens er eit tilbod som må styrkast i kommunane framover.

Rapportering på Kompetanseløft 2020 (fra kapittel 7.3.3.6.1 i TB)

Rapportere på

Rapportering på tilskuddsmidler mellom tiltak som inngår i kap 761, post 68 Kommunalt kompetanse- og innovasjonstilskudd pr. 01.05.

Samlet vurdering av kompetanse- og rekrutteringssituasjonen innen helse- og omsorgstjenestene i kommunen, herunder gi en vurdering av tilgangen på utdanningstilbod i fylket, herunder tilgangen på desentraliserte og deltidsutdanninger innen helse- og sosialfagutdanninger.

Tal frå Statistikkbanken og Kostra for 2019 tyder på at den positive utviklinga i talet på årsverk og sysselsette i helse- og omsorgstenestene i kommunane held fram. Veksten kan tyde på auka kapasitet i tenestene. Den kan også vere eit uttrykk for fleire brukarar og auka behov for tenester.

Avtalte årsverk i omsorgstenestene for sjukepleiarar, psykiatriske sjukepleiarar, sjukepleiarar med spesialutdanning, vernepleiarar og helsefagarbeidarar aukar. Talet på årsverk for hjelpepleiarar og omsorgsarbeidarar går ned. Vi ser den same utviklinga i talet på sysselsette for desse yrkesgruppene.

Det er også auke i årsverk i helsestasjon- og skulehelseteneste for helsesjukepleiarar, jordmødrer, fysioterapeutar og andre sjukepleiarar frå 2015 til 2019. Det er ein liten nedgang i legeårsverka.

Delen brukarretta årsverk med helseutdanning i omsorgstenestene har auka dei siste fem åra til 77,4 prosent i kommunane i tidlegare Hordaland og 75,8 prosent i kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane.

Talet på årsverk og delen med formell utdanning i helse- og omsorgstenesta har auka, mest for tilsette med utdanning frå høgskule og universitet. Dette kan tyde på at dei kompetanse-hevande tiltaka verkar, og at kommunane har merksemd på å styrke kompetansen i omsorgstenestene. Likevel blir over 20 prosent av årsverka i brukarretta tenester utført av personell utan helsefagleg utdanning.

Rekruttering og kompetanse

Fleire av kommunane melder om at det er utfordrande å rekruttere sjukepleiarar, vernepleiarar og helsefagarbeidarar, men også legar og psykologar. Behov for rekruttering følgjer også av ei aldrande personellgruppe. Vanskane med å rekruttere kvalifisert personell gjeld både mindre og større kommunar. Det krev at kommunane får eldre til å stå lenger i arbeid og at tilsette går frå deltid til heiltid. Helse- og omsorgstenestene har mange deltidstilsette.

Tilbakemeldinger frå tilsette og leiarar kan tyde på at tilgjengelege personellressursar og kompetanse ikkje samsvarar godt nok med behova til brukarane. Dei fleste kommunar arbeider med eller har kompetanse- og rekrutteringsplanar. Planane har ulik kvalitet og berre eit fåtal er politisk behandla. Vi har hatt strategisk kompetanse-planlegging som tema i møte, og gitt tilbakemelding til kommunane, også om at planane bør opp til politisk behandling.

Kommunalt kompetanse og innovasjonstilskot

Kommunene gjev tilbakemelding om at dette tilskotet er eit svært viktig bidrag i arbeidet med å heve kompetansen til tilsette i helse- og omsorgstenestene.

Talet på tilsette som deltek i ABC-opplæring er rimeleg stabilt. Mange kommunar deltek i Velferdsteknologiens ABC. Denne opplæringa er eit godt tiltak for å heve kunnskapsnivået i omsorgstenestene, også for tilsette utan formell kompetanse.

I 2020 sökte 36 av 43 kommunar om tilskot. Vi prioriterte søknader om tilskot til kompetanseheving innan psykisk helse og rus. Vi vurderer ulike tilskotsordningar i samanheng og meiner det medverkar til god bruk av dei ulike ordningane. Det gir oss òg oversikt over arbeidet med kompetansehevande tiltak som vi nyttar i den vidare oppfølginga av kommunane.

Innovasjonsprosjekt

16 kommunar fekk tilskot til 22 nye prosjekt. Dei fleste av prosjekta går over fleire år. Talet på søknadar om tilskot til innovasjonsprosjekt er rimeleg stabilt. Dei fleste er små prosjekt, og vi er også usikre på graden av innovasjon i prosjekta.

Kommunane seier at tilskotsmidlane er viktige bidrag for å gjennomføre prosjekta og få til endring og forbetring. Nokre kommunar klarar ikkje å kome i gang slik som planlagt, treng meir tid for å gjennomføre og søker om overføring av midlar. Fleire av prosjekta er samarbeidsprosjekt mellom kommunar. Vi meiner dette samarbeidet er viktig. Kommunar som slo seg saman i 2020 samarbeider om nye og innovative løysingar i ny kommune. Det er søkt om tilskot til tema som kultur og fritid, førebrygging, tidleg innsats og eigenmeistring. Siste året fekk åtte kommunar tilskot til velferdsteknologiprosjekt frå denne ordninga.

Utdanningstilbod i fylket, under dette tilgang på desentraliserte og deltidsutdanninger innan helse- og sosialfagutdanninger

Rekruttering- og kompetansehevande tiltak tilpassa lokale forhold og samarbeid mellom kommunar, utdanningsinstitusjonar og andre aktuelle parter er nødvendig for å møte utfordringane framover.

Tilbakemeldingar frå kommunane om behovet for desentraliserte og deltids utdanningstilbod tilhøve er eintydige. Vi meiner òg at det er naudsynt å få fram fleire slike tilbod.

Fleire kommunar samarbeider med Høgskulen på Vestlandet og fylkeskommunen om slik utdanning av sjukepleiarar. Kommunar i Sogn regionråd samarbeider med høgskulen og fylkeskommunen i eit prosjekt for utdanning av framandspråklege som alt er tilsette i kommunane, til sjukepleiarar.

Felles leiaropplæring, tilpassa opplæring av framandspråklege til helsefagarbeidar og oppretting av læreplassar er også tiltak som er sett i verk i nokre kommunar i samarbeid med mellom anna

fylkeskommunen. Kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane har i fleire år samarbeidd med Nav og fylkeskommunen om utdanning av minoritetsspråklege til helsefagarbeidarar.

Fleire har oppretta læreplassar og seier det er eit prioritert tiltak for å rekruttere helsefagarbeidarar. Nokre kommunar i tidlegare Sogn og Fjordane rekrutterer greitt til vakante stillingar. Dei seier det skuldast ulike tiltak: rekrutteringstiltak, årsturnus eller andre turnusordningar, opprettning av vikarstillingar, tilsetting i faste stillingar (også ved vikariat), heile stillingar, stipendordningar og andre tiltak for å legge til rette arbeidssituasjonen til den enkelte.

Bergen kommune har hatt eit tilbod om desentralisert bachelor-utdanning som har sikra betre kompetanse i kommunehelsetenesta i fleire år. Kommunen gir tilbakemelding om at dette tilboden no er vanskelegare å gjennomføre på grunn av endringar i opptakskrav for desentralisert sjukepleiarutdanning frå hausten 2019. Krav om tal på timer i norsk og matematikk frå vidaregåande skule gjer at deira tilsette med yrkesfagleg utdanning ikkje kvalifiserer for sjukepleiarutdanninga. Timetalskravet har ført til at realkompetanse er prioritert ned til fordel for generell studiekompetanse. Bergen kommune har også bede KS om å arbeide for at opptak til desentralisert sjukepleiarutdanning skal bli styrt av vurderingar av realkompetanse og prioritering frå arbeidsgjevar. Hausten 2019 var det for første gong ledige studieplassar ved Høgskulen i Vestland som følgje av at eit stort tal prioriterte sökjarar ikke var kvalifiserte etter nasjonalt regelverk. Dette er ikkje ei ønskt utvikling.

Involvering av brukere og pårørende i tilsyn med tvungen somatisk helsehjelp (fra kapittel 7.3.3.7.1 i TB)

Rapportere på

Vi ber fylkesmennene evaluere involveringen av brukere og pårørende i tilsynet med praktiseringen av tvungen somatisk helsehjelp i den kommunal helse- og omsorgstjenesten, jf. oppdrag 3.3.1.3.11 En samlet vurdering sendes til Statens helsetilsyn, og fristen utvides til våren 2021. Statens helsetilsyn vil utarbeide en rapportmal.

Vi meiner involvering av tenestemottakarar og pårørende er nyttig. Vi gjennomførte tre tilsyn med tvungen somatisk helsehjelp i omsorgsbustader. Ved kvar av dei hadde vi telefonsamtale med pårørende til fire pasientar med kognitiv svikt. Alle hadde gode innspel som vi tok med i planlegginga av tilsyna.

Vi vurderte at det grunna smittefare under pandemien ikkje var tilrådeleg å intervju pasientar med kognitiv svikt i bustaden deira. Samtale på telefon eller video med pasientar med kognitiv svikt, vurderte vi som uaktuelt.

Evaluering av hvordan samtaler med brukere i tilsyn med bruk av tvang fungerer (fra kapittel 7.3.3.7.2 i TB)**Rapportere på**

Vi ber om at fylkesmannen evaluerer hvordan samtaler med brukere i tilsyn med bruk av tvang fungerer, jf. oppgave 5.3.8.12 i VØI. En samlet vurdering sendes Statens helsetilsyn innen 31.12.2020. Statens helsetilsyn vil utarbeide en rapportmal.

Vi har evaluert korleis samtalar med tenestemottakarar har fungert i tilsyn med bruk av tvang og makt etter reglane i helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Ei samla vurdering er sendt til Statens helsetilsyn.

Rapportering på gevinstrealiseringssplanen S (fra kapittel 7.3.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmennene bes redegjøre kort for status på gevinstrealiseringssplanen for oppgavene på Statens helsetilsyns områder i årsrapport for 2020.

Vi har eit internt prosjekt med utvikling av tilsyn på tenesteområda helse, sosial og barnevern. Vi har hatt nytte av å gjennomføre arbeidet på same tid på alle område. Målet er at tilsyna skal bidra til betre tryggleik for tenestemottakarar og varig forbetring i tenestene. Vi har òg valt ei tilnærming som er verknadfull i den konkrete saka. Derfor har vi systematisert og spesialisert saksflyten og dei ulike måtane vi gjennomfører tilsyn på, i åtte punkt. Vi har òg lagt vekt på oppfølginga ved avdekte lovbroter. Arbeidet har ført til tydelegare prioritering og er effektivisert ved at vi har spesialisert flyten.

Tenestene gir oss gode tilbakemeldingar på dette og vi meiner vi støtter leilinga og bidrar betre enn før til utvikling i tenestene.

Statens helsetilsyn er frå før orientert om utviklingsarbeidet vårt og vi har frå hausten 2020 bidratt i ei arbeidsgruppe i Helsetilsynet som arbeider med utvikling av tilsyn på helseområdet. Utviklingsarbeidet som skjer i Helsetilsynet no, er allereie godt integrert i vår organisasjon på helse-, sosial- og barnevernsområdet.

Rapportering på gevinstrealiseringssplanen Helsedirektoratet (fra kapittel 7.3.3.8.2 i TB)**Rapportere på**

Helsedirektoratet viser til gevinstrealiseringssplan i forbindelse med sammenslåing av embeter, som er utarbeidet av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD).

Fylkesmannen skal i tråd med dette gjennomføre en kompetansekartlegging, for å sikre god ressursutnyttelse. Rapportering på kompetansekartleggingen, og endringer foretatt på bakgrunn av denne, meldes i årsrapport for 2020.

Rapportering på gevinst skjer først i forbindelse med årsrapportering for 2022.

Eit overordna mål er betre kvalitet i sakshandsaming, informasjon og rettleiing. Vi meiner vi har lukkast med å utvikle ei felles plattform for arbeidet vårt. Vi har fordelt oppgåver med sikte på best mogleg disponering av tilgjengelege ressursar, kontinuitet og reduksjon av sårbarheit. Vi ser på dette som ein kontinuerleg prosess.

Tilsyn av verger (fra kapittel 7.3.4.1.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på totalt antall kontrollerte vergeregnskap i 2020. Det skal oppgis hvor mange av disse vergeregnskapene embedet har plukket ut og kontrollert basert på egne risikovurderinger.

Fylkesmannen skal også rapportere på antall vergemål som det er ført tilsyn med i 2020 utover regnskapskontroll, både planlagte og hendelsesbaserte. Fylkesmannen skal i tillegg kort beskrive hva tilsynene har avdekket og hvordan avvik er fulgt opp.

Planlagt tilsyn

Vi har i 2020 ført tilsyn med verjer i tråd med SRF sitt oppdrag 3.3.2.1.4. Tilsynet omfatta 21 alminnelege og faste verjer.

Verjene blei varsle om tilsynet i juni 2020, og tilsynet blei gjennomført hausten 2020. Verjene svarte på spøreskjemaet som er utforma av SRF. I tillegg gjorde vi stikkprøver for å undersøke praksisen deira.

Dersom det blei avdekt avvik eller merknader, skreiv vi ein førebels tilsynsrapport. Verjene fekk fem verkedagar på å gi tilbakemelding viss dei meinte rapporten bygde på feil eller mangelfulle opplysningar.

Alle verjer fekk i november og desember tilsendt endeleg tilsynsrapport. Tilsynet avdekte følgjande:

- Ingen funn hos to av verjene
- Merknader hos seks av verjene
- Avvik (og ev. merknader) hos 13 av verjene

I dei tilfella det blei avdekt avvik eller merknader, måtte verjene levere ei skriftlig erklæring om kva endringer dei vil gjøre slik at tilsvarande avvik eller merknader ikkje vil skje igjen. Vidare fekk ti verjer totalt 18 pålegg om tilhøve dei måtte rette opp i.

Vi avdekte totalt 29 avvik i tilsynet og hadde 43 merknader til verjene sin praksis.

Tre verjer har i etterkant av tilsynet sagt frå seg verjeoppdrag sine, totalt elleve verjeoppdrag.

Vi vil også ha oppfølging med éi verje. Andre tiltak vil vere rettleiing og bistand til verjene, og større vekt på opplæring i 2021, både til nærståande, alminnelege og faste verjer.

Hendingsbaserte tilsyn

Fylkesmannen i Vestland har gjennomført hendingsbaserte tilsyn i 2020.

Vi har hatt tilsyn med éi fast verje i enkeltsak i 2020, og har på bakgrunn av funna i tilsynet starta sak om byte av verje i alle saker hos verja i januar 2021.

Seks saker har blitt avslutta etter undersøkingar. Fire saker har blitt avslutta utan tilsynssak.

I tillegg kjem saker der verjene har blitt fråtekne verjeoppdraget utan at det er oppretta tilsyn, men der det har vore andre grunnar til at verjene har blitt fråtatt oppdraget.

Verjerekneskap

Statsforvaltaren varsle om byte av verje i 83 saker på bakgrunn av manglar ved verjerekneskapet. I ti av sakene har verjene blitt fråtatt verjeoppdrag, 19 saker er framleis uavklarte og i 54 av sakene har verjene fått halde fram.

Grunna mangelfulle registreringar og at det har vore uklart om tilsynsaktiviteten skal nyttast også i rekneskapssaker, kan vi ikkje gi nøyaktige tal på kor mange verjer som er fråtatt verjeoppdrag på bakgrunn av verjerekneskapskontroll.

Antall kontrollerte vergeregnskap og antall kontrollert på bakgrunn av egne risikovurderinger

Antall totalt kontrollerte vergeregnskap	Totalt antall leverte vergeregnskap	Antall verger under oppfølging	Antall verger som er fratatt oppdrag
900	4 500	113	32

Fratakelse av verjeoppdrag er ikke ferdigstilt. Antallet er derfor usikkert.

Fratakelse av verjeoppdrag (fra kapittel 7.3.4.1.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på hvor mange verger som er fratatt sitt oppdrag i 2020 som en konsekvens av funn i regnskapskontrollen.

Fylkesmannen skal også rapportere på antall verger som har blitt fratatt verjeoppdrag i løpet av 2020 på bakgrunn av andre tilsyn og en kort redegjørelse for årsaker til fratakslene.

I 2020 tok vi fra 17 verjer oppdraga grunna funn i verjerekneskapa eller at dei ikkje leverte naudsynt dokumentasjon til rekneskapa.

Vi har teke frå to verjer oppdraga grunna andre tilsyn i 2020.

Vi gjennomførte 39 verjebaserte tilsyn i 2020. 38 av desse handla om ivaretaking av dei personlege interessene til verjehavaren. Vi fann avvik i 27 av desse sakene, medan fire var utan funn.

Vi gjennomførte 31 saksbaserte tilsyn i 2020. 25 av desse handla om ivaretaking av dei økonomiske interessene til verjehavaren. Vi fann avvik i 13 av desse sakene, medan 18 saker vart avslutta etter undersøkingar eller utan funn.

Årsaker til fråtaking av verjeoppdrag grunna andre tilsyn er at verja har lite tilfredsstillande system og rutiner for å sikre at økonomien til den enkelte verjehavaren vert ivaretakten på ein tilfredsstillande måte.

Årsrapportering rettshjelp (fra kapittel 7.3.4.2.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapportløsningen rapportere på antall innkomne, innvilgede og avslåtte søknader for perioden, fordelt på henholdsvis fritt rettsråd og fri sakførsel. Fylkesmannen skal også rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid og på antall restanser. Hva gjelder de innvilgede sakene, skal rapporteringen gi en oversikt over forekomsten av økonomisk dispensasjon, samt totale advokatutgifter og evt. andre utgifter som er innvilget i aktuelle periode, fordelt på saksområde. Av rapporteringen skal det videre fremgå hvorvidt det er gitt avslag som følge av økonomisk overskridelse eller av andre grunner i henhold til skjema over rettshjelpsstatistikk fra Statens sivilrettsforvaltning.

Fylkesmannen skal rapportere på forbruk for året samt forventet forbruk på kap. 470, post 01 for påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes. Fylkesmannen skal umiddelbart informere SRF dersom det er andre vesentlige risikoer eller avvik på området.

Vi har i 2020 utbetalt til saman kr. 9 750 826 etter lov om fri rettshjelp. Av dette utgjer kr. 7 040 080 fritt rettsråd og kr. 2 710 746 er utbetaling i saker som er handsama av kontrollkommisjonen for psykisk helsevern. Det er tilbakebetalt kr 123 706.

Totalforbruket på kapittel 470, post 01 er såleis kr. 9 627 120.

Det er utbetalt advokatsalær i 1156 saker. Dette er saker som anten er godkjende av advokaten sjølv, eller av oss. Vi har utbetalt salær i 362 saker for kontrollkomisjonen i tillegg.

I 2020 har vi godkjent økonomisk dispensasjon i 13 fritt rettsråd-saker. Dette gjaldt fem saker om skifte av felleseiige, fem barnefordelingssaker, to klagesaker etter folketrygdlova og ei sak om personskadeerstatning. Vi har avslått 157 saker. 52 søknader er avslåtte på grunn av at søkeren ikkje oppfylte dei økonomiske vilkåra, 95 søknader er avslåtte av andre grunnar og 10 søknader er avslåtte etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar.

Fordelinga mellom sakstypar og kostnadene er slik:

1. Utlandingssaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf. § 5 (2) nr. 1 a: 80 saker, kr. 276 117,50
2. Klager i asylsaker, jf. § 11 (1) nr. 1, jf. spf § 5 (2) nr. 1 c: 21 saker, kr. 101 530
3. Andre utlandingssaker, jf. § 11 (3): 2 saker, kr. 14 840
4. Barnevernssaker, jf. § 11 (1) nr. 2: 40 saker, kr. 364 392
5. Andre barnevernssaker, jf. § 11 (3): 4 saker, kr. 43 478
6. Erstatning for straffeforfølging, jf. § 11 (1) nr. 3: 103 saker, kr. 587 040
7. Valdsoffer, jf. § 11 (1) nr. 4: 17 saker, kr. 120 310
8. Vurdering av politimelding, jf. § 11 (1) nr. 6: 161 saker, kr. 495 180
9. Undersøking og behandling utan samtykke, jf. § 11 (1) nr. 8: 188 saker, kr. 1 021 515
10. Skiftesaker, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2: 60 saker, kr. 495 492
11. Barnefordeling, jf. § 11 (2) nr. 1: 132 saker, kr. 996 121
12. Familie, jf. § 11 (2) nr. 1 og 2: 23 saker, kr. 317 317
13. Andre familiesaker, jf. § 11 (3) 1 sak, kr. 2332
14. Personskadeerstatning, jf. § 11 (2) nr. 3: 9 saker, kr. 101 130
15. Oppseiing/utkasting frå bustad, jf. § 11 (2) nr. 4: 20 saker, kr. 116 224

16. Andre husleigesaker, jf. § 11 (3): 1 sak, kr. 5300
17. Oppseiing/avskil i arbeidstilhøve, jf. § 11 (2) nr. 5: 53 saker, kr. 377 806,50
18. Andre saker om arbeidstilhøve, jf. § 11 (3): 2 saker, kr. 10 600
19. Valdsoffererstatning, jf. § 11 (2) nr. 6: 24 saker, kr. 102 734
20. Klagesaker for Nav, jf. § 11 (2) nr. 7: 204 saker, kr. 1 385 980
21. Barnebortføring til utlandet, jf. § 12 (1) nr. 2: 1 sak, kr 20 800
22. Vurdering av klage til Nav, jf. rundskriv G-05/2019 pkt. 1 a: 2 saker, kr. 4770
23. Andre saker: 8 saker, kr. 55 388
24. Eigne utgifter, inkl. tolk, jf. § 14 (2) 1.pkt: 15 saker, kr. 23 683

Tal restansar per 31.12.2021 var 47 saker (19 søknadar, 25 stykkprissaker og tre klagesaker). Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i 2020 har vore tre til fire veker for søknadar om fritt rettsråd og fri sakførsel. For utbetaling av eigeninnvilga stykkprissaker og saker frå kontrollkommisjonen har gjennomsnittleg handsamingstid vore på om lag to veker.

I 2020 har vi avslått 30 søknader om fri sakførsel. Ingen søknader om fri sakførsel vart innvilga. Fire av søknadane vart avslåtte på grunn av økonomi, 24 av andre grunnar og fire etter ein kombinasjon av økonomi og andre grunnar.

Forbruket på kapittel 470, post 01 har vore på kr. 9 627 120.

Dette er ein nedgang med kr. 168 287 samanlikna med 2019. Vi vurderer at dette er ein mindre nedgang og at forbruket totalt sett har vore stabilt og ligg på det nivået vi hadde forventa.

Vi vurderer at forventa forbruk for 2021 vil ligge på om lag same nivå som i 2020, det vil seie kring 10 millionar kroner per år.

Rettshjelp

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Fritt rettsråd	Fri sakførsel
Innkommne søknader	386	349	37
Innvilgede søknader	188	188	0
Avslåtte søknader	187	157	30

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk... (fra kapittel 7.3.4.2.2 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på forventet forbruk på kap. 470, post 01 inneværende og påfølgende år. Eventuelle avvik skal begrunnes.

Forbruket på kapittel 470, post 01 har vore på kr. 9 627 120.

Forbruket totalt sett har vore som forventa i 2020, og vi vurderer at forventa forbruk for 2021 vil ligge på om lag same nivå, det vil seie kring 10 millionar kroner per år.

Rapportering på resultater på brukerundersøkelsen (fra kapittel 7.3.4.2.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten kort redegjøre for resultatene i brukerundersøkelsen blant brukerne av rettshjelpsordningen, jf. oppdrag 3.3.1.4.2 i supplerende tildelingsbrev 1.

Vi har motteke fire svar på brukarundersøkinga blant brukarane av rettshjelpsordninga. Tre av svara er frå advokatar, medan ein privatperson har svart.

To av svara frå advokatane byggjer på heilt eller delvis innvilging, og gir uttrykk for at dei er godt nøgde med vår handsaming. Ein av advokatane som har svart, har fått avslått søknaden. Denne advokaten svarar at han ikkje er nøgd med handsaminga av søknaden. Vi oppfattar dette skuldast at søknaden er avslått, meir enn vår handsaming av denne.

Svaret vi har fått frå privatpersonen gir uttrykk for at han/ho er svært misnøgd. I kommentarfellet kjem det tydeleg fram at vedkomande har hatt fleire saker om fri rettshjelp tilbake i tid, og gir uttrykk for at han/ho ikkje har fått den rettleiinga og oppfølginga vedkomande har krav på.

Vi vurderer at det er kome for få svar på brukarundersøkinga til at denne gir eit rett bilet av kor nøgde brukarane på fri rettshjelpsområdet er når det gjeld handsaming av saker på fagområdet hos oss. Slik vi les dei svara vi har fått, er desse knytt til utfallet av saka. Dette kan tyde på at det er regelverket

eventuell misnøye rettar seg mot, og ikkje vår handsaming.

Status øvelser med krisseorganisasjonen i kommunene (fra kapittel 7.3.4.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for status på gjennomførte øvelser med krisseorganisasjonen i kommunene.

I tillegg til at vi øvde sju kommunar i TISK-strategien, var dei fleste kommunane med på ei sambandsøving som vi gjennomførte i desember. Bruk av Nødnett og satellittelefon var dei sentrale elementa i øvinga.

Kompetanseheving om totalforsvaret i kommunene (fra kapittel 7.3.4.4 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal kort redegjøre for tiltak som er gjennomført for å heve kompetansen i kommunene.

Totalforsvaret skulle vere eitt av hovudtemaa på den planlagde fagsamlinga for kommunane i oktober. Tanken var å mellom anna sjå på kommunal beredskap i eit totalforsvarsperspektiv, erfaringar frå TRJE18 og Nasjonal helseøving 2018 og bruk av Røde kors og Sivilforsvaret i væpna konflikt. På grunn av koronapandemien har verken kommunane eller vi hatt kapasitet til å gjennomføre kompetansehevingstiltak på andre område enn pandemihandtering

FylkesROS (fra kapittel 7.3.4.5 i TB)**Rapportere på**

Redegjør for status på fylkesROS og tilhørende oppfølgingsplan

Vi starta arbeidet med fylkesROS i 2019 og målsetjinga var at han skulle ferdigstillaust hausten 2020. Som følgje av pandemien har vi vore nøydde til å prioritere ned dette arbeidet, men vi håpar å bli ferdige med analysen i 2021. Vi er godt i gang med arbeidet, og er ferdige med nokre av risikoområda.

Status scenario fylkesROS (fra kapittel 7.3.4.6 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for status av scenario sikkerhetspolitisk krise/krig i fylkesROS.

Vi prøvde på to gonger i haust å gjennomføre møte med Heimevernet, politiet og Sivilforsvaret, med ei målsetjing om mellom anna å utarbeide eit kunnskapsgrunnlag til scenarioet. Begge møta måtte avlysast grunna smitteoppblomstring. Tryggleksomsyn har gjort at det ikkje har vore mogleg å gjennomføre møtet elektronisk. Det vidare arbeidet med scenarioet er difor utsett til 2021, og vi ventar på å få gjennomført det planlagde møtet.

Regionale tiltak gjennomført i arbeidet med forebygging og beredskap (fra kapittel 7.3.4.7 i TB)**Rapportere på**

Hvilke tiltak vurderer embetet har vært viktigst for å ivareta fylkesmannens ansvar for samordning i arbeidet med forebygging og beredskap?

Arbeidet i 2020 har vore dominert av pandemihandteringa. Vi har frå 10. mars, altså to dagar før landet stengde ned, og gjennom heile året tatt ei tydeleg rolle som samordnar mellom nasjonal krisehandtering og handteringa på regionalt og lokalt nivå, samordnar mellom kommunane og mellom kommunane og andre aktørar i fylket.

Vi sette i gang med å lage eit fast møtepunkt for alle kommunane og andre relevante aktørar der vi kunne rettleie, formidle føringar og påbod frå den sentrale staten til kommunane, og der kommunane kunne stille oppklarande spørsmål. Vi har også dagleg svart på spørsmål frå kommunane på e-post. Denne samordninga held vi på framleis med møte kvar veke eller oftare om det trengst. Sidan mars har vi rettleidd kommunar som har hatt utbrot og sikkert svart på tusenvis av spørsmål, særleg ved utbrot og i etterkant av at det har kome nye eller endra føringar frå nasjonalt eller lokalt hald.

Samstundes som vi laga møtepunktet for kommunane, etablerte vi samarbeidsforum med dei tre helseføretaka og det regionale helseføretaket. I vårt fylke har desse samordningsarenaene fungert godt.

Vi har heile vegen opplevd stor velvilje frå kommunane, helseføretaka og andre aktørar, sjølv om tiltak og endringar har kome brått på, og det ikkje alltid har vore like enkelt å svart på spørsmål som er reiste om tiltaka. Vi har opplevd at det på grunn av kapasitetsutfordringar tek lang tid å få svar frå sentrale styresmakter om tolkingar av føringane, og har difor prøvd å svare på mest mogleg ved eiga hjelp.

Pandemien har kravd mykje av oss på beredskaps- og helseområda. Også utdanning har hatt mykje meirarbeid, og det har vore viktig med bidrag frå kommuneøkonomifeltet. I tillegg har vi i nokre hektiske periodar trekt ressursar frå andre fagfelt, når det har vore naudsynt. Til dømes trekte vi inn to

juristar som til vanleg sit med plan- og byggjesaker, til å svare på spørsmål frå kommunar og publikum om "hytteforbodet" i dei vekene det var ei aktuell problemstilling. Samla har vi sikkert bruk 10 til 15 årsverk på pandemien, som elles hadde vorte brukt på andre embetsoppdrag.

Tilbakemeldingane frå kommunane og dei viktigaste aktørene i fylket om korleis vi har handtert samordnings- og formidlingsrolla, har vore gode.

Gevinstrealisering: helhetlig og systematisk tilnærming i oppfølging av kommuner (fra kapittel 7.3.4.8 i TB)

Rapportere på

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringssplanen: Redegjør kort for status på arbeidet med å tilrettelegge for enhetlig og systematisk tilnærming til samfunnssikkerhets - og beredskapsarbeidet i oppfølging av kommunene.

I kommunane har også samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i 2020 i stor grad handla om pandemihandtering. Gjennom å ta ei tydeleg samordningsrolle har vi bidrige til at kommunane i stor grad har klart å gjøre dette på ein einskapleg og systematisk måte.

Gevinstrealisering: styrke samordningsrollen innen samfunnssikkerhetsarbeidet (fra kapittel 7.3.4.9 i TB)

Rapportere på

Rapportering på tiltak i gevinstrealiseringssplanen: Redegjør kort for status på arbeidet med å tilrettelegge for felles tilnærming og systematisk oppfølging av regionale aktører.

Kontakt og samarbeid med dei regionale samfunnstryggleiksaktørene er ei høgt prioritert oppgåve. På same måte som oss har mange av dei viktigaste samarbeidsaktørene våre vore gjennom omstillingar og omorganiseringar dei siste åra. Vi har prioritert å etablere og vedlikehalde eit godt kontaktnett, og har i stor grad lukkast med det.

Vi opplever at det er ein gjensidig låg terskel for å ta kontakt, og stor vilje både blant aktørene i fylkesberedskapsrådet og andre til å samarbeide og samvirke med oss. På grunn av koronapandemien har vi dette året spesielt hatt nær kontakt med dei tre helseføretaka. Vi har hatt eit svært godt samarbeid heile vegen, noko som har vore svært nyttig for oss. Fordeling av smittevernustyr har vore ei omfattande oppgåve, ikkje minst i den første tida i pandemien. I Vestland har helseføretaka etablert eit tett samarbeid med kommunane om det praktiske arbeidet med dette. Vi har vore ein medspelar i samarbeidet, men vi har eit bestemt inntrykk av at dette arbeidet har gått lettare i Vestland enn i andre fylke.

Gevinstrealiseringssplanen: Tilsyn (fra kapittel 7.3.5.1 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringssplanen, rapportere på hvilke tiltak som er gjort for å øke kvaliteten og sikre lik praksis på tvers av embetene og hvilke grep som er tatt for å øke tilsynsaktiviteten

Tilsynsaktiviteten i 2020 vart vesentleg lågare enn det vi hadde sett føre oss på starten av året, med full stopp i lange periodar og hyppige endringar av tilsynsplanen. Det vart færre tilsyn enn planlagt og fleire nasjonale tilsynsaksjonar vart enten utsett eller avlyst.

Vi arbeider likevel alltid med å auke kvaliteten på sakhandsaminga og tilsynsarbeidet. Vi spelte inn til Miljødirektoratet ei rekke felt der det er ulik praksis mellom fylka og som det no vert arbeidd med.

Digital gjennomføring av tilsyn vart så vidt testa ut, og det planlegg vi å gjøre meir av i 2021. Alle eigenrapportane frå våre 51 landbaserte industriverksemder vart gjennomgått og godkjende i Forurensning innan fristen den 1. juni.

Gevinstrealiseringssplanen: Veiledning av kommunene (fra kapittel 7.3.5.2 i TB)

Rapportere på

I henhold til gevinstrealiseringssplanen, rapportere på hvilke tiltak som er innført for å bedre veiledningen av kommunene og hvilke resultater tiltakene har ført til.

Vi får jamleg e-postar og telefonar fra kommunetilsette med spørsmål om "gråsonehus" i miljøregelverket. Vi forklarar når forureiningslova kan brukast eller når den konkrete saka skal handterast etter plan- og bygningslova. Vi rettleiar òg om bruk av miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova. Tema er mellom anna støy og tiltak i sjø, det som hos oss blir kalla paragraf 8-saker etter forureiningslova. Spesielt innan støy kan dette vere krevjande. Her finst potensial for strukturert informasjon på nettsida vår, og vi har dette på planen for 2021.

I arbeidet med vassforskrifta informerer vi kommunane om korleis vi arbeider med Vann-Nett og vassforvaltningsplanen.

Det er utfordringer med ulik praksis mellom fylka for handsaming av saker der det ikkje er malar, er uklart regelverk, eller der vi manglar avklaringar fra Miljødirektoratet. Dette gjeld avfallsanlegg, disponering av betongslam, planeringsfelt og massehandtering. Miljødirektoratet arbeider med tiltak på fleire av desse felta, men medan vi ventar på at

dette skal bli klart, må vi løyse sakene løpende.

Det er meir utfordrande å rettleie kommunane etter at miljokommune.no vart endra. Det byrjar å kome på plass ein del rettleiing på dei nye nettsidene til Miljødirektoratet, men det er framleis mange manglar som gjer vårt rettleatingsarbeid ut mot kommunane meir krevjande. På Miljødirektoratet sine nettsider manglar det rettleiing for kommunane om massehandtering i plan og planeringsfelt.

Fremmede organismer (fra kapittel 7.3.5.3 i TB)

Rapportere på

Status på gjennomførte tiltak mot fremmede organismer (referanse i tildelingsbrevet: 3.1.4.1.4).

I 2020 har vi halde fram med satsinga på tiltak mot vestamerikansk hemlokk og sitkagran. Blant framande artar vurderer vi framande bartre som det klart største trugsmålet mot det stadeigne biologiske mangfaldet på Vestlandet.

På **vestamerikansk hemlokk** er det gjort oppfølgjande arbeid i seks område og i 30 nye område. Sjølv om vi etter kvart trur vi har fått god oversikt over hemlokkforekomstar i fylket, kjem det framleis inn tips om nye. Oversikta i tidlegare Sogn og Fjordane er truleg framleis noko mangelfull.

Vi har også halde fram med ein viss innsats mot **sitkagran**, med merksemd på område der sitkagrana er i ferd med å øydeleggje område med kystlynghei. Koronasituasjonen gjorde at prosjektet med uttak av all sitkagran på Silda ved Måløy ikkje kom i gang før i januar 2021. Vi har òg, i samarbeid med Fitjar kommune, tatt ut sitkagran frå to mindre øyar i Fitjarøyane. I Austrheim kommune har vi delfinansiert uttak av all sitkagran på Rongevær.

Pågående tiltak på **boersvineblom** på Bømlo og **kjempespringfrø** i Voss, Gloppen og Årdal, held fram.

Pågående tiltak mot **legepestrot** på Bømlo held fram. Kommunen handterer dette saman med Statens vegvesen.

Det har vore mykje merksemd på **parkslirekne** i tidlegare Sogn og Fjordane. Det mest omfattande arbeidet skjer i Florø, Stryn og Høyanger, med utprøving av ulike tiltak. Direkte tiltak mot dei store slirekneartane vil venteleg bli trappa ned framover, og vi vil heller satse på førebyggjande tiltak (særleg med merksemd på flytting av jordmassar), for å hindre vidare spreiling.

Når det gjeld **kjempebjørnekjeks**, held tiltaka mot denne fram ved Husnes/Sunde i regi av grendalaget. Ingen nye forekomstar er oppdagata i fylket.

Tiltak mot **hagelupin** på Prestegardsmoen i Voss har halde fram. Heatweed-behandlinga er berre delvis vellukka, og relativt kostbar, så denne vurderer vi å avslutte. Voss kommune held kontroll på bløming/frøspreiing.

Tiltak mot **rynkerose** vart utført ved Bukta på Sandane, Gloppen kommune.

Planlagt tiltak mot **gullregn/alpegullregn** i Odda er utsett til 2021, fordi ingen plantar blomde i 2020.

Fremmede organismer

Beskrivelse av tiltak (som meldt inn i ESS)	Oppfølging av kriteriesett	Art/artsgruppe	Type tiltak	Vurdering av gjennomført tiltak	Sum
Kartlegging blir gjennomført av Havforskningsinstituttet i forbindelse med egne tokt.	Samkjørte tiltak	Stillehavssøsters	Kartlegging	Slik situasjonen for stillehavssøsters i Vestland er i dag, er praktiske tiltak ikke aktuelt, og vi vurderer at den mest rasjonelle pengebrukeren er å la midlane inngå i Hls kartleggingstokt. Kartlegginga må følgjast opp med visse mellomrom.	50 000
Oppfølging av tiltak i Børmlø kommune. Luking og punktsprøyting på alle kjente (ca. 20) lokaliteter. Utført av entreprenør.	Område med trua naturtyper. Holde i sjakk og hindre videre spredning.	Boersvineblom	Bekjempelse	Få planter att, men det ser ut til å finnast ein frøbank. Kostnad ved bekjemping vil truleg ligge på dette nivået framover.	52 877
Oppfølging av tiltak ved Svortland i Børmlø kommune. Sprøyting og luking. Kommunen gjennomfører.	Holde i sjakk og hindre videre spredning	Legepestrot	Bekjempelse	God effekt på kort sikt, men usikkert om arten lar seg utrydde utan meir intensiv og målretta innsats - planten har m.a. fått fotfeste langs ein bekk. Tiltaket er sett i gang etter ønske frå kommunen.	17 413
Oppfølging av tiltak i Stryn og Høyanger kommunar. Utført av privatpersonar med kompetanse.	Holde i sjakk og hindre videre spredning	Parkslirekne	Bekjempelse	God kortsiktig effekt, men arten er ikkje utrydda frå tiltaksområda. Tid- og kostnadskrevjande tiltak. I tillegg usikker effekt på lang sikt.	79 336
Oppfølging av tiltak på Prestegardsmoen i Voss. Plantane står meir eller mindre spreidd over eit stort område (ca. 50 daa). Behandling med Heatweed utført av entreprenør. Slått utført av kommunen.	Holde i sjakk og hindre videre spredning	Hagelupin	Bekjempelse	Moderat effekt av Heatweed, og dette blir ikkje vidareført. Slått held fram.	24 000
Oppfølging av tiltak i Voss, Osterøy og Årdal kommunar. Utført av entreprenør (Voss), lokal privatperson (Osterøy) og grändalag (Årdal)	Utrydde lokalt	Kjempespringfrø	Bekjempelse	God effekt. Trulig mogleg å utrydde lokalt i løpet av nokre år.	31 240
Fjerning av nokre mindre buskar. Manuell rydding utført av privatpersonar.	Utrydde lokalt	Rynkerose	Bekjempelse	God effekt. Truleg mogleg å utrydde lokalt.	20 199
Oppfølging av tiltak i seks område, pluss tiltak i 30 nye. Svært ulike område, frå enkelttre i hagar til hogstmogne plantefelt og rydding av spreide ungplantar. Utført av ulike entreprenørar.	Utrydde lokalt	Vestamerikansk hemlok	Bekjempelse	God effekt. Truleg mogle å å utrydde lokalt.	1 516 917
Oppfølging av to igangsette tiltak pluss tiltak i to nye område. Utført av entreprenørar. I tillegg modellering av spreieing (Høgskulen i Vestland).	Utrydde lokalt	Sitkagran	Bekjempelse	God effekt. Truleg mogleg å utrydde lokalt.	1 019 868
Alver: Husdal. Fjerning av plantefelt, hogstkl. III, ifm. hogst av hemlok. Manuell hogst og rydding utført av entreprenør.	Utrydde lokalt	Edelgran	Bekjempelse	God effekt. Truleg mogleg å utrydde lokalt.	45 000
Fjerning av norsk gran i edellauvskog (Sørstraumen, Os). Utført av eigar sjølv.	Utrydde lokalt	Gran	Bekjempelse	All gran fjerna frå lokaliteten.	1 375
Fjerning av felt med lerk ved Hardbakke, Solund. Ønske fra kommunen. Utført av lokal entreprenør.	Utrydde lokalt	Lerk	Bekjempelse	Frotere borte. Rydding av småplantar må takast att etter 5-10 år.	40 000
Innsamling av miljø-DNA, overvakning av infiserte område. Førebuannde tiltak for å betre effekten av bufferområde.	Holde i sjakk og hindre videre spredning	Øreklyte	Bekjempelse	I tråd med forventa resultat.	200 000
					3 098 225

Meir detaljert tabell, meir finfordelt på tiltak, er tilgjengeleg i Excel-format

Truede arter (fra kapittel 7.3.5.4 i TB)**Rapportere på**

Status på gjennomførte tiltak for å ta vare på eller innhente kunnskap om truede arter og naturtyper (referanse i VØI: 5.1.5.11).

For akvakulturanlegga i sjø har vi sett krav om kartleggingar av truga og sårbart naturmangfold i fleire saker enn før, noko som har gitt mykle ny kunnskap om korallførekommstar i våre farvatn.

Truede arter og naturtyper

Art/naturtype	Ref. nr.	Type tiltak	Omfang av tiltaket	Navn på område	Utdyping og vurdering av gjennomført tiltak	Sum
hole eiker, slåttemark, kystlynghei, naturbeitemark	20S5327F	Kvalitetssikring/kartlegging og utarbeiding av skjøtselsplanar - Naturfaglege konsulenter	Kvalitetssikring og nykartlegging av 51 lokalitetar.	Mange område	Dette er viktig både for bønder som skal søke RMP-tilskot, og for andre som treng oppfølging og økonomisk støtte til skjøtsel av verdifulle naturtyper i kulturlandskapet.	809 893
slåttemark, kystlynghei, naturbeitemark	20S5327F	Landbruksfagleg bistand i samband med oppfølging av handlingsplanar for naturtyper i kulturlandskapet	Arbeid med dette gjeld også igangverande skjøtselsplanarbeid.	Mange område	Med mykje over hundre lokalitetar av utvalde naturtyper m.m. er det viktig å ha nokon til å følge opp brukarane lokalt, og besøke dei når det trengst.	150 000
Hagemark og naturbeitemark	20S5327F	Styving av lind i naturtypelokalitet	Styving av 12 gamle lindetre	Kvist, Høyanger kommune	Oppgradering av kraftlinje gjennom hagemark/naturbeitemark ført til krav om utvida ryddesone som ville føre til at flere gamle lindetre måtte fellast. Avtale med nettselskapet om at trea kunne stå dersom dei blei styva. Trepleiarar blei leigd inn for å styve 12 vanskeleg tiljengelige tre i bratt terren, grunneigar vil ta resten.	23 000
Pollinerende insekt	20S5327F	Bistand, basert på avtale med lokal pollinatorfagmann	Evaluering av tiltak og rådgjeving til tilskotsmottakarar, og til Fylkesmannen i arbeidet med pollinerende insekt.	M.a. på Vidme og Hamre i Sogn	Synfaring og rettleiing på prosjekt som har fått tilskot fungerer bra, fagleg og som inspirasjon til dei som gjer tiltak.	7 765
Irsk hinnelav	20S5327F	Transplantasjonsforsøk	Overvaking og analyse av tidlegare utplasserte thallusbitar av irsk hinnelav	Sævereidberget, Hordaland	Tiltak utført i samsvar med plan. Tilfredsstillende resultat. Dette er eit prøveprosjekt, som inneber ein viss risiko for å mislukkast. Det er framleis for tidleg å seie noe om kor vellukka forsøket har vore, og det må følgjast opp nokre år til. Årlige skriftlege rapportar om framdrift og resultat ligg føre.	195 600
Purpurmarihånd	20S5327F	Oppfølging av faggrunnag	Overvaking av kjente veikestader, og oppdatering av faggrunnlaget. Samling for alle kommunar med førekomstar avarten og FM i fylka.	Lokalitetar i dei ni kommunane med kjente førekomstar (Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal)	Gjennomført som planlagt, men samlinga for kommunar og fylkesmenn blei pga. koronasituasjonen utsett, og til slutt gjennomført som Teams-seminar 25. november, med deltagning frå alle ni kommunar med førekomstar. Det vi sparte inn på reiseutgifter og overnattinng blei overført til handlingsplanarbeidet for hubro (innkjøp av utstyr pga. nye krav til overvaking)	100 000
Krykkje	20S5327F	Utplassering av reir på kunstige reirhyller	Tilrettelegging for hekking ved dei to hekkeområda i Vestland (av dei tre hekkeklassane i Noreg sør for Stad)	Leikanger i Stad kommune og Måløy i Kinn kommune	Måløy: Utplassering av gamle krykkjereir på kunstige reirhyller for å lokke krykkjene til å ta fleire av desse i bruk.	86 117
Dvergålegras	20S5327F	Overvåking – oppfølging handlingsplan	Alle kjente lokalitetar med dvergålegras i landet	Alle kjente lokalitetar med dvergålegras i landet	Overvåking av kjente lokalitetar og registrering av nye. Bør følgjast opp årlig	107 267
Gløsbekkemose	20S5327F	Kartlegging	Undersøking av potensielle bekkar i eit større område rundt Bergen	Fleire område i Bergen kommune	Svært interessante resultat, med funn av fleire nye førekomstar, men alle innanfor eit avgrensja geografisk område. Undersøkinga har gitt oss eit mykje betre bilde av arten si utbreiing. Skriftleg rapport ligg føre.	15 000
Vestamerikansk hemlokk	20S5327F	Bekjempelse	Fjerning av enkelttre i hage (Bergen)	Alver og Bergen kommunar	Ompostert frå tiltak mot framande arter.	36 060
Boersvineblom	20S5327F	Bekjempelse	Luking og punktsprøyting på fleire lokalitetar på Børmlø	Børmlø	Ompostert frå tiltak mot framande arter.	22 980
Sanddyne	20S5327F	Restaurering av sanddynar	1. Eit bekkeløp har endra løp og grev seg inn i sanddynefronten midt på stranda. For å hindre dette, må det gravast nyt løp over sandstranda om våren (28 490,-)	Reviksanden	Gjennomført med midlar til «Ekstraordinære tiltak til trua natur». Planlegging av tiltak skjer i samarbeid mellom Statsforvaltaren i Vestland og Revik grendelag (eigar av campingplassen). Oppstart av arbeidet med graving og flytting av straumpunkt kom seinare i gang enn planlagt, og for at ikkje arbeidet skulle stoppe opp når årsslutt nærma seg, blei resterande midlar (212 000,-) overført til ein konto i Kinn kommune slik at eventuelle nye fakturaer kunne betalast ut.	450 440
Slåttemark, kystlynghei	meldt inn som søknadar om tilskot i ESS	Skjøtsel	13 søkjarar som ikkje fekk tildelet midlar til skjøtselsutstyr i ordinær tildeling, fekk finansiert/delfinansiert viktig utstyr for å kunne halde fram med skjøtsel av verdifulle naturtyper.	Mange område	Gjennomført med midlar til «Ekstraordinære tiltak til trua natur».	339 123
Vipe	Ekstraordinært tiltak	Tilrettelegging for å sikre hekkeområde for Vipe på Herdla,	39 daa med fulldyrka mark er sikra torn. år 2039	Herdla	Gjennomført med midlar til «Ekstraordinære tiltak til trua natur».	910 000
Kystlynghei/Kystblåstjerne		Restaurering		Værlandet og Bylandet	Grendalaget på Værlandet og Bulandet i Askvoll kommune har utarbeidd eit konsept for å fjerne bortimot all sitkagrøn på desse øyane, for å favorisere kystlynghei og kystblåstjerne (EN). Fylkesmannen fikk ei ekstraordinær løying på 2,7 mill. kroner til dette. Prosjektet blei sendt på anbod, men ulike forhold tilsa at konkurransen dessverre måtte avlystast og midlane returneras til Miljødirektoratet. Midlane er derfor overført til 2021, og eit revidert prosjekt blir sendt ut på nytt anbod dette året.	0
						3 253 245

Deponier og finansiell sikkerhet (fra kapittel 7.3.5.5 i TB)

Rapportere på

Deponier og finansiell sikkerhet: Rapportere på status med arbeidet med kravstilling om finansiell sikkerhet i tillatelsene (referanse i tildelingsbrevet: 3.14.4.11).

Vi har ansvar for å følge opp to deponi som skal ha finansiell tryggleik. Dei andre er kommunale eller interkommunale.

Begge verksemndene har frå før etablert ordninger med finansiell tryggleik som ikkje er tilfredsstilande etter dagens krav. Vi har i 2020 bede dei om informasjon for å sikre at garantien blir etablert på rett form og har rett storleik. Begge har kome med framlegg til kor stor garantien skal vere, basert på rettleiaren. Vi er i dialog med verksemndene og reknar med å få dette på plass i løpet av første kvartal 2021.

Eit deponi i Vestland blei overført til Miljødirektoratet i 2019 i samband med søknad om utviding (Fana Stein og Gjenvinning sitt bergromsdeponi i Stendafjellet), og det er avtalt at Miljødirektoratet følgjer opp finansiell sikring både for det gamle og nye deponiet for denne verksamheten.

Deponi og PFAS (fra kapittel 7.3.5.6 i TB)**Rapportere på**

Deponi og PFAS: Rapportere på status med arbeidet med reviderte tillatelser for deponier som trenger det (referanse i tildelingsbrevet: 3.1.4.4.9).

Vi har ingen deponi i Vestland som tar imot eller eignar seg for mottak av PFAS-haldig avfall fra borekaks og slopp. Eitt deponi i fylket kan vere eigna, men Miljødirektoratet tok over ansvaret for oppfølging av dette deponiet i mai 2020. Vi har rapportert til Miljødirektoratet i eige brev, like etter fristen.

Skjønnsmidler (fra kapittel 7.3.6.1.1 i TB)**Rapportere på**

Omtale av prosess med kommunene i tildelingen av skjønnsmidler for 2021.

Fylkesmennene Hordaland og i Sogn og Fjordane hadde ulike skjønsrammer og nytta noko ulike kriterium for fordeling av skjønnsmidlene. Fylkesmannen i Vestland har som mål å gjøre heilskaplege vurderinger med like kriterium som grunnlag i fordelinga til kommunane, og byrja på dette ved fordelingane for 2020 og 2021. For at det ikkje skal bli for store endringar for kommunane fra eitt år til neste, brukar vi nokre år på å kome i mål med å leggje like kriterium fullt ut til grunn.

Kommunane får høve til å kome med opplysingar om behov for skjønnsmidlar. I arbeidet med fordelinga til 2021, kom 15 kommunar med slike opplysningar.

Vestland har ei skjønsramme for 2021 på 145 mill. kroner. Av denne ramma er 115 mill. kroner fordelt som ordinære skjønnsmidlar gjennom statsbudsbudsjettet. Resterande ramme, 30 mill. kroner, blir sett av til generell fordeling gjennom året og til prosjektskjøn til fornying og innovasjon. Vi vil ta stilling til endeleg fordeling av desse midlane seinare.

I fordeling av ordinære skjønnsmidlar har vi lagt til grunn at føremålet er å fange opp lokale tilhøve som ikkje er vareteke godt nok gjennom inntektssystemet eller gjennom andre tilskotsordningar, og bidra til utvikling og fornying i kommunane. Vi har gjort ei vurdering av kvar kommune sin overordna økonomiske situasjon og tenestebehov. I tillegg til dei overordna vurderingane, har vi i den skjønnsvise vurderinga lagt vekt på

- kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift (nedtrapping med utfasing frå 2024)
- sosiale kriterium
- kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon
- kommunane sitt utgiftsbehov
- samla vurdering etter økonomi og tenestebehov.

Vi har gjennom avsette midlar til fordeling vareteke behov som kan oppstå i løpet av året. Utilsikta verknader i inntektssystemet for nye kommunar blir òg vurderte under desse midlane i 2021.

Spesifikk omtale av arbeid med omstilling (fra kapittel 7.3.6.2.1 i TB)**Rapportere på**

Spesifikk omtale av arbeid med innovasjons- og fornyingsprosjekter i kommunene. Kort om fordeling av skjønnsmidler til formålet, herunder rapportering i ISORD, og formidling av resultatene.

Omtale av virkninger og resultater av prosjektene.

Vi legg ut informasjon på nettstaden vår om utlysing av fornyings- og innovasjonsmidlar, kriterium for tildeling og lenke til søknadsskjema i portalen Prosjektskjønn (Isord). Fylkesmannen i Sogn og Fjordane var med på å utvikle portalen, og fagansvaret for denne ligg framleis i embetet vårt. Vi brukar

derfor også litt tid på å rettleie andre embete, i tillegg til rettleiing av kommunar, informasjon på fagdagar hjå KMD, og å vedlikehalde og utvikle portalen saman med STAF.

Kommunane er i eige brev inviterte til å søkje om prosjektmidlar. Frå 2020 er det felles opplegg mellom tidlegare Hordaland og tidlegare Sogn og Fjordane både med fordeling av ordinære skjønsmidlar og prosjektskjøn.

Regionråda deltok tidlegare i prosessen med prosjektskjøn i Hordaland, og gav framlegg til prioritering mellom søknadane. KS hadde den same rolla i Sogn og Fjordane. Både regionråda og KS vart for 2020 inviterte til å delta i prosessen, og kome med innspeil og prioritere søknadar. Etter at kommunestrukturen er endra frå 2020, har regionråda i mindre grad enn tidlegare deltatt i prosessen med fordeling av prosjektskjøn.

I Vestland vart det i 2020 samla fordelt 16 550 000 kroner i prosjektskjønn gjennom portalen. Totalt fekk vi inn 72 søknadar, og vi løyvde midlar til 22 av desse prosjekta.

Fornyingsmidlane er fordelte slik mellom dei ulike satsingsområda (fordeling i heile kroner):

Helse og omsorg	6 300 000
Barnehage og skolemiljø	150 000
Barnevern og barns levekår	750 000
Digital forvaltning	7 450 000
Samfunnsutvikling	700 000
Interkommunalt planarbeid	200 000
Samfunnstryggleik og beredskap	500 000
Klimatilpassing	400 000
Interkommunale utviklingsprosjekt	100 000
Totalsum	16 550 000

På den offentlege sida i Prosjektskjønn blir prosjekta evaluerte av Fylkesmannen, og våre kommentarer viser for kvart enkelt prosjekt.

Av større prosjekt i 2020 vil vi trekke fram Digi Vestland – samordna regional digitalisering, som vart tildelt tilskot på 6 mill. kroner. Målsetjinga for samarbeidet er å sikre gode, likeverdige og berekraftige kommunale tenester. Vidare er målet at innbyggjarane skal ha tilgang til gode og likeverdige tenester uavhengig av kva kommune dei bur i. Gjennom digitaliseringsarbeid skal kommunane kunne handtere og nytte den digitale utviklinga, tilpasse nye løysingar i fellesskap, og ta løysingane raskt og effektivt i bruk.

Vi vil også trekke fram etableringa av E-helse Vestland som ein kraftregion for bruk av teknologi i helse- og omsorgstenesta. E-helse Vestland fekk eit tilskot på kr 3,25 mill. kroner. Velferdsteknologi er ei av løysingane som skal gjere helse- og omsorgstenesta i stand til å oppretthalde kvaliteten på tenestene i åra framover, trass i auke i talet på personar med behov for pleie- og omsorgstenester, medan talet på helsepersonell er venta å gå ned. E-helse og velferdsteknologi grip inn i dei fleste områda i kommunane, innan både strategi, styring og drift. Nettverk og miljø for dette arbeidet i tidlegare Sogn og Fjordane og i tidlegare Hordaland vil arbeide seg saman og utvikle eit nytt felles prosjekt. Prosjektet omfattar førebels 22 deltakarkommunar. Digitale verktøy er også viktige i krisesituasjonar knytt til helse.

Til slutt vil vi også trekke fram prosjektet digitalisering og psykisk helse som fekk eit tilskot på 1,1 mill. kroner. Føremålet er å utvikle og teste ei digital nettside for sjukeheimar i Bergen, som på sikt også kan nyttast av andre kommunar i Vestland. Det vart gjennomført eit pilotprosjekt på dette i 2019 i Bergen. Det er eit stort behov for kunnskap om psykisk helse, kommunikasjon, førebygging av sjukefråvær og konfliktar, og handtering av utagerande bebuarar.

I 2020 har det vore få høve til formidling av prosjekt, utover det vi har gjort på våre nettsider og tilbakemelding på den offentlege sida i portalen.

Det skal gis rapportering i tabell... (fra kapittel 7.3.6.3.1 i TB)

Rapportere på

Det skal gis rapportering i tabell som viser:

- Antall saker om lovlighekskontroll etter klage som det er truffet vedtak i for året, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.
- Antall lovlighekskontroller som er foretatt etter initiativ av fylkesmannen, hvor mange avgjørelser som er opprettholdt og hvor mange som er kjent ulovlige.

I 2020 behandla vi 21 saker om lovlegkontroll etter klage. To avgjerder vart kjent ulovlege. Vi avviste også seks klager fordi vilkåra for lovlegkontroll ikkje var oppfylte. Fem oppmodingar om å utføre lovlegkontroll etter eige initiativ vart avviste då det ikkje var særlege grunnar som tala for lovlegkontroll.

Kommunalrettslig lovligghetskontroll etter klage og eget initiativ

Type lovligghetskontroll	Vedtak opprettholdt	Ulovlig vedtak	Sum
Etter klage	19	2	21
På eget initiativ	0	0	0

Kortfattet omtale av... (fra kapittel 7.3.6.3.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmennene skal gi en kortfattet omtale av hvilke særlege kommunalrettslige tema de veileder kommunene om, og om eventuelle kommunalrettslige saker som har vært ressurskrevende/hatt mye oppmerksomhet i embetet.

Vi har jamleg rettleia kommunane, folkevalde og andre på innkomne spørsmål. Det har særlig vore spørsmål om habilitet, lovlegkontroll og reglane om innbyggjarforslag. Vi har også rettleia om reglane for intern klagehandsaming i kommunar og interkommunale selskap.

I samband med koronapandemien har vi særlig rettleia om mellombels forskrift for gjennomføring av fjernmøte. Informasjonsarbeidet under koronapandemien har i stor grad vore koordinert av embetsleinga og seksjon for beredskap, og skilt fra ordinær drift i fagavdeling. I enkeltsaker har vi avdekt og tatt opp manglar ved møteinnkalling, i tillegg til manglar ved delegering og feil bruk av hastemyndighet.

Kortfattet omtale i årsrapporten av bruken av interkommunalt samarbeid i fylket (fra kapittel 7.3.6.3.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmennene skal, på bakgrunn av egne erfaringer etter kontakt med kommunene, gi en kort omtale av omfanget av interkommunalt samarbeid i fylket, i hvilke former kommunene samarbeider, og hvilke tjenester det samarbeides om.

Kommunane i Vestland har omfattande interkommunalt samarbeid, i særlig grad for små og mellomstore kommunar. Omfanget er stort, det har utvikla seg over tid, og ofte blir nye og krevjande oppgåver lagde til interkommunale organ. Grunngjevinga er som regel at kommunen ikkje har kompetanse eller kapasitet til å løse oppgåva sjølv, eller at oppgåvane naturleg bør løysast i større geografiske område.

Organisatorisk har slike samarbeid ulike former:

1. Interkommunalt samarbeid med verkskommune – gjerne regionsenteret. Det er ofte lovpålagde tenester som t.d. legevakt, psykolog, ppt, barnevern, landbruk, veterinaær eller bygningskontroll.
2. Interkommunale selskap eller samarbeid (regionråd) der følgjande hovedoppgåver er vanlege: Næringsutvikling, sekretariat for kontrollutval, IKT drift eller digitalisering, profilering, felles helse-satsinger, prosjektutvikling, felles talsorgan mot fylkeskommune, statsetatar o.l.
3. Andre former for samarbeid som t.d. renovasjon, revisjon, næringsutvikling, samfunnsutvikling eller reiseliv.

Det er for tida sju fungerande regionråd i Vestland: Nordfjord, Sunnfjord, HAFS, Sogn, Hardangerrådet, Nordhordland og Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Dei sju kommunane Bergen, Askøy, Øygarden, Bjørnafjorden, Voss, Samnanger og Bremanger er ikkje med i noko regionråd. Voss melde seg ut av Hardangerrådet i 2020. Etne og Sveio er, i tillegg til medlemskapen i Samarbeidsrådet for Sunnhordland, også medlemmer i Haugalandsrådet. Det er stor forskjell på budsjett, bemanning og oppgåveportefølje i dei ulike regionråda; frå faste møteplassar for ordførarane utan faste strukturar, til meir aktive regionale aktørar.

Kommunereforma med etablering av fleire store kommunar, har bidrege til at kommunane på nytt diskuterer samarbeidsstrukturar. Fylkeskommunen ønskte å bidra aktivt i denne diskusjonen, mellom anna gjennom formalisert samarbeid med regionråda, men førebels har det skjedd lite.

Større kommunar i bergensområdet gir uttrykk for at dei har mindre interesse av å delta i regionråd, og dei ønsker heller å kommunisere direkte med fylkeskommunen og statlege organ.

Fylkesmennene skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.6.4.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmennene skal i årsrapporten oppgi hvor mange klager på avslag om begjæringer om innsyn de har behandlet, jf. offentleglova § 32 og forvaltningsloven § 28 annet ledd, samt hvor mange tilfeller klager har fått helt eller delvis medhold i klager etter offentleglova § 32.

Vi har handsama 61 klager på avslag om krav om innsyn etter offentleglova. Av desse blei det teke avgjerd i 57 saker, og fire saker blei avslutta fordi klagene hadde fått innsyn i dokumenta. Av sakene det blei teke avgjerd i, gjaldt fem av sakene manglante innsyn hos sjølvstendige rettssubjekt omfatta av offentleglova, tre manglante innsyn hos fylkeskommunen og resten av sakene manglante innsyn hos kommunar. Klagarane fekk heilt eller delvis medhald i 13 saker, av desse blei ni saker oppheva og returnerte til kommunen for ny handsaming. Vi stadfesta avgjarda om å avslå innsyn i 47 saker.

Tre av sakene gjaldt avslag på innsyn både etter offentleglova og forvaltningslova. Desse sakene blei stadfesta.

To av sakene blei klaga på til Sivilombodsmannen, som ikkje hadde merknader til våre avgjerder i klagesakene.

I tillegg vart det tatt ut søksmål mot avgjerdene våre i to saker, der den ene gjaldt det prinsipielle spørsmålet var om eit aksjeselskap er omfatta av offentleglova. Søksmålet ført fram i tingretten, men er anka til lagmannsretten. Den andre saka gjaldt innsyn både etter offentleglova, forvaltningslova og barnelova. Saka har ikkje kome for retten ennå.

Vi har også motteke om lag 29 klager som er sende direkte til oss, på grunn av manglende svar på innsynskrav hos underinstansen. Etter at vi har sendt desse klagene til underinstansen for vurdering og handsaming før eventuell oversending til oss som klageinstans, har om lag ni av desse sakene kome att som klagesaker til oss.

Vi har også handsama om lag seks saker om sakskostnadskrav knytt til klagesaker om innsyn etter offentleglova og om lag fire krav om omgjering av våre vedtak. Dette er saker som også kan vere komplekse og ressurskrevjande.

Fylkesmannsembeter som samordner statlig innsigelser (fra kapittel 7.3.6.5.1 i TB)

Rapportere på

Det skal rapporteres på fylkesmannens arbeid med samordning av statlige innsigelser, herunder i hvilken grad innsigelser blir løst gjennom dialog.

I tabellen har vi sett opp tala for 2020, slik dei går fram av vår interne listeføring av plansakene. Desse tala åleine vil ikkje svare på effekten av samordninga samla, men viser talet på planar med eller utan motsegn, etter utvida dialog i høyringsfasen. Samordninga har i tillegg løyst svært mange mogelege motsegnspunkt, sidan det ofte er mange punkt frå fleire styresmakter som vert drøfta til same plan. Får å vurdere den fulle effekten av samordninga, meiner vi difor at det må leggjast vekt på dei samla måla med denne. Vår vurdering opp mot desse måla er:

Raskare prosessar – fordi ei grundig drøfting av forankring og mogelege løysingar, gjer det lettare for kommunane å unngå at planar stansar opp i lang tid. Sjølv om det ikkje er vanleg med konflikt mellom statsetatane, vil ei god statleg samordning av dialogen mot kommunane medverke til raskare prosessar.

Betre planar – vi opplever god effekt av samordninga på dette feltet. Kommunane set oftast stor pris på å få gå konkret gjennom juridiske manglar og føringar som ikkje er tilfredsstillande handtert i høyringsframlegga. Og dei set pris på at dette skjer samla med statsetatane og fylkeskommunen, der dei ønsker å delta. Det skjer likevel til tider at kommunane ikkje ønsker å rette på manglar og i staden vil at planane skal vidare til mekling eller avgjerd i departementet.

Vi vil leggje til at vi, samstundes som vi prøver å få god måloppnåing i samordningssakene, minner kommunane om, og sjølv prioriterer deltaking i, regionalt planforum. Dette er fordi vi meiner at ei betre utnytting av planforum kan gje ei endå tidlegare avklaring. Planforum kan likevel ikkje erstatte den statlege samordninga når kommunane først har vedtatt utlegging av planane.

Færre motsegner – Her viser vi til tala og kommentarane i tabellen og tidlegare i rapporten.

Samordning av statlige innsigelser

Etat	1. Antall planer der andre statlige etater har oversendt innsigelse til fylkesmannen	2. Antall planer der innsigelser fra andre statlige etater er løst før de er fremmet for kommunen	3. Antall planer der innsigelser fra andre statlige etater er avskåret av fylkesmannen	4. Antall planer med innsigelse fra fylkesmannen og andre statlige etater fremmet for kommunen
Antall planer totalt	29	9	0	38
Fylkesmannen				
Avinor	2	0	0	0
Biskopene	1	1	0	0
Direktoratet for mineralforvaltning				
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap				
Fiskeridirektoratet	1	0	0	0
Forsvarsbygg	1	1	0	0
BaneNor	1	1	0	0
Kystverket				
Luftfartstilsynet				
Mattilsynet				
NVE	16	6	0	6
Oljedirektoratet				
Politiet				
Riksantikvaren				
Statens vegvesen	14	1	0	9
Statsbygg				

Planar med motsegnspunkt som ikkje er løyste, skuldast ofte enten at kommunen har takka nei til dialog eller at planane ikkje er ferdigstilt etter dialogmøtet (ventar på endeleg avklaring). I ein stor del av planane der det er fremja motsegn for kommunen, er mange motsegnspunkt likevel løyst etter dialogmøte. Av Fylkesmannen sine 32 eigne motsegnssaker til kommunane er 83 av 137 motsegnspunkt løyste før oversending til kommunen.

Fra og med 01.01.2017... (fra kapittel 7.3.6.6.1 i TB)

Rapportere på

Fra og med 01.01.2017 rapporterer alle embetene byggesaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for fylkesmennene.

- Av årsrapporten for 2020 skal det fremgå totalt antall behandlede byggesaker.
- Av årsrapporten for 2020 skal det fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.
- Av årsrapporten for 2020 skal det i tillegg fremgå antall saker som ikke ble avgjort innen 12 uker. Det skal vises hvor lang gjennomsnittlig overskridelse var i disse sakene. Overskridelse skal føres i antall dager.
- Av årsrapporten for 2020 skal det i tillegg fremgå hvor mange saker det ble avtalt lengre frist enn angitt i saksbehandlingsforskriften jf. pbl. § 21-8 andre ledd, hvor mange "særlege tilfeller" klageinstansen selv forlenget fristen i, og hvor mange saker der fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse.

Vi har handsama 651 byggesaker i 2020, av desse er 34 saker over 12-vekersfristen, jf. tabellane 256 og 257. Det vil seie at 95 av sakene er handsama innan 12 veker. Det gode resultatet skuldast godt system for fordeling og oppfølging av saker, og god fagkunnskap hjå våre sakshandsamarar. Trass i koronasituasjonen og periodar med heimekontor for fleire sakshandsamarar, har produksjonen vore god.

Rapportering om byggesaker etter plan- og bygningsloven

Totalt antall behandlede saker	Antall saker gitt medhold	Antall saker ikke avgjort innen 12 uker	Gjennomsnitt dager ikke avgjort innen 12 uker	Antall saker gitt lengre frist	Antall særlege tilfeller klageinstansen selv forlenget	Antall saker fristen ble forlenget på grunn av barmarksundersøkelse
651	99	34	28	9	3	0

Rapportering av plansaker i SYSAM (fra kapittel 7.3.6.7.1 i TB)**Rapportere på**

Fra og med 01.01.2017 skal alle embetene rapportere plansaker i SYSAM- ny rapporteringsløsning for fylkesmennene.

- Av årsrapporten for 2020 skal det fremgå totalt antall behandlede klager på reguleringsplaner og gjennomsnittlig saksbehandlingstid i antall dager. Det skal i tillegg fremgå antall saker der klagen ble gitt medhold, helt eller delvis.

Vi har handsama 81 klager på reguleringsplan i 2020, av desse er åtte saker over 12-vekersfristen. Det vil seie at i overkant av 90 prosent av sakene er handsama innan 12 veker. Det gode resultatet skuldast godt system for fordeling og oppfølging av saker, og god fagkunnskap hjå våre sakshandsamarar. Trass i koronasituasjonen og periodar med heimekontor for fleire sakshandsamarar, har produksjonen vore god.

Rapportering om plansaker etter plan- og bygningsloven

Betegnelse på rapporteringskrav	
Antall behandlede klagesaker reguleringsplaner	81
Gjennomsnittlig behandlingstid i dager for klager på reguleringsplaner	70
Antall klagesaker om reguleringsplan som ikke er behandlet innen 12 uker	8
Antall klagesaker om reguleringsplan der klagen er gitt medhold helt eller delvis	9

Det skal rapporteres om lærlinger... (fra kapittel 7.3.6.8.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på antall lærlinger i 2020. Det skal også framgå innenfor hvilke fag.

Vi har ikkje hatt lærling i 2020. Kontor og administrasjon er det mest relevante faget å ta inn lærling i for oss, men etter opprettinga og overføringa av oppgåver til FMFA, ser vi at vi ikkje vil klare å fylle alle oppgåvene som læreplanen legg opp til.

Rapportering på fellesføring 2019 (fra kapittel 7.3.6.9.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal i årsrapporten redegjøre for hvordan rekrutteringsarbeidet har vært innrettet for å nå 5 %- målet og de øvrige målene for inkluderingsdugnaden, jf. Rundskriv H-3/18.

Gjennom 2020 har vi jobba kontinuerleg for å nå målet om at minimum fem prosent av alle nytelsette skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. I 2020 hadde vi 35 tilsetjingar. Fire av dei nytelsette som hadde oppstart i 2020, var i målgruppa for inkluderingsdugnaden, noko som tilsvrar 11,43 prosent av tilsetjingane. Vi har såleis nådd 5 %-målet.

Vi har prioritert å ta i vare inkluderingsperspektivet i rekrutteringsprosessen. Vi jobbar kontinuerleg med utlysingsteksten, slik at han skal vere mest

mogleg inkluderande for målgruppa til inkluderingsdugnaden. I januar hadde vi rekruttering som tema på den interne leiraopplæringa. Der gjekk vi gjennom rutinane for korleis vi vurderer søkerar og CV-ar, slik at vi no kallar inn fleire frå målgruppa til intervju.

Nav Vestland har to tilsette som jobbar med den statlege inkluderingsdugnaden, og vi har tett kontakt med desse. Dei hjelper oss å finne kandidatar innan målgruppa til ledige stillinger.

Vi deltok også i traineeprogrammet i staten i 2019, der vi melde inn fleire stillingar. Den eine vi tilsette gjennom dette programmet, hadde oppstart i 2020. I april 2021 er den eine traineeen vår ferdig med programmet, og vil få tilbod om fast jobb hos oss.

Fellesføring 2019 - motvirke arbeidslivskriminalitet (fra kapittel 7.3.6.10.1 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal i årsrapporten redegjøre for resultater fra oppfølging av inngåtte kontrakter og hvordan virksomhetenes anskaffelser er innrettet for å gjennomføre dette hensynet, jf. rundskriv H-8/17.

Vi følgjer statens regelverk for innkjøp, og vi har oppdaterte innkjøpsrutinar. Vi nyttar oss av fellesavtalene som er inngått av Statens innkjøpssenter på vegner av oss. For kjøp over 500 000 kroner nyttar vi oss av KGV/EU-supply. All dokumentasjon blir arkivert i ePhorte.

Vi har ikkje inngått så mange nye kontrakter i 2020, men i dei kontraktane vi har inngått, følgjer vi sjølvsagt dei formelle krava i innkjøpsreglementet. STAF har i tillegg jobba aktivt med å inngå rammeavtaler som kan nyttast av alle embeta, og vil halde fram med dette arbeidet i 2021.

Innkjøp er no sentralisert til STAF for kjøp over 1,3 mill. kroner, og STAF vil ha meir spesifikk kompetanse på innkjøp enn embeta har på dette området.

På kjøp under 1,3 mill. kroner, rádfører vi oss med STAF ved behov, for å sikre at kjøpet vert gjennomført etter gjeldande regelverk. For oss er det viktig at STAF bygger kompetanse og kapasitet på feltet. På grunn av kapasitetsutfordringane i FMFA (STAF) har det i 2020 vore for vanskeleg og tatt for lang tid å få hjelp til innkjøp.

Gevinstrealisering på planområdet (fra kapittel 7.3.6.11.1 i TB)

Rapportere på

Embetene skal gi en kort, årlig samlet vurdering og rapportering i årsrapporten på egen ressursbruk knyttet til arbeid med og medvirkning i planprosesser (som formidling, høringsuttalelser, dialog og samordning av nasjonale og viktige regionale interesser). I tilknytning til rapporteringen på ressursbruk skal det også gis en vurdering av kvaliteten på arbeidet.

Etter samanslåing av embeta har vi sett av til saman 16 stillingar til varetaking av medverknad i kommunalt og regionalt planarbeid og statleg samordning. Desse er organiserte i ein eigen planseksjon i kommunalavdelinga.

Vi opplever at vi etter omorganiseringa fekk styrkt kompetanse og dermed styrkte ressursar til å medverke i tråd med dei samla forventingane, resultatmåla og krava i embetsoppdraget. Etter kommunenesamanslåingane frå 2020 har vi 43 kommunar og svært høg aktivitet på planområdet, men med auka bemanning har vi kunna fordele rettleiinga mot kommunane betre og hatt meir ressursar til tidleg medverknad og formidling av statlege omsyn og samordning.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid...(2) (fra kapittel 7.3.7.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med veileddning og informasjon på universell utforming.

Vi har mellom anna brukt den årlege plansamlinga for kommunane til å ha oppe tema om universell utforming. I tillegg er gir vi innspel om universell utforming i relevante planar etter plan- og bygningslova.

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling... (fra kapittel 7.3.7.5 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal gi en kort omtale av embetets arbeid med å fremme likestilling knyttet til ulike diskrimineringsgrunnlag i aktuell lovgivning.

Vi følgjer opp likestillings- og diskrimineringlova i myndighetsrolla vår. Likestilling og tiltak for å hindre diskriminering er tema vi tar opp i innspel til samfunns- og arealplanlegginga i kommunane. Vi har innarbeidd likestillingssyn i dei interne planrutinane våre.

Vidare gjorde vi greie for endringane i likestillingsslova og pliktene som ligg i lova §§ 24, 25, 26 og 26 a på årleg møte med kommunane, der alle ordførarar og rådmenn var inviterte. I år vart møtet halde digitalt, og det var 107 deltakarar som var kopla på då me gjekk kort gjennom pliktene.

Elles er avdelingsdirektørane ansvarlege for å ta opp til drøfting i leiargruppa eventuelle likestillingsutfordringar som dei ser innanfor eige fagområde.

Rapportering saksbehandlingstid i skolemiljøsaker (fra kapittel 7.3.8.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal rapportere på gjennomsnittlig saksbehandlingstid i håndhevingssakene per 31.12. Dere skal kun rapportere på saker som gjelder brutt/ikke brutt aktivitetsplikt.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for saker der vi gjorde vedtak om brot eller oppfylt aktivitetsplikt i 2020 er 42,5 dagar.

Rapportering av tilsyn etter barnehageloven og opplæringsloven (fra kapittel 7.3.8.2 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal beskrive de vurderingene som var avgjørende for valg av:

- a) tilsynstema
- b) omfang
- c) skriftlig eller stedlig tilsyn
- d) tilsynsobjekt

a) Val av tema for tilsyn**Tilsyn etter barnehagelova**

Tema for tilsyna er retten til spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging etter § 19 g.

Risikovurderinga som ligg til grunn for val av tilsynstema, er i hovudsak vår eiga sektorovervaking. Vi har generelt registrert ei uklar regelverksforståing når det gjeld grensegangen mellom barns rett til spesialpedagogisk hjelp (§ 19 a) og rett til individuelt tilrettelagt barnehagetilbod (§ 19 g). Det er også vår vurdering at kommunane ikkje gjer vedtak i alle saker, eller at vedtaka ikkje er korrekte. Risikoer er at barn som har rett på spesialpedagogisk hjelp eller tilrettelegging i barnehagen, ikkje får det.

Tilsyn etter opplæringslova

Tema for tilsyn er skolemiljø, spesialundervisning og vaksne sin rett til grunnskuleopplæring.

Eit trygt og godt skolemiljø er rekna for å vere avgjørande for at elevane skal kunne nyttiggjere seg av retten til opplæring. Gjennom vår handsaming av saker i handhevingsordninga, har vi sett at regelverksbrota ofte gjeld plikta til å undersøke og plikta til å setje inn tiltak. Basert på denne erfaringa valde vi å opne tilsyn med desse delpliktene. Ei slik innsnevring av tilsynstemaet meiner vi gjer tilsyna meir treffsikre og samstundes både tids- og kostnadseffektive.

Spesialundervisning er eit felt der vi gjennom klagesaksbehandling og andre førespurnader har erfart at kommunane manglar forståing for regelverket og gjer mangelfulle vedtak. Vidare er dette eit område der brot på regelverk vil ha konsekvensar for sårbare barn, noko vi også har lagt vekt på i vår risikovurdering.

Vår erfaring frå tidlegare tilsyn på temaet grunnskuleopplæring for vaksne, er at fleire kommunar ikkje har eit system som sikrar at alle vaksne får den retten dei har krav på, ettersom systema ofte er retta mot den gruppa med elevar som har rettar etter introduksjonslova. Vidare er det vår erfaring frå tidlegare tilsyn og som klageinstans at fleire kommunar utformar vedtak som ikkje møter krava etter opplæringslova og forvaltningslova. Vidare meiner vi på generelt grunnlag at vaksne som ønskjer grunnskuleopplæring, tilhører ei sårbar gruppe. Dette har vi også lagt vekt på ved val av tema for tilsyn.

b) Omfang

Omfanget av tilsyn er summen av talet på tilsyn, talet på kontrollspørsmål og kompleksiteten i regelverket. Tilsyn blir vurdert som verkemiddel i to ulike prosessar; ved inngangen til eit nytt kalenderår og løpende gjennom året.

Ved inngangen til eit nytt kalenderår legg vi ein plan for heile året. Omfanget av denne planen blir avgjort av tidlegare års erfaring om bruk av ressursar innanfor ulike tilsynstema, gjeldande personalsituasjon og opplevelinga vår av regelverksforståinga i sektoren. I tillegg vil tilsyn som verkemiddel blir vurdert løpende gjennom året når vi finn ny risiko hjå kommunar. Omfanget av desse tilsyna kjem an på om vi meiner at tilsyn er det rette verkemiddelet eller om rettleiing er eit betre alternativ.

c) Skriftleg eller stadleg tilsyn

Vi vurderer konkret for kvart enkelt tilsyn om vi skal gjennomføre stadleg tilsyn, både før tilsynet vert varsla og etter at vi har gått gjennom innhenta dokumentasjon. Det er ulike moment som gjer seg gjeldande på dei ulike stadia. Førande for vurderinga er ei avvegning av kva opplysingar som er nødvendige for å opplyse saka og dei ressursane som går med til gjennomføringa av stadleg tilsyn.

d) Tilsynsobjekt

Risikovurderinger er utgangspunkt for val av tilsynsobjekt. Klagesaker, bekymringsmeldinger, statistikk (BASIL, GSI, elevundersøkinga mm.) og dialog med kommunane er alle element som er med på avgjøre kva objekt vi vel å føre tilsyn med.

Oppfølging av restrisiko (fra kapittel 7.3.8.3 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre for hvordan de følger opp avdekket risiko som ikke er fulgt opp med tilsyn.

Vi identifiserer risiko blant anna gjennom kjelder (Elevundersøkinga, GSI og Basil), saks- og klagebehandling, meldingar frå innbyggjarar og tilsette i sektoren, kommunikasjon med kommunane og medieoppslag.

I 2020 har vi gjennomført tilsyn når vi har meint at det er det rette verkemiddelet. Vi har ikkje vore i ein situasjon der kapasitet eller kompetanse har vore til hinder for å planlegge eller utføre tilsyn når vi har meint at det er nødvendig og tenleg.

Ofte vel vi å bruke andre verkemiddel enn tilsyn når vi oppdagar risiko. Rettleiing som verkemiddel er godt eigna i dei fleste situasjonar. Vi har i 2020 hatt fleire digitale rettleiingsøkter på Teams, t.d. om kommunen si rolle som barnehagemyndighet. Vi har også hatt ei forvaltningsrettssamling for skule og barnehage. Elles har vi laga nettsaker, mellom anna om retten til skyss og meldeplikta til barnevernet. I 2020 har vi i større grad enn tidlegare brukt møte med enkelte kommunar som verkemiddel. Vi har arrangert møte med enkelte kommunar, der vi har diskutert saker og rettleidd konkret om sakshandsaming.

Vi tek ofte imot ulike varsel om kritikkverdige høve. Alle desse meldingane blir registrert i eit risikovurderingsskjema. Dette skjemaet blir brukt aktivt når vi vel tilsynstema og tilsynsobjekt for komande år.

Rapportering av antall klager på barnehage- og opplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.4 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal rapportere på antall klager, type klager og resultatet av behandlingen på barnehage- og opplæringsområdet.

På barnehageområdet er talet på klager omlag som for 2019. Klager etter opplæringslova og friskolelova er tydeleg lågare enn for 2019.

Klagebehandling - Barnehage (barnehageloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager	2	1	0	1	0
Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager § 4	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16 a	2	0	0	2	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 19 e	4	1	1	2	0
Barnehageloven § 19 g	19	3	16	0	0
Barnehageloven § 19 h	0	0	0	0	0
	27	5	17	5	0

Klagebehandling - Frittstående grunnskoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist
Skyss, § 3-7	5	0	4	0	1
Utsatt skolestart, § 3-3 annet ledd	0	0	0	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	0	0	0	0	0
Bortvisning, § 3-10	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 2-4 jf oppl § 9a-2	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	0	0	0	0	0
Standpunkt i fag	0	0	0	0	0
Fritak fra norsk sidemål	0	0	0	0	0
Bortvisning, § 3-10	0	0	0	0	0
Permisjon, § 3-13	0	0	0	0	0
Særskilt språkopplæring, § 3-5	0	0	0	0	0
Inntak, § 3-1	0	0	0	0	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	0	0	0	0	0
Standpunkt i orden og oppførelse	0	0	0	0	0
	5	0	4	0	1

Klagebehandling - Frittstående videregående skoler (friskoleloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Inntak, § 3-1	0	0	0	0	0
Særskilt språkopplæring, § 3-5	0	0	0	0	0
Spesialundervisning, § 3-6	0	0	0	0	0
Bortvisning, § 3-10	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 2-4 jf oppl § 9a-2	0	0	0	0	0
Psykososialt skolemiljø, § 2-4, jf oppl § 9a-3	0	0	0	0	0
	0	0	0	0	0

Klagebehandling - Grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	1	0	1	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	7	1	4	1	1
Bortvisning, § 2-10	0	0	0	0	0
Skoleplassering, § 8-1	23	2	21	0	0
Utsatt skolestart, § 2-1 tredje ledd	2	0	1	0	1
Ekstra år i grunnskolen, § 2-1 fjerde ledd	0	0	0	0	0
Tegnpråkopplæring, § 2-6	1	1	0	0	0
Permisjon fra opplæringen, § 2-11	0	0	0	0	0
Standpunkt i fag	66	0	39	27	0
Skyss, § 7-1	24	2	16	4	2
Standpunkt i orden og oppførsel	1	1	0	0	0
Lokalt gitt muntlig eksamen	0	0	0	0	0
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	0	0	0	0	0
Særskilt språkopplæring, § 2-8	0	0	0	0	0
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	0	0	0	0	0
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	0	0	0	0	0
Sum	125	7	82	32	4

Klagebehandling - Vidaregående skoler (opplæringsloven med forskrifter)

Type klage	Sum	Medhold / Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevret	Avvist
Rett til ett/to ekstra år i vgo, § 3-1 femte ledd	0	0	0	0	0
Fysisk skolemiljø, § 9a-2	0	0	0	0	0
Spesialundervisning, § 5-1	1	1	0	0	0
Sentralt gitt skriftlig eksamen	1 329	103	1 226	0	0
Standpunkt (fag og orden og oppførsel) for utenlandsskolene	0	0	0	0	0
Andre ikke-skriftlige eksamener for utenlandsskolene	0	0	0	0	0
Inntak, § 3-1 sjette ledd	0	0	0	0	0
Særskilt inntak, § 3-1 sjette ledd	0	0	0	0	0
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	0	0	0	0	0
	1 330	104	1 226	0	0

Kompetansestiltak på fagopplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.5 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal redegjøre for hvilke kompetansestiltak dere har gjennomført på fagopplæringsområdet, og hva dere har gjort for å øke regelverksetterlevelsen i sektor.

Vi har delteke på webinar om lærekandidatordninga og gjennomført Utdanningsdirektoratet si kompetansepakke om fag- og yrkesopplæring. I tillegg har saksbehandlarar hjå fylkesmannsembata i Vestland, Agder og Rogaland hatt ei samling for å utveksle informasjon om korleis dei ulike fylka arbeider med ordninga.

Vi har ikkje konkret kunnskap om Vestland fylkeskommune sin praksis på området ut over den kunnskapen vi har frå tidlegare tilsyn. Vi får få eller ingen spørsmål frå ålmenta eller frå fylkeskommunen.

Vi tok difor initiativ til eit møte med fylkeskommunen for å få informasjon om korleis dei sjølv vurderer sin regelkompetanse og praksis. Møtet gav oss ikkje klare svar på om det er område sett frå fylkeskommunen si side med særskilt trøng for kompetanse. Vi vil prioritere lærekandidatordninga, men som på fleire område, har aktivitetar frå vår side falle ut som følgje av koronapandemien.

I 2021 vil samarbeidet med Statsforvaltarane i Agder og Rogaland halde fram. Vi vil og følgje opp det arbeidet om lærekandidatordninga som gjekk ut i 2020.

Kompetanseutvikling for barnehager og skoler (fra kapittel 7.3.8.6 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal redegjøre kort for status på arbeidet med kompetanseutvikling for barnehager og skoler i fylket, herunder vurdere hvordan samarbeidsforum sikrer systemer for at tiltakene møter lokale behov og gjennomføres i partnerskap med UH. Fylkesmannen skal også rapportere i egne tabeller på deltakelse i kompetansetiltak i regional ordning for barnehage og desentralisert ordning for skole.

Fylkesmannen skal gi sin vurdering av hvordan kompetansemodellen på sikt kan bidra til å utjevne kvalitetsforskjeller mellom barnehager og skoler.

Status for arbeidet

I Vestland har vi to samarbeidsforum, eitt for barnehage og eitt for skule. Ei viktig grunngjeving for dette er at vi ønskjer å legge til rette for at samarbeidsforum reelt sett gjer det mogleg å drøfte seg fram til kva kvalitetar ein vil ha i det lokale og regionale analyse- og prioriteringsarbeidet, og til slutt korleis samarbeidsforum gjer dei endelige prioriteringane. Desse drøftingane er viktige.

Kompetansebehova blir kartlagde av eigarane gjennom ulike prosessar. Det er rett at desse prosessane er tilpassa lokale forhold. Samstundes skal samarbeidsforuma sikre at kartleggingane held ein viss kvalitet. I Vestland er det 13 kompetansenettverk for skule (kommunar, fylkeskommune, friskulenettverk), og 10 for barnehage. Den tilnærminga samarbeidsforuma har valt for å bidra til godt forarbeid på eigarnivå, er mellom anna å nytte årshjul og konkrete tidsplanar for arbeidet på alle nivå. Her er deltakinga og medverknaden frå UH-sektoren heilt avgjerande for at dette blir ei kompetanseordning som legg vekt på verksemdbasert profesjonsutvikling. Dei bidreg òg til at forståinga av omgrepene verksemdbasert festar seg og finn former som er godt tilpassa dei behova som er vurderte som viktige på eigarnivå. UH-miljøa er aktive på alle nivå: ute i verksemndene, på det regionale nettverksnivået og i samarbeidsforum. Det betyr ikkje at alt har funne si endelige form, og det er kanskje verken ønskeleg eller mogleg? Vi slår uansett fast at dei drøftingane som skjer mellom aktørane er av det opne slaget, og at vi stadig vinn ny forståing for korleis partnarskapen mellom aktørane kan tilføre utvikling og kvalitet.

Når det gjeld økonomi har skule hatt praksis for å dele midlane med 50 prosent til UH og 50 prosent til eigarane. Eigendelen på 30 prosent kjem i tillegg. For barnehage er midlane også fordelt med 50 prosent til UH, etter at det er sett av 30 prosent til andre tiltak.

I løpet av 2020, då det vart klart at ordninga skulle følge nye retningslinjer og fastare former, opplevde nok mange det som forstyrrende at utgangspunktet om stor lokal fridom til ei viss grad forsvann. Frå vår side har det vore viktig å understreke at fastare former ikkje er i konflikt med det lokale utgangspunktet ordninga skal kvile på, og at det doble formålet (eigar-UH) ikkje er svekt.

Utjamne forskjellar

Det er eit faktum at det er forskjellar på kvaliteten barn og elevar møter i skular og barnehagar. I den grad kompetansemodellen skal bidra til utjamning av uønskte forskjellar, meiner vi at vi må feste tillit til at kollektive prosessar for profesjonsutvikling er eit viktig bidrag. Vi har no fått ei ordning som tar utgangspunkt i klare og konkretiserte utviklingsområde, samstundes som ordninga kvalifiserer personalet og eigarane til å gripe tak i nye behov ettersom dei blir identifiserte.

Vi meiner og at forventningane om involvering på alle nivå er avgjerande. Partane skal vere saman om å peike ut område der kompetansebehovet er til stades (svakheiter), og dei skal vere saman om å velje korleis kompetansen kan utviklast (løysing).

Vi meiner og det er fornuftig at det er eigarane med dei største behova som blir prioriterte i starten, all den tid midlane uansett berre held til eit utval av eigarar, skular eller barnehagar. Dette er det til sjuande og sist samarbeidsforuma og ikkje vi som avgjer.

Kompetanseutvikling i skole - fordeling av midler til UH-institusjoner

Navn på UH som er tildelt midler på prosjekt 21000	Beløp tildelt (kr)	% av totalt beløp som FM er tildelt på prosjekt 62525
Høgskulen i Vestland	6 328 395	25
Universitetet i Bergen	4 168 012	16
Norsk lærerakademi	2 340 094	9
Totalt	12 836 501	50

Kompetanseutvikling i skole - fordeling av midler til skoleeiere

Skoleeiere	Antall skoleeiere som er tildelt midler på prosjekt 62525	Beløp tildelt (kr)	% av totalt beløp som FM er tildelt på prosjekt 62525
Kommuner	25	9 747 283	38
Fylkeskommuner	1	2 032 268	8
Friskoler	14	1 056 948	4
Totalt	40	12 836 499	50

Kompetanseutvikling i skole - deltakelse og gjennomføring

	Antall offentlige skoler	Antall private skoler	% av det totale antallet skoler som finnes i embetet
Hvor mange grunnskoler har gjennomført kompetansetiltak?	74	7	19 %
Hvor mange videregående skoler har gjennomført kompetansetiltak?	8	12	70 %
Totalt	82	19	

Kompetanseutviklinga gjeld fleire tema: inkluderande læringsmiljø, det digitale klasserommet i lys av fagformynda, djupneelæring, klasseleiring, kollegaretleiring, styrking av læraprofesjonen, elevaktive undervisningsformer, kunnskapsinformert praksis på skulane, analysekompetanse, koding og algoritmisk tenking, vurdering for læring og fagformynda, elevmedverknad, læringsmiljø, programmering og skule-heimsamarbeid.

Kompetanseutvikling i barnehage - kompetansetiltak (hovedtildeling)

	Beløp tildelt FM (kr)	% av totalt beløp som FM er tildelt på prosjekt 21000
Barnehagebasert kompetansetiltak	16 580 200	70
Andre kompetansetiltak	7 105 800	30
Midler tildelt prosjekt 21000 i første supplerende tildelingsbrev (hovedtildeling)	23 686 000	100

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til UH-institusjoner

Navn på UH som er tildelt midler på prosjekt 21000	Beløp tildelt (kr)	% av beløp som er tildelt barnehagebasert kompetansetiltak
Høgskulen på Vestlandet	5 803 070	35
NLA Høgskolen	2 487 030	15
Totalt	8 290 100	50

UH fekk 50 prosent av midlane som gjekk til barnehagebaserte tiltak. Resten gjekk til dei deltagande barnehagane.

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til barnehageeiere

Barnehageeiere	Antall barnehageeiere som er tildelt midler på prosjekt 21000	Beløp tildelt (kr)	% av beløp som er tildelt barnehagebasert kompetansetiltak
Kommunale eiere	28	3 135 000	19
Private eiere	28	5 115 000	31
Totalt	56	8 250 000	50

Vi har her oppgitt talet på deltagande barnehagar. I nokre tilfelle er det same eigar for fleire barnehagar. Vår tildeling av midler går til den enskilde barnehagen via kommunen som barnehagemyndighet.

Kompetanseutvikling i barnehage - deltagelse og gjennomføring av barnehagebasert kompetansetiltak

Barnehagebasert kompetansetiltak	Antall kommunale barnehager	Antall private barnehager	% av barnehager i embetet
Hvor mange barnehager har totalt gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak i 2020?	28	28	9 %
Hvor mange barnehager har gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak knyttet til tema: Barnehagen som pedagogisk virksomhet?	8	7	2 %
Hvor mange barnehager har gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak knyttet til tema: Kommunikasjon og språk?	8	5	2 %
Hvor mange barnehager har gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak knyttet til tema: Et inkluderende miljø for omsorg, lek, læring og danning?	6	13	3 %
Hvor mange barnehager har gjennomført barnehagebasert kompetansetiltak knyttet til tema: Barnehagens verdigrunnlag?	2	5	1 %

Når det gjeld barnehagebaserte kompetansetiltak i 2020, har vi her lagt til grunn talet på dei barnehagane som kom med i 2020. Samstundes har vi også barnehagar som kom med i 2019 som framleis er i sin prosjektpériode, og som gjennomfører tiltak.

Kompetanseutvikling i barnehage - fordeling av midler til andre kompetansetiltak

	Beløp tildelt (kr)	% av beløp som er tildelt andre kompetansetiltak
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	26 425	1
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	0	0
Barnehagefaglig grunnkompetanse	1 938 000	27
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	1 480 307	21
Totalt	3 444 732	49

Samarbeidsforum for barnehage har beslutta at 30 prosent av midlane skal nyttast til andre kompetansetiltak i tråd med vilkåra i ordninga, og vert fordelt på dei ti kompetanseregionane i fylket. Grunna koronapandemien har kompetanseregionane gjeve tilbakemelding om at fleire av dei planlagde kompetansetiltaka blei utsette til 2021, eller avlyste. Det er også flere som har meldt om tiltak dei ser i samanheng med barnehagebaserte tiltak eller andre kompetansetiltak knyttet til andre ordningar som vi har fordelt midlar til (til dømes inkluderande barnehage- og skolemiljø). Tala som er oppførte er derfor ikkje fullstendige og til dels basert på estimat frå kompetanseregionane. Basert på tilbakemeldingane tolkar vi det likevel slik at alle midlane vert nytta til tiltak som er i tråd med intensjonen i ordninga, og bidrar til auka kompetanseutvikling for dei tilsette i barnehagane.

Kompetanseutvikling i barnehage - deltagelse på andre kompetansetiltak

	Antall deltagere fra kommunale barnehager	Antall deltagere fra private barnehager	Antall deltagere totalt
Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget	3	2	5
Kompetansehevingsstudier for assistenter og barne- og ungdomsarbeidere	0	0	0
Barnehagefaglig grunnkompetanse	898	881	1 779
Tilretteleggingsmidler for lokal prioritering	1 371	936	2 307
Totalt	2 272	1 819	4 091

Samarbeidsforum for barnehage har beslutta at 30 prosent av midlane skal nyttast til andre kompetansetiltak i tråd med vilkåra i ordninga, fordelt på dei ti kompetanseregionane i fylket. Grunna koronapandemien har kompetanseregionane gjeve tilbakemelding om at fleire av dei planlagde kompetansetiltaka blei utsette til 2021 eller avlyste. Det er også flere som har meldt om tiltak dei ser i samanheng med barnehagebaserte tiltak eller andre kompetansetiltak under andre ordningar som vi har fordelt midlar til (til dømes inkluderande barnehage- og skolemiljø). Tala som er oppførte er derfor ikkje fullstendige og til dels basert på estimat (frå kompetanseregionane). Basert på tilbakemeldingane tolkar vi det likevel slik at midlane vert nytta til tiltak som er i tråd med intensjonen i ordninga og bidrar til økt kompetanseutvikling for dei tilsette i barnehagane.

Oppfølgingsordningen (fra kapittel 7.3.8.7 i TB)

Rapportere på

Fylkesmannen skal vurdere om tiltakene som er iverksatt i oppfølgingsordningen har bidratt til bedret læringsmiljø og læringsutbytte.

Vurderinga gjeld dei kommunane som har avslutta arbeidet i ordninga. For dei andre kommunane er det for tidleg å vurdere effekten.

Radøy

Radøy har hatt det samlingsbaserte tilbodet i Inkluderande barnehage- og skolemiljø som hovudtiltak saman med språkutvikling i barnehagane og leseopplæring i skulane. Dei to områda er sette i samanheng, og gode døme på dette er nettverksarbeidet i kommunen. Kommunane har delt døme på god praksis, der både læringsmiljø- og utbytte har blitt ivaretatt. Auka kompetanse og samarbeid har ført til praksisendringar til beste for barn og elevar i barnehagane og skulane.

Austrheim

Austrheim har hatt rettleiarkorpset som sitt hovudtiltak. Det er sendt ein eigen sluttrapport til direktoratet der kommunen og rettleiarene saman har vurdert arbeidet. Rettleiingstema har vore det systematiske arbeidet med oppfølging av læringsresultat og læringsmiljø, og førebuing til ny læreplan frå hausten 2020. I samarbeid med rettleiarane har skulane analysert resultata og meistringsnivået til elevane, og vurdert strategiar og tiltak for vidare utvikling. Skulane har utvikla eit system for oppfølgingsarbeidet som no er nedfelt i ein plan. I siste fase har Fagformyinga hatt ein stadig større plass i rettleiinga med vekt på organisering av arbeidet i kollektivet, sjølv om koronasituasjonen skapte nokre utfordringar her.

Rapportering på forvaltning av tilskuddsordningene (fra kapittel 7.3.8.8 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gi en egenvurdering av hvordan embedtet forvalter tilskuddsordningene i henhold til retningslinjene og gjeldende regelverk.

Fylkesmannen skal redegjøre for eventuelle avvik i utføringen av forvaltningen og gi en omtale av iverksatte tiltak.

Vi vurderer sjølv at vi forvaltar tilskotsordningane i tråd med retningsliner for kvar einskild tilskotsordning og regelverk om økonomistyring i staten.

Vi legg særleg vekt på å sikre at det berre blir gitt tilskot til prosjekt og aktivitetar i tråd med tildelingskriteria for ordningane. Vi legg også vekt på at rapporteringskrava er av ein slik karakter at vi kan vurdere om tilskotet blir brukt som det skal.

Når det gjeld tilskot til symjeopplæring for barn i barnehage, har koronapandemien ført til at mange barn ikkje har fått gjennomført den opplæringa kommunen har fått tilskot til. I 2020 har vi derfor gjort mange vedtak om overføring av midlar til 2021.

Gevinstrealisering på barnehage- og grunnopplæringsområdet (fra kapittel 7.3.8.9 i TB)**Rapportere på**

I henhold til gevinstrealiséringsplanen skal fylkesmannen redegjøre for realiseringen av gevinst på oppgavene informasjon- og veiledning, klagesaksbehandling og tilsyn. Fylkesmannen skal i tillegg tabellrapportere på ressursbruk og kvalitet for nevnte oppgaver.

I planlegginga for 2020 la vi særleg vekt på å ta ut vidare utbytte av samanslåinga i arbeidsprosessar, tematiske område og kvalitetar i arbeidet. På grunn av koronapandemien har vi justert prioriteringane mykje. Vi har like fullt klart å halde planen for fleire kvalitetsforbetrande prosessar.

Arbeidet med lik og rett saks- og klagebehandling er ført vidare og utvikla ytterlegare. Vi meiner sjølv vi har lagt opp til ein arbeidsflyt som kontinuerleg sikrar at endringar i regelverket er tatt inn i saksbehandlinga, at den språklege kvalitetan er høg og at vi har tilstrekkeleg spesialisert kompetanse på ulike rettsområde. Oppsummert meiner vi klagesakbehandlinga vår held god kvalitet juridisk og språkleg, og med forsvarleg sakhandsamingstid. Vi kan nemne saker om skolemiljø spesielt.

Tilsynsarbeidet vart det mykje prega av pandemien. Vi har likevel klart å følge tilsynsplanen i tråd med den risikovurderinga som var gjort, men vi har i stor grad lagt om til ei gjennomføring ved bruk av digitale kommunikasjon. Dette har hatt følgjer for effektiviteten. Vi brukar mindre arbeidstid på intervju og på møteverksemd ved oppstart og etter endeleg rapport. Samstundes er det noko som går tapt i dialogen med tilsynsobjektet.

Informasjons- og rettleiingsarbeidet har i stor grad blitt prega av at dei digitale løysingane har "tatt over". Ein konsekvens er at vi har nådd mange fleire i sektoren enn vi normalt ville gjort. Det har openbert vore effektivt og fungerar særskilt godt i samanhengen der Statsforvaltaren skal formidle informasjon, til dømes på regelverksområdet. Dette er erfaringar vi tar med vidare og vil utvikle ytterlegare.

Vi har også erfart at prosessar som inneber endra føringer, eit breitt aktørbilete og til ein viss grad interesser som trekkjer i noko ulik retning, har vore krevjande for alle partar å handtere i digitale møte. Kompetanseordningane må nemnast spesielt. Vi trur det er grunn til å konkludere med at kvalitetan i dette arbeidet ikkje har vore tent med at møtepunkta berre har vore digitale.

Vi har hatt som mål å nytte kompetanse på tvers av seksjonar når arbeidsmengda tilseier det. Dette har vi gjort for fleire arbeidsområde med stort hell og er ei direkte følge av organisering og større fagmiljø som følge av samanslåinga.

I forbindelse med introduksjonsordning... (fra kapittel 7.3.8.10.1 i TB)**Rapportere på**

I forbindelse med introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven) skal fylkesmannen rapportere på antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Vi har handsoma seks klagesaker i samband med introduksjonsordninga for nykomne innvandrarar. Av desse gjaldt fire utvida tid og to permanent stans.

I fem av sakene blei kommunene sine vedtak stadfesta. I ei sak om utvida tid oppheva vi kommunen sitt vedtak.

På området opplæring i norsk... (fra kapittel 7.3.8.10.2 i TB)**Rapportere på**

På området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (introduksjonsloven) skal Fylkesmannen oppgi antall klagesaker, hva klagen gjelder og utfallet av klagen.

Vi har handsama to klagesaker på området opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrarar. Den eine saka gjaldt fritak frå samfunnskunnskap medan den andre gjaldt fritak frå norsk og samfunnskunnskap. Vi stadfesta vedtaka frå kommunene i begge sakene.

Fylkesmannen skal i årsrapporten... (fra kapittel 7.3.8.10.3 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal gjennomføre statsborgerseremonier for alle nye statsborgere i fylket som har fylt 12 år, samt medvirke til at andelen av nye statsborgere som deltar på seremoniene øker.

Fylkesmannen skal i årsrapporten rapportere på antall statsborgerseremonier som er avholdt, totalt antall utsendte invitasjoner til nye norske statsborgere og totalt antall nye statsborgere som har deltatt i statsborgerseremoniene i fylket.

På grunn av koronapandemien vart dei planlagde statsborgerseremoniane avlyste i 2020. Etter dialog med Kunnskapsdepartementet fekk alle nye statsborgarar som skulle vorte inviterte til seremoni i 2020, gratulasjonsbrev som forklara omstenda, og ein svarslipp med frankert konvolutt der den nye statsborgaren kunne gi oss melding om dei ville ha gâveboka "Velkommen som ny statsborgar". Tilbodet vart, ut frå responsen, godt mottatt. Vi er enno ikkje i mål med å sende ut til alle som har meldt at dei ønskjer boka.

Fylkesmannen skal også rapportere på.... (fra kapittel 7.3.8.10.4 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannen skal også rapportere på antall deltakere i opplæring norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere (også personer som ikke er omfattet av introduksjonsloven). I tillegg skal fylkesmannen rapportere på antall årsverk i kommunene som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap iht. introduksjonsloven.

Første halvår 2020 var det totalt 4090 deltakrar i opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrarar i Vestland fylke. I andre halvår var talet 2791.

Talet på årsverk som gir opplæring i norsk og samfunnskunnskap i samsvar med introduksjonslova, var 267. Av dette var 24 i første halvår og 231,06 i andre halvår.

Bosetting av nyankomne flyktninger (fra kapittel 7.3.8.10.5 i TB)**Rapportere på**

Det vises til styringsparameter 3.3.3.2.1. Fylkesmannen skal kort redegjøre for samarbeid mellom stat, kommune og fylkeskommune om rask og treffsikker bosetting samt gi en vurdering av samarbeidet.

Samarbeid om busetjing av flyktningar er eit viktig punkt i satsinga vår på Bustad for velferd saman med Husbanken. Her tek også IMDi, Nav, Bufetat og KS del, saman med aktuelle kommunar. Vi opplever at busetjingsarbeidet går bra i våre kommunar, med relativt låge busetjingstal i 2020 samanlikna med dei ti siste åra.

Rapporter på antall årsverk mm (fra kapittel 7.3.9.1 i TB)

Rapportere på

- Antall årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene samlet per 31.12.2020, samt antall enheter/landbrukskontor i kommunene i embetet.
- Antall årsverk i landbruksavdelingen og antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindriftsforvaltning per 31.12.2020.
- Ressurser benyttet til planlegging og gjennomføring av kontrollplanen på landbruks- og reindriftsområdet.

Landbruksavdelinga i Statsforvaltaren i Vestland har ein bemanningsplan på 30 årsverk, av dette er 28,6 årsverk til oppgåver under LMD. Plansaker med jordvern m.m. er organisert som ein del av planseksjonen i kommunalavdelinga. Den reelle bemanningen har vore under 30 årsverk på grunn av permisjonar, sjukdom og vakanse ved tilsetjingar.

Vi har ved nyttår undersøkt noko grundigare bemanningen i kommunane knytt til landbruk. Det er seks interkommunale landbruksforvaltningar med til saman 18 kommunar, organisert på noko ulikt vis. Men alle har lokale kontor(dagar) i den enkelte kommunen. Det er til saman 125 personar som er registrerte med tilgang til våre fagsystem på landbruk, pluss nokre leiarar med godkjenningsrolle. Samla tal årsverk er om lag 89, som er meir enn kva vi trudde. Vi reknar med at det også her ligg ein del oppgåver som ikkje er typiske for landbruksområdet, til dømes viltforvaltning, tekniske tenester, friluftsliv, bandtvang, ureining frå spreidd busetnad med meir.

Årsverk mm

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall
Antall årsverk i landbruksavdelingen hos FM per 31.12.2020	27,5
Antall årsverk i avdeling eller seksjon for reindrift hos FM per 31.12.2020	0,0
Antall årsverk brukt til kontroll hos FM i 2020 på landbruksområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.1	4,0
Antall årsverk brukt til kontroll hos FM i 2020 på reindriftsområdet, jf. resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0,0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2020 på landbruksområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.1	9,0
Antall personer hos FM som har arbeidet med kontroll i 2020 på reindriftsområdet, jf resultatmål pkt 3.3.1.2.2	0,0
Antall enheter/landbrukskontor i fylket per 31.12.2020	31,0
Antall samlede årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene per 31.12.2020	89,0

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart. (fra kapittel 7.3.9.2 i TB)**Rapportere på**

Innenfor regionalt kartsamarbeid og arealressurskart (AR5) skal det rapporteres i henhold til tabell:

- Antall kommuner i fylket som ikke har utarbeidet og/eller oppdatert rutinebeskrivelse for ajourhold av AR5.
- Antall kommuner i fylket som ikke har hatt periodisk ajourhold siste 5 år, og som ikke har planlagt ajourhold i gjeldende geodatoplan.

Gjennom Geovekstarbeid er det utarbeidd «Avtale om forvaltning, drift og vedlikehald for Geovekst- og Norge digital samarbeidet og for Fylkesmannen i Vestland». Dokument er sendt til underskriving til alle kommunar i Vestland fylke. Kommunane er informerte om at dei bør ha rutinar for å ajourføre, og det er utarbeidd framlegg til rutineskildring for vedlikehald av AR5.

Per i dag har 2/3 av kommunane signert avtalen, og vi reknar med at alle vil slutte seg til denne avtalen.

Arbeidet med kontinuerleg ajourføring er betre enn tidlegare. Alle kommunar i Vestland har hatt periodisk ajourføring dei siste fem åra. I det siste har det vore stor aktivitet i periodisk ajourføring, og det er planlagt fleire prosjekt i geodatoplanen i perioden 2021–2024. Det ser ut som samanslåing av kommunane har hatt god effekt på kartarbeidet. Det er betre kompetanse i mange av kommunane, og dei som manglar kompetanse, samarbeidar med andre kommunar.

Alle kommunane i Vestland er over på Sentral felles kartdatabase (SFKB). Det er behov for å synleggjere omfanget av oppdateringa.

Kartsamarbeid og arealressurskart

	Kommuner uten ajourføring/oppdatering	Antall kommuner som ikke har ajourført/oppdatert	Antall kommuner i fylket
AR5 tilstand	0 %	0	43

Allie kommunar i Vestland har hatt periodisk ajourhald av AR5 i løpet av siste fem år.

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning... (fra kapittel 7.3.9.3 i TB)**Rapportere på**

Gi en overordna vurdering av kontrollresultatene i forbindelse med forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak.

Vi har gjennomført kontrollarbeidet som planlagt.

Resultata frå kontrollen i kommunane viser, som nemnt tidlegare, at ein del feil går att, ofte knytt til dokumentasjon på dei vurderingane som blir gjorde i sakshandsaminga.

Anmeldelse (fra kapittel 7.3.9.4 i TB)**Rapportere på**

Rapportere om antall saker hvor anmeldelse er vurdert og antall saker som er anmeldt.

Vi har ikke funne så grove og alvorlege feil i enkeltsaker at det har vore aktuelt å melde saka til politiet.

Avkortinger produksjonstilskudd (fra kapittel 7.3.9.5 i TB)**Rapportere på**

Gi en kort analyse/vurdering av kommunenes arbeid med avkorting ved feilopplysninger, herunder:

- Vurdering av om kommunen følger opp og avkorter i tilfeller der det er godkjent en lavere verdi enn det søker selv har oppgitt i søknad om produksjonstilskudd, og hva som er årsaken til at det ev. ikke avkortes.
- Vurdering av om kommunenes avkortingsbeløp ligger på et nivå som anses i tråd med retningslinjene gitt i rundskriv, og om det er store forskjeller mellom kommuner i hvordan avkorting vurderes.
- Vurdering av om kommunenes skriftlige begrunnelse for avkorting er tilstrekkelig og i tråd med [saksbehandlingsrundskrivets](#) beskrivelse av hva som må vurderes (kap. 6.15.3).

Avkorting ved feilopplysinger der det er godkjent ein lågare verdi enn det som er søkt om, varierer framleis mellom kommunane. Dette temaet har vi hatt opp på samlinger gjennom fleire år, og også på webinar for sakshandsamarane i 2020. Førebelse tal viser at av 43 kommunar er det framleis 20 kommunar som ikke har avkorta nokon føretak for feilopplysinger i 2020. Grunnen til dette kan vere at sakshandsamarane ikke har nok vilje til avkorting, fordi dei har stor forståing for at søkerane kan gjøre feil. Vidare er ikke kommunane særlig vande med å gjøre bruk av sanksjonar. Totalt er det avkorta for feilopplysninger for 96 føretak i Vestland, som utgjer rundt 419 000 kroner.

Når det blir avkorta har kommunane for det meste brukt rettleiande satsar og retningslinene i rundskriv.

Dei skriftelege grunngjevingane for avkorting er blitt betre. Meir kunnskap og endringane i eStil PT som legg føringar for kva som må vurderast, har gjort det lettare.

Utveksling av informasjon - dyrevelferdssaker (fra kapittel 7.3.9.6 i TB)**Rapportere på**

Gi en kort vurdering av hvordan rutiner for utveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd fungerer.

Herunder:

- Er saken som sendes fra Mattilsynet til landbruksforvaltningen i tråd med beskrivelsen av hvilke saker som skal sendes over (punkt 3 i rutinen)?
- Får både kommunen og fylkesmannen kopi av vedtak samt oversendelsesbrev i saker som er omfattet av rutinen (punkt 3 og 5 i rutinen)?
- Gjennomføres det jevnlige møter mellom landbruksforvaltningen og Mattilsynet i tråd med rutinen punkt 6 og saksbehandlerrundskrivet kap. 2?

I saker omfattet av avtalen "[Rutineutveksling av informasjon mellom Mattilsynet og landbruksforvaltningen i saker om dyrevelferd](#)", skal landbruksforvaltningen vurdere om grunnvilkåret «vanlig jordbruksproduksjon» er oppfylt, jf. forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2. Som hovedregel skal ikke forskriftens § 11 om avkorting grunnet brudd på annet regelverk brukes. Vi ber Fylkesmannen gi en kort vurdering av hvordan kommunene har fulgt opp denne praksisendringen og hvordan den har fungert i 2020.

Vi har hatt god dialog med Mattilsynet gjennom året, og hadde dialogmøte 4. november 2020. Her gjekk vi gjennom revidert avtale og rutinar for informasjonsutveksling.

Gjennom året har vi mottatt fire saker frå Mattilsynet som også er sende til kommunen. Ei av desse omhandla brot på mosjonskravet og skulle ikke vore sendt. Sakena er følgde opp av kommunane i samband med utbetaling av produksjonstilskot. Dei har då lagt til grunn vurderingar av vanleg produksjon. For å sikre god sakshandsaming har vi rådd kommunen til å vente med slutthandsaming og godkjenning av søknadene på PT til dei har fått tilstrekkeleg dokumentasjon og fått avklara om vilkåra for vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt. For ei av sakena hadde kommunen utsett godkjenninga for å få meir tid til å vurdere saka.

Utveksling av informasjon i saker om dyrevelferd

Betegnelse på rapporteringskrav	Antall saker oversendt fra Mattilsynet	Antall saker der foretaket ikke oppfyller grunnvilkårene	Antall saker kommunen har avkortet, § 11 første ledd	Antall saker kommunen har utbetalet tilskudd som omsøkt
Saker som gjelder avtalens punkt 3 a (forbud mot hold av dyr)	0	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 b (hel/delvis avvikling)	0	0	0	0
Saker som gjelder avtalens punkt 3 c (kronisk dårlige dyrehold)	2	0	0	1
Saker som gjelder avtalens punkt 3 d (alvorlig vanskjøsel av dyr)	1	1	0	0

Ei sak er ikkje avslutta i kommunen.

Avvikling av pelsdyrproduksjon (fra kapittel 7.3.9.7 i TB)**Rapportere på**

Rapportering på vedtak knyttet til avvikling av pelsdyrproduksjon.

Så vidt vi kjenner til, har vi 16 pelsdyrfarmar som kjem inn under kompensasjonsordninga. Over halvparten av desse har alt avvikla drifta, men mange venta med å søkje fordi det var usikert korleis dei endelige kompensasjonsreglane vart. Vi fekk inn seks søknadar mot slutten av 2020, pluss to like etter nytår.

Kompensasjon etter avvikling av pelsdyrhold

Betegnelse på rapporteringskrav	Sum	Ubehandlede saker	Saker under behandling	Ferdig behandlet
Kompensasjon etter avvikling	7	6	0	1
Kompensasjon for kostnader til riving og opprydding	1	1	0	0
Kompensasjon for lavere årlig alderspensjon	0	0	0	0
Sum 1142.77 - Tilskudd til kompensasjon ved avvikling av pelsdyrhold	7 016 845	2 660 945	0	4 355 900

Berre ei sak er delvis ferdig handsama. Denne gjeld kompensasjon etter avvikling, men kostnad med opprydding er enno ikkje avklara. Fleire av søknadane som kom på slutten av 2020 manglar tilstrekkeleg opplysningar om ikkje-realiserbar drift- og anleggskapital. Så den stipulerte summen for kompensasjon på desse sakene er for låg. Også den eine søknaden om opprydding manglar detaljert kostnadskalkyle. Så for alle desse sakene må vi må nok rekne med betydeleg høgare samla kompensasjon.

Gevinstrealiseringssplan (fra kapittel 7.3.9.9 i TB)**Rapportere på**

I gevinstrealiseringssplanen for LMD forventes det at sammenslåing av embeter skal gi økt kvalitet gjennom mer ensartet rådgivning, veiledning og forvalningspraksis, og økt profesionalisering og likebehandling innenfor områdene:

- Reindriftsloven
- Eiendomslovgivningen
- Husdyrkonsesjonsregelverket
- Kontroll og oppfølging av kommunenes forvaltning av produksjonstilskudd og avløsning til ferie og fritid, og regionale miljøtilskudd

Fylkesmannen bes redegjøre kort for status for hvordan gevinstrealiseringssplanen følges opp på LMDs område, herunder ev. utfordringer og risiko knyttet til realisering av gevinst innen fastsatt tidspunkt.

Reindriftslova er ikkje relevant for oss, det vesle som finst av tamreindrift i Vestland, blir som kjent forvalta av Trøndelag.

Generelt har vi brukt visten ved samanslåing til å styrke den faglege kapasiteten og redusere sårbarheita, ved at vi no har fleire personar på same fagfelt, og ved auka oppfølging av kommunane.

Ein eigen seksjon under kommunalavdelinga gjev innspel til arealplanar etter plan- og bygningslova, også landbruksinteressene i plansaker. Dette gir større fleksibilitet og kapasitet til å følgje opp planar frå alle 43 kommunane. Samstundes har planfolka kontakt og samarbeid med ulike fagavdelingar etter behov, også med landbruk.

Andre eigedomssaker etter jordlova og konsesjonslova blir i all hovudsak løyst av ein person. Denne ordninga er sårbar ved fråvær, og vi vil vurdere korleis vi skal løyse dette vidare.

Vårt arbeid med husdyrkonsesjonsregelverket er styrkt fordi vi no har to personar som kan dette godt, sjølv om vi her i fylket har relativt få saker.

Kontroll og oppfølging av tilskotsforvaltninga i kommunane er det området vi har prioritert mest. Vi har flere personar med god erfaring frå dette arbeidet, og mykje handlar om å følgje med i forvaltninga via dei ulike fagsystema. Vi har i 2020 peikt ut ein person som ikkje har eigne forvalningsoppgåver, til å koordinere alt kontrollarbeidet. Det har vi funne ut er ein kvalitativ fordel. Mange ordningar skal kontrollerast, med ulikt regelverk. Det er viktig at vi utviklar ein felles praksis for korleis vi gjennomfører kontrollarbeidet, kvar vi legg lista for definisjonen av avvik og manglar, og korleis vi følgjer opp dette. I tillegg har vi starta arbeidet med å dokumentere og betre vår interne kontroll og prosedyrar.

Arbeidet for utsatte barn og unge (0-24) (fra kapittel 7.3.10.1.1 i TB)**Rapportere på**

Vi viser til oppgave 5.2.2.1 Koordinert innsats for utsatte barn og unge og deres familier (0-24 samarbeidet) i VØI.

Fylkesmannen skal redegjøre for sitt strategiske og langsiktige arbeid for utsatte barn og unge og deres familier, inkludert hvilke tiltak som er gjennomført for å samordne regionale innsatser og for å styrke samarbeidet mellom sektorer og tjenester i kommunen. Fylkesmannen skal videre vurdere hva som har lykkes godt og hva som er mer utfordrende i arbeidet.

Strategi

Den strategien embetet har valt i arbeidet for barn og unge, har desse elementa:

- Den skal vere leiarforankra – frå embetsleiinga og ned til seksjonane.
- Vi vil bruke etablerte liner i organisasjonen og unngå prosjektorganisering.
- Vi har konkrete prosessar for å samordne oppdrag vi får.
- Den skal sikre barn og unge rett involvering i sakshandsaminga.
- Kunnskap forpliktar – vi involverer difor fleire avdelingar i sakshandsaming og oppfølgingsarbeid når saka krev det.
- Vi legg vekt på å formidle kunnskap til kommunalt nivå.
- Vi brukar rolla vår aktivt i planarbeidet.
- Tiltak skal vere langsiktige – betra tenesteutforming i kommunane er lange prosessar (jf. 5-årig satsing mot barnefattigdom, avslutta i 2020).

Mål

No, og med plan om vidareføring i åra framover, har vi bestemt at arbeid mot vald og overgrep skal vere ein fellesnemnar. Dette er eit tema som vi har grunn til å tru er ytterlegare aktualisert under pandemien og som krev innsats frå mange tenesteområde i kommunane. Målsettinga er at kommunar skal ha inngående kjennskap til ansvarsforhold og regelverk, meldeplikta, kunnskap om risikofaktorar og kjenneteikn, etablerte samarbeidsstrukturar på tvers av fag- og tenesteområde og tydeleg førebyggjande innsatser.

Statsforvaltaren kan spele ei viktig rolle her både i å synleggjere problematikken for og frå fleire sektorområde, men òg i ei rolle som samordnar, der vi bidreg til at relevante og gode krefter finn kvarande.

Tiltak og innsatser

Vi har fleire gonger brukt Forandringsfabrikken på samlingar for kommunane. I tillegg har Forandringsfabrikken og to erfarne juristar som dei har knytt til seg, gitt opplæring om barnekonvensjonen til alle i dei to avdelingane våre (utdanning og helse, sosial og barnevern). Dette har ført til at vi kontinuerleg endrar prioriteringar og at vi arbeider med å innarbeide krav i konvensjonen i vår praksis. Det inneber endringar i både tilsynsarbeidet vårt og i kva og korleis vi innrettar dei kompetansehevande tiltaka våre til kommunane.

Temaet barn og unge er tatt opp i dei ulike møta vi har med kommunane. Leiinga deltek alltid. Vi har arrangert fleire kurs og konferansar fysisk, men i størst grad digitalt på grunn av pandemien. Vi sikrar at det blir streka under til alle nivå i kommunane, politisk og administrativt, at omsynet til utsette grupper av barn og unge må følgjast med på og opp på alle nivå. Vi legg òg vekt på å synleggjere korleis statlege satsingar på ulikt vis står opp om dei same måla og verdiene – tryggleik i heim, fritid, barnehage og skule, god helse og gjennomføring i skulen. Læringsnettverka er fleire og dei har mange viktige innsatsområde som blir drivne fram av og i kommunane.

Koronapandemien har endra mykje av arbeidsmåltane våre i 2020. Smitteverntiltak med ulik grad av nedstenging i korte eller lange periodar, ein eller fleire gonger, har store konsekvensar for barn og unge. Vi har fleire gonger meldt om bekymring. Vi meiner at barn og unge må bare ein urimeleg stor del av dei konsekvensane tiltaka har. Tiltaka er inngrippande og legg store hindringar for barn og unge sin naturlege leik, sosiale omgang, fritid, barnehage og skule. Vi er bekymra for utvikling og læring. Vi er særleg uroa for dei som lever i heimar med vald og overgrep. Helseføretaka melder om ein stor auke i tilvisingar, mange av alvorleg karakter. Men vi er òg bekymra for den meir generelle psykososiale helsa til denne gruppa. Vi hadde planlagt ein stor konferanse for alle tenesteområda innanfor velferdssektoren med tittelen "Kvifor alle må med" og med underteksten "trygg barndom". Denne flytta vi på til gonger og måtte til slutt avlyse som følgje av pandemien.

I år har vi, i lys av pandemien, gjennomført samtalar og rettleiring med alle kommunane våre der tema har vore

- kommunen si oversikt over sårbarer barn og unge
- korleis kommunane konkret følgjer opp og samarbeidar
- krava i regelverket og kva regelverket opnar for

Pandemien har ført til at vi har møte minst ein gong kvar veke med kommunane våre i beredskapslinja. Her har vi gjennom heile året både informert om den nasjonale og regionale situasjonen, om reglar og råd, og vi har svart på spørsmål. Vi har har kontinuerleg understreka at dei må ta omsyn til barn og unge og gjere konkrete vurderingar når dei gjennomfører tiltak, og sjå på kva som kan gjerast av kompenserande tiltak.

Det todelte målet i rovviltpolitikken (fra kapittel 7.3.10.2.1 i TB)

Rapportere på

Rapporter på status i forvaltningen av det todelte målet for rovviltpolitikken.

Vestland får stadig inn streifdyr frå andre rovviltnasjonar, og det er særleg utfordrande at rovviltnasjon 3 har ynglingar av jerv tett opp til fylkesgrensa. Også i år har det vore streifdyr av jerv i Indre Sogn, men tapet av beitedyr har vore moderat. Vi har jamleg dialog med beite næringa, SNO, fylkesfellingslaget og kommunane mellom anna gjennom årlege kontaktmøte.

Året har vore prega av den revirmarkerande ulven som fekk kallenamnet "Lucky". Han har i tre år halde til i området Hyllestad, Fjaler og Høyanger. Totalt har erstatningane kome opp i heile 495 sau og lam. Like eins har frustrasjonen blant saueigarane auka ettersom det ikkje lukkast med å felle ulven, verken på skadefellingsløyve eller på lisensfelling. Det har vore fleire møte mellom beite næringa, kommunane, SNO og Fylkesmannen, der vi har lagt vekt på kunnskap og dialog. Saman med fylkesfellingslaget er det lagt ned eit stort arbeid for å felle ulven, men det lukkast først 15. januar 2021. Ressursar frå SNO og sporsnø var avgjerande.

Risiko og sårbarhet ved barnevernsinstitusjonene i fylket (fra kapittel 7.3.10.3.1 i TB)**Rapportere på**

Alle embeter skal i løpet av 2020 ta i bruk det elektroniske verktøyet som er utarbeidet i samarbeid med fylkesmennene, for å få en systematisk oversikt over risiko og sårbarhet ved barnevernsinstitusjonene i sitt fylke. Risikoinformasjonen vil kunne aggregeres fra dette digitale verktøyet for årsrapportering 2020. Helsetilsynet har sendt ut eget brev til embetene om rapportering for året 2019.

Vi gjennomførte 107 tilsyn ved 16 ulike barnevernsinstitusjonar med til saman 49 avdelingar i 2020.

Det er venta at vi er orientert og har oversikt over område med risiko for svikt ved alle institusjonar og avdelingar i fylket. Vi gjer løpende vurderingar av dette. Vurderingane blir justerte og evaluerte etter kvart tilsyn, og når vi får informasjon om alvorlege hendingar.

Vi peikte på lovbro i 20 prosent av tilsyna. Dette er om lag same omfang som i 2019 og 2018. Lovbroa gjeld tvang mot barn, manglande dokumentasjon av tvang og manglande tryggleik for barna, nærmere bestemt at dei ikkje får medverke i tråd med lovkrav og at dei ikkje blir godt nok verna mot å skade seg sjølv eller andre. Det er også manglar ved dokumentasjon av alvorlege hendingar og på kva måte alvorlege hendingar blir evaluerte og brukte til læring og justering av praksis. Vi vil følgje opp dette i våre tilsyn i 2021.

Det manglar kvalitetsgodkjenningar og rapport etter årlig kvalitetsoppfølging ved fleire private og statlege institusjonar i fylket. Dette har vi tatt opp med Bufetat region vest.

Endringer i kommunestrukturen (fra kapittel 7.3.10.4.1 i TB)**Rapportere på**

Fylkesmannens rapportering skal inneholde:

- en vurdering av sammenhengen mellom embetets organisering av arbeidet med oppdraget og tiltak og observerte effekter i kommunene
- en vurdering av hva embetets erfaringer med organisering og tiltak har å si for neste års strategi (læring/forbedringspotensial), samt beskrivelse av andre relevante faktorer som embetet mener det er viktig at departementene kjenner til i arbeidet med å få til flere kommunesammenslåinger.

Vi har utarbeidd ein intern strategi for det vidare arbeidet med strukturendringar i kommunane. Vi la i denne strategien vekt på kunnsapsinnhenting, dialog med kommunar som uttrykkjer ønske om slik kontakt og spesiell oppfølging av dei ni samanslegne kommunane. På grunn av pandemien og elles generelt låg interesse blant aktuelle kommunar, valde vi å gå inn i arbeidet i 2020 på ein meir forsiktig måte.

Mykje av diskusjonen i det offentlege rommet har dreia seg om økonomiske og andre utfordringar som har oppstått i samanslegne kommunar. Fleire av desse kommunane har i media gitt uttrykk for at kommunereforma har vore underfinansiert og at dette har ført til organisatoriske utfordringar og budsjettkutt. Desse kommunane treng nok ein litt lengre overgangsperiode for å ta ut større vinst. Nokre kommunar har også slite med store investeringar som vart gjort før samanslåinga. Dette kan medverke til svakare motivasjon for nye kommunar til å ta opp diskusjonar om struktur. Sjølv om dei samanslegne, nye kommunane har dei nemnde utfordringane, er opplevinga vår at dei gjennom fagleg breidde og kapasitet har kompetanse til å løyse utfordringane. Vi har også oppfatta signal om at dei økonomiske resultatata for samanslåingskommunane i 2020 vart betre enn venta, men vi har ikkje kvalitetssikra desse signala enno.

Utgangspunktet vårt for 2020 har vore at kommunane sjølv skulle kontakta Fylkesmannen ved ønske om bidrag frå oss, sidan det er lagt vekt på at prosessen skal vere frivillig. Vi har berre i mindre grad fått førespurnader frå kommunane. Vi har såleis på eige initiativ invitert oss til møte med administrativ og politisk leiing i eit utval kommunar (14) for å få i gang ein diskusjon om evna til å møte dagens og morgondagens oppgåver. Vidare har vi møtt totalt tre kommunestyre der kommuneøkonomi og til dels struktur har vore tema.

Kommunane i Vestland er allereie godt innnevde i eit teppe med samarbeidstiltak med nabokommunar om lovpålagde og andre oppgåver. Dei har mest merksemde på å rydde opp i og utvikle desse samarbeidsstrukturane enn å gå inn i samanslåingsprosessar. Dei kommunane vi spesielt har møtt i 2020,

har ikkje på eiga hand sett kommunestruktur på dagsordenen, verken i den pågående samfunnsplanprosessen eller på annan måte. Inntrykket vårt er at det i alle fall på kort sikt ikkje er ideologisk eller politisk vilje til ein slik diskusjon. Samstundes ser vi at mange små kommunar silt med økonomi, drift og kompetanse. Vurderinga vår er at situasjonen med mange omfattande samarbeidsavtalar for slike kommunar ikkje er ei framtidsretta løysing.

Vi ser elles fram til å bruke det nyutvikla Kommunebiletet i den framtidige kommunedialogen.

Tiltak for å løse boligsosiale problemstillinger i kommunen (fra kapittel 7.3.10.5.1 i TB)**Rapportere på**

Beskriv innsatsen med de to tiltakene i tiltaksplanen for Bolig for velferd 2018-2020 gjennomført av regionale aktører under fylkesmannens ledelse.

Vi har i 2020 samarbeidd tett med Husbanken, Fylkesmannen i Rogaland og andre statlege etatar for å få til framdrift i prosjektet Bolig for velferd. Dei tre prosjektkommunane i Vestland hadde ein tung start, men frå hausten 2020 har framdrifta gått etter planen. Vi har følgt og følgjer kommunane tett opp i prosjektet som etter planen vert avslutta i 2021.

Elles trur vi at forsøket med å overføre rettleiingsoppgåvane overfor kommunane frå Husbanken til tre statsforvaltarar, mellom anna til vårt embete, er eit fornuftig grep for å styrke det bustadsosiale arbeidet overfor kommunane. Vi skal gjøre vårt for at forsøket lukkast.

Boligsosiale problemstillinger i kommunene

Tiltak 1: Boliger og oppfølgingstjenester for mennesker med rusavhengighet og psykiske lidelser	Tiltak 2: Egnede boliger for vanskeligstilte barnefamilier	Ev. tiltak 3 eller flere
5	3	

Dei tre kommunane som er med i prosjektet, har til saman åtte tiltak

3.4 Redegjørelse for, analyse og vurdering av ressursbruk

Embetet har i 2020 eit mindreforbruk på 12 883 256 kroner på 0525.01.

Samla tildeling til drift i 2020, var på 206 753 000 kroner. Av desse var 10 222 000 kroner overføring av resultat frå 2019. Det store overskotet i 2019 skuldast planlagd ombygging av lokala våre i Bergen og Leikanger til aktivitetsbaserte arbeidsplassar, og 9 mill. kroner var sett av til dette. Etter tilbakemelding frå KMD fekk vi ikkje forlenga leigekontrakten i Bergen, og då valde vi å ikkje bygge om. I Leikanger trekte framleigetakaren seg frå kontrakten og det var då ikkje økonomisk grunnlag for å bygge om.

Isolert sett for 2020, er mindreforbruket på 2 661 256 kroner.

Koronapandemien har gjort utslag i rekneskapen for 2020 med generelt mindre reise- og møtekostnader og mindre eksternt aktivitet. Ikkje uventa har pandemien ført til noko meirkostnad innan beredskap og helse med bruk av overtid, men det vil likevel ikkje vege opp for den reduserte aktiviteten elles i embetet. Totalt sett meiner vi at vi nyttar midlane våre i samsvar med forventingane frå oppdragsgjevarane, og under normale omstendene ville truleg årets løying blitt nytta fullt ut.

Dei årlege reduksjonane i budsjettet knytt til ABE-reforma er merkbare, og som følgje av dette må vi gjøre justeringar av stillingar og drift. Medarbeidarane våre har likevel innanfor dei fleste områda klart å utføre oppdragene samstundes som dei innfrir krava til høg kvalitet og saksbehandlingstid. Vi innrettar drifta etter reduserte rammeløyvingar, og takkar for tilliten til sjølve å prioritere mellom fagområda.

Vi ser at det er nokre differansar i ressursrapporteringa som er naudsint å forklare. På landbruksområdet hadde vi eit underforbruk på om lag 1,4 mill. kroner i forhold til budsjettet, mesteparten på løn. Bakgrunnen for dette er nokre vakansar ved nytilsettingar, og at vi fekk noko høgare sjukefråvær og fleire delvis permisjonar enn vi hadde rekna med. På grunn av koronapandemien og restriksjonane som følgde med, vart mesteparten av eksterne møte avlyste eller utsette, og det gav også eit mindreforbruk på reise og andre driftskostnadar. Helse, sosial og barnevern hadde eit mindreforbruk på BLD i 2020 samanlikna med 2019. Dette skuldast at ein person i permisjon ikkje blei erstatta grunna fleire andre nytilsettingar med behov for oppfølging. Meirforbruk ASD 2020 skuldast endring i føring av lønn. Mindreforbruk på ASD 2021 samanlikna med 2020 skuldast òg endring i føring av lønn. Andre differansar kan forklara med årlege variasjonar, normal løns- og prisvekst, vakansar og personalhøve.

Ressursrapportering

Departement	Kapittel 0525, 2020	Fagdep. 2020	Kapittel 0525, 2019	Fagdep. 2019
Arbeids- og sosialdepartementet	1 244	3 258	284	3 748
Barne- og familieldepartementet	13 438	1 024	14 128	1 227
Helse- og omsorgsdepartementet	35 485	12 485	34 976	9 577
Justis- og beredskapsdepartementet	10 049	21 525	8 347	21 080
Klima- og miljødepartementet	31 297	6 348	27 986	7 815
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	65 442	3 235	66 297	3 056
Kunnskapsdepartementet	14 152	12 015	15 122	26 516
Landbruks- og matdepartementet	21 449	307	21 875	82
Andre	1 458	0	2 192	0
Sum	194 014	60 197	191 207	73 101

På landbruksrådet hadde vi eit underforbruk på om lag 1,4 mill. kroner i forhold til budsjettet, mesteparten på lønn. Bakgrunnen for dette er nokre vaksars ved nyttilsettingar, og at vi fekk noko høgare sjukefravær og fleire delvise permisjonar enn vi hadde rekna med. På grunn av koronapandemien og restriksjonane som følgde med, vart mesteparten av eksterne møte avlyst eller utsett, og det gav også eit mindreforbruk på reise og andre driftskostnadar. Helse, sosial og barnevern hadde eit mindreforbruk på BLD 2020 samanlikna med 2019. Dette skuldast at ein person i permisjon ikkje blei erstatta grunna flere nyttilsette med behov for oppfølging. Meirforbruk ASD 2020 skuldast endring i føring av lønn. Mindreforbruk på ASD 2021 samanlikna med 2020 skuldast endring i føring av lønn.

3.5 Samlet vurdering av måloppnåelse i forhold til samfunnsoppdraget og regnskapsresultat

Koronapandemien gjorde 2020 til eit krevjande år. På dei fleste områda har vi likevel hatt god måloppnåing, men som vi skreiv i kapittel 1, har vår viktigaste prioritering vore å handtere samordnings- og beredskapsrolla under pandemien.

Pandemien har også gjort at vi har spart inn midlar på budsjettet, trass i at vi har betalt ut klart meir overtidsløn enn planlagt. Vi nyttar berre 36 prosent av reisebudsjettet, 27 prosent av budsjettet for eksterne møte og 13 prosent av budsjettet for kurs og seminar. Mindreforbruket vart større enn vi varsla om ved tertialrapporteringa i september. Mykje skuldast planlagde samlingar i haust som vi lenge hadde eit håp om å få gjennomføre, men som måtte avlysts i siste liten grunna pandemien. Under normale omstende ville truleg årets løving blitt nytta fullt ut. Vi ber derfor om at mindreforbruket vert overført til 2021.

Sjukefraværet har vi klart å redusere, frå 6,6 prosent i 2019, til 5,8 prosent i 2020. Vi ligg framleis høgt, men nådde målsettinga på 6 prosent. Vi vil jobbe målretta i 2021 for å redusere sjukefraværet ytterlegare.

Etter samanslåinga har vi hatt høg gjennomtrekk ("turnover"), men også denne har vi klart å redusere, frå 13,1 prosent i 2019 til 9,8 prosent i 2020. Vi ligg framleis høgt samanlikna med andre embete, men pila peikar i riktig retning. Våren 2020 laga vi ein ny bemanningsplan for embetet, men vi ser når vi trekker frå vaksars og sjukmeldingar, at dei fleste avdelingane ligg under bemanningsplanen i reell årsverk bruk. Dette var også tilfelle i 2019, og vi har derfor valgt å jobbe meir målretta med rekruttering, slik at bemanningsplanen skal vere mest mogleg oppfylt til kvar tid.

Vi håpar og trur at 2021 blir eit meir føreseieleg år, som gjer det enklare å i størst mogleg grad nytte tildelinga til å utføre oppdragene våre.

3.6 Andre forhold

Byvekstavtalar og miljøløftet

I 2020 fekk Miljøløftet; samarbeidet om ein byvekstavtale for Bergensområdet breiare tilslutning.

Etter over eit år med forhandlingar, vart forslaget til ny byvekstavtale godkjent av Bergen, Askøy, Alver, Bjørnafjorden og Øygarden kommunar og i fylkestinget. Fylkesmannen deltok i alle kommunane med informasjon om byvekstavtalen.

Regjeringa godkjende avtalen i juni, og han vart undertekna i Bergen i september 2020.

Avtalen går over 11 år fra 2019 til 2029 og tilfører partane i Bergensområdet meir enn 13 mrd. statlege kroner. I tillegg kjem ein fylkeskommunal del på 3 mrd. kroner. Saman med bompengar på rundt 1 mrd. kroner per år i avtaleperioden, tilsvarer dette totalt 27 mrd. kroner i avtaleperioden.

I den nye avtalen opnar staten for at dei statlege midlane til programområdetiltak også kan nyttast på fylkeskommunalt og kommunalt ansvarsområde innanfor byvekstavtalen.

Midlar som før var sett av til tiltak på riksveg, kan no nyttast til kommunale og fylkeskommunale gange-, -sykkel- og kollektivtiltak. Miljøløftet har no gått inn i ein ordinær driftsfase med gjennomføring av over 80 prosjekt i porteføljen.

Oppgåver for kongehuset

Kongebesøka i 2020 vart naturleg nok påverka av koronapandemien. Vår del av landet er normalt det mest besøkte området utanfor Oslo og arbeidsinnsatsen kan i normalår rekna i månadsverk.

I 2020 vart det berre to besøk:

18. januar: H.K.H Kronprinsen var til stades ved opninga av 950-årsjubileet for Bergen by

16. september: DD.KK.HH. Kronprinsen og Kronprinsessa besøkte Kinn Kommune (Florø) for samtalar og aktivitetar knytt til frivillig arbeid og noko næringsverksemd.

Vi har også medverka til å setje opp ein del telefonmøte og videohelsingar for medlemmar av Kongehuset.

Talet på medaljesaker har vore lite påverka av pandemien. Vi har arbeidd med rundt 50 saker.

Innsyn

Alle innsynskrav etter offentleglova der vi er førsteinsans, blir handterte av to dedikerte årsverk ved organisasjons- og strategiavdelinga. Dei to årsverka handterer både innsyn i offentlege dokument og dokument som er unntake fra innsyn, i tillegg til klager på avslag på innsyn i slike dokument.

Tanken bak sentraliseringa av innsynskrava har vore at når færre personar skal handsame innsynskrav og har handtering av innsynskrav som si primære arbeidsoppgåve, reduserer dette handsamingstida og gir likare handsaming uavhengig av fagområde. Fagkompetansen rundt handteringa av innsynskrava blir med dette styrkt.

Oversikt over innkomne innsynskrav i 2018, 2019 og 2020

tal frå elnnsyn	2018	2019	2020
FMVL	-	2709	5590
FMHO	4656	1545	618
FMSF	1868	366	288
Totalt	6524	4620	6496
Totalt handsama*	749**	753	997

* Svar på innsynskrav i offentlege dokument blir ekspedert på e-post utan noko form for registrering, og reknaast ikkje som saksbehandling. Det er såleis berre innsynskrav i dokument som ikkje er offentlege, som formelt sett blir sakhandsama. Desse innsynskrava blir registrerte og sakhandsama i ePhorte. Vi skriv svarbrev, og sladda versjon av dokumenta blir arkivert på saka i ePhorte. Kvart innsynskrav kan innehalde ei bestilling på inntil ti dokument, og desse dokumenta kan igjen innehalde mange vedlegg.

** Dette er berre tal frå Fylkesmannen i Hordaland. Vi har ikkje slike tal frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Statistikken viser ei dobling i mengda med innkomne innsynskrav frå 2019 til 2020. I midten av juni 2020 tilsette vi difor to studentar som hjelper til 1-2 dagar i veka og elles ved behov. Vi kjener ikkje årsaka til den markante oppgangen i mengda med innkomne innsynskrav, men reknar med at koronasituasjonen har ført til fleire innsynskrav.

Det er likevel verdt å merke seg at oversikta berre viser innsynskrava som har kome inn via elnnsyn. Innsynskrav som har kome inn på annan måte, går ikkje fram av denne oversikta. Til dømes får vi med jamne mellomrom per e-post eller telefon innsynskrav i saker knytt til konkrete tema, eller meir diffuse innsynskrav. Statistikken seier heller ikkje noko om kor store bestillingane er, eller kor tidkrevjande handteringa av kvart innsynskrav er. Erfaringa vår er at dei store og tidkrevjande innsynskrava ikkje kjem via elnnsyn.

Oversikt over innkomne klager i 2019 og 2020

Innkommne klager	2019	2020
Total mengd klager på avslag innsyn	6	31
Fylkesmannen har gjort om	4	-
Klageorgan har gjort om	-	4
Avslag er stadfesta av klageorgan	2	16
Sendt klageorgan, ikkje avgjort enno	-	11

Statistikken viser ein auke i klager på avslag på innsyn. Desse er likevel i hovudsak knytt til eitt saksområde, der éin journalist klagar på alle avslag på innsyn innanfor saksområdet. Dette vart gjort ved at journalisten sende inn éi klage for kvart dokument vi avslo innsyn i, og ikkje som éi felles klage for kvart samlevedtak vi gjorde – som er den vanlege framgangsmåten.

I tillegg til klager på avslag på innsyn, mottek vi unnataksvis krav om å få ei grundigare forklaring på avslag på innsyn. Dersom den som krev innsyn aksepterer svaret vårt, er ikkje kravet om å få ei grundigare forklaring på avslag på innsyn å rekne som ei formell klage. Vi avsluttar då saka.

4 Styring og kontroll i embetet

4.1 Redegjørelse for vesentlige forhold ved embetets planlegging, gjennomføring og oppfølging

Fylkesmannen har mål- og resultatstyring som grunnleggande styringsprinsipp. Styringa skal vere heilskapleg og tilpassa risiko.

Den overordna styringa i embetet skjer gjennom leiargruppa i leiarmøte og i verksemplanen. Alle strategiske og prinsipielle saker skal opp til drøfting i leiargruppa. For å få ei heilskapleg leiing har det vore viktig å knyte seksjonsleiarane tettare til leiargruppa. Vi prøver difor å gjennomføre utvida leiarasamlingar med jamne mellomrom og seksjonsleiarane får alltid innkalling til leiarmøte for at dei skal vere orienterte om kva som står på saklista.

Vi set stor pris på at tildelingsbrevet og verksemde- og økonomiinstruksene no samlar oppdraga våre og at det viktigaste kjem tidleg i førebels tildelingsbrev. Vi er også glade for arbeidet med å forenkle og forkorte embetsoppdraga, og meir målstyring slik at det er mogleg å tilpasse verkemiddelbruken i større grad enn tidlegare. Dette gjer at måloppnåinga og effekten av tiltaka vert betre tilpassa behova i kommunane.

På same måten som i 2019, har vi i 2020 jobba málbevisst for å få det nye embetet til å fungere godt, og vår vurdering er at vi er på god veg, sjølv om vi ikkje er heilt i mål med arbeidet enno. Digitalisering er framleis viktig for oss, og vi legg opp til eit godt samarbeid med STAF som er vår tilretteleggar kring digitalisering av tenester.

Fellessatsingane dette året har vore klimatilpassing og Leve hele livet. Satsingane vil halde fram i 2021.

Vi har etablert ei informasjonstryggleiksgruppe, og laga prinsipp for korleis vi skal arbeide framover. Gruppa har hatt jamlege møte gjennom 2020 kor vi har teke opp sentrale og konkrete problemstillingar om informasjonstryggleik. Også her samarbeider vi godt med STAF.

4.1.1 Embetets risikostyring

Riskostyring er integrert med verksemdeplanarbeidet og i leiargruppa sitt arbeid gjennom året. Gjennom verksemdeplanlegginga og oppfølging av denne, skal risikovurdering for manglane måloppnåing vurderast. Avdelingsdirektørane skal gjennomføre systematiske risikoanalysar for sine ansvarsområde. Leiargruppa, saman med vernetenesta, gjennomfører risikovurdering av arbeidsmiljøet fire gonger i året. Vurderinga skjer på overordna nivå.

Vi har tatt i bruk RiskManager-modulane dokumentstyring, avvikshandtering og ROS-analyse. ROS-analysemodulen er komplisert å bruke, og vi har bestemt oss for å ikkje bruke han meir.

4.1.2 Embetets internkontroll, herunder iverksatte tiltak

Vi har utarbeidd eit internt styringssystem som inneholder alle interne styringsdokument og våre interne retningslinjer (internkontroll). Ein del av systemet er mellom anna eit delegeringsreglement som tydeleggjer ansvar og roller i embetet. Styringssystemet ligg tilgjengeleg for alle tilsette på intranettet. Vi har tatt i bruk Risk Manager som system for vår internkontroll for informasjonstryggleik og avviksmeldingar.

Vi sikrar oss mot mishald til dømes ved at alle utbetalingar vert attesterte og godkjende av to personar etter førebuing frå økonomieininga. Forvaltingsvedtak og tilskot står det alltid to personar bak, sakhandsamar og ansvarleg leiar eller mellomleiar.

Vi har kvartalsvis rapportering på saksbehandlingstider for dei viktigaste fagområda våre. Dette gir oss god oversikt over statusen på fagområda.

Leiinga vurderer at styringssistema samla fungerer godt, og at det er god styring og kontroll i embetet. Ei utfordring kan likevel vere å ha tid til å drive med kontroll utover det vi har krav om å utføre.

4.1.3 Bemannning, kapasitet og kompetansesituasjonen i embetet

Embetet har over år hatt ei stabil bemanning med kompetanse som er godt tilpassa oppgåvene. Vi har spesialistkompetanse på fleire fagområde, og vi har tilsette som vert nytta i særskilte oppdrag av departement og direktorat.

I 2020 hadde vi ein lågare gjennomtrekk ("turnover") enn i 2020, 9,8 prosent i 2020 mot om lag 13,1 prosent i 2019. Det er framleis høgare enn før vi vart slått saman til eitt embete, men talet går nedover. Vi har godt kvalifiserte søkerar og gode søkerkartal på ledige stillingar.

Tildelingsbrev og dei faste lovpålagde oppgåvene inneholder samla sett oppgåver som utfordrar ressursane våre. På fleire område må vi ut frå kapasiteten gjere stramme prioriteringar, forenkle og effektivisere. Vi har også gjort fleire organisatoriske tiltak og endringar med formål om å få ein meir ressurseffektiv og samordna organisasjon. Mellom anna har vi samla alle innsynssakene, separasjon og skilsisse og nokre andre juridiske område for å effektivisere saksbehandlinga. Vi ser at vi ved at to personar løyer alle innsynssakene våre har redusert ressursbruken med minst eitt årsverk.

Verjemål er området med størst kapasitetsutfordringar i dag. Dette fagområdet har vore underfinansiert, og det har hatt konsekvensar for kapasiteten i resten av embetet. Noko av det same ser vi på helse, sosial og barnevern der rettighetsbasert lovgjeving har ført til stor saksauke på fleire område.

Vi merkar avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma, men justerer talet på stillingar i embetet og kapasiteten vår i tråd med tildelinga.

4.1.4 Forvaltning av egne eiendeler (materielle verdier)

Vi har ymse inventar og to embetsbilar, men elles har vi ikkje materielle verdiar av vesentleg verdi.

4.1.5 Oppfølging av eventuelle avdekkede svakheter/utfordringer, herunder merknader fra Riksrevisjonen og status for arbeidet med informasjonssikkerhet

Vi har ikkje kjennskap til andre avdekte svake punkt eller utfordringar. Embetet har ikkje fått vesentlege merknader frå Riksrevisjonen. Vi brukar RiskManager i informasjonstryggleiksarbeidet, og vi jobbar systematisk for å bygge ein god kultur for informasjonstryggleik.

4.2 Rapportering av andre vesentlige forhold knyttet til personalmessige forhold, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og lignende

Likestilling og diskriminering

I embetet kjem det sjeldan opp problemstillingar om likestilling og diskriminering, men vi er medvitne om at det etter kvart er ei klar overvekt av kvinner tilsett i embetet. Menn tener meir enn kvinner i dei fleste stillingskategoriane. I 2019 jobba ei partssamansett gruppe med å undersøke om vi hadde systematiske lønsforskjellar. Vi fann ikkje at embetet har systematiske lønsforskjellar, men at lønsforskellane kan forklaraast ved interne prioriteringar av fagområde og marknaden vi konkurrerer i.

Fleire kvinner enn menn har deltidsstilling grunna omsorg for små born.

Vi har ikkje eigne måltal for rekruttering av søkerar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne. Dårlege norskunnskapar har gjort det vanskeleg å tilsetje søkerar med utanlandsk opphav til sakshandsamarstillingar.

HMS/arbeidsmiljø

Begge dei tidlegare embeta har hatt ein tydeleg livsfasepolitikk i mange år, og vi held fram med same praksis i det nye embetet. Vi brukar han aktivt ved å ha fleksibilitet for tilsette, m.a. med praksis for velferdspermisjon.

Vi risikovurderte arbeidsmiljø som ein del av arbeidet med samanslåinga. Risikoene for arbeidsmiljøet har sidan vorte vurdert kvarstalsvis i leiarmøte og i AMU.

Sjukefråværet vårt var 5,8 prosent i 2020 og 6,6 prosent i 2019. Dette er høgare enn det har vore i dei to gamle embeta, der sjukefråværet var 4,7 prosent i 2018. Vi følgjer opp tilsette som er sjuke, i samsvar med rutinane våre, og vi koplar på Nav der det er nødvendig. Samanlikna med andre embete er sjukefråværet vårt noko høgt. Vi har eit mål om at sjukefråværet ikkje skal vere høgare enn seks prosent i 2021.

Inkluderande arbeidsliv

Fylkesmannen har som mål å vere ein arbeidsplass som tek vare på sine tilsette og gir moglegheiter for dei som står utanfor arbeidslivet. Vi har delteke i Regjeringa sin inkluderingsdugnad. Målalet frå regjeringa er på 5 prosent. I 2020 var talet vårt på heile 11,4 prosent, noko vi er godt nøgde med.

Miljøtiltak

Vi vart resertifisert som Miljøfyrтmverksemrd i Førde i 2020. Bergen og Leikanger blei resertifisert i 2019. Etter kvart har vi gode rutinar for å oppnå miljøkrav ved alle kontorstadane våre.

Vi arbeider systematisk med huseigarane våre for å redusere energibruk, avfall og legg vekt på å ha ei effektiv drift av kontorstadane våre.

I budsjettet for 2019 reduserte vi reisekostnaden samanlikna med kostnadane i dei to tidlegare embeta. I 2020 har vi redusert reisekostnaden ytterlegare, på grunn av koronapandemien.

5 Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Forhold i og utenfor embetet som kan påvirke embetets evne til å løse samfunnsopdraget på sikt

Verknader av pandemien

Koronapandemien har fått heile verda til å gjere om på etablerte sanningar, handlingsmønster og vanar. Vi veit ikkje kor lenge han varar og korleis han vil prege oss når han er over. Men vi ser at det no er vanskeleg å seie korleis pandemien kan påverke sårbarer grupper og korleis vi må arbeide for å støtte opp under tenestene dei får. Vi er glade for det tydelege oppdraget vi har fått frå Helse- og omsorgsdepartementet om å gjennomføre risikobasert, situasjonstilpassa tilsyn våren 2021 mot kommunane, for å undersøke om og korleis utsette eller sårbarer born og unge blir prioriterte som følge av koronapandemien. Dette er heilt i tråd med korleis vi sjølv har planlagt. Som nemnt før i årsrapporten er det sårbarer grupper som har falle utanfor under pandemien, som heile det offentlege apparatet må passe på blir henta inn att.

Vidare ser vi føre oss at vi kan endre arbeidsmåtane til å bli meir digitale, både i samhandlinga med departementa, direktorata, kommunane og andre vi arbeider opp mot. Når tilhøva opnar for det, må vi framleis ha fysiske møte, der vi kan kommunisere og utvikle relasjonar på ein heilt annan måte enn digitalt. Men digitale møte gjer at vi kan nå fleire og oftare, og deltakarane sparar både reisetid og kostnader, og digitale møte kan avlastast på kortare varsel om det trengst. I eit fylke med store reiseavstandar må ein passeleg kombinasjon mellom fysiske og digitale møteplassar vere vegen å gå framover.

Under pandemien har mange av våre tilsette tidvis hatt heimekontor, på linje med arbeidsplassar i heile landet. Vi har blanda erfaringar og ser fram til at flest mogleg kan arbeide frå kontora. Mange arbeider effektivt heimanfrå, særleg i vanleg sakshandsaming der ein leiar godkjenner utkast til vedtak frå ein tilsett. Andre arbeidsoppgåver blir utførte i tett samarbeid mellom fleire, og då er det vanskeleg å få til god samhandling på tvers av heimekontor. Særleg vanskeleg er det for nyttilsette eller mindre erfarte medarbeidrarar på heimekontor å få uformell rettleiing, der dei elles ville huke tak i ein tilfeldig kollega på gangen. Vidare meiner vi at vi mistar mykje spontan kreativitet når vi treffest sjeldnare på kontoret.

Statsforvaltaren som sentralt bindeledd mellom staten og kommunane

Som nemnt i årsrapporten i fjor har vi vorte eit større embete etter samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette gjer oss betre i stand til å handtere sjukdom, vakansar og uføresette problemstillingar, og betre eigna til å lage felles kultur og praktisering av rutinar, lover og reglar.

I fjor nemnde vi også at den regionale staten rundt oss forsvinn ved at ein del statlege organ som før hadde regionale kontor, organiserer seg om til å bli eininger der kvart av kontor har nasjonalt ansvar for sitt fagområde. Her er det viktig å vere merksam på at kommunane framleis er viktige for mange av statsorgana som ikkje lenger har eit regionalt apparat.

Difi har i rapporten Difi 2018:13 peikt på at statsetatarar med kommuneretta oppgåver som formidling, rettleiing, tilsyn og kontroll som hovudregel bør leggje desse på regionalt nivå til statsforvaltarane. Etter vårt syn er den gode kontakten mellom kommunane og staten gjennom statsforvaltarane ein avgjerande premiss i velferdsstaten, kanskje særleg når samfunnet står overfor større utfordringar eller kriser. Dette peikte vi på i fjor, og vi meiner at det har vorte godt synleg under pandemien.

Difor er vi framleis klare for å ta større ansvar for å vere det sentrale bindeleddet mellom den sentrale staten og kommunane, anten ved at oppgåver vert lagde til statsforvaltarane eller ved at vi får ei forsterka samordningsrolle på dei områda der regionkontora blir borte.

Og i tråd med dette er vi glade for at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har avgjort at det skal setjast i gang eit forsøk frå 01.09.2021 med å legge rettleiingsoppgåvene innanfor bustadsosialt arbeid over frå Husbanken til tre statsforvaltambete. Med vår breie kontaktflate mot kommunane og endå tettare kopling til oppgåvene Statsforvaltaren har innanfor sosiale tenester og kommuneøkonomi, trur vi at vi skal nå måla betre enn før.

Samarbeidet mellom statsforvaltarane og STAF

Statsforvaltarane er avhengige av at STAF lukkast best mogleg og må gjere sin del av arbeidet for å oppnå dette. Erfaringa så langt er at STAF på somme område yter god og rask hjelpe til embeta. Særskilt vil vi framheve det omfattande arbeidet STAF har gjort med å betre informasjonstryggleiken og å fornye utstyrsparken. STAF har også spanande digitaliseringssprosjekt på gang, som klart både vil effektivisere og heve kvaliteten på sakshandsaminga hjå statsforvaltarane på dei aktuelle områda.

Samstundes har vi i 2020 opplevd store problem med fjernaksess (for tilsette på heimekontor) og brukarsørvis på IKT, som gjer at vi har tapt mange arbeidstimar. Særleg har det vore vanskeleg å få rask hjelpe når vi treng det, til dømes ved sviktande oppkopling mot nettmøte. I utgangspunktet er det ikkje mogleg å få hjelpe som inneber at ein IT-kunnig kjem og ser på problemet, i og med at feil vert melde skriftleg og fordelt til tilsette i STAF i heile landet. Stundom er det vanskeleg å skildre problemet på e-post, og det går med tid og frustrasjon for å få mottakaren til forstå. Det siste har særleg vore frustrerande under planlagde oppgraderingar som til dømes installering av multifaktorautentisering. I dei verste tilfellene opplevde vi tilsette som sat i timevis over fleire dagar og kommuniserte med STAF på e-post eller telefon, før ein tilsett frå STAF endeleg kom innom og løyste problemet på fem minutt.

I alle fall må vi systematisk arbeide for å kjenne behova til kvarandre, slik at STAF gjev dei tenestene som best svarar på behova til statsforvaltarane.

Statsforvaltaren i Vestland har ein ambisjon om å vere den fremste samarbeidspartnaren til STAF i digitaliseringssarbeidet, for å ta vare på den digitaliseringskulturen som herska då ansvaret for dette området låg til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Vi er nøgde med at Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil føre tilbake ressursar frå økonomi- og personalområdet frå STAF til statsforvaltarane. Økonomi- og personalområdet med budsjettstyring, rekruttering og oppfølging av tilsette, ligg i kjernen for styringa og utviklinga av

embetet.

Samanslåingskommunane

Vi ser at samanslåingskommunane har vanskelege diskusjonar om økonomi og bygging av den nye kommunen. Årsakene er samansette. Nokre kommunar har overinvestert rett før samanslåinga. Samstundes har kostnadene med å slå saman to eller fleire kommunar vore større enn rekna med, og vinstane tek lengre tid å hente ut. At koronapandemien kom berre nokre månader etter at dei nye kommunane såg dagens lys, har dessutan gjort det vanskeleg å ta større grep i kommunane, både for å spare pengar og å utvikle den nye kommunen. Kommunane får kompensert for utgifter til å handtere pandemien, men tapet av merksemd på å skape ein ny og god kommune, kan ikkje målast i pengar. Vi er uroa over om pandemien på sikt kan gå ut over utviklingskrafta i kommunane, slik at tenestene kan bli dårlegare.

5.2 Konsekvenser for embetets evne til å nå fastsatte mål og resultater på lengre sikt

Sjå kapittel 5.1

6 Årsregnskap

[Årsregnskap for Vestland.pdf](#)



STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Org. nr.: 974760665

Riksrevisjonens beretning

Til Statsforvaltaren i Vestland

Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

Konklusjon

Riksrevisjonen har revidert Statsforvaltaren i Vestland sitt årsregnskap for 2020. Årsregnskapet består av ledelseskommentarer og oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering, inklusiv noter til årsregnskapet for regnskapsåret avsluttet per 31. desember 2020.

Bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 834 470 400 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening gir Statsforvaltaren i Vestland sitt årsregnskap et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilninger, inntekter og utgifter for 2020 og kapitalposter pr 31. desember 2020, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI 2000–2899). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet under «Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet». Vi er uavhengige av virksomheten slik det kreves i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 (INTOSAIs¹ etikkregler), og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er revisjonsbevisene vi har innhentet tilstrekkelige og hensiktsmessige som grunnlag for vår konklusjon.

¹ International Organization of Supreme Audit Institutions

Øvrig informasjon i årsrapporten

Ledelsen er ansvarlig for årsrapporten, som består av årsregnskapet (del VI) og øvrig informasjon (del I–V). Riksrevisionens uttalelse omfatter revisjon av årsregnskapet og virksomhetens etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring, ikke øvrig informasjon i årsrapporten (del I–V). Vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen i årsrapporten. Formålet er å vurdere om det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapet og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen. Vi vurderer også om den øvrige informasjonen ser ut til å inneholde vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon, er vi pålagt å rapportere dette i revisjonsberetningen.

Det er ingenting å rapportere i så måte.

Ledelsens og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide et årsregnskap som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen er også ansvarlig for å etablere den interne kontrollen som den mener er nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig internkontroll.

Riksrevisionens oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Målet med revisjonen er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgjøre en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisionens konklusjon. Betryggende sikkerhet er et høyt sikkerhetsnivå, men det er ingen garanti for at en revisjon som er utført i samsvar med *lov om Riksrevisionen, instruks om Riksrevisionens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir ansett som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukere treffer på grunnlag av årsregnskapet.

Vi utøver profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen, i samsvar med *lov om Riksrevisionen, instruks om Riksrevisionens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon.

Vi identifiserer og anslår risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten den skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Videre utformer og gjennomfører vi revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer og innhenter tilstrekkelig og hensiktsmessig revisjonsbevis som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon ikke blir avdekket, er høyere for feilinformasjon som skyldes misligheter, enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil. Grunnen til det er at misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatser, feilpresentasjoner eller overstyring av intern kontroll.

Vi gjør også følgende:

- opparbeider oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige ut fra omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om hvor effektiv virksomhetens interne kontroll er

- evaluerer om regnskapsprinsippene som er brukt, er hensiktsmessige, og om tilhørende opplysninger som er utarbeidet av ledelsen, er rimelige
- evaluerer den totale presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene
- evaluerer om årsregnskapet representerer de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utføres. Vi vil også ta opp forhold av betydning som er avdekket i løpet av revisjonen, for eksempel svakheter av betydning i den interne kontrollen, og informerer det overordnede departementet om dette.

Når det gjelder forholdene som vi tar opp med ledelsen, og informerer det overordnede departementet om, tar vi standpunkt til hvilke som er av størst betydning ved revisjonen av årsregnskapet, og avgjør om disse skal regnes som sentrale forhold ved revisjonen. De beskrives i så fall i et eget avsnitt i revisjonsberetningen, med mindre lov eller forskrift hindrer offentliggjøring. Forholdene omtales ikke i beretningen hvis Riksrevisjonen beslutter at det er rimelig å forvente at de negative konsekvensene av en slik offentliggjøring vil være større enn offentlighetens interesse av at saken blir omtalt. Dette vil bare være aktuelt i ytterst sjeldne tilfeller.

Dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapet får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelserevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapet og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til ISSAI 4000, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo; 27.04.2021

Etter fullmakt

Tor Digranes
ekspedisjonssjef

Kari Kay
avdelingsdirektør

Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt